

# **Statsmakta og Lofthusreisinga**

Styresmaktene si handtering av allmugereisinga i Nedenes og  
Bratsberg 1786-87.

Ingrid Fiskaa

Masteroppgåve i historie

Hausten 2009

Institutt for arkeologi, konservering og historie

Universitetet i Oslo



Takk til alle som framleis trur på universitetet som noko meir enn ein fabrikk med ”just in time”-produksjon. Somme gonger vinn mennesket over systemet. Men ikkje åleine.

# Innhald

<b>Kapittel 1: Innleiing .....</b>	<b>6</b>
1.1 Lofthusreisinga i korte trekk .....	7
1.2 Overgangstid i Europa.....	8
1.3 Verkemidla til styresmaktene.....	9
1.4 Forskingsstatus .....	10
1.5 Kjelder, metode og avgrensning.....	12
<b>Kapittel 2: Statsmakta og folket .....</b>	<b>15</b>
2.1 Den legitime makta .....	15
2.2 Politisk kultur .....	16
2.3 Utfordringa nedanfrå .....	18
2.4 Protestrepertoar og svarrepertoar .....	20
2.5 Frå konsensus til handling.....	22
2.6 Demobilisering og motmobilisering.....	23
2.7 Struktur og kultur .....	25
2.8 Lofthusreisinga sett frå Christiansborg .....	27
<b>Kapittel 3: Politisk kultur under eineveldet .....</b>	<b>29</b>
3.1 Det dansk-norske eineveldet .....	29
3.2 Allmuge og øvrigheit .....	31
3.3 Politiske rettar og politiske moglegheiter.....	32
3.4 Supplikkinstituttet i lova og i praksis .....	33
3.5 Forbod mot forsamlingar og møte.....	36
3.6 Restriksjonar av ytringar .....	37
3.7 Strafferetten.....	38
3.8 Praktiseringa av lovverket.....	41
3.9 Var eineveldet ein rettsstat? .....	43
3.10 Sosial kriminalitet .....	44
3.11 Politisk kultur i endring? .....	46
3.12 Handlingsrommet .....	48
<b>Kapittel 4: Fasane og interaksjonen i reisinga .....</b>	<b>49</b>
4.1 Eit opplevd lagnadsfellesskap – konsensusdanning.....	49
4.2 Lofthus samlar allmugen – mobilisering av konsensus.....	50
4.3 Styresmaktene prøver å slå tilbake – motmobilisering .....	54
4.4 Oppløpet i Lillesand og delegasjon til København – mobilisering til handling.....	55
4.5 Arrestasjonsforsøk og vingling – motmobilisering .....	56
4.6 Undersøkingskommisjon og førebuingar til arrestasjon – motmobilisering .....	59
4.7 Arrestasjonen av Lofthus – motmobilisering .....	60
4.8 Motarrestasjon, trugsmål og utfrysing – mobilisering til handling .....	61
4.9 Gjeninnføring av ro og orden – motmobilisering.....	64
4.9.1 Jakt på hovudmennene .....	67
4.9.2 Premiering av dei som arresterte Lofthus .....	68
4.9.3 Tiltak mot spreiling .....	69

4.10 Dei langsiktige mottiltaka – motmobilisering og demobilisering .....	71
4.10.1 Saka mot Smith og Brønsdorph .....	72
4.10.2 Saka mot Lofthus og dei andre hovudmennene .....	73
4.10.3 Saka om trelasthandelen.....	77
4.10.4 Dei resterande klagene .....	78
4.11 Konfrontasjonar, kompromiss og overmakt.....	79
<b>Kapittel 5: Verkemidla til styresmaktene .....</b>	<b>81</b>
5.1 Eit kjent handlingsmønster.....	81
5.2 Informasjonsinnehenting og etterretning .....	82
5.3 Formaning .....	84
5.4 Vald og militærmakt.....	88
5.5 Arrestasjon, fengsling og straff .....	90
5.6 Nåde .....	93
5.7 Ettergiving og medhald? .....	94
5.8 Ofring av embetsmenn .....	99
5.9 Grundige prosessar. Uthaling av tida? .....	101
5.10 Rettstryggleik? Kommisjonsinstituttet.....	104
5.11 Splitt og hersk.....	105
5.12 Ein legitimerande ideologi .....	109
5.13 Er verkemiddelbruken systematisk eller tilfeldig?.....	112
5.14 Motsetningar i styringsverket? .....	114
5.15 Utmattinga .....	115
<b>Kapittel 6: Konklusjon.....</b>	<b>116</b>
6.1 To historiografiske tilnærmingar.....	116
6.1.1 Vinnrar og taparar.....	117
6.1.2 Mild eller brutal framferd? .....	118
6.2 Kvar og ein for seg .....	118
6.3 ”Vi ere ikke Rebellere” .....	120
6.4 Eit rom som vart opna .....	121
6.5 Sofistikert maktbruk .....	122
<b>Kjelder og litteratur .....</b>	<b>124</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>129</b>

# Kapittel 1: Innleiing

Mot slutten av einevaldstida i Danmark-Noreg var det bygd ut eit effektivt statsapparat, og styresmaktene hadde jamt over god kontroll med undersåttane. Men somme gonger glapp taket. I Nedenes amt i 1786 og 1787 fekk ei allmugerørsle utvikla seg så langt at det fleire gonger kom til open konfrontasjon mellom store bondeflokkar og representantar for statsmakta. Naboamtet Bratsberg vart også involvert, og amtmann Fredrik Moltke måtte gjera det han kunne for å stogga uroa. Han var ikkje direkte imponert over måten styresmaktene handterte saka i Nedenes. Den største feilen vart gjort i starten, meinte Moltke: ”Det er næsten altid en Følge af Opstand, som ikke udi sin første Begyndelse kan blive standset og Undertrykket, at Almuen strax ved den mindste Anledning, begynder paa nye Uordener, og forsøger hvad videre den kunde være i stand til at udvirke.”<sup>1</sup> Allmugen måtte haldast under nøye oppsikt, og ikkje få utvikla ”uordener” i fred. Moltke argumenterer ved same høve for arrestasjon av den fremste bondeleiaren i Bratsberg. Samtidig vil han gå forsiktig fram i denne urolege tida, då ”Almuen er opfyldt med den Tanke at Øvrigheden og Betienterne saavel Geistlige som Verdslige, fornærmer og Undertrykker dem.”<sup>2</sup>

Stemningsrapporten frå Bratsberg og amtmann Moltke sine vurderingar gir eit inntrykk av korleis det såg ut frå embetsverket sin ståstad då Lofthusreisinga var på sitt sterkeste. Det seier også noko om eit samfunnssyn og om forholdet mellom allmuge og øvrigheit. Fredrik Moltke var ingen kven som helst. Han vart forfremma til stiftamtmann i Kristiansand eitt år etter at dette brevet vart skrive, og to år etter det til stiftamtmann i Akershus. Dermed vart han også leiar av den kommisjonen som dømde Kristian Lofthus, mannen som sto i spissen for allmugerørsla, til livsvarig festningsarbeid i jern.

Denne oppgåva har som mål å granska styresmaktene si handtering av Lofthusreisinga, den største allmugemobiliseringa til då under det dansk-norske eineveldet. Dels handlar det om *interaksjonen* mellom aktørane: Korleis påverka allmugen og øvrigheita kvarandre i ein slik konfliktsituasjon? Dels vil eg undersøkja måten styresmaktene gjekk fram på då rørsla var under utvikling, då ho var på sitt sterkeste, og då ho var under avvikling: Kva for *verkemiddel* brukte dei for å handtera open bondemotstand? Desse to problemstillingane heng nøye saman, men hovudvekta vil heile tida vera på styresmaktene sine handlemåtar.

---

<sup>1</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 10. januar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>2</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 10. januar 1787, pakke 7 II, RA.

## 1.1 Lofthusreisinga i korte trekk

1700-talet var på somme måtar ei framgangstid for dei norske bøndene. Den lange fredstida etter den store nordiske krigen 1709-1720 gav rom for jamn økonomisk vekst og framgang. Låg avkasting på jordeigedom og høg avkasting i dei nye næringane gjorde gardane mindre attraktive for dei store jordeigarane, og mange bønder nytta høvet til å bli sjølveigarar.

Samtidig førte regjeringa ein økonomisk politikk som favoriserte byborgarane. Byane fekk frå 1660 og utover eit utstrekkt handelsmonopol, mellom anna på dei store eksportnæringane trelast og fisk, og i nokon grad på basismatvara korn. Dette fråtok bøndene økonomisk fridom, og mange opparbeidde seg stor gjeld hos kjøpmennene.<sup>3</sup> Noreg var langt frå sjølvforsynt med korn. Høg importtoll mot framandt korn, innført i 1669, sikra saman med kornmonopolet frå 1735 dansk korn ei privilegert avsetning i det sønnafjelske Noreg (Austlandet og Agder), og dette medverka til kornmangel og prisstiging. Når kornavlkingane svikta, vart krisa forverra av forsyningssystemet.<sup>4</sup> Fleire uår på starten av 1780-åra forsterka misnøyen hos allmugen. Då uroa braut ut vart det både klaga på det bøndene oppfatta som urettmessige avgifter og sportlar frå embetsmennene, og på byborgarane sine privilegium.

Kristian Lofthus stilte seg i spissen for bondereisinga i Nedenes, som i første omgang tok form av supplikkreiser til kronprinsregenten i København. Ein del av embetsmennene kunne umogleg handla i samsvar med kongen sin vilje, meinte bøndene. Etter kvart reagerte lokalstyresmaktene på møte- og klageverksemda. Både det å reisa til København på vegner av fleire og det å organisera allmugemøte, var i strid med lova. Eit mislykka arrestasjonsforsøk medverka til den store oppslutninga om Lofthus. Allmugen vart dristigare, og reisinga spreidde seg. For å få kontroll på situasjonen, sette regjeringa ned ein kommisjon som skulle granska klagene, men også fengsla Lofthus. Kommisjonen gav bøndene rett i fleire av dei klagene dei la fram, og føreslo mellom anna oppheving av kornmonopolet. Men bøndene vart også slått ned med militærmakt, og Lofthus vart arrestert og ført til Akershus.<sup>5</sup>

Kor farleg trudde styresmaktene at Lofthusreisinga var? Utanrikspolitikken kan ha vore ei side av saka. Kong Gustav 3. i Sverige førte ein aggressiv politikk og hadde tydelege ambisjonar om å erobra Noreg. Han følgde nøye med på teikn til uro og opprør blant dei norske bøndene for å utnytta det til føremålet sitt. Det er lite truleg at Lofthus hadde nokon kontakt med svenskekongen, men det spente forholdet til Sverige medverka nok likevel til regjeringa sitt syn på Lofthusreisinga.

<sup>3</sup> Ståle Dyrvik, *Norsk historie 1625-1814: Vegar til sjølvstende*. (Oslo: Det Norske Samlaget, 1999).

<sup>4</sup> John Herstad, *I helstatens grep: Kornmonopolet 1735-88*. (Oslo: Tano Aschehoug, 2000).

<sup>5</sup> Georg Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*. (Kristiania: Grøndahl & søns boktrykkeri, 1917).

*Lofthuskommisjonen* leia undersøkingane og rettsforfølginga mot Lofthus og dei andre hovudmennene frå dei vart utnemnt i 1786 til kommisjonsdommen låg føre i 1792. Såpass mykje endra seg i samansetting og oppgåver undervegs i perioden, at ein like gjerne kan skilja mellom tre ulike kommisjonar:<sup>6</sup> Sjølve Lofthuskommisjonen handsama saka frå 1786 til 1787 under leiing av stiftamtmann i Akershus Jørgen Erik Scheel. Kommisjonen tok imot klagene frå allmugen, avhøyrt ei rekke vitne, gav ordre om å fengsla Lofthus og gav innstilling på tiltalen mot han i åtte punkt. Frå 1787 til 1788 fekk ein eigen førebuingskommisjon oppdraget med å undersøka ei rekke forhold nærmare og innhenta fleire vitneutsegner. I denne kommisjonen deltok halvparten av Lofthuskommisjonen. Den siste kommisjonen handsama saka i 1789-92 og gav til slutt dom. Denne ”Akershuskommisjonen” var i utgangspunktet sett saman av dei same fire embetsmennene som i den opphavlege Lofthuskommisjonen. Men her vart fleire skifta ut undervegs. Mellom anna vart Scheel erstatta av den nye stiftamtmannen i Akershus Fredrik Moltke, og røysta til Moltke vart i praksis dom i saka. Kommisjonen dømde Lofthus til livsvarig festningsarbeid i jern. 13 medskuldige vart dømt til festningsarbeid i mellom eitt og tre år; ein del av dei fekk store bøter i tillegg. To vart frikjent, og to døydde før dom var felt. Högsterett stadfesta dommane i 1799, to år etter at Lofthus døydde.

## 1.2 Overgangstid i Europa

Tidsrommet frå slutten av 1700-talet til siste halvdel av 1800-talet var perioden då vest-europeiske land gjekk over frå meir eller mindre eineveldige fyrstestyre til meir eller mindre demokratiske forfatningsformer. Nye førestillingar, mellom anna om det konstitusjonelle monarkiet og maktfordelingsprinsippet, dukka opp på slutten av 1700-talet. Teorien om kongedømmet av Guds nåde var i ferd med å bli erstatta av teorien om eineveldet basert på folkesuverenitet, i alle fall i intellektuelle krinsar. Fleire intellektuelle i samtida meinte at fyrstemakta måtte utøvast i samsvar med ein meir eller mindre klart uttalt allmenn opinion, utan at dei dermed utfordra eineveldet. Ein viktig føresetnad for eit slikt ”opinionsstyrt einevelde” var ein utstrekkt ytringsfridom. Særleg tydeleg kom desse ideane til uttrykk i Danmark-Noreg i 1780- og 90-åra.<sup>7</sup>

Kronprins Fredrik, den seinare kong Fredrik 6., styrte frå 1784 og blir rekna som ein reformvennleg regent i sine tidlege styringsår. Han letta på sensuren i ein tiårsperiode og gjennomførte økonomiske reformer. Ikkje minst gjeld dette landbruksreformene i Danmark,

<sup>6</sup> Gustav Sætra, ”Fra bondeledere til fanger: Rettsforfølgelsen mot lederne av Lofthusreisinga 1789-1800”. Agder Historielag, nr. 72, (1996).

<sup>7</sup> Jens Arup Seip, *Teorien om det opinionsstyrtene enevelde*. (Oslo: Universitetsforlaget, 1958)

som oppheva stavnsbandet for bøndene. Opphevinga av kornmonopolet i 1788 er eit anna døme. Det kan verka som om kronprinsen prøvde å leva opp til dei nye ideane om å styra i samsvar med opinionen. Det må i alle fall ha passa bra for eit regime med ein bondevennleg retorikk å ta godt imot ein bondeleiar for å høyra på klagene hans. Men når dom skulle fellast i saka mot Lofthus, vart hardt sett mot hardt. Både motsetningane og rettsforfølginga var hardare enn tidlegare. Korleis kunne dette samsvara med reformiveren? For regimet sjølv er det ikkje sikkert at det framsto som ei motsetning. Kanskje var både reformene og den harde straffa for å utfordra maktapparatet nødvendige for å halda på makta. Reformene skulle koma ovanfrå og gjennom det beståande, ikkje utanfrå og nedanfrå. Når staten vart utfordra i ei tid då forholdet til Sverige var spent og revolusjonsideane var utbreidd i Europa, fann ein det tryggast å slå hardt til.<sup>8</sup>

### 1.3 Verkemidla til styresmaktene

Politikken til regjeringa i møtet med bondeaksjonar omfattar mellom anna økonomisk politikk, ny lovgiving og straffereaksjonar eller mangel på straff. Endringar i den økonomiske politikken er ofte trekt fram som resultat av Lofthusreisinga. Opphevinga av kornmonopolet i 1788 og liberalisering av sagbruksnæringa nokre år seinare kom i kjølvatnet av den sosiale uroa i 1786-87.<sup>9</sup> Nye lønns- og sportelreglement for embetsstanden blir også knytta til reisinga. Bøndene klaga mykje over det dei oppfatta som urettmessig eller for høg betaling for embetsmenn sine tenester, og kort tid etter Lofthusreisinga kom det eit nytt sportelreglement.<sup>10</sup>

Lovverket som regulerte politisk aktivitet i einevaldstida vart aktivt brukt i møtet med allmugerørsla. Supplikkar og klagereiser var ei form for politisk verksemd som kongen dels aksepterte, dels prøvde å innskrenka.<sup>11</sup> *Kollektiv* politisk aktivitet skulle hindrast, og det kom også til uttrykk i lover som forbudt allmugen å samlast utan på innkalling frå styresmaktene. Dette vart innskjjerpa i ei forordning i 1765, som innførte dødsstraff for slike ulovlege bondesamlingar.<sup>12</sup> Det var ei av dei forordningane Lofthus vart dømt etter.

---

<sup>8</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”.

<sup>9</sup> Dyrvik, *Norsk historie 1625-1814*, 175.

<sup>10</sup> Gustav Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797” i Berit Eide Johnsen og Gustav Sætra (red.): *Kristian Lofthus og hans tid. Artikler fra historisk sommerseminar arrangert av Høgskolen i Agder i samarbeid med Lillesand kommune*. (Kristiansand: Høgskolen i Agder, 1998).

<sup>11</sup> Steinar Supphellen, ”Supplikken som institusjon i norsk historie: Framvokster og bruk særleg først på 1700-talet.” *Historisk Tidsskrift* (1978).

<sup>12</sup> Knut Dørum, ”Hvordan kullbøndene seiret i striden med Bernt Anker. Bondepolitikk og bondeøkonomi rundt Oslofjorden på 1700-tallet”. *Historisk tidsskrift*, nr 85 (2006), 410-411.

Straffereaksjonane mot leiarane av bondeoppløpa var ofte brutale, med dommen mot Lofthus som eit tydeleg døme. 13 medskuldige vart også dømt, men slapp unna med å sona i seks veker. Nokre av dei embetsmennene det vart klaga på vart også straffa.

Sentralstyresmaktene reagerte etter Lofthusreisinga med å suspendera lokale embetsmenn frå embeta sine, idøma dei bøter eller flytta dei til andre embete. I kva grad det siste kan reknast som straff varierer, då fleire av forflyttingane også innebar forfremming. Dessutan kom det til store påskjønningar for alle dei som var involvert i jakta på Lofthus. I alt 36 embetsmenn vart forfremma eller fekk betre lønsvilkår.<sup>13</sup>

Ved større klager, opprør og reisingar var det vanleg å setja ned særskilte granskingskommisjonar som innhenta opplysningar, tiltalte og gav (førerebels) dom mot dei skuldige.<sup>14</sup> Lofthuskommisjonen var sett saman av det som vart rekna som dei fremste embetsmennene i riket, og gjorde ein grundig jobb, i til saman fem år. Gjennom eit slikt langvarig arbeid oppnådde styresmaktene to ting: For det første gav dei bøndene inntrykk av å ta klagene deira alvorleg og å villa gjeninnføra lov og orden. For det andre tok den grundige prosessen piffen ut av reisinga.

Militærmakt vart sjeldan brukt mot bøndene i Noreg, truleg av den enkle grunnen at det store fleirtalet av soldatar sjølv var bønder. Dei nasjonale soldatane vart sett på som upålitelege element når styresmaktene ville slå ned på oppløp og opprør innanfor landets grenser. Då var verva soldatar meir dugande. Slike styrkar vart då også brukt mot Lofthusreisinga, utan at det kom til valdelege samanstøytar.<sup>15</sup>

Som denne innleiande oversikta viser, hadde styresmaktene ei rekke verkemiddel å ta i bruk i møtet med misnøye og uro frå bøndene. I denne oppgåva vil eg prøva å få fram både dei direkte reaksjonane og dei førebyggande tiltaka, både strenge straffer og forsonande tiltak, og sjå korleis desse verka saman og kvar for seg. Kva seier dei om styresmaktene si oppfatning av Lofthusreisinga? I kva grad hadde dei kontroll over situasjonen?

## 1.4 Forskingsstatus

Det er skrive ein god del om Lofthusreisinga, både i eigne verk og artiklar og i dei fleste oversynsverka for perioden. Henrik Wergeland var den første som skrev ei brei, forskingsbasert framstilling av rørsla, i *Almuestalsmanden Christian Jensen Lofthuus* frå

---

<sup>13</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 221-222.

<sup>14</sup> Gudmund Sandvik, *Dømmande kommisjonar i Norge: Ein rettshistorisk studie*. (Oslo: UiO, 1974), 44-48.

<sup>15</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*.

1842.<sup>16</sup> Georg Sverdrup bygde på Wergeland, men gjorde grundigare kjeldestudie til boka *Lofthusbevægelsen* i 1917,<sup>17</sup> som framleis er den autoritative framstillinga av hendingane. Sverdrup ser Lofthusreisinga som ei sosial og økonomisk – ikkje politisk – reising, særleg retta mot sportuleringa til embetsmennene, kornhandelen og borgarane sine handelsprivilegium.

Halvdan Koht skreiv fleire gonger om Lofthusreisinga, og særleg i boka *Norsk Bondereising* frå 1926. Koht byggjer på Sverdrup, men set hendingane inn i ei større historieteoretisk ramme. Den sentrale teorien hans er *reiskapsteorien*; at staten alltid vil vera ein reiskap for den økonomisk sterkeste klassen i samfunnet. Koht meiner at embetsmennene på Lofthus si tid var å rekna som reiskapar for borgarane.<sup>18</sup> Lofthusreisinga er dessutan omtalt i ei rekkje noregshistorier, bygdebøker, byhistorier, tidsskrift, årbøker og aviser. Hovudoppgåvene til Øyvind Bjorvatn frå 1962,<sup>19</sup> Gustav Sætra frå 1980<sup>20</sup> og Svein Vik Såghus frå 1999<sup>21</sup> har også Lofthusreisinga som tema. Bjorvatn skriv om synet på Lofthusreisinga, Sætra om den delen av opprøret som handla om konflikten mellom kjøpmennene i Arendal og bøndene, og Såghus om sorenskrivar og verkseigar Hans Smith.

Sentralt i mykje av litteraturen om Lofthusreisinga er vurderinga av kor bondevennlege dei enkelte tiltaka til styresmaktene var, altså i kva grad dei betra bøndene sine levekår eller kom klagene til allmugen i møte. Både Sætra og Såghus sine hovudoppgåver tar utgangspunkt i reiskapsteorien for å finna ut om han stemmer i dette tilfellet. Ulike delar av styringsverket blir undersøkt og karakterisert ut frå om dei støtta bondevennlege tiltak eller ikkje. Også Sverdrup har brukt ein slik innfallsvinkel: Sjølv om Lofthusreisinga vart møtt med harde mottiltak *som rørsle*, gav ho ”støtet til en række forordninger som søkte at böte paa de forhold som misnøjet særlig hadde vendt sig mot.”<sup>22</sup> Det er i første rekkje dei materielle og økonomiske sidene ved reisinga – årsaker og verknader – som har vore best granska i litteraturen. Både Sverdrup og andre manglar ei meir systematisk vurdering av styresmaktene sine verkemiddel og politiske agering i møtet med bondeaksjonane.

<sup>16</sup> Henrik Wergeland, ”Almuestalsmanden Christian Jensen Lofthuus samt Almue-Urolighederne i 1786 og 87 i Nedenæs Amt,” (1842). Opptrykt i *Samlede Skrifter*, bd. IV: 4. (Oslo: Steenske Forlag, 1926).

<sup>17</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*.

<sup>18</sup> Halvdan Koht, *Norsk bondereising*. (Oslo: Pax, 1975). 1. utgåve 1926.

<sup>19</sup> Øyvind Bjorvatn, *Lofthus-reisinga: Synet på Lofthusreisinga og bondestriden i slutten av 1700-tallet*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo (1962).

<sup>20</sup> Gustav Grunde Sætra, *Embetsmann, bonde, borger. Konflikten mellom trelasthandlerne i Arendal og bøndene i opplandet 1782-1795*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen (1980).

<sup>21</sup> Svein Vik Såghus, *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 - 1793*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen (1999).

<sup>22</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 248.

## **1.5 Kjelder, metode og avgrensing**

Mange utrykte kjelder til Lofthusreisinga er å finna i det norske Riksarkivet. Der finst fleire av bøndene sine supplikkar, rapportar frå høgare og lågare embetsmenn, brev frå det norske rentekammeret og kanselliet i København, brev og protokollar frå Lofthuskommisjonen, i tillegg til avskrifter frå svenske dokument. Mykje av dette er samla i Lofthuskommisjonen sitt arkiv, under Danske Kanselli sine såkalla skapsaker. I Rentekammeret si ”realistisk ordna avdeling” finst også ein del materiale, under emnet ”oppløp”. I Riksarkivet i København finst protokollen frå Akershuskommisjonen saman med dokumenta i høgsterettsdommen mot Lofthus. Ein kopi av Akershuskommisjonen sin protokoll finst også i Aust-Agder Kulturhistoriske Senter i Arendal. Statsarkivet i Kristiansand inneheld mellom anna arkivet etter stiftamtmannen i Kristiansand og andre lokale embetsmenn.

Eg har i første rekkje basert denne oppgåva på Lofthuskommisjonen sitt arkiv i det norske Riksarkivet. Kanselliet sitt ekstrakt av saka (ekstraktprotokollen), som oppsummerer korrespondansen mellom sentral- og lokalstyringsverket, har vore særleg nyttig for å få oversikt over gangen i hendingane og ikkje minst styresmaktene sine reaksjonar, ytringar og tiltak. Ein del av dei enkelte breva finst også i original i dette arkivet, men somme stader har eg måttta basera framstillinga på kanselliet sitt ekstrakt fordi originalbreva manglar. Ekstraktet er svært nøyaktig i gjengivinga så langt eg kan sjå, så eg tviler på at dette har konsekvensar for framstillinga mi. Alle stader der eg har brukta ekstraktet i staden for originalbreva, er dette markert i referansane. Andre viktige kjelder har vore Lofthuskommisjonen sine innstillingar – i saka mot Lofthus, i saka mot Smith og Brønsdorph og til dei ulike klagepostane frå allmugen – og forhörsprotokollane frå januar og februar 1787. Stiftamtmannen sitt arkiv i Statsarkivet i Kristiansand har vore eit nyttig supplement til kjeldene i Riksarkivet. Her finst mellom anna ein del korrespondanse mellom stiftamtmannen og dei lokale embets- og tenestemennene som kanselliet i København ikkje har fanga opp.

Lofthuskommisjonen sitt arkiv er blitt brukt av mange før meg. Georg Sverdrup si avhandling frå 1917 er framleis den viktigaste framstillinga av materialet, og har vore til god hjelp i arbeidet med å finna fram i kjeldene. Det er likevel eit til dels uoversiktleg materiale som møter ein på Riksarkivet. Dels er det ordna kronologisk, dels med utgangspunkt i kanselliet sitt ekstrakt. Alle brev som er knytta til ekstraktet er påført ei nummerering som viser til vedleggsnummer i ekstraktet. Desse vedlegga er spreidd i fleire av dei ulike pakkane som saman utgjer arkivet. Noko av det første eg tok fatt på var å laga ei oversikt over alt innhaldet i arkivet, så fullstendig som råd, med avsendar, mottakar, dato og eventuelle

kommentarar til innhaldet. Eg har også registrert vedleggsnummer til ekstraktet. Denne oversikta er lagt ved som vedlegg til oppgåva. Dette arbeidet viste seg å vera nyttig, då eg fleire gonger har måttå gå tilbake til kjeldene for å finna eit bestemt brev eller ei bestemt formulering.

Dei konkrete *hendingane* i Lofthusreisinga er i all hovudsak kartlagt frå før. Denne oppgåva kjem ikkje med nye opplysingar i så måte, med unntak av nokre små detaljar. Det som er gjort i mindre grad tidlegare, er å tolka aktørane sine *ytringar* som medvitne eller umedvitne politiske handlingar. Eg har derfor valt å gå meir grundig inn i delar av materialet for å studera språkbruken i dei breva og protokollane eg trudde ville kasta mest lys over den politiske interaksjonen mellom aktørane. Dei delane av materialet som i hovudsak er dokumentasjon av påståtte overgrep frå embets- og tenestemenn, eller motsvar til dette, har eg lest mindre inngåande eller valt heilt vekk.

Kjeldene frå saka mot Lofthus er ikkje uproblematiske. Det er i første rekke *ein* part i konflikten som kjem til orde – embetsmennene. Det var deira rapportar og vitneforklarings som vart lagt til grunn i rettsforfølginga. Vitneavhøyra til dei som deltok i arrestasjonen av Lofthus vart brukt utan kritiske merknader. Allmugen på si side gjorde tydelegvis det dei kunne for å motarbeida rettsforfølginga av Lofthus ved å ikkje hugsa kva som eigentleg skjedde. Dei blir dessutan i hovudsak høyrt gjennom embetsmenn; advokatane som forsvarte dei, og kommisjonen som avhøyerte og dømde dei. Lofthus sjølv klaga mange gonger på at han ikkje vart referert rett av kommisjonen. Det eigne partsinnlegget han skreiv sjølv, vart ikkje ført inn i protokollen, slik det vart gjort med andre innlegg, og har ikkje blitt funne igjen.<sup>23</sup> Dei få gongene allmugen og Lofthus sjølv kjem direkte til orde i kjeldene, er gjennom supplikkane. Dette skeivforholdet kunne vore eit endå større problem dersom hovudmålet med oppgåva var å studera allmugen sine synspunkt, eller dersom det var å kartleggja detaljane i allmugemobiliseringa. Eg har valt å leggja hovudvekta på styresmaktene sine vurderingar og tiltak, og ser først og fremst allmugen sine ytringar som ein del av interaksjonen med styresmaktene. Dette gjer at *informasjonsmangelen* frå den eine sida blir eit mindre akutt problem. *Tolkingsproblemet* er der like fullt, men det gjeld i høgaste grad også for styresmaktene sine ytringar. Som ein hovudregel har eg forstått verken embetsmennene eller bøndene sine formuleringar som ei rein avskrift av det dei faktisk meinte, og då særleg ikkje i *møtet* mellom øvrigheit og allmuge. Desse ytringane må forståast ut frå samanhengen dei er ytra i. Om det er allmugen som blir forhøyrt av

---

<sup>23</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”, 87.

Lofthuskommisjonen eller ein trykt plakat frå øvrigheita retta mot undersåttane, vil formuleringane nødvendigvis vera prega av makt- og avmaktsforhold og tolkast deretter. Eg har rekna korrespondansen øvrigheita imellom som noko meir direkte og ærleg, sjølv om ytringane der også må sjåast i lys av kven det er som rettar seg til kven, og kva det er dei ønskjer å oppnå. Rangordninga var tydeleg også innan embetsverket.

Litteraturen om Lofthusreisinga er for ein stor del prega av sympati med allmugen. Sverdrup har mange drepande karakteristikkar av embets- og tenestemenn sine overdrivne sportlar når han innleiingsvis i *Lofthusbevægelsen* går gjennom klagene til allmugen. Deretter går han laus på handelsforholdet til kjøpmennene og den fortvilte nauda store delar av allmugen var i.<sup>24</sup> Føremålet er å visa at allmugen hadde gode grunnar til å mobilisera mot urett og armod. Som prov på at ei slik framstilling er rett, brukar han lange utdrag av Lofthuskommisjonen sine innstillingar. Dermed set han også kommisjonærane i eit særslig heldig lys. Fleire andre har lest embetsmennene sine ytringar med ein tilsvarende velvilje. I så måte er det ei rett linje mellom Lofthuskommisjonen sine dels høgstemte sympatierklæringar med eit lidande folk og historikarar sine framstillingar av rettferdig stridande bønder og velvillige styresmakter – rett nok med enkelte unntak i form av visse griske eller overivrige embetsmenn. Både Sverdrup og Lofthuskommisjonen kan ha hatt rett i at allmugen var fattig og desperat. Det er imidlertid ikkje tema for denne oppgåva. Når eg vil undersøkja styresmaktene si handtering av denne rørsla, vil eg avgrensa oppgåva til å gjelda dei politiske maktforholda og den politiske interaksjonen mellom allmuge og øvrigheit. I den grad eg kjem inn på dei materielle årsakene til reisinga og dei konkrete resultata av ho, vil det vera for å kasta lys over dette temaet.

Om styresmaktene sin politikk overfor den mest omfattande allmugereisinga under eineveldet kan seia noko meir generelt om tilhøvet mellom allmuge og styresmakter på denne tida kan diskuterast. Lofthusreisinga utgjorde eit unntakstilfelle i måten interaksjonen vanlegvis skjedde på. Det var sjeldan at bøndene ope braut med lovverket og hamna i open konfrontasjon med styresmaktene. Stort sett var dei nokså lovlydige og heldt seg innanfor dei rammene regimet gav, om enn med varierande entusiasme.<sup>25</sup> Men Lofthusreisinga er viktig fordi ho fekk fram heile spekteret av styresmaktene sine mottiltak. Og fordi denne protesten fekk eit så stort omfang og vart oppfatta som farleg av styresmaktene, finst det eit stort kjeldetilfang som seier noko om kva embetsmenn tenkte og gjorde i ein pressa situasjon.

<sup>24</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 19-36 og 41-65.

<sup>25</sup> Øystein Rian, ”Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk: Norsk perspektiv på helstaten” i Berit Eide Johnsen og Gustav Sætra (red.): *Kristian Lofthus og hans tid*.

## Kapittel 2: Statsmakta og folket

Kva slags problem utgjorde Lofthusreisinga for styresmaktene? Var reisinga ei politisk utfordring av autoriteten til statsmakta? Korleis bør vi forstå handlingane til dei ulike aktørane? Litteraturen om Lofthusreisinga har i første rekke sett opprøret som eit resultat av økonomiske og sosiale motsetningar til borgarar og embetsmenn. Vurderingane handlar mest om i kor stor grad styresmaktene kom allmugen i møte på dei krava allmugen stilte, og om statsmakta var ein reiskap for visse interesser eller ikkje. Spørsmålet om ei mogleg kopling til svenskekongen er også tatt opp fleire gonger. I mindre grad er Lofthusreisinga blitt undersøkt som uttrykk for ein politisk maktkamp mellom allmuge og styresmakter i Danmark-Noreg. Det kan truleg forklara med at dei protesterande ikkje fremma politiske krav eller ope utfordra det eineveldige styresettet. Styresmaktene var tilsvarende forsiktige med å tilleggja allmugen motiv som rokka ved eineveldet sin ideologi.

Politikken kan likevel finnast mellom linjene. Dette kapitlet introduserer det teoretiske rammeverket og dei omgropa som strukturerer framstillinga i dei seinare kapitla. Dei er henta frå forsking på kollektive aksjonar og sosial rørsler, delvis utanfor historiefaget – særleg frå sosiologien – og delvis innanfor. Den teoretiske tilnærminga er valt for å setja lys på dei politiske sidene ved reisinga.

Lofthusreisinga er ofte blitt karakterisert som eit opprør. Opprør inneber å utfordra styresettet sin autoritet og legitimitet – om det er uttalt eller ikkje. Startpunktet blir derfor: Kva inneber det at ei styreform er legitim? Og kva er legitimiteten bygd opp av?

### 2.1 Den legitime makta

Eitkvart styresett er avhengig av ei viss grad av aksept i folket. Sjølv for den føydale staten fanst det eit legitimitetsproblem. Statsmakta må på ein eller annan måte oppfattast som legitim av ei stor gruppe i samfunnet, og ikkje berre ein liten elite, om ho ikkje stadig skal risikera å bli styrta.<sup>26</sup> Om eit styresett er legitimt, blir i ytste konsekvens avgjort av om mange i samfunnet *oppfattar* det slik. Høg grad av legitimitet vil legga til rette for eit stabilt styresett, fordi innbyggjarane lettare vil respektera og lyda dei avgjerdene som blir tatt. Motsett vil eit regime som av innbyggjarane blir oppfatta som illegitimt, ha bruk for eit sterkt valdsapparat som kan avskrekka forsøk på å endra styresettet. Problemet med å kompensera manglande legitimitet med valdsbruk er, sett frå statsmakta si side, at det er kostbart og potensielt

<sup>26</sup> Eva Österberg, ”Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige”. *Scandia* (1989), 74.

upåliteleg. Det beste sjølv for autoritære styresett er derfor å skaffa seg legitimitet nok til å kunna styra utan alt for mykje motstand.

Gode eller rimelege levekår for mange av innbyggjarane vil kunna gjera det enklare for statsmakta å oppnå legitimitet. Men det er ikkje ein føresetnad. Legitimitet handlar grunnleggjande sett om korleis makta blir oppfatta, og derfor er dei berande elementa idémessige. Ei maktordning har ein legitimerande *ideologi* og ei tolkingsramme, som forklarer innbyggjarane kvifor dei skal halda seg i ro.<sup>27</sup>

Styresmaktene vil prøva å vinna folket for denne ideologien og tolkingsramma, slik at dei aksepterer den sosiale og politiske orden. Den legitimitetsskapande ideologien kan uttrykkjast på fleire måtar – gjennom symbolikk, rituale og diskurs. Men legitimeten er ikkje gitt ein gong for alle; han må stadig gjenskapast og gjenvinnast. Hevdunne symbol, rituale og diskursar er viktige reiskapar, men dei kan også brukast av dei som *utfordrar* statsmakta. Ei protestrørsle inneber at ein utfordrar regimet sin legitimitet og tilliten til dei politiske institusjonane. Samtidig vil også utfordrarane vera avhengige av å legitimera sine eigne handlingar og mål. Dei må ha ei form for legitimitet for å kunna mobilisera og vinna fram – i det minste blant sine eigne tilhengarar.<sup>28</sup>

## 2.2 Politisk kultur

*Korleis* statsmakta strevar etter og oppnår legitimitet, er avhengig av det som kan kallast *politisk kultur*.<sup>29</sup> Det same gjeld for måten denne legitimeten eventuelt blir utfordra på. Den politiske kulturen blir forma av lovverk, av økonomiske, fysiske og militære maktforhold, av geografi og avstandar, av tradisjonelle førestillingar, av samfunnet sine institusjonar – og av dei politiske aktørane sjølv. Eit representativt demokrati med eit høgt velferds- og utdanningsnivå blant innbyggjarane legg til rette for ein heilt annan politisk kultur enn eit militärdiktatur i eit land med store økonomiske og sosiale forskjellar. Avstanden mellom dei styrande og dei styrte, ulike nasjonale og lokale politiske tradisjonar og grad av rettstryggleik er faktorar som er med på å avgjera den politiske kulturen.

Omgrepet ”politisk kultur” har blitt definert noko ulikt av ulike forskarar. Mellom historikarar med tidleg nytid som felt, var Eva Österberg tidleg ute med å ta i bruk omgrepet. Ho definerer ein stad politisk kultur som ”mönster för kollektivt handlande, med en tydlig och i allmänhet även artikulerad avsikt att uppnå någonting å en eller flera gruppars vägnar. Dessa

<sup>27</sup> Karin Sennefelt, *Den politiska sjukan: Dalupproret 1743 och frihetstida politisk kultur*. (Hedemora: Gidlunds förlag, 2001), 33-34.

<sup>28</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 33-34.

<sup>29</sup> Österberg, ”Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige”, 74.

mönster för handlande måste vara så pass trögrörliga ... politisk kultur bör alltså inte vara tillfällig politisk taktik.”<sup>30</sup> Österberg sin definisjon kan med eitt ord oppsummerast som *handlingsmönster*, avgrensa som kollektive handlingsmönster som varer over tid. Knut Dørum opererer med ein vidare definisjon, som legg meir vekt på normer, reglar og førestillingar:

Politisk kultur må, slik jeg ser det, omfatte så vel normer og regler for hvordan innflytelse kan øves i beslutningsprosesser, både i og utenfor politiske organer, som mer allmenne forestillinger om hva som legitimerer makt. Herunder kommer også handlingsmønstre, både allment aksepterte og de som er omstridte. Og selvsagt er handlingene og normene styrt av så vel kollektive som individuelle interesser, og ikke minst maktforhold. Jeg ønsker følgelig å sette fokus på handlingsrommet til de politiske aktørene.<sup>31</sup>

Det er altså *handlingsrom* som er kortversjonen av Dørums sin definisjon. Dette ligg nært opp til den tydinga Karin Sennefelt brukar: ”Politisk kultur består av de normer, värderingar och symboler som omger, samt de praktiker som används i, den politiska interaktionen”.<sup>32</sup> Altså både normer, førestillingar og praksis. Det er denne definisjonen eg vil ta i bruk i det følgjande. Österberg sin snevrare definisjon av politisk kultur som handlingsmønster tilsvarer det som i annan litteratur blir kalla *repertoar*, og som eg vil koma tilbake til seinare i kapitlet.

Det er verdt å leggja merke til Sennefelt si framheving av omgrepet *interaksjon*. I boka hennar om Dalopprøret i Sverige i 1743 blir dette sentralt for å forstå tilhøvet mellom styresmakter og allmuge. Omgrepet brukt i denne samanhengen vart først lansert av Österberg. Ho brukar interaksjonsomgrepet for å fortelja at det føregår ein dialog mellom aktørar eller grupper av aktørar, og fordi det har ”en kritisk implikation gentemot de forskare som ser lokalsamhället och dess institutioner uteslutande som instrument för statsmaktens styrning och kontroll.”<sup>33</sup> Med ”interaksjon” vil Sennefelt og Österberg få fram at dei styrande og dei styrte gjensidig påverkar kvarandre i den politiske maktkampen, utan at det skal måtta bety at dei har like mykje makt. Både kompromiss og konflikt er typar av interaksjon. Sennefelt utvidar dessutan definisjonen til å gjelda alle handlingsmønster som blir brukt i relasjonen mellom sentralmakt og lokalsamfunn. Sjølv om maktforholda er ulike, vil den eine sida alltid leita etter eit svar som står i eit rimeleg forhold til den utfordringa ein har fått av den andre. Slik vil interaksjonen også kunna forståast som ein *kommunikasjon* om kva som er akseptabelt og uakseptabelt i ein gitt situasjon, og korleis protesten og sentralmakta bør

---

<sup>30</sup> Österberg, ”Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige”, 76.

<sup>31</sup> Dørum, ”Hvordan kullböndene seiret i striden med Bernt Anker”, 408.

<sup>32</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 18.

<sup>33</sup> Österberg, ”Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige”, 75.

oppfattast. ”Kommunikasjon” bør like lite som ”interaksjon” forståast som ein maktfri ”diskusjon” mellom likeverdige partar. Kva som er mogleg å tillata seg vil vera avhengig av maktforhold og hevdvunne førestillingar.

Den politiske kulturen legg altså rammene for politisk kommunikasjon eller interaksjon mellom styresmaktene og innbyggjarane, ved å laga eit sett av ”spelereglar” for korleis denne kommunikasjonen skal føregå. Han kan skje innanfor etablerte politiske institusjonar, og her er spelereglane også mest fastlagt. Institusjonalisert kommunikasjon verkar forenklande, då begge sider vil vita korleis ein skal gå fram. Terskelen for å involvera seg i interaksjonen blir lågare. Samtidig vil det som oftast også vera klare grenser for kva ein kan tillata seg. Kommunikasjonen kan alternativt skje *utanfor* institusjonane. Ofte vil dette i seg sjølv oppfattast som eit brot med etablerte spelereglar, fordi det er eit signal om at institusjonane ikkje er tilstrekkelege som politisk arena, og dermed ei utfordring av styresettet. Men sjølv her vil den politiske kulturen setja grenser for aktørane. Også utfordringa av institusjonane og styresettet, og svaret på denne utfordringa, er ei form for kommunikasjon mellom styresmakter og innbyggjarar. Om det ikkje er lover som regulerer framferda, vil det kunna vera sterke idear og førestillingar om korleis ein då går fram.

Det er ikkje nødvendigvis eit skarpt skilje mellom interaksjon innanfor og utanfor institusjonane, sjølv om forskinga på sosiale rørsler ofte har sett dette kvar for seg. Begge delar kan førekoma i løpet av den same konfrontasjonen. Ofte er det slik at opprør startar innanfor institusjonane, men utviklar seg vidare til ein konflikt som går ut over rammene av dei gjeldande institusjonane.<sup>34</sup> Lofthusreisinga er eit døme på det.

## 2.3 Utfordringa nedanfrå

Det er slett ikkje berre dei underprivilegerte som går til politisk aksjon utanfor dei etablerte institusjonane. Militærkupp og intervensionar er døme på at grupper av dei privilegerte sikrar seg endå meir makt, gjerne i situasjonar der maktposisjonen deira er truga. *Opprør* er likevel først og fremst assosiert med utfordringar *nedanfrå*.

Eg vil definera opprør som ein kollektiv protest av eit visst omfang og varigheit, retta mot styresmaktene, der ein går utanfor dei institusjonaliserte vegane for politisk interaksjon og kommunikasjon. Eit opprør er ikkje nødvendigvis valdeleg. Målet med ein slik protest kan i første omgang vera å oppnå avgrensa materiell og politisk framgang. Men i det opprøret er

---

<sup>34</sup> Sidney Tarrow, *Power in Movement. Social Movements and Contentious Politics*. (Cambridge: Cambridge University Press, 1998), 143.

valt som verkemiddel, og institusjonane er sett på sidelinja, vil det også innebera eit trugsmål mot den sosiale orden og styresettet sin legitimitet.

For den perioden det her er snakk om, er ordet ”oppløp” også mykje brukt. Knut Kjeldstadli skil mellom *dei gamle oppløpa* og *dei nye kollektive rørslene* for å karakterisera nye trekk ved kollektive aksjonar frå rundt 1850. Medan dei gamle oppløpa var laust organiserte, støtvise og nokså kortvarige, var dei nye kollektive rørslene mellom anna kjenneteikna av at dei var meir langvarige, hadde innslag av formell organisering og at dei hadde eit mål om å endra og betra samfunnsforhold.<sup>35</sup>

Medan ”oppløp” har karakter av noko kortvarig og av mindre omfang, er ”opprør” ofte forstått som noko meir omfattande, men omgrepa blir også brukt om kvarandre. Å bruka uttrykket ”opprør” kan vera ein *del av* ein politisk strid og inngå i ei verdilada karakterisering av det fenomenet ein omtaler. For dei som oppfattar ordet som negativt lada og ønskjer å framstilla ein protestaksjon som illegitim, vil ordet kunna bety noko anna enn for dei som oppfattar det som legitimt å utfordra styresettet i grunnen. Øystein Rian har peika på dette poenget, og meiner at ordet ”bondeopprør” tener mest til å villeia. Omgrepene vart skapt av embetsmennene i perioden og brukte for å stempla bøndene som sto dei imot. Sidan det var frykteleg straff for opprør mot kongen, var dette ein måte å koma bondemotstand til livs på. Bøndene sjølv kalla ikkje aksjonane sine for opprør, og dei brukte sjeldan valdelege metodar. Rian viser til Rolf Fladby sitt ord ”bondeaksjonar” som eit meir dekkande omgrep. I dette ligg det ein open opposisjon mot embetsmennene på eitt saksfelt, men aldri mot all offentleg autoritetsutøving.<sup>36</sup>

Når det gjeld Lofthusreisinga, er historikarar usamde om det skal karakteriserast som eit opprør eller ikkje. Henrik Wergeland kallar reisinga for eit oppløp.<sup>37</sup> Georg Sverdrup brukar heller ikkje omgrepene ”opprør” sjølv, men skriv at styremaktene oppfatta det som eit opprør.<sup>38</sup> Halvdan Koht skriv at Lofthus hadde ”opprørs-ånd”.<sup>39</sup> Gustav Sætra kallar Lofthusreisinga for eit bondeopprør, men skriv samtidig at dette er diskutabelt, og at han brukar det fordi statsleiinga truleg oppfatta reisinga som eit åtak på staten.<sup>40</sup> Uttrykket ”reising” i namnet ”Lofthusreisinga” ligg nært til ”opprør” i forståinga av omfanget av protesten. Men det kan også forståast som ei mindre alvorleg utfordring mot sjølvstyresettet

<sup>35</sup> Knut Kjeldstadli, ”Er tiden for de kollektive bevegelsene over?” I *Tilbake til framtiden. Rapport fra en konferanse om verdier, historie og framtid*, redigert av W. M. Lafferty. (Oslo: Prosjektet 1994, 1994), 87.

<sup>36</sup> Øystein Rian, *Embetsstanden i dansketida*. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2003), 110-111.

<sup>37</sup> Wergeland, ”Almuestalsmannen Christian Jensen Lofthus”, 6.

<sup>38</sup> Sverdrup, *Lofthusbevegelsen*, 217.

<sup>39</sup> Koht, *Norsk bondereising*, 324.

<sup>40</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797”, 49 + note 1.

og vera mindre politisk lada. Omgrepet er henta frå Koht i *Norsk Bondereising*, og har festa seg som det dominerande omgrepene i seinare litteratur. Sverdrup nyttar derimot ”Lofthusbevægelsen”, eit uttrykk som gir meir eintydig positive assosiasjonar. Det er dessutan i tråd med synet hans på at det ikkje eigentleg var eit opprør. Etter mitt syn kan Lofthusreisinga kallast eit opprør fordi ho var nokså langvarig og omfattande, og fordi ho utfordra styresettet utanfor institusjonane i *tillegg til* å bruka dei institusjonalisterte kommunikasjonskanalane. Dermed utgjorde rørsla også ei utfordring av legitimeten til styresettet. Kor alvorleg denne utfordringa var vil bli diskutert seinare i oppgåva.

## 2.4 Protestreperoar og svarreperoar

Opprør, oppløp og reising er overordna og dels politisk lada omgrep for å karakterisera kollektive aksjonar. Men dei seier lite om kva for metodar som inngår i desse aksjonane. Formene for protest, og måtane protestar har blitt møtt på frå dei styrande, har variert gjennom historia. Dei er sentrale for å forstå den politiske kulturen.

Charles Tilly introduserte omgrepet *repertoar* (repertoire of contention) for å skildra desse metodane, eller handlingsmønsteret, i kollektiv politisk handling. Tilly definerer ”repertoire of contention” som “the ways that people act together in pursuit of shared interests”.<sup>41</sup> Vidare skriv han at “[t]he word *repertoire* helps describe what happens by identifying a limited set of routines that are learned, shared and acted out through a relatively deliberate process of choice”.<sup>42</sup> Repertoaret er eit avgrensa sett av metodar eller rutinar for kollektiv handling, som blir utvikla og lært gjennom kamp. I kvar tidsepoke lærer folk seg relativt få alternative metodar for kollektiv handling. Dette, saman med det at potensielle allierte og motstandarar også har lært eit relativt avgrensa sett av metodar, innsnevrar dei vala som er tilgjengelege for kollektiv interaksjon og legg grunnlaget for framtidige val. Folk eksperimenterer med nye former i leitinga etter taktiske fordelar, men dei gjer dette i lite omfang, i utkanten av dei etablerte rutinane.

Repertoar er både eit strukturelt og eit kulturelt konsept, som ikkje berre omfattar kva folk *gjer* når dei er engasjert i konfliktar med andre, men også kva dei *veit korleis dei skal gjera* og kva andre *forventar* at dei skal gjera.<sup>43</sup> Ved sida av å vera eit sett av rutinar, sjølv handlingane, inneber det også visse kunnskapar og erfaringar som gir innhald og mening til handlingane.

<sup>41</sup> Charles Tilly, *Popular Contention in Great Britain 1758-1834* (London: Harvard University Press, 1995), 41.

<sup>42</sup> Tilly, *Popular Contention in Great Britain 1758-1834*, 41-42.

<sup>43</sup> Tarrow, *Power in movement*, 30.

Repertoaret endrar seg over tid. Det er særleg overgangen frå det *tradisjonelle* repertoaret fram til midten av 1800-talet til det *nye* repertoaret til dei klassisk moderne sosiale rørslene som har interessert forskarane. Tilly karakteriserer det tradisjonelle repertoaret som provinsielt, todelt og spesielt (enkeltsståande): Provinsielt fordi interaksjonen stort sett involverte eitt enkelt lokalsamfunn, todelt fordi folk gjekk til imponerande direkte aksjon i lokale saker, men i nasjonale saker nøgde seg med å leggja fram krava sine til lokale styresmakter, og spesielt fordi detaljane i handlingsrutinane varierte mykje frå gruppe til gruppe, frå sak til sak og frå stad til stad. Tilly sine kjenneteikn ved det nye repertoaret er at det er kosmopolitisk, modulaert og autonomt: Kosmopolitisk fordi det angår interesser og saker i eit større område, modulaert fordi det er enkelt å overføra frå ein situasjon til ein annan, og autonomt fordi utfordrarane sjølv tok initiativet og etablerte kontakt med nasjonale makthavarar.<sup>44</sup>

Sidney Tarrow identifiserer vidare dei vanlegaste typane innanfor det tradisjonelle repertoaret, med empiri frå det vestlege Europa, som matopprør, forsvar av religiøs overtyding, bondeopprør og mobilisering omkring gravferder.<sup>45</sup> Med utgangspunkt i norske forhold framhevar Finn Olstad tre typer kollektive aksjonar i tida før gjennombrotet for den organiserte arbeidarrørsla: Matopprør, skatteopprør og arbeidskampar.<sup>46</sup> Frå overgangen til det nye modulære repertoaret trekkjer Tarrow fram boikotten, massepatisjonen og urbane opprør som døme på korleis repertoaret utvikla seg vidare. I den klassisk moderne perioden er det mellom anna streikar, demonstrasjonar og offentlege møte som dominerer repertoaret. Lofthusreisinga finn stad i overgangstida mellom det tradisjonelle og det nye repertoaret. Eit uttrykk for det er at ein tar i bruk ein variant av massepatisjonen (underskriftskampanjen). Reisinga går dessutan ut over det provinsielle og nærmar seg det kosmopolitiske.

Forskinga på sosiale rørsler og sosial protest har for det meste konsentrert seg om *protestrepertoaret*. Karin Sennefelt lanserer omgrepet *svarrepertoar* som motsatsen til det folkelege repertoaret:

Utifrån interaktionsbegreppet menar jag att motståndaren också har en svarsrepertoar som motsvarar protestrepertoaren. Medan de protesterandes repertoarer har varit föremål för många studier har centralmaktens repertoar för att motarbeta protester inte rönt något större intresse. Jag förutsätter dock att samma sak gäller för centralmaktens repertoar som för de protesterande; den består av särskilda former för kommunikation som är väl beprövade och välkända för de protesterande. Det sätt som de

<sup>44</sup> Tilly, *Popular Contention in Great Britain, 1758-1834*, 45-46.

<sup>45</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 32-36.

<sup>46</sup> Finn Olstad, ”Fra matopprør til streik. Litt om sosial protest og kollektive aksjoner før den organiserte arbeiderbevegelse”. *Tidsskrift for Arbeiderbevegelsens historie. Fra matopprør til streik*. (1981).

protesterande bemöts på sänder et budskap om hur överheten ser på protesten och hur konflikten skal lösas.<sup>47</sup>

I denne oppgåva er det særleg styresmaktene sitt svarrepertoar som vil bli undersøkt. Denne forståinga av omgrepene vil då ligga til grunn. Eg går ut frå at styresmaktene har eit repertoar, eit sett av rutinar, for korleis dei møter protestar, og at dei gjennom dette handlingsmönsteret kommuniserer eit syn på samfunnet og den aktuelle konflikten. På same måten som med protestrepertoaret kan også svarrepertoaret endrast og fornyast for å oppnå taktiske fordelar, men innanfor ein gitt historisk periode vil det vera snakk om relativt små endringar. Dette vil eg koma tilbake til i kapittel fem.

## 2.5 Frå konsensus til handling

Repertoaret skildrar altså dei rutinane eller det handlingsmönsteret som blir tatt i bruk på kvar side i konfliktar mellom folk og styresmakter. Men kva skjer i prosessen undervegs frå misnøyen oppstår og til protestrepertoaret blir tatt i bruk? Korleis blir eit opprør eller ein protest til? Bert Klandermans har delt dette hendingsforløpet inn i tre fasar som delvis overlappar kvarandre: Konsensusdanning (consensus formation), mobilisering av konsensus (consensus mobilization) og mobilisering til handling.<sup>48</sup>

*Konsensusdanning* er den umedvitne og uplanlagte prosessen som føregår der menneske prøver ut synspunkt og idear med kvarandre innanfor nettverka sine, og over tid skaper sams eller liknande forståingar av verkelegheita. Konsensusdanning “concerns the unplanned convergence of meaning in social networks and subcultures”, og det skjer utanfor nokon sin kontroll. Innanfor desse nettverka føregår det prosessar med sosial samanlikning som produserer kollektive definisjonar av ein situasjon.<sup>49</sup> Men sjølv om konsensusdanninga produserer slike felles definisjonar, gjer det lite anna enn akkurat det. Det fører ikkje til kollektiv handling. For at det skal skje, er *mobilisering av konsensus* nødvendig. Mobilisering av konsensus er ”a deliberate attempt by a social actor to create consensus among a subset of the population”.<sup>50</sup> Det er ei medviten og aktiv handling av politiske aktørar, der ein prøver å overtida andre menneske om visse forståingar av situasjonen og det nødvendige i å gjera noko med han. Slik konsensusmobilisering er langt lettare å få til innanfor nettverk og miljø av

<sup>47</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 33.

<sup>48</sup> Bert Klandermans, ”The formation and mobilization of consensus” i *From Structure to Action: Comparing social movement research across cultures*”. Bert Klandermans, Hanspieter Kriesi, Sidney Tarrow (red.), (London: Jai Press inc., 1988).

<sup>49</sup> Klandermans, ”The formation and mobilization of consensus”, 175.

<sup>50</sup> Klandermans, ”The formation and mobilization of consensus”, 175.

menneske som frå før har ei liknande oppfatning. Då trengst det i første rekke justeringar av folk sine forståingsrammer for å få dei med på tanken om at noko må gjerast. For å skapa eit mobiliseringspotensiale må *måla* for handlinga legitimerast og vera kjent for dei involverte. Dessutan må handlingsmidla legitimerast, helst ved at folk trur på at dei vil føra fram. Ei forventing om suksess vil ofte vera avhengig av forventingar om at mange andre vil delta og tru på at eins eiga medverking er viktig.

Dette utgjer føresetnadene for den neste fasten, som er *mobilisering til handling*. I det grunnlaget er lagt med ei felles forståing av situasjonen, ei oppfatning om at handling er nødvendig og legitimt, og ei tru på at den politiske aksjonsmåten er legitim og vil føra fram, kan det aktuelle kollektivet mobiliserast til aksjon. Handlingsmobilisering inneber at dei som allereie tilhører mobiliseringspotensialet forpliktar seg til handling.<sup>51</sup> Alle desse tre fasane vil kunna føregå samtidig og påverka kvarande. Til dømes vil oppfatningar om aksjonar som pågår bli prøvd ut og spreidd som konsensusdanning i nettverka av og rundt dei handlande, og påverka potensialet for vidare handling.

## 2.6 Demobilisering og motmobilisering

Så langt om mobiliseringsfasen, som er den som er best undersøkt i forskinga på sosial protest og sosiale rørsler. Til ei viss grad har det også blitt forska på korleis sosiale rørsler blir *demobilisert*;

hur en rörelse avvecklas, vare sig det sker frivilligt eller genom repression. ... Demobiliseringen innebär att de element som varit vitala för mobiliseringen, politiske möjligheter och tillfället, mobiliserande strukturer och samlande tolkningsramar, blir obrukbara. Under tidigmodern tid har detta oftast skett genom ... repressiva åtgärder<sup>52</sup>

Sennefelt meiner at dette bør reknast som ein fjerde fase etter Klandermans sine tre første i utviklinga av kollektive aksjonar.

Kva hender i denne demobiliseringsfasen? Tarrow identifiserer tre sett av prosessar som ser ut til å vera til stades i ei rekke tilfelle: utmatting og splitting, institusionalisering og vald, og undertrykking og tilrettelegging.<sup>53</sup> Desse trekka er funne i utviklinga av moderne sosiale rørsler og kampsyklusar, med revolusjonsforsøka i 1848 som det første dømet, men eg meiner dei også kan vera til nytte i forståinga av kollektive aksjonar i tidleg nytid.

<sup>51</sup> Klandermans, "The formation and mobilization of consensus", 176-183.

<sup>52</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 28-29.

<sup>53</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 147.

Utmattning er truleg den enklaste forklaringa på at mobiliseringa ebbar ut. Det skjer som ei følgje av den risikoen og dei personlege kostnadene dei protesterande ber, og til slutt av at dei går trøytte og blir desillusjonerte. Når delar av rørsla fell frå eller modererer seg, blir resultatet ei polarisering mellom dei som vil kompromissa med styresmaktene og dei som ønskjer å oppretthalda konfrontasjonen. Splittinga mellom radikalarar og moderate tar gjerne form av ein konflikt om vald: Medan moderate leiarar vil institusjonalisera taktikken for å halda på oppslutninga, vil radikale leiarar ta i bruk konfrontasjon for å få støtte frå dei mest militante. Splittinga veks fram i masserørsla sjølv, og denne utviklinga kan anten bli oppmuntra eller dempa av ulike strategiar frå styresmaktene. Styresmakter som avslører svakheita si og raskt gir etter for utfordrarane sine krav, vil leggja til rette for ei omvelting. Omvendt vil styresmakter som kategorisk avviser alle krav og slår ned på opprørarane med vald, anten øydeleggja opposisjonen eller leggja til rette for ein revolusjonær situasjon – alt etter som undertrykkinga er effektiv eller ikkje. Tarrow meiner at medan ekstreme former for undertrykking var vanleg på 1700- og 1800-talet, har selektiv undertrykking og tilrettelegging blitt meir vanleg seinare. Ved å forhandla berre med delar av rørsla vil styresmaktene oppmuntra til ytterlegare splitting. Autoritære regime vil som regel mangla den politiske kontrollen og sjølvbeherskinga som krevst for å gå i gang med slik selektiv undertrykking og tilrettelegging.<sup>54</sup> Eit interessant spørsmål er om ein slik karakteristikk passar på styresmaktene si handtering av Lofthusreisinga. Kor god kontroll hadde dei?

Med omgrepssparet undertrykking/tilrettelegging er Tarrow her inne på styresmaktene si rolle i demobiliseringa av sosial protest. Styresmaktene spelar dessutan ei aktiv rolle i mobiliseringsfasen. Det er *interaksjonen* mellom dei protesterande og sentralmakta som er viktig for å forstå korleis rørsla blir mobilisert. Den motstanden rørsla møter varierer i styrke og omfang, noko som i neste omgang påverkar korleis rørsla blir skapt og utvikla.<sup>55</sup> Når det kjem til styresmaktene sine aktive handlingar – *motmobiliseringa* – er det imidlertid mangel på kunnskap, ifølgje Sennefelt: ”Motmobilisering är inte tilnärmelsesvis lika väl utrett i tidigare forskning som de protesterandes mobilisering.”<sup>56</sup> I si eiga avhandling om Dalopprøret i 1743 undersøkjer ho derimot ikkje berre korleis bøndene mobiliserte for si sak, men også korleis styresmaktene møtte opprøret. William Beik si framstilling av urbane opprør i

<sup>54</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 147-150.

<sup>55</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 29.

<sup>56</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 29.

Frankrike på 1600-talet er eit anna døme på at motmobiliseringa får ein sentral plass i forståinga av utviklinga av sosial protest.<sup>57</sup>

## 2.7 Struktur og kultur

Det meste av teoretisk litteratur og teoretiske omgrep eg har vist til så langt, er reiskapar for å forstå *korleis* protestar og opprør blir til – og korleis dei blir møtt. Tradisjonelt har forskinga likevel vore meir opptatt av *kvifor* folk tyr til kollektiv politisk handling, noko også litteraturen om Lofthusreisinga ber preg av. I si enklaste form har denne retninga forstått folkeleg protest som ein ”refleks” av därlege eller forverra materielle og sosiale vilkår.

Tarrow gir eit riss av forskingshistoria på sosiale rørsler, og startar med dei tre marxistiske teoretikarane Marx, Lenin og Gramsci, som la vekt på ulike sider ved kollektiv handling.<sup>58</sup> Kvar av dei tre har også gitt viktige impulsar til seinare teoretiske retningar. Karl Marx forklarte deltaking i kollektiv handling med utvikla klassemotsetningar. Teoriar om kollektiv åtferd, *collective behavior theory*, på 1950- og tidleg -60-tal fokuserte i tråd med dette på kva for grunnar folk hadde til å klaga og kva som skapte potensiale for mobilisering; *grievance theory*. Dei strukturelle årsaksforklaringane kom her i framgrunnen. Lenin var på si side mest opptatt av behovet for organisasjon og leiarskap som føresetnad for mobilisering, og dette poenget vart vidareført i teoriar om *ressursmobilisering* på 60- og 70-talet. Her undersøkte ein kva slags ressursar ei rørsle hadde til rådvelde, og var på veg over i forklaringar på korleis mobilisering skjer. Antonio Gramsci meinte vidare at organisering ikkje var nok for å reisa arbeidarklassen, og at arbeidarrørsla si fremste oppgåve måtte vera å skapa ein arbeidarklasseskultur for å utvikla arbeidarane sitt eige medvit og utfordra borgarskapet sitt kulturelle hegemoni. Seinare vart Gramsci sine idear vidareutvikla i teoriar om ”innramming”, eller *framing*, og danning av kollektiv identitet. Vektlegging av kultur er det karakteristiske ved desse teoriane. Desse tre retningane har understreka ulike element ved kollektiv handling, men ifølgje Tarrow har ingen av dei spesifisert kva for *politiske* vilkår som skal til for at ressursfattige og utbytta arbeidrarar skal mobilisera; det han kallar problemet med *politiske moglegheiter og hindringar*.

Gramsci si framhaldning av det kulturelle aspektet kan finnast igjen i mange nyare forskarar sitt skifte av fokus frå strukturelle faktorar til ”innramming” av kollektiv handling. Paradigmeskiftet starta så smått med E. P. Thompson i *The Making of the English Working*

<sup>57</sup> William Beik, *Urban protest in seventeenth-century France. The culture of retribution*. (Cambridge: Cambridge University Press, 1997).

<sup>58</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 10-13.

*Class*, der han ser klasse som noko som må skapast av medlemmene sjølv. Seinare følgde mellom andre Bert Klandermans opp med sitt konsept om ”konsensusmobilisering”.

Forskarane starta å fokusera mindre på årsakene til klagene og meir på korleis sosiale rørsler rammar konkrete klagemål inn i ei tolkingsramme som kan overtyda deltagarane om at saka deira er rettferdig og viktig. Dermed såg dei strukturelle tilnærmingane ut til å vika for *kultur* som metanarrativen i studia av sosiale rørsler.<sup>59</sup>

Sennefelt konstaterer at det klassiske spørsmålet i forsking om opprør og revolusjonar har vore *kvifor* dei oppstår. Årsakene til bondeopprør i Europa i tidleg nytid har ofte vore diskutert i forhold til statsbyggingsprosessen, der protestar frå bøndene har blitt oppfatta som reaksjonar på statsmakta sine stadig større krav om makt over lokalsamfunnet. Også i svensk og finsk forsking har statsbygginga og forholdet mellom sentralmakta og lokalsamfunnet vore i fokus. Sjølv ønskjer Sennefelt å byggja vidare på den forskingstradisjonen som heller har halde fram dei kulturelle aspekta ved opprør og protestar, og som ho reknar tilbake til George Rudé, E. P. Thompson, Natalie Zemon Davis med fleire. Reaksjonen mot studiet av sosio-økonomiske årsaker har ført til at forskarane i aukande grad har sett dei indre føresetnadene hos dei protesterande som avgjerande, seier ho:

Det är inte hur verkligheten såg ut, utan hur människor har tolkat sin tillvaro som varit avgörande för protesters uppkomst. ... Först genom studier av subjektiva uppfatningar och föreställningar om identiteter, skyldigheter och rättigheter kan man komma närmare den betydelse protesten har haft för de protesterande. Således har forskning om uppror ägnats å organisation, målsättningar, handlingsmönster och föreställningar hos de upproriska i syfte att fastställa opprorens orsaker.<sup>60</sup>

I tråd med dette er hovudspørsmålet i avhandlinga hennar *korleis* dalallmugen gjorde opprør i 1743; i staden for å undersøkja dei utløysande årsakene ser ho då opprøret som ein politisk prosess.

Kultur som den overordna forteljinga verkar altså å vera dominerande innanfor forsking på sosial protest og sosiale rørsler. Med vendinga frå struktur til kultur har også hovudspørsmålet endra seg frå ”*kvifor*” til ”*korleis*”. Tarrow åtvarar likevel mot at ”kulturalismen” kan vera like mekanisk som metaforteljing som den strukturalismen ein ønskte å erstatta. Ved å leggja vekt på kultur klarer ein ikkje å forklara *kvifor* bølgjer av sosiale rørsler oppstår i visse periodar og ikkje i andre, eller *kvifor* somme rørsler handterer

<sup>59</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 17.

<sup>60</sup> Sennefelt, *Den politiska sjukan*, 26.

kulturelle symbol betre enn andre. Svaret på dette spørsmålet kan finnast i variasjonar i den politiske strukturen og verkemåten til dei politiske prosessane.<sup>61</sup>

Charles Tilly la grunnlaget for konseptet *politiske moglegheitsstrukturar* i *From Mobilization to Revolution* i 1978. Her utviklar han eit sett av vilkår for mobilisering, der dei viktigaste er moglegheit versus trugsmål for utfordrarane og tilrettelegging versus undertrykking frå styresmaktene. Tilly sin modell er først og fremst strukturell, ved å fokusera på vilkår som ikkje kan formast av aktørane sjølv. Andre forskarar, som Doug McAdam, fokuserer meir på den politiske prosessen. Til saman har dette blitt ein forskingstradisjon som prøver å svara på spørsmålet om kvifor protestrørsler berre oppstår i visse periodar.<sup>62</sup> Tarrow argumenterer for at protestrørsler er nærmare knytta til mogleheter og hindringar for kollektiv handling enn dei sosiale og økonomiske vilkåra folk opplever:

outbreaks of contention cannot be derived from the deprivation people suffer or the disorganisation of their societies. For these preconditions are far more enduring than the movements they support. ... Contention increases when people gain the external resources to escape their compliance and find opportunities in which to use them. It also increases when they are threatened with costs they cannot bear or which outrage their sense of justice. When institutional access opens, rifts appear within elites, allies becomes available, and state capacity for repression declines, challengers find opportunities to advance their claims. When combined with high levels of perceived costs for inaction, opportunities produce episodes of contentious politics.<sup>63</sup>

Denne undersøkinga vil dra god nytte av den kulturelle tilnærminga som er skildra i dette kapitlet. Korleis interaksjonen mellom allmuge og øvrigheit dreiv hendingane framover vil vera viktigare enn kvifor Lofthusreisinga oppsto. Samtidig vil dei *politiske moglegheitsstrukturane* bli ein innfallsvinkel til å sjå på korleis styresmaktene la til rette for og/eller undertrykte allmugemobiliseringa.

## 2.8 Lofthusreisinga sett frå Christiansborg

Tema for denne oppgåva er for ein stor del styresmaktene si motmobilisering i møtet med Lofthusreisinga, og dermed styresmaktene sitt svarrepertoar. Det er fleire forhold som formar eit slikt svarrepertoar. For det første er det den gjeldande politiske kulturen, og eventuelle endringar i denne. Kva for ”speleregular” var gjeldande for forholdet mellom styresmakter og innbyggjarar i den aktuelle perioden? Kva fanst av lovverk, politiske tradisjonar, maktforhold, politiske institusjonar og ideologi på denne tida, og var nokon av desse felta i endring? Dette vil vera tema for neste kapittel.

<sup>61</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 17-18.

<sup>62</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 18-19.

<sup>63</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 71.

For det andre er svarrepertoaret delvis forma av allmugen sitt protestrepertoar. Styresmakter vil i dei fleste tilfelle forsøka å finna mottiltak som blir oppfatta å stå i eit rimeleg forhold til dei verkemidla dei protesterande brukar. Valdeleg undertrykking er enklare å legitimera i møtet med vald frå opprørarane, medan skriftlege svar vil bli oppfatta som ein høveleg respons på supplikkar. Fordi protest og opprør er ei form for politisk kommunikasjon eller interaksjon, vil protestrepertoaret og svarrepertoaret vekselvis påverka kvarandre. Svarrepertoaret til styresmaktene kan oppmuntra til eller motverka visse nye trekk frå allmugen si side. Ønsket om å kunna legitimera eigne handlingar – både overfor allierte og motstandarar – gjer at begge sider strevar etter å finna rimelege aksjonsformer og mottiltak; det vil seia rimelege etter dei rammene som den politiske kulturen gir. Denne vekselverknaden er tema for kapittel fire.

For det tredje må svarrepertoaret sjåast i lys av kor alvorleg trugsmålet frå dei protesterande var eller vart oppfatta. Eit kortvarig oppløp med krav om lågare kornprisar for å unngå svolt i ei krisetid, er av ein annan karakter enn ei meir langvarig politisk mobilisering med meir vidtgåande krav. Der den første protestforma held seg nokonlunde innanfor rammene av den sosiale orden, kan den andre vera ei meir eller mindre alvorleg utfordring av styresettet sin legitimitet. Forståinga av kva for ei (potensiell) utfordring Lofthusreisinga representerte, vil derfor vera med på å forma styresmaktene sine mottiltak. Dette vil eg mellom anna koma tilbake til i avslutningskapitlet.

## Kapittel 3: Politisk kultur under eineveldet

I siste halvdel av 1700-talet vart *det gamle regimet* i Europa utfordra og dels erstatta av nye styreformer. Den amerikanske og den franske revolusjonen tok konsekvensen av ideen om *folkesuverenitet* og innførte *folket* som den konstituerande makta. I mange europeiske land kom det til strid mellom det Robert Palmer kallar aristokratiske og demokratiske krefter<sup>64</sup> – utan at demokratane nødvendigvis utfordra heile styresettet slik som i Nord-Amerika og Frankrike. Enn så lenge handla striden om å utvida dei politiske rettane til større grupper, noko dei stort sett lukkast därleg med. Samtidig sto det store folkefleirtalet som regel på utsida av maktkampen.

Det gamle regimet i Danmark-Noreg opplevde ingen tilsvarende utfordringar på denne tida. Landet hadde heller ingen stenderforsamlingar, parlament eller liknande som gav politiske rettar til dei øvste sosiale laga og kunne vera ein alternativ maktbase til kongemakta. Nye politiske og økonomiske idear, og framvekst av ei viss offentlegheit der idear kunne brytast, påverka likevel dei gjeldande førestillingane. Men verken adel eller borgarar kravde å få ta del i styringa av landet, og Danmark-Noreg sto slik på sida av forfatningsstriden i resten av Europa.

Eit viktig spørsmål i denne oppgåva er om det dansk-norske eineveldet snarare vart utfordra frå lenger nede i samfunnet. Dei forholdsvis sterke reaksjonane frå styresmaktene mot Lofthusreisinga kan tyda på at denne rørsla vart oppfatta som eit mogleg trugsmål mot styresettet. I dette kapittelet vil eg undersøkja kva som kjenneteikna den politiske kulturen under det dansk-norske eineveldet generelt, og sjå på utviklingstrekk i siste delen av denne epoken.

### 3.1 Det dansk-norske eineveldet

Eineveldet som styreform var kjenneteikna av ei prinsipiell todeling mellom den eineveldige monarken og alle andre; *undersåttane*. All makt og mynde gjekk ovanfrå og ned. Kongen hadde åleine ”højeste Magt og Myndighed til at giøre Lov og Forordninger”, medan alle kongen sine undersåttar skulle ”holde og agte Kongen for det ypperste og højeste Hoved her

---

<sup>64</sup> Robert R. Palmer, *The Age of the Democratic Revolution: A political history of Europe and America, 1760-1800. The Challenge*. (Princeton: Princeton University Press, 1959).

paa Jorden over alle menniskelige Love".<sup>65</sup> Embetsverket hadde mynde frå kongen, og skulle utføra det som var kongen sin vilje.

Eineveldet henta ikkje den aktuelle makta og legitimiteten frå dei styrte, slik ideen om folkesuverenitet tilseier at ei styreform skal.<sup>66</sup> Den offisielle læra var lenge at kongen var *konge av Guds nåde*, og at lydnad til Gud også innebar lydnad til kongen. Denne ideen var rett nok på retrett i andre halvdel av 1700-talet, i det moderne førestillingar om folkesuverenitet og overgangsideen om eit ”opinionsstyrt einevelde” braut fram. Men dette var diskusjonar som først og fremst føregjekk i samfunnsseliten, og dei var neppe særleg kjent blant allmugen. I statens offisielle retorikk var førestillinga om kongens opphøgde posisjon framleis den gjeldande. Kyrkja, som var den viktigaste kringkastaren av informasjon frå styresmaktene til folket, kopla lydnad mot Gud til lydnad mot kongen og statsleiinga.<sup>67</sup> Prestane hadde eit generelt pålegg om å formana tilhøyrarane sine overalt om ”at frygte Gud og ære Kongen”,<sup>68</sup> og i nye lover som vart opplest frå prekestolen kunne det heita at lydnad til lova var ”Kongens Villie, fordi det er Guds Villie”.<sup>69</sup> I den faste bøna ved konfirmasjonsgudstenesta vart kongetruskapen bygd inn i sjølve gudstru-omgrepet. Ein del danske prestar forfekta framleis kongedømmet av Guds nåde i 1770-, -80- og -90-åra.<sup>70</sup> I kva grad folk faktisk *trudde* på denne koplinga mellom Gud og kongen, er det vanskeleg å vita noko om. Men førestillinga var ein del av den politiske kulturen og retorikken i møtet mellom allmuge og øvrigheit. I eit brev til kongen frå ei rekke allmugesrepresentantar etter arrestasjonen av Lofthus avsluttar dei med at dei ”skylde vor Arve Herre og Konge baade lydighet, Troeskab, samt Liv og Blod, som tillige Guds Salvede og vor Beskytter”<sup>71</sup>.

Samtidig hadde *lova* ein viktig funksjon for å forsikra undersåttane om at styreforma var rettferdig og god. Eineveldet var eit fritt samfunn og det var likskap for lova, ifølgje dei aller fleste som ytra seg i samtida. ”Likskap for lova” vil likevel ikkje seia at alle undersåttar hadde like rettar; tvert imot var det grupper som hadde privilegie framfor andre grupper. Adelen hadde adelsprivilegia sine, borgarskapet i byane naut godt av kjøpstadsprivilegia, og eigarane av bergverk hadde bergverksprivilegia, for å nemna dei viktigaste. Men privilegia

<sup>65</sup> Kristian 5. si Norske Lov (NL), 1-1-1.

<sup>66</sup> Eineveldet hevda at folket frivillig hadde gitt makta til kongen i 1660, ein gong for alle, men at det opphavleg var Gud som hadde innstifta arveretten til krona.

<sup>67</sup> Anne-Hilde Nagel, ”Enhver som frykter Gud skal være Kongen. Kirkens oppgaver under eneveldet”. I *Festskrift til Historisk Institutts 40-årsjubileum*. (Bergen: Universitetet i Bergen, 1997), 113.

<sup>68</sup> NL, 2-4-6.

<sup>69</sup> Canc. Prom. 18. august 1781, Wessel-Berg III, 21-22.

<sup>70</sup> Michael Bregnsbo, *Gejstlighedens syn på samfund og øvrighed 1775-1800, belyst ved trykte prædikener og taler*. (København: Den danske historiske forening, 1992), 24-25.

<sup>71</sup> Brev frå allmugen til kongen 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

skulle vera gitt nettopp til grupper, ikkje enkeltpersonar, og dei var definert av lovane. Lova gjorde forskjell på folk, men alle skulle lyda lova.<sup>72</sup>

### 3.2 Allmuge og øvrigheit

Sjølv om alle undersåttar var underlagt kongen og lova, var det stor forskjell dei imellom. Undersåttane var inndelt etter ein klar hierarkisk struktur. *Øvrigheita* besto av alle embetsmenn, med dei sentrale styresmaktene på topp og med lokale embetsmennene på botn. Lokale tenestemenn som ikkje var direkte utnemnt av kongen, utgjorde ei gråsone mellom øvrigheit og innbyggjarar. *Innbyggjarane* var då resten av folket, delt i adel og andre godseigarar, handelsborgarar, handsverksborgarar og allmuge. *Allmugen* omfatta i snever forstand bønder, det vil seia sjølveigarar og leiglendingar. Vanlegvis vart ”allmuge” likevel forstått som alle dei lågare, ikkje-priviligerte gruppene. I denne forståinga av ordet vil også arbeidsfolk i byane, husmenn og tenestefolk blir rekna med.

I det følgjande vil eg bruka den vanlege, vidare meiningsa av omgrepene øvrigheit og allmuge. Det vil seia at ”øvrigheita” omfattar alle embetsmenn, og ”allmugen” alle dei lågare, ikkje-priviligerte gruppene av bønder, husmenn, tenestefolk og arbeidsfolk i byane.

Kjøpstadborgarane fell utanfor begge desse kategoriane. Men i praksis var det vanskeleg å trekka eit skarpt skilje mellom embetsstanden og kjøpstadborgarane. Desse to gruppene fusjonerte ofte gjennom giftarmål, og rekruttering skjedde gjerne frå den eine til den andre gruppa: Handelsmannssøner vart embetsmenn, og embetsmenn dreiv også med handel. (Sjølv om embetsmenn ikkje skulle driva næringsverksemd, var dette ikkje uvanleg.<sup>73</sup>) Embetsstanden og kjøpstadborgarane sto som oftast saman i interessekonfliktar med allmugen, sjølv om det også finst døme på konfliktar dei imellom. I samband med Lofthusreisinga hende det både at borgarane og embetsmennene skiftesvis prøvde å alliera seg med allmugen i konfliktar seg imellom, og at embetsstanden delte seg og sympatiserte med ulike interessegrupper. Svein Vik Såghus viser i hovudoppgåva si at embetsverket inntok ulike standpunkt i sakene mot sorenskrivar og verkseigar Smith. Dei bondevennlege haldningane var likevel først og fremst motivert ut frå støtte til Smith sine konkurrentar: trelasthandlarane i Arendal.<sup>74</sup>

<sup>72</sup> Anne-Hilde Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet” i *Administrasjon i Norden på 1700-talet*. (Oslo: Universitetsforlaget, 1985), 120.

<sup>73</sup> Finn-Einar Eliassen, *Det gamle embetsverk og det nye: Norske embetsmanns kamp mot Generalforstamtet 1739-46.* (Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1972), 104-137.

<sup>74</sup> Såghus, *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 – 1793*, 107.

### 3.3 Politiske rettar og politiske moglegheiter

Ingen undersåttar hadde politiske rettar under eineveldet i Danmark-Noreg. Ulikt dei fleste europeiske land på denne tida fanst det etter 1660 inga representativ eller autonom forsamling som kunne gi råd til kongen eller utgjera ei motvekt til monarken. Embetsstanden hadde ikkje ein sjølvstendig maktposisjon; oppgåva deira var å utføra kongen sine ordrar. Kongen kunne avsetja dei dersom han meinte at dei ikkje utførte oppgåvene sine i tråd med lova og kongen sin vilje. I praksis hadde embetsmennene likevel mykje dei skulle ha sagt i styringa av riket, og sentrale embetsmenn meir enn dei lokale. Små og store avgjerder vart tatt i embetsverket, og embetsmennene gav råd til kongen i alle slags saker.<sup>75</sup> Adelen og andre elitegrupper hadde privilegie som sikra dei særbehandling av ymse slag knytta til rang, status og næring. Visse typar av embetsmenn hadde også adelsstatus, sjølv om dei ikkje var adelege av arv.

Kva då med allmugen sine sjansar til å få eit ord med i laget? Allmugen hadde visse formelle kontrollposisjonar i lokalsamfunnet gjennom rettsapparatet og ulike typar ombod: Dei var lagrettemenn på bygdetingenet, lensmenn, presten sine medhjelparar, legdsommenn i militærret og deltok i fattig- og skulekommisjonar.<sup>76</sup> Lagrettemennene hadde rett nok mista mykje av den tidlegare makta i rettssystemet; frå å vera meddommarar vart dei redusert til berre å vera rettsvitne. Lensmannen sto i ei dobbeltstilling som både bondesamfunnet og statsapparatet sin ”representant”. Frå 1746 vart det ei stilling utpeikt av amtmannen, og han kunne frå då rekna som fullverdig statstenestemann. I praksis var lensmannen framleis i ein mellomposisjon mellom bondesamfunnet og embetsverket, og stort sett – men ikkje alltid – var det bønder som var lensmenn.

Med unntak av lensmannen var desse ombodsfunksjonane ulønna, og dei gav lite makt inn i styringsverket. Dei kan derfor sjåast som meir av ei legitimering av regimet enn ein faktisk innverknad for allmugen.

Ordninga med legdsommenn kan illustrera dette. Verneplikta var på denne tida ikkje individuell, men ei plikt pålagt lokalsamfunnet. Legdsommennene vart utpeikt av embetsverket blant allmugen til å syta for at bygda (legda) leverte det antalet soldatar dei skulle. Legdsommennene kunne såleis ha makt i utpeikinga av soldatar, men det var samtidig ei tung plikt, og ombodet var ulønna.<sup>77</sup> Det var ikkje ei populær oppgåve. Ei av klagene til

<sup>75</sup> Harald Gustafsson, *Political interaction in the old regime: central power and local society in the eighteenth-century Nordic states*. (Lund: Studentlitteratur, 1994), 92-93.

<sup>76</sup> Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet”, 132.

<sup>77</sup> Geir Atle Ersland og Terje H. Holm, *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*, bind 1 av *Norsk forsvarshistorie*. (Bergen: Eide forlag, 2000), 257-263.

Lofthuskommisjonen var at legdsmannsombodet vart pålagt same personen i for lang tid.<sup>78</sup> Det må også ha fungert som ei legitimering av det store uttaket av soldatar frå det norske bondesamfunnet, når oppgåva med å gjennomføra det vart pålagt lokalsamfunnet sjølv. Kvart år var det om lag 30 000 norske soldatar i den dansk-norske hæren, og det tilsvarte 5% av den totale befolkninga<sup>79</sup> - eller 20% av alle vaksne menn.

Bygdetinget vart arrangert 2 eller 3 gonger i året på kvar tingstad. Her fekk allmugen kunngjort kongen sine befalingar, og her vart rettssaker ført i første instans, med bøndene som lagrettemenn. På 1500- og 1600-talet hadde bygdetinga den funksjonen at allmugen her kunne seia ja eller nei til nye pålegg og skattar. Men med unntak av enkelte mindre avgjelder om kva form enkelte avgifter skulle ha, var den gamle forhandlingsretten borte under eineveldet.<sup>80</sup>

Dei nemnte rettane, omboda og kontrollposisjonane tilhørte berre ein liten del av allmugen: Berre myndige gardbrukarar, det vil seia mannlege, vaksne brukarar, deltok på denne måten det lokale styringsverket. I 1801 utgjorde dei 13,5% av den samla bygdebefolkinga.<sup>81</sup>

Den viktigaste kommunikasjonskanalen oppover var *supplikken*, eventuelt også med audiens hos kongen. Supplikkinstittuttet fungerte både som informasjonskanal til kongen – som var den alle supplikkar i prinsippet retta seg til – om forholda rundt om i riket, som verkemiddel for å kontrollera embetsverket, og i nokre tilfelle som reiskap for å endra lovene. Det var ikkje i første rekke allmugen som nytta denne kanalen for å fremma saka si; størstedelen av supplikkane vart skrivne av dei privilegerte gruppene i samfunnet. Men i litteraturen er det supplikkane frå (den norske) allmugen som har vore vektlagt.

### 3.4 Supplikkinstittuttet i lova og i praksis

Steinar Imsen skriv om supplikken at det var

bønneskrift eller klageskrift stilet til kongen. Vi har bevart allmue-s. både fra senmiddelalderen og fra foreningstiden, men særlig stor er forekomsten av s. fra 1600- og 1700-tallet. I de fleste tilfellene har det dreid seg om klager over lokale øvrighetspersoner, skatter og andre pålegg. S. var gjennom hele perioden et viktig instrument for menigmann, både individuelt og kollektivt, til å påvirke styresmaktene.<sup>82</sup>

<sup>78</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling av 22. og 27. november 1787, s. 84-85, pakke 7 VIII, RA.

<sup>79</sup> Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet”, 114.

<sup>80</sup> Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet”, 132-133.

<sup>81</sup> Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet”, 77.

<sup>82</sup> Steinar Imsen og Harald Winge, *Norsk historisk leksikon: Kultur og samfunn ca. 1500 – ca. 1800*, 2. utgåve. (Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 1999).

Imsen gir her uttrykk for ei vanleg oppfatning, nemleg at det oftast var allmugen som tok supplikkinstittuttet i bruk, og at innhaldet som regel gjaldt klager på skattar og embetsmenn. Men ifølgje Steinar Supphellen si undersøkjing av supplikkinstitusjonen i 1720- og 1730-åra, var det forholdsvis fleire supplikkar frå sentrale strok, relativt få supplikkar frå personar som ikkje var kongelege tenestemenn, særleg i landdistrikta, og få supplikkar frå allmugen.<sup>83</sup> Kari Helgesen finn noko tilsvarende i si undersøkjing frå midt på 1700-talet. Jo lengre vekk frå København ein oppheldt seg, jo mindre sjanse var det for at ein tok supplikkinstittuttet i bruk. 28% av supplikkane i den undersøkte perioden kom frå Noreg, medan 71% var danske supplikkar. Supplikktettleiken var dessutan høgare i Akershus stift enn dei andre norske stifta. Av 496 undersøkte supplikkar i Trondheim stift i 1746-66 finn Helgesen at 44% var frå embetsstanden, 17% frå borgarstanden og 40% frå allmugen – halvparten av desse var frå byallmugen og halvparten frå landallmugen.<sup>84</sup>

At Supphellen og Helgesen sine funn skil seg frå den vanlege oppfatninga, skuldast delvis sjølve definisjonen av kva ein supplikk er. Helgesen byggjer sin definisjon på innhaldet i supplikkbøkene til det danske kanselliet, og Supphellen brukar ein tilsvarende brei definisjon av omgrepet. I supplikkbøkene finst mykje meir enn bøne- og klageskrift; også førespurnader, forslag og meir rutineprega søknader blir rekna som supplikkar her. Det var ikkje berre embetsmenn og borgarar som var avsendarar av slike supplikkar; allmugen sto bak mange av dei meir rutineprega søknadene. Motsett sende også embetsmenn og borgarar supplikkar i den snevrare definisjonen. Berre ein svært liten del av det undersøkte materialet var allmugesupplikkar som omhandla klager liknande dei Imsen nemner: Av dei 496 undersøkte supplikkane var 24 (5%) spørsmål om kommisjonar, klage på embetsmenn, eller bøn om avgiftsreduksjon, og berre 9 av desse var frå allmugen.<sup>85</sup>

Bruken av skriven supplikk vart meir vanleg og etter kvart meir formalisert frå slutten av 1500-talet. Frå 1591 var det vanleg at sorenskrivaren førte supplikkane i pennen. Kongen ville helst ha klagarane kvar for seg, og synte motvilje mot samordna aksjonar frå større grupper av allmugen.<sup>86</sup> Frå 1631 skulle i utgangspunktet alle supplikkar leggast fram for kongens lensmann før kongen, men det var unntak. Ei forordning frå 1685 slo fast at

<sup>83</sup> Supphellen, "Supplikken som institusjon i norsk historie", 171-177.

<sup>84</sup> Kari Helgesen, *Supplikkinstitusjonen: Bruk og funksjon midt på 1700-tallet*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim, (1981), 33-37.

<sup>85</sup> Kari Helgesen, *Supplikkinstitusjonen*, 42.

<sup>86</sup> Anordning 29. juli 1631, Paus, 735-745. Forordning 1. januar 1649, NRR IX, 271-272.

supplikkane skulle innom amtmannen, og det vart eit strengare forbod mot å senda deputasjon til kongen. I alle fall var det forbode utan amtmannen si påskrift.<sup>87</sup>

Det formelle grunnlaget for supplikkinstitusjonen under eineveldet vart elles lagt i Christian 5. si Norske Lov frå 1687, kapittel 24 i første bok. I all hovudsak var dette ei kodifisering av tidlegare retningslinjer: Klagene skulle forfattast av sorenskrivaren, og leggast fram for kongens embetsmann. Retten til å skriva supplikk vart med dette lovfesta, samtidig som lova gav ei streng regulering av måten dette skulle føregå på. Særleg ville ein slå ned på forsøk på å få andre med seg på urette klager:

Men hvo som ophidser og forleder saadanee eenfoldige Folk og Almue til falsk Klagmaal og løgnagtige Angivelser, og det for dennem skriver, og samler Signeter at trykke derunder, have forbrut sin Boeslod, og straffis i Jern til Arbejd sin Livs Tid, eller nogle visse Aar, efter Sagens Beskaffenhed.<sup>88</sup>

Lova vart seinare innskjerpa og fylt ut. Ei forordning i 1717 skjerpa inn klageverksemda. Mellom anna vart det forbode å klaga på lover og forordningar, og ingen skulle få klaga fleire gonger om same sak.<sup>89</sup> Eit kanselliskriv frå 1736 slo på si side fast at alle skulle få svar på supplikkane sine.<sup>90</sup> Forordningar i 1771 og 1792 både innførte nye reguleringar av supplikkinstitusjonen, og gjentok og innskjerpa gjeldande reglar. Mellom anna vart det lagt vekt på at både supplikant og skrivar skulle underskriva brevet, og at det var nødvendig med påskrift frå vedkomande øvrighet.<sup>91</sup>

Sjansen til medhald på supplikkane var relativt stor. Helgesen finn at av dei 496 supplikkane ho undersøkte fekk 59% medhald og 26% avslag. Resten av sakene fekk delvis medhald eller vart ikkje avgjort. Det var samtidig stor forskjell på ulike typar av saker. Rutinesakene, der svaret langt på veg var gitt av lovverket, drog opp medhaldsprosenten. Saker med små eller ingen økonomiske og administrative konsekvensar fekk lettare medhald. Kollektive saker utgjorde berre 18 av 496 supplikkar, og av desse var 11 frå allmugen. Her fekk 2 av 11 saker medhald. Helgesen konkluderer likevel med at når ein supplikk først var kome fram til kanselliet, var sjanske for positivt svar gode.<sup>92</sup>

Ein stor del av avgjerdene som vart tatt innanfor styringsapparatet var svar på supplikkar. Supplikkane gav stiftamtmann, statthaldar og sentraladministrasjonen ei viktig kjelde til informasjon om korleis styringsapparatet fungerte, og det gav bakgrunn for nye

<sup>87</sup> Forordning 5. februar 1685, Schmidt I, 130-137.

<sup>88</sup> NL, 1-24-4.

<sup>89</sup> Forordning 20. februar 1717, Schmidt I, 329-332.

<sup>90</sup> Kanselliskriv 14. april 1736, Wessel-Berg II, 622-623.

<sup>91</sup> Forordning 3. april 1771, Schmidt II, 3-5. Forordning 28. desember 1792, Schmidt II, 278-279.

<sup>92</sup> Helgesen, *Supplikkinstitusjonen*, 115.

forordningar (lover). Kongemakta var derfor på den eine sida interessert i å sikra supplikkinstitusjonen slik at det auka kontrollen med embetsverket og styrka tiltrua til monarken. På den andre sida var styresmaktene ikkje interessert i å la større grupper gå saman i større aksjonar og leggja press på kongen. Med strengare krav om påteikning og erklæring utover 1700-talet, forbod mot å klaga på lovene og strenge straffer for urette klager, prøvde kongemakta å regulera supplikkinstittuttet etter eigne behov. Institusjonen let seg likevel aldri heilt formalisera, og styresmaktene såg ved fleire høve gjennom fingane med feil framgangsmåtar. Slingringsmonn og avvik var ifølgje Helgesen nærmast ein regel både når det gjaldt supplikantane og styresmaktene sin bruk av institusjonen.<sup>93</sup> Ei årsak kan vera at supplikkinstittuttet også fungerte som informasjon tilbake frå kongen til supplikantane, og at det styrka tilliten til kongen.

### 3.5 Forbod mot forsamlinger og møte

Som vi ser av gjennomgangen av supplikkinstitusjonen var individuelle klager både lovlege og til dels ønska av styresmaktene. Så lenge det føregjekk på forskriftsmessig måte var supplikkane ein god måte for kongemakta å henta inn informasjon om tilstanden i riket, og halda oppsyn og kontroll med embetsverket. Kollektive klager var styresmaktene derimot ikkje glade for. Det gjaldt for supplikkar, men det var også eit generelt forbod mot å samlast utan på innkalling frå styresmaktene – både i kyrklege og verdslege saker. Norske Lov slo fast at bodstikker berre måtte sendast ut av kongens tenestemenn.<sup>94</sup> Ei forordning frå 1765 innførte dødsstraff for uautoriserte allmugesamlingar:

Ingen maa herefter tvertimod Loven understaae sig uden vedkommende Øvrigheds Befaling at sammenkalde Almuen enten ved Budstikke eller paa nogen anden Maade, Alt under Straf paa Livet eller med Fæstnings-Arbeide i Jern efter Sagens Beskaffenhed.<sup>95</sup>

Denne forordninga kom til som direkte oppfølging av ”Strilekrigen” same året, då organiserte allmugeaksjonar ikkje berre i Bergensområdet men fleire stader særleg på Vestlandet nekta å betala ekstraskatten av 1762. Styresmaktene slo hardt ned på leiarane av aksjonen, og fann det i tillegg nødvendig å innskjerpa overfor allmugen at dei ikkje hadde rett til å møtast utan i regi

<sup>93</sup> Helgesen, *Supplikkinstitusjonen*, 153.

<sup>94</sup> ”Budstikken skal være beslagen med Jern paa Enden, med Kongens Navn paa, og maa den ikke af nogen anden udsendis uden af Kongens Foged, eller den, som af Kongen, eller hans Stadholder er særdelis dertil beskikket” – NL, 1-3-9.

<sup>95</sup> Forordning av 5. juli 1765, Schmidt I, 698.

av styresmaktene. Konventikkelplakaten frå 1741 slo fast det same prinsippet på det kyrkjelege området.

### 3.6 Restriksjonar av ytringar

Sjanske for å få meiningane sine på trykk, og dermed spreidd til fleire, var små under eineveldet. For det første var det få trykker i Noreg, noko som praktisk avgrensa ytringsfridommen. For det andre var ei rekke ytringar forbode, og for det tredje var det ein utbreidd sensur i store delar av perioden.

Mange ytringar var uttrykkeleg forbode ved lov. Det gjaldt visse ytringar om kongen og regjeringa<sup>96</sup> og ytringar som lasta Gud<sup>97</sup>, og det var forbod mot annan religionsutøving enn den lutherske<sup>98</sup>. Bøker som inspirerte til opprør eller sette seg opp mot kongen skulle brennast på bålet i tillegg til at dei skuldige fekk si straff.<sup>99</sup> Det var dødsstraff for å motarbeida og kritisera kongen<sup>100</sup>, og strenge straffer i æressaker generelt<sup>101</sup>.

Sensuren var lovfesta i Norske Lov, og sensurmyndigheita var der lagt til universitetet i København. Det var ein førehandssensur, der ingen kunne trykka noko før det var gjennomlest og godkjent av rette person ved universitetet. ”Hvo der imod gjør baade den som trykker, og den som trykke lader, straffis ikke alleniste for saadan Ulydighed; Men ogsaa for Skriftets Indhold, om der udi noget forargeligt findis.”<sup>102</sup>

Men i andre halvdel av 1700-talet løsna eineveldet på grepset. Struensee oppheva sensuren og innførte trykkefridom i 1770.<sup>103</sup> Han såg ytringsfridommen som nødvendig for å få gjennomført radikale forandringar. Resultatet vart mykje skarp kritikk, mellom anna frå nordmenn i København, gjennom ein blomstrande pamflett litteratur. Allereie eit år etter vart trykkefridommen noko innskrenka, då ”ildesindede og frække Mennesker” hadde brukt sjansen til ”at udgive nogle fornærmelige og forargelige Skrifter”.<sup>104</sup> Forfattar eller trykkar måtte stå ansvarleg for innhaldet. Etter Struensee sitt fall, i 1773, vart sensuren gjeninnført, men denne gongen som ettersensur. Politiet kunne bøteleggja utgivarar av aviser og vekeblad

<sup>96</sup> NL, 2-20-2.

<sup>97</sup> NL, 6-1-7.

<sup>98</sup> NL, 6-1-1,2,3 og 4.

<sup>99</sup> ”Skulle og nogle Bøger i Kongens Riger og Lande trykkis, eller der trykte indføris, som kunde have Udseende til noget Oprør, eller imod Kongens Højhed, eller anden Ulempe foraarsage, da bør ikke alleniste Personerne, som saadanne trykke, eller indføre, i højeste Maader at straffis, men og Bøgerne ved Bødelen offentlig paa Ilden kastis og opbrændis.” NL, 2-20-4.

<sup>100</sup> NL, 6-4-1, 3, 9 og 13.

<sup>101</sup> NL, 6-21-7 og 8.

<sup>102</sup> NL, 2-20-1.

<sup>103</sup> Reskript 14. september 1770, Wessel Berg II, 497.

<sup>104</sup> Reskript 7. oktober 1771 Wessel Berg II, 524.

for trykking av ytringar som ”angaaer Staten og Regjeringen, almindelige Foranstaltninger, eller andre Strids-Skrifter”.<sup>105</sup>

Frå regimeskiftet i 1784, då kronprins Fredrik tok makta, vart ettersensuren praktisert mildt. Frå 1790 skulle domstolane behandla sakene i staden for politiet.<sup>106</sup> Dette førte først til ei liberalisering, og det utgjorde den friaste perioden under eineveldet. Men allereie frå 1793 vart regjeringa merkbart meir skeptisk til kritiske ytringar, og dei mest kritiske skribentane mista embedet eller måtte betala store bøter.<sup>107</sup> I 1799 stramma regjeringa hardt til i ei ny forordning. Det vart forbode å skriva anonymt. Trykkeriet skulle før distribuering levera eit eksemplar av trykksaken til godkjenning hos politimeisteren, som skulle konfiskera heile opplaget dersom han fann noko straffbart eller utilbørleg. Det var straffeforfølging i domstolane for kritisk omtale av eineveldet, kongehuset, religionen, embetsverket, embetsmennene og vennlegsinna fyrstar, med straff opp til landsforvising. Dessutan vart dei dømte idømt tilleggsstraff med livsvarig førehandssensur.<sup>108</sup>

### 3.7 Strafferetten

Korleis straffelovene var utforma påverka den politiske kulturen, og ikkje berre på dei områda som direkte har med supplikkar, forsamlingar og ytringar å gjera. Det viktigaste med kriminalitetshistoria, seier J. A. Sharpe, ”consists in providing insights into the sphere of social relations, and of the relationship between authority and society at large. ... Studying crime, if nothing else, shows us how power was expressed and conflicts were resolved at the very base of society.”<sup>109</sup> I framstillinga av kriminalitetshistoria i England i tidleg nytid skriv han vidare at staten brukte rettsvesenet som sitt viktigaste middel til å utøva makt, og at lova hadde derfor ein politisk karakter.<sup>110</sup> Det er den politiske og sosiale karakteren ved lovene og rettsvesenet eg vil sjå nærare på her. Praktiseringa av lovverket vil eg koma tilbake til i neste avsnitt, men først vil eg sjå på kva normer lovene prøvde å nedfella i samfunnet.

Christian den femtes Norske Lov er datert 15. april 1687, og vart verksam frå 1688. Denne lovboka var gjeldande i Noreg fram til ei ny straffelov overtok i 1842, men med tillegg og endringar i løpet av perioden. Straffebestemmelsane i lova var i all hovudsak ei avskrift av

<sup>105</sup> Reskript 20. oktober 1773, gjort gjeldande for Noreg frå 27. november same år. Wessel Berg II, 560.

<sup>106</sup> Reskript 3. desember 1790, Wessel Berg III, 496-497.

<sup>107</sup> Harald Jørgensen, *Trykkesfrihedsspørsgsmalet i Danmark 1799-1848: Et bidrag til en karakteristik af den danske enevælde i Frederik VI's og Christian VIII's tid.* (København: Ejnar Munksgaard, 1978. 1. utg. 1944), 23-25.

<sup>108</sup> Forordning 27. september 1799, Schmidt II, 386-387.

<sup>109</sup> J. A. Sharpe, *Crime in early modern England 1550-1750.* (London: Longman, 1984), 188.

<sup>110</sup> Sharpe, *Crime in early modern England 1550-1750*, 142.

den danske lova frå 1683. Begge lovene har ei eiga bok, den sjette, ”Om misgjerningar”. Det finst også viktige straffebestemmelser i dei andre bøkene. Misgjerningsboka er delt i 22 kapittel, som i hovudtrekk er ordna etter rekkjefølgja i dei 10 boda. Også innhaldet var merkt av Moselova.

Lovboka sette dødsstraff for eit stort antal brotsverk, i alt 33 ulike.<sup>111</sup>

Eksekusjonsmåten var også bestemt i lova. I mange tilfelle var dødsstraffa sameina med ei etterfølgjande vanærande behandling av liket. Lova føreskreiv også kroppsstraffer i svært stor utstrekning. Slike straffer var i ekstreme tilfelle lemlesting som utskjering av tunga, avhogging av høgre hand, eventuelt nokre fingrar, knivstikk gjennom handa og brennemerking. Den kroppsstraffa som vart mest brukt var pisking. Piskinga hadde tre grader, der offentleg kakstryking (pisking bunde til ein påle) med den ”ni-hala katten” var den verste. Slik straff vart særleg brukt for tjuveri og dei brotsverka som lova likestilte med tjuveri, og for hallikverksem og prostitusjon. Andre straffartar var ulike typar fridomsstraff – mellom anna straffarbeid –, utvising, straff på æra, konfiskasjon av eigedom, bøter og kyrkjetukt, herunder offentleg skriftemål.<sup>112</sup>

I 1789 kom ei ny lov som mildna straffene for tjuveri. Denne tjuveriforordninga vart rekna for ei human lov samanlikna med lova i England på same tid, og samanlikna med dei mange bestialske straffene i Norske Lov. Etter Norske Lov skulle simpelt tjuveri første gong straffast med pisking i fengslet, andre gong med kakstryking og brennemerking på ryggen, tredje gong med kakstryking og brennemerking på panna, og fjerde gong med kakstryking, brennemerking på panna og livsvarig straffarbeid.<sup>113</sup> Ei forordning i 1751 hadde dessutan *skjerpa* straffa, då alle som vart dømde til kakstryking og brennemerking skulle setjast til straffarbeid på livstid, altså allereie etter andre gongs simpelt tjuveri.<sup>114</sup> Den nye forordninga av 1789 avskaffa langt på veg pisking og brennemerking for simpelt tjuveri; frå no skulle det straffast med tukthusarbeid frå 2 månader til 2 år første gong, andre gong med straffarbeid i 3 til 5 år, og tredje gong på livstid. Vart nokon derimot funne skuldige ein fjerde gong, skulle vedkomande kakstrykast, brennemerkast på panna og igjen setjast til straffarbeid på livstid.<sup>115</sup> Resten av straffelova i Norske Lov gjaldt til 1842. Lemlestingsstraffer og brennemerking, men ikkje pisking, vart avskaffa i Noreg i 1815.

<sup>111</sup> Øystein Rian, *Maktens historie i dansketiden*. Rapportserien, nr. 68. (Oslo: Makt- og demokratiutreningen 1998-2003, 2003), 122.

<sup>112</sup> Jon Skeie, *Den norske strafferett*. Første bind: *Den almindelige del*, (Oslo: 1937), 144-152.

<sup>113</sup> NL, 6-17-33, 34, 35 og 36.

<sup>114</sup> Forordning 19. november 1751, Schmidt I, 573.

<sup>115</sup> ”Forordning angaaende nærmere Bestemmelse af Straffe for Tyve og Hælere” 20. februar 1789.

Fjerde kapittel i misgjerningsboka i Norske Lov omhandlar brotsverk mot kongen og staten, under overskrifta ”Om Forgrisbelse imod Kongens Højhed, eller Crimine majestatis”.<sup>116</sup> Definisjonen av majestetsfornærming var svært vid, og omfatta åtak på statsforfatninga, opprør, landsforræderi, vald mot statens tenestemenn og visse brotsverk i offentleg teneste – i tillegg til krenking av kongen og kongefamilien personleg. Denne vide definisjonen var logisk ut frå den eineveldige statsforma, der regenten gjerne vart sett på som identisk med staten.

Dette kapitlet inneheld 18 artiklar om ulike typar ”majestetsfornærmingar”. Første artikkel slår an tonen:

Hvo som laster Kongen, eller Dronningen, til Beskæmmelse, eller deris og deris Børns Liv eftertragter, have forbrut Ære, Liv og Gods, den højre Haand af hannem levendis afhuggis. Kroppen parteris og læggis paa Stægle og Hiul, og Hovedet med Haanden sættis paa en Stage. Undkommer Misdæderen, og ikke kand lide paa Legemet, da bør Straffen at skee paa hans Billedes og Efterlignelse. Er Misdæderen af Adel, eller højere Stand, da skal hans Vaaben af Bødelen sønderbrydis, og alle hans Livs Arvinger miste deris Stand og Stamme.<sup>117</sup>

Tredje artikkel omhandlar opprør, og set den same straffa som i den første artikkelen:

Hvo, som gjør noget Oprør, samler, eller værver, Folk inden, eller uden Lands, gjør Stæmpling enten med Indlændiske, eller Udlændiske, imod Kongen, eller Kongens offentlige Fiender enten med Raad, eller Daad, bistaar, være lige Straf undergiven.<sup>118</sup>

Dødsstraff var det også for tale som innebar ”Opsættelse imod Kongen”, for å ”opsætte sig, eller at raade andre til at opsætte sig, imod Kongens Befalinger, eller Forordninger”, og for å vita om slike brotsverk utan å fortelja om det.<sup>119</sup> Boka sette dessutan harde straffer for overfall av kongelege tenestemenn. For vald mot høge embetsmenn og mot dommarar var det dødsstraff.<sup>120</sup>

Lova påbaud altså absolutt lydnad mot kongen og kongen sine ordrar, og sette strenge straffer for brot på dette. I tillegg var det generelle straffenivået høgt, også for mindre tjuveri, seksuelle brotsverk av ulike slag og religionsbrotsverk. Lovverket forsøkte å regulera dagleglivet i tillegg til det offentlege livet. Korleis påverka straffelova forholdet mellom monarken og undersåttane, og mellom øvrighet og allmuge? Frykt for straff og oppleving av straff andre vart utsett for *kan* ha heva terskelen for å utføra kriminelle handlingar. Men lova kan også ha hatt andre siktemål og funksjonar enn avskrekking frå kriminalitet.

---

<sup>116</sup> Kong Christian den femtes norske Lov 15de april 1687, med Kongeloven 1665. Oslo 1982.

<sup>117</sup> NL, 6-4-1.

<sup>118</sup> NL, 6-4-3.

<sup>119</sup> NL, 6-4-9, 13 og 14.

<sup>120</sup> NL, 6-4-15, 16 og 17.

### 3.8 Praktiseringa av lovverket

Sjølv om lova inneholdt ei rekke brutale straffer, vart dei aller fleste kroppsstraffene i praksis omgjort til bøter.<sup>121</sup> For mange av kapitla i Norske Lov kom det til ein mildare praksis utover 1700-talet, og særleg frå Stuensee-tida 1770-71. Frå 1735 av skulle alle livstidsstraffer stadfestast av kongen i København, og då var vegen kort til benåding. Dette vart med fullt overlegg sett i system i siste del av det dansk-norske einveldet. Domarane skulle framleis halda seg til den strenge lova, men kongen skulle benåda. Sidan kriminaliseringa var såpass høg, kunne den kongelege nåden synast stor.<sup>122</sup> Den kongelege benådingspraksisen var slik at kongen aldri skulle skjerpa idømte straffer, berre formilda eller ettergi. Embetsverket skulle handla etter lov, og kongen skulle rá over nåden.<sup>123</sup>

*Benåding* var altså eit medvite verkemiddel. Douglas Hay argumenterer i ein artikkel om den britiske kriminallovgivinga på 1700-talet for at lovgivinga var eit ideologisk instrument, og at inkonsekvensen i lova gjorde ho meir effektiv for dette føremålet.<sup>124</sup> På 1700-talet vart det i Storbritannia ein sterk auke i dødsstraffer og ei innskjerping av lovverket, hovudsakleg når det gjaldt brotsverk mot eigedom. Samtidig auka ikkje talet på faktiske avrettingar tilsvarande som talet på domfellingar, på grunn av større bruk av (kongeleg) nåde. Kriminallovgivinga skulle oppretthalda autoritetsstrukturane som stamma fra eigedomsforholda, og denne oppgåva vart ivaretatt gjennom ei inkonsekvent praktisering av lova. Dette skjedde på tre måtar; gjennom ”majestet” (rettslege rituale med religiøse parallellear), rettferd (ein streng formalisme i rettssakene, som gav inntrykk av at det var likskap for lova) og nåde. Nåden fylte fleire funksjonar. For det første styrka det paternalismen i det britiske samfunnet, då vitnemål og nådesøknader frå mektige menn var viktige for å bli benåda. Slik oppmuntra det til personleg lojalitet oppover i samfunnet. For det andre favoriserte benådinga dei ”respektable”, samtidig som det framsto som noko mystisk og heilag for dei fattige. Dermed skjulte det klassejussen. For det tredje gav nåden rom for finkjensle og ein forsiktig, ”passeleg” bruk av vald frå styresmaktene si side, tilpassa omstenda og stemninga. Straffelova gjorde det mogleg å styra utan ein politistyrke eller hær, men då var det ideologiske hegemoniet desto viktigare. På den eine sida gav ei streng

<sup>121</sup> Sølvi Sogner, ”Conclusion: The Nordic model”. I *People meet the law: Control and conflict-handling in the courts: The Nordic countries in the post-Reformation and pre-industrial period*, redigert av Eva Österberg og Sølvi Sogner. (Oslo: Universitetsforlaget, 2000.), 273.

<sup>122</sup> Gudmund Sandvik, ”Lov, dom og straff” i bind 5 av *Norges kulturhistorie*. (Oslo: Aschehoug, 1980).

<sup>123</sup> Sandvik, *Dømande kommisjonar i Noreg*, 52.

<sup>124</sup> Douglas Hay, ”Property, Authority and the Criminal Law”, i *Albion’s Fatal Tree: Crime and Society in Eighteenth-Century England*. (New York: Pantheon Books, 1975).

lovgiving makt til å setja fryktelege eksempel når det var nødvendig. På den andre sida var nådeverkemiddelet viktig for å oppretthalda ro og orden og ærbødigheit. Lova overtok for religionen og kongen av Guds nåde (the Divine Right of Kings) som kjelde til autoritet.

Eit heilt motsett syn på rettstilstanden i England på 1700-talet blir sett fram av John Langbein.<sup>125</sup> Han kritiserer Hay sine teoriar om ”a ruling-class conspiracy” og konkluderer med at kriminallovgivinga og rettsprosessane tvert om ”existed to serve and protect the interests of the people who suffered as victims of crime, people who were overwhelmingly non-élite”<sup>126</sup>. For det første vart skjønnet i rettsprosessane utøvd av folk som ikkje kan karakterisera som den herskande klassen, spesielt anklagarane og jurymedlemmene. For det andre hevdar Langbein at skjønnet som karakteriserte dette rettsystemet ikkje handla om eigeninteresse, men snarare om vurderingar i god tru. I benådingssaker var det heller ikkje kor respektabel den dømde var som avgjorde, men først og fremst vedkomande sin karakter og tidlegare oppførsel. Det store fleirtalet av slike karakter-vitnemål kom dessutan frå midlare eller lågare lag av samfunnet. Langbein forklarer overfloden av dødsstraffer i lova kombinert med nedgangen i bruken av dødsstraff som utslag av mangelen på politistyrkar, håp om at dødsstraff skulle ha ein avskrekkande effekt og eit uoversiktleg lovverk som kompenserte mangelen på generelle definisjonar med å leggja til stadig nye variantar av dei same brotsverka.

Hay og Langbein er altså djupt utsamde om både verkemåten til rettsystemet og motiva bak. Medan Hay ser på lovgivinga og rettsprosessane som eit ideologisk instrument for å oppretthalda og forsterka den sosiale laggelinga i det engelske samfunnet, meiner Langbein at rettssystemet hovudsakleg trygga interessene til lågare sosiale lag av befolkninga. Dei heilt ulike oppfatningane kan delvis skuldast kjeldesituasjonen. Hay forklarer fråveret av ein open og uttalt ”konspirasjon” frå dei styrande klassane med at slike delte klasseinteresser var så sjølvsagte at dei ikkje vart gjort eksplisitte. Langbein brukar på si side kjeldemangelen til å *avvisa* ei kvar eigeninteresse frå samfunnseliten i rettssystemet, og finn døme på at andre grupper har vunne fram.

Diskusjonen om det britiske rettssystemet på 1700-talet har fleire likskapar med ulike vurderingar av det norske rettsvesenet på same tid. Sjølv om det norske samfunnet ikkje var eit like strengt ordna klassesamfunn som det engelske, har den britiske utviklinga parallelar

---

<sup>125</sup> John H. Langbein, ”Albion’s fatal flaws”. *Past and Present*, nr. 98, (1983).

<sup>126</sup> Langbein, ”Albion’s fatal flaws”, 97.

til dei nordiske landa.<sup>127</sup> Dei ulike vurderingane handlar om spørsmål som i kva grad det var likskap for lova, kva status og funksjon lova hadde i det eineveldige styresettet, og forholdet mellom jus og politikk.

### 3.9 Var eineveldet ein rettsstat?

Svaret på spørsmålet kan verka opplagt ut frå den følgjande definisjonen:

Rettsstat, betegnelse på en stat som utøver sine oppgaver utelukkende på grunnlag av offentligjorte generelle regler (lover). En rettsstat kalles derfor av og til også en lovstat. I de europeiske land vokste rettsstaten frem i løpet av 1700- og 1800-tallet som en reaksjon mot det ofte vilkårlige enevoldsstyret. I Norge kan man tale om en rettsstat fra uavhengigheten i 1814. Innføringen av rettsstaten ble begrunnet i ønsket om å gjøre staten mer forutsigbar og likebehandlende.<sup>128</sup>

Likevel er dette omdiskutert. Fleire historikarar har meint at eineveldet faktisk var ein rettsstat. Her vil eg avgrensa historiografien til enkelte rettshistoriske vurderingar.

Gudmund Sandvik argumenterer for at Noreg var ein rettsstat under einveldet av di *lova* var ein hjørnestein under staten.<sup>129</sup> Samtidig seier han også at rettssystemet bortsett frå i sivile saker tillet politisk kontroll over alt der det var ønskjeleg, og han sår tvil om høgsterett var uavhengig av regjeringa. Ifølgje Sandvik er det ikkje påvist eit einaste tilfelle av at høgsterett har freista å underkjenna autoriteten til regjeringskollegia og konseilet; ei anna side ved same sak er at regjeringa ikkje greip inn i høgsterett sitt arbeid. Det finst svært få tilfelle av at kongen omgjorde ein høgsterettsdom ved kongeleg resolusjon. Men kongen (og konseilet) kunne føreskriva høgsterett korleis dei skulle døma. Fram til 1771 skulle viktige saker refererast for kongen, og etter 1771 vart kontrollen ivaretatt gjennom høgsterett sin solidaritet med maktsentret.

Det var ikkje berre gjennom høgsterett at den politiske leiinga kunne ha kontroll med rettsapparatet. Gjennom ordninga med dømande kommisjonar, dei ekstraordinære domstolane, fekk regjeringa kontroll med saker på førsteinstans-nivå. Dette gjaldt politiske saker (saker der staten var part) av ulike typar, som dei vanlege domstolane verken hadde autoritet eller kapasitet til å behandla: saker som organisert skattenekting, opptøyer eller religiøs oppvigling og uro, og klager mot embetsmenn for misleg embetsførsel.

Dømande kommisjonar fall vekk i Noreg i løpet av 1800-talet. Dei var ein del av den gamle straffeprosessen, som tok i bruk det *inkvisitoriske prinsippet*: at forhøyr og dom låg til

<sup>127</sup> Eva Österberg og Erling Sandmo, "Introduction". I *People meet the law*, 19-20.

<sup>128</sup> *Store norske leksikon*, 4. utgave. (Oslo: Kunnskapsforlaget, 2006).

<sup>129</sup> Sandvik, *Dømande kommisjonar i Noreg*, 49.

den same instansen. Sandvik omtaler dei befatte dømmande kommisjonane som eit tenleg middel for statsmakta til å føra politikk ved hjelp av rettsvesenet: ”Regjeringa kunne altså gje politiske avgjerder ei juridisk form ved å bruka ein inkvisitorisk prosessmåte.”<sup>130</sup>

Anne-Hilde Nagel avgrensar eineveldet mot despotiet ved at systemet henta legalitet sin frå lovene, og at styringsverket var eit profesjonelt moderne byråkrati *in spe*: Det var enno ikkje eit klart skilje mellom embetsmennene si yrkesverksemd og deira privatliv og private næringsdrift, og den faglege inndelinga av styringsapparatet var berre delvis gjennomført – men denne utviklinga var i gang.<sup>131</sup> Om omgrepet rettsstat skriv Nagel at ”lovenes generalitet, koplet med lovverkets omfang, dets varighet og offentlighet, ga en rimelig grad av forutsigbarhet i systemet for statens borgere. I denne forstand kvalifiserer enevoldsstaten for betegnelsen rettsstat.”<sup>132</sup> På sett og vis var dessutan undersåttane like for lova; det var rettslege privilege for grupper, men ikkje vilkårleg for enkeltpersonar, og privilegia var nøyne avgrensa og nedfelt i lovene.

Sjølv om altså både Sandvik og Nagel brukar omgrepet ”rettsstat” om eineveldet, viser dei også at skiljet mellom jus og politikk var uklart, og at rettsapparatet kunne brukast for politiske føremål av styresmaktene. Særleg Sandvik har gode argument mot sin eigen påstand om at eineveldet var ein rettsstat. Begge to verkar å leggja avgjerande vekt på at lova var forutseieleg og låg til grunn for eineveldet som styringsform. I dette spørsmålet står dei i ein sterk historiografisk tradisjon tilbake til dei konservative historikarane på 1800-talet, med T. H. Aschehoug, Sverre Steen og Knut Mykland som viktige representantar opp gjennom tidene.<sup>133</sup> Inkonsekvens, skjønn og bruken av benåding blir i denne tradisjonen tolka som utslag av eit slags sosialt samvit og ikkje som ein kontrollmekanisme; meir i samsvar med Langbein enn med Hay si forståing av det britiske rettsvesenet.

### 3.10 Sosial kriminalitet

Lova var altså ei viktig kjelde til autoritet og ein hjørnesten i staten. Lova var samtidig identisk med kongen sin vilje, og slo ettertrykkeleg fast at undersåttane skulle ”rette sig efter Kongens Lov, Befalninger og Forordninger”<sup>134</sup>. Lova gav både retningslinjer for på kva måte undersåttane kunne gi uttrykk for ønska sine (supplikkar etter nærmare bestemt framgangsmåte), og kva måtar som var forbode (kollektive aksjonar, forsamlingar og ei

<sup>130</sup> Sandvik, *Dømmande kommisjonar i Noreg*, 69.

<sup>131</sup> Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet”, 129.

<sup>132</sup> Nagel, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet”, 121.

<sup>133</sup> Sverre Bagge og Knut Mykland, *Norge i dansketiden: 1380-1814*, (Oslo: Cappelen, 1987), 254-257.

<sup>134</sup> NL, 1-1-5.

rekke ytringar). Gjennom lovverket forsøkte eineveldet å regulera den politiske kulturen etter eigne ønske og behov. Det betyr ikkje at alle illegitime framgangsmåtar vart slått hardt ned på; tvert imot kunne også desse tolererast i visse tilfelle. Her kom pragmatismen inn – anten når det tente kongemakta, eller når kongemakta ikkje var førebudd. Supplikkinstituttet er eit godt døme på dette; mellom anna vart deputasjonsreiser til kongen tolerert trass i strenge lovreguleringar.

Undersåttane hadde dessutan sitt eige syn på kva handlingar og framgangsmåtar som var legitime og ikkje, som ikkje alltid samsvarer med lova. Både i Noreg og andre land hadde lokalsamfunna meir eller mindre klare rettsførestillingar og rettsreglar, som dels supplerte den skrivne lova og dels sto i motstrid til denne, den såkalla *heimeretten*.<sup>135</sup> Omgrepene *sosial kriminalitet* prøver å skildra grenselandet mellom kriminalitet og sosial protest, der oppfatninga av kva som var kriminalitet kunne vera ei anna blant folk enn for lovgivaren. Sosial kriminalitet er ei medviten, nesten politisk, utfordring til den eksisterande sosiale og politiske orden og dei verdiane som er knytt til denne.<sup>136</sup> I britisk historieforsking på tidleg nytid er det særleg to typar lovbroter som vert knytta til kategorien sosial kriminalitet; krypskyting/ulovleg jakt og oppløp. Overført til norske forhold er det oppløpa, ofte korn- og matoppløp, som er mest interessante. England var ikkje eit kongeleg einevelde, men den analysen engelske historikarar har gjort av ”sosial kriminalitet” er likevel relevant for norske forhold.

Engelsk strafferett i tidleg nytid definerte forsamlingsar på heilt ned i tre personar som hadde til føremål å ”bryta freden” som oppløp, og kriminaliserte også det som seinare ville bli kalt demonstrasjonar og streikar.<sup>137</sup> Men ifølgje deltakarane sjølv, og allmugen rundt dei, var aksjonane legitime. Oppløpa var som regel karakterisert ved ei disiplinert framferd, og vart gjerne kombinert med legale verkemiddel som petisjonar.<sup>138</sup> Massane som deltok var først og fremst leidd av eit kulturelt medvit om kva framferd som passa ved folkeleg uro. Oppløpa var langt frå irrasjonelle handlingar utan mål og mening.<sup>139</sup>

E. P. Thompson legg vekt på at dei folkelege oppløpa ikkje kan forståast som ei rein reflekshandling grunnlagt i økonomiske stimuli, som til dømes høge matprisar og svolt. Det var brot mot dei fattige sin ”moralske økonomi” som utløyste aksjonane. Dei fattige tok

<sup>135</sup> Jørn Sandnes, ”Lex Non Scripta: Den norske heimeretten”, *Historisk tidsskrift*, (1999), nr. 2.

<sup>136</sup> Sharpe, *Crime in early modern England 1550 – 1750*, 122: ”Crime [...] can be regarded as ‘social’ when it represents ‘a conscious, almost a political, challenge to the prevailing social and political order and its values.’”

<sup>137</sup> Sharpe, *Crime in early modern England 1550 – 1750*, 133-134.

<sup>138</sup> Sharpe, *Crime in early modern England 1550 – 1750*, 138.

<sup>139</sup> Sharpe, *Crime in early modern England 1550 – 1750*, 121-142.

utgangspunkt i førestillingane frå den gamle moralske nødvendigheitsøkonomien i møtet med den framveksande laissez-faire-økonomien på 1700-talet. Dei ville forsvara det dei oppfatta som *rettane* sine når desse vart truga av økonomiske og strafferettslege endringar.

Kornoppløpa var særmerkte av tydeleg disiplin og eit handlingsmönster med opphav fleire hundre år tilbake. Det sentrale i mònsteret var at ein sjølv ”fastsette prisene” på korn.<sup>140</sup>

Føremålet med å bruka omgrepet ”sosial kriminalitet” er, trass i visse problem med å avgrensa fenomenet til ”vanleg” kriminalitet, å finna forløparar for folkelege politiske rørsler. For at noko skal kunna karakteriserast som sosial kriminalitet må det vera ei utbreidd oppfatning i befolkninga at handlinga er legitim, også utover dei som sjølv deltar i handlinga. Ei disiplinert framferd etter eit kjent handlingsmönster (repertoar) er uttrykk for eit politisk medvit, ei tidleg form for klasseidentitet, og for ønsket om å forsvara rettane sine meir enn ønsket om personleg vinning. Kornopprør var kortvarige og spontane samanlikna med moderne masserørsler, men den politiske framgangsmåten vart like fullt vidareført i den folkelege kulturen og brukt med hell gjennom mange generasjonar. Bondereisinga fekk mellom anna avgjerande tyding for utfallet av den franske revolusjonen; det var kombinasjonen av forhandlingane i stenderforsamlinga og det samtidige presset frå folket utanfor som dreiv utviklinga framover i august 1789.<sup>141</sup>

Kornoppløpa og forsvaret av ein ”moralsk økonomi” på 1700-talet hadde røter langt tilbake og blir i hovudsak forstått som ein konservativ reaksjon mot samfunnendringar som vart påført lokalsamfunna ovanfrå. Allmugen kunne vera opprørsk, men dei var i så fall opprørske i forsvaret av tradisjonane og dei nedarva rettane sine. Dei fremja ikkje krav om *politiske* rettar. Samtidig såg slutten av hundreåret også framveksten av demokratiske idear som utfordra det eineveldige styresettet.

### 3.11 Politisk kultur i endring?

Eineveldet var grunnlagt på ideen om at makta strøynde ovanfrå og ned; frå Gud til kongen til undersåttane. På 1700-talet dukka det også opp konkurrerande idear om at styresettet måtte ha fullmaktene sine *nedanfrå*, frå folket. I 1762 gav Jean-Jacques Rousseau ut boka som skulle leggja mykje av grunnlaget for ei demokratisk utvikling, *Samfunnskontrakten*, der han lanserer ideen om folkesuvereniteteten og almenviljen. Dei komande tiåra utfordra borgarskapet aristokratiet sitt monopol på politiske rettar i fleire europeiske land. I neste

<sup>140</sup> E. P. Thompson, ”The Moral Economy of the English Crowd in the Eighteenth Century”. *Past and Present*, (1971).

<sup>141</sup> Kåre Tønnesson, *To revolusjoner: 1750-1814*. Bind 10 av Aschehougs verdenshistorie, redigert av Knut Helle m.fl. (Oslo: Aschehoug, 1985), 214-216.

omgang gav førestillinga om folkesuverenitet også grunnlag for meir demokratiske styresett og brot med det eineveldige styresettet, slik det skjedde i den den franske revolusjonen.

Jens Arup Seip interesserer seg for den tilsynelatande brå overgangen frå eineveldet til ei ”fri forfatning” i 1814. Han stiller spørsmålet om det var mogleg at omstillinga i førestillingar og vurderingar ikkje var så stor som det kan verka som: ”Foregikk det i Danmark-Norge i årene forut for 1814 en ideologisk utvikling som forberedte overgangen til et friere forfatningsliv uten prinsipielt å forkaste det rådende enevelde?”<sup>142</sup> Seip meiner å kunna påvisa at førestillinga om kongedømmet av Guds nåde var allment forkasta i Danmark (det vil seia i eliten) til fordel for teorien om folkesuverenitet i siste halvdel av 1700-talet: Makta var legitim berre når utøvaren hadde fått makta overdratt av folket.

På bakgrunn av dette formulerer Seip teorien om det ”opinionsstyrte eineveldet”. Dette var ein teori som først kom offentleg til uttrykk etter 1780, og som saman med andre liknande idear var karakteristisk for overgangstida mellom eineveldet og meir demokratiske styreformer. Teorien hevda at legitimiteten og/eller dei nødvendige vilkåra for utøving av politisk makt gjennom ein eineveldig monark måtte søkjast i det at makta vart utøvd i samsvar med ein meir eller mindre klart uttalt allmenn opinion. Tilhengarane av teorien om det opinionsstyrte eineveldet forsøkte slik å byggja bru mellom eit gammalt system og ein ny tenkemåte. Dei brukte anten teorien som ein apologi for det beståande, eller som ei oppfordring til systemet sine menn om å handla i samsvar med idealet. Slik ville dei påverka åferdsnormene utan å røra sjølve det konstitusjonelle arrangementet.

Fleire seinare historikarar har i motsetning til Seip slått fast at det ”opinionsstyrte eineveldet” faktisk var ein realitet mot slutten av 1700-talet.<sup>143</sup> Eit døme som gjerne blir trekt fram for å illustrera dette er striden om landbruksreformene i Danmark omlag 1780-1800. Det føregjekk då ein livleg offentleg debatt der fleirtalet ønska reform og modernisering, noko som også vart resultatet. Thorkild Kjærgaard argumenterer i ein gjennomgang av denne debatten for at pressa og den offentlege opinionen si viktigaste bekymring *ikkje* var bøndene sin ufrie situasjon, slik hovudargumentet var, men maktfordelinga i det danske politiske systemet.<sup>144</sup> Den jordeigande klassen, oftast adel, hadde stor makt lokalt på bekostning av staten, noko som igjen gjekk ut over karrieremogleheitene i statsbyråkratiet. I sin kamp mot jordeigarane ville klassen av statstenestemenn og offentleg tilsette heller ”gjenreisa” den eineveldige kongemakta (og dermed byråkratiet hans), som dei meinte hadde blitt fråtatt makt

<sup>142</sup> Jens Arup Seip, *Teorien om det opinionsstyrte enevelde*. (Oslo: Universitetsforlaget, 1958), 2.

<sup>143</sup> Dyrvik, *Norsk historie 1625-1814*, 160.

<sup>144</sup> Thorkild Kjærgaard, ”The Rise of Press and Public Opinion in Eighteen-century Denmark-Norway”. *Scandinavian Journal of History* (1989), 225.

av adelen. Men denne eineveldige makta skulle då brukast til det beste for folket. Det skulle vera ein stadig dialog mellom styresmaktene og folket, som skulle uttrykkja seg gjennom den ”offentlege meinингa”. Pressa si oppgåve var då å informera styresmaktene om folket sin vilje. Slik oppsto teorien om det opinionsstyrte eineveldet; som dei intellektuelle og statstenestemennene si rettferdiggjering av sin eigen kamp for makt i den dansk-norske staten. Dei framgangsrike 1700-talsintellektuelle påverka ikkje berre politikken i samtida si, men også ettertidas historikarar si framstilling av Danmark-Noreg si historie.

Spørsmålet som Seip stiller er viktig også om ein ikkje trur at det opinionsstyrte eineveldet var ein realitet. Var det utviklingstrekk i det norske samfunnet som kan forklara overgangen til ei demokratisk styreform i 1814? Borgarskapet sin makkamp mot adelen i Danmark og andre europeiske land er ein del av dette, men kva med djupare endring som også omfattar breiare lag i folket? Ei vanleg oppfatning i norsk historiediskusjon er at Strilekrigen, Lofthusreisinga og Hauge-rørsla var forvarsel og førebuingar til at bøndene og allmugen tok ein stor plass i norsk politikk utover på 1800-talet.<sup>145</sup>

### 3.12 Handlingsrommet

Lover, rettsvesen og ideologi var viktige reiskapar i styresmaktene si handtering av allmugen både i rolege og urolege tider. Dei vart brukt av statsmakta for å mobilisera mot utfordringar mot styresettet, og dei skulle få innbyggjarane til å akseptera statsmakta si oppfatning av kva som var lovleg og ulovleg, rett og gale. Men den politiske kulturen er noko meir enn det lovverk og offisiell ideologi tillet eller forbyr; det er noko som skjer i *møtet* mellom utfordrarar og makthavarar. Politisk kultur er, som tidlegare definert, sett saman av normene, førestillingane, symbola og praksisen i den politiske interaksjonen.<sup>146</sup> Både styresmakter og allmuge brukte tidlegare erfaringar og hevdunne førestillingar i utforminga av den politiske praksisen sin i ein ny situasjon. Dei norske bøndene klarte dermed å bryta seg eit handlingsrom som styresmaktene meir eller mindre aksepterte, men som lova forbaud.<sup>147</sup> Det faktiske *handlingsrommet* kunne vera større enn det eineveldet sin ideologi tilsa. Dessutan vart aktørane påverka av kvarande undervegs. Denne oppgåva skal først og fremst ta for seg styresmaktene sine førestillingar og verkemiddel, men desse kan ikkje sjåast isolert frå allmugen si agering. Vekselverknaden og interaksjonen mellom dei vil vera hovudtema for neste kapittel.

<sup>145</sup> Koht, *Norsk bondereising*. Dyrvik, *Norsk historie 1625-1814*, 178.

<sup>146</sup> Karin Sennefelt: *Den politiska sjukan*, 18.

<sup>147</sup> Dørum, ”Hvordan kullbøndene seiret i striden med Bernt Anker”, 412.

## Kapittel 4: Fasane og interaksjonen i reisinga

Hendingane i Lofthusreisinga kan delast inn i ulike fasar, der allmugen og styresmaktene sine trekk påverkar kvarandre, og der intensiteten i hendingsserien og konfrontasjonane vekslar frå nesten stillstand til raske reaksjonar og kraftige samanstøytar. Eg har her tatt i bruk Klandermans og Sennefelt sine kategoriar for å skildra desse fasane: konsensusdanning, mobilisering av konsensus, mobilisering til handling og demobilisering. Styresmaktene si motmobilisering kan etter denne inndelinga skje i alle fasane, men vil vera mest aktuell i demobiliseringsfasen. Fordi eg har avgrensa oppgåva til å særleg omhandla styresmaktene si motmobilisering, vil førebuingane til og dei første fasane av Lofthusreisinga – konsensusdanning og mobilisering av konsensus – bli lite vektlagt. Det er dei fasane med direkte konfrontasjon og interaksjon mellom allmugen og styresmaktene som vil prega framstillinga: mobilisering til handling og demobilisering. Innleiingsvis vil eg likevel seia noko om føresetnadene for konfrontasjonane, og startar med dei prosessane som føregjekk blant allmugen.

### 4.1 Eit opplevd lagnadsfellesskap – konsensusdanning

Lofthusreisinga ville ikkje ha vore mogleg utan mannen som fekk rørsla oppkalla etter seg. Med handlingane sine vann han allmugen sin tillit, og i periodar overlet dei klageverksemda og initiativet til han. Kristian Lofthus framsto som ein leiar i kraft av å vera uredd, skrivefør og handlekraftig. Samlinga av nesten heile allmugen i eit stort geografisk område til felles sak mot øvrigheita vart mogleg fordi han reiste rundt om på bygdene, og fordi namnet hans vart kjent for så mange. Lofthus var den organiserande krafta bak reisinga. Med omgrep henta frå moderne sosiale rørsler kan vi seia at han fungerte som den fremste tillitsvalde, og at han formulerte det politiske programmet og organiserte den interne kommunikasjonen i rørsla.

Kristian Lofthus var likevel berre *ein* mann, og han hadde ikkje makt til å få allmugen med på noko dei ikkje ville sjølv. Lofthusreisinga var ikkje berre avhengig av ei rekke andre organiserande krefter i form av medhjelparar som før mellom bygdene med siste nytt, supplikkar til å skriva under på og meldingar om neste trekk. Den mest grunnleggjande føresetnaden for reisinga var at det, allereie lenge før Lofthus reiste på si første klageferd til København, må ha vore ei felles haldning allmugen imellom i synet på sin eigen situasjon: at denne situasjonen burde ha vore betre, at årsakene for ein stor del var overgrep frå kjøpmenn og embetsmenn, og at det ikkje var snakk om enkeltståande overgrep, men at dei ramma heile

allmugen. Denne *konsensusdanninga* hadde lange historiske røter, ho hadde grobotn i det tydelege skiljet mellom allmuge og øvrigheit i den politiske kulturen, og ho skjedde gjennom dei daglege samtalane folk imellom.

At det fanst ei slik semje fortel også tidlegare hendingar noko om. Striden om liggedagsordninga og Nedenes-privilegia tilhørte den nære fortida for folk i Nedenes. Dette var ein langvarig strid om handelsrettar, der byborgarane sto mot allmugen. Byane sine utvida handelsprivilegium medførte at bøndene vart nøydd til å kjøpa korn der, i staden for å kunna handla med skuter som låg ved kysten (liggedagsordninga). Allmugen motarbeidde byprivilegia i lang tid gjennom supplikkar, klagereiser til København og til slutt eit oppløp i Arendal i 1752, og klarte å unngå ei fullstendig monopolisering av handelen.<sup>148</sup> Den breie og nesten landsomfattande motstanden mot ekstraskatten av 1762, med skattenekt frå 1764 og open motstand i 1765, viser at allmugen hadde klare oppfatningar om ein interessekonflikt med både byborgarane og statsmakta.<sup>149</sup> Jamt over var det likevel ikkje dei opne konfrontasjonane, men heller unnaluring og stille sabotasje som prega bondemotstanden på 1600- og 1700-talet. Bøndene var forsiktige og ville ikkje risikera for mykje. Men også den stille sabotasjen var grunnlagt i ei frykt for at dei store hadde heilt motsette interesser og var ute etter å ta meir og meir frå folket.<sup>150</sup>

Det opplevde lagnadsfellesskapet fanst der før Lofthus entra scenen. Men det var ikkje ein prosess som stoppa opp då dei meir dramatiske hendingane avløyste kvardagslivet. Konsensusdanninga var avhengig av stadig vedlikehald, og kunne utfordrast av konkurrerande forteljingar. I tilfellet Lofthusreisinga vart fellesskapskjensla både forsterka av hendingane undervegs, og forsøkt motverka gjennom styresmaktene sine tiltak.

## 4.2 Lofthus samlar allmugen – mobilisering av konsensus

Generell misnøye fører ikkje nødvendigvis til ei aktiv protestrørsle.<sup>151</sup> Ei vanemessig klaging allmugen imellom kunne ha halde fram lenge utan å få andre uttrykk enn skeive blikk, stille og uorganisert sabotasje eller ein hytta neve når øvrigheitspersonar snudde ryggen til. For at

<sup>148</sup> Gustav Grunde Sætra, ”Skutehandelen i Nedenes: Kampen om liggedagsordningen og Nedenes-privilegiene 1723 - 1756” i *Skog och brännvin. Studier i näringspolitiskt beslutsfattande i Norden på 1700-talet*. (Oslo: Universitetsforlaget, 1984).

<sup>149</sup> Egil Harald Grude, *Skatt, bønder og embetsmenn: Ekstraskatten i Stavanger amt 1762-1765*. Hovudoppgåve i historie, (1972).

<sup>150</sup> Øystein Rian, ”Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk. Norsk perspektiv på helstaten” i Berit Eide Johnsen og Gustav Sætra (red.): *Kristian Lofthus og hans tid*.

<sup>151</sup> Claus Bjørn, *Bonde, herremand, konge: Bonden i 1700-tallets Danmark*. (København: Gyldendal, 1981.) Bjørn diskuterer mellom anna kvifor det ikkje kom til protestar i Danmark som kan samanliknast med dalbøndene sitt tog til Stockholm i 1743 eller den norske Lofthusreisinga i omfang og organisering, trass i ei latent misnøye også blant dei danske bøndene.

noko meir skal skje trengst det ein *vilje*; nokon som medvite og planlagt skaper ei felles forståing for at handling er nødvendig.

Lofthus reiser på sine to første klagereiser til København i juni og juli 1786.<sup>152</sup> Det første møtet med kronprinsen endar med at han får beskjed om å godtgjera klagene, og han reiser tilbake for å skaffa underskrifter. Andre møte går føre seg om lag på same måten. Lofthus må tilbake. I august reiser han rundt på bygdene som agitator for å samla underskrifter og få bøndene til å stå samla. To nye supplikkar blir sendt med posten i starten av månaden, med 143 og 329 underskrifter.<sup>153</sup> Fut Dahl skriv til lensmann Larsen 26. august at han har hørt frå ”troværdige Persohner” at Kristian Lofthus ”ikke alleene flakke omkring” i Vestre Moland og tilgrensande sokner, men også er ”saa dumdristig at sætte Stævne og opbyde Almuen til at møde sig hist og her”.<sup>154</sup> Dei fleste møter Lofthus på kyrkjebakken, men det blir også halde møte; anten på Lofthusgarden eller hos andre pålitelege folk.

Klageverksemda følgjer i hovudsak eit kjent mønster for allmugen i Noreg. Nok var det dei færreste som tok turen til København, og slike klagereiser var i grunnen ulovlege; klager skulle sendast vidare via lokale embetsmenn. Men det var lange tradisjonar for å venda seg direkte til kongen. Til dømes vart både supplikkar på vegner av fleire og klagereise til København brukt under striden for liggedagsordninga og Nedenes-privilegia i dei same lokalsamfunna nokre tiår tidlegare.<sup>155</sup> Denne verksemda var heller ikkje særleg dramatisk og konfrontativ; dei fleste var involvert berre som underskrivarar. Dei overlet til Lofthus å formulera breva og dermed uttrykkja kva misnøya handla om. Allmugen oppfatta nok at det dei var med på, var innanfor ein akseptert og vanleg framgangsmåte. Det var likevel eit avgjerande steg framover frå det å halda misnøya for seg sjølv og sine nærmaste. Med namnetrekket på eit brev til sjølvaste kongen måtte dei stå ansvarlege for visse påstandar. Det var ikkje risikofritt. Dei ulovlege samankomstane måtte dessutan haldast hemmelege. At så lite informasjon faktisk kom fram til embetsmennene, sjølv om dei prøvde å få meir greie på det som hende i ”folkedjupet”, tyder på at allmugen både forsto alvoret i situasjonen og at dei slutta rekkene seg imellom.

Supplikkane, klagereisene og møteverksemda representerte eit steg framover. Allmugen hadde no ikkje berre ei felles forståing av kva situasjon dei var i. For å skapa eit mobiliseringspotensiale trengst det meir: klagemåla må tolkast på ein måte som gjer handling

<sup>152</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 92, 96. Supplikkane er referert i Lofthuskommisjonen sin forhørsprotokoll, pakke 7 V, RA.

<sup>153</sup> To supplikkar av 7. august 1786 (kopiar), pakke 7 I, RA.

<sup>154</sup> Brev frå Dahl til Larsen 26. august 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>155</sup> Sætra, ”Skutehandelen i Nedenes”.

nødvendig og legitimt. Då bør ein meina at det er systemet, og ikkje individuelle faktorar, som er ansvarleg for situasjonen, og at styresmakter og institusjonar er urettferdige eller feilaktige. Dessutan må ein ha tru på at ei endring faktisk er mogleg; avmakt må erstattast med sjølvtillit. Denne *konsensusmobiliseringa* føregår ved interaksjon mellom enkeltpersonar innanfor nettverk av folk som allereie kjenner og stoler på kvarandre.<sup>156</sup> Her spelte Lofthus ei avgjerande rolle gjennom å ta det første steget ved å reisa til hovudstaden og formulera klager som fleire kunne skriva under på. Ikkje minst kom han tilbake frå København med noko som kunne tolkast som eit oppdrag frå kronprinsen. På den måten vart han eit organiserande element i mobiliseringa, og han gav allmugen ei tru på at det nytta å gjera noko. Ved å stilla seg i spissen gjorde han det dessutan enklare for fleire å bli med utan å risikera alt for mykje.

Den første supplikken er berre frå Kristian Lofthus sjølv, og er ei klage i fem punkt retta mot futane, sorenskrivarane og kjøpmennene.<sup>157</sup> På den andre klagereisa har Lofthus med seg tre supplikkar, underteikna av bønder frå seks sokn. Dei skriv under på at dei vedkjenner seg Lofthus si første klage til kronprinsen.<sup>158</sup> Lofthus leverer dessutan eit eige brev der han tilbyr seg å prova klagene ved hjelp av tingsvitne, og ber om å bli fritatt frå arrest så lenge saka blir undersøkt.<sup>159</sup> Den tredje sendinga med supplikkar inneheld to brev med til saman 472 underskrifter, og ei klage frå Lofthus og nokre til på arrestasjonen av ”ein av hans folk” på Fladen i Åmli.<sup>160</sup> I dei to supplikkane frå allmugen vedstår dei seg å ha gitt fullmakt til Lofthus til å klaga på vegner av seg, og dei ber om at det blir sett ned ein undersøkingskommisjon og at dei sjølv får halda ein kontraprotokoll ved kommisjonen.

I den innleiande fasen er det altså nokre utvalde klagepunkt og eit ønske om å få ein undersøkingskommisjon som blir framført. Ved den tredje klagereisa seinhausten 1786 handlar det særleg om arrestasjonsforsøket mot Lofthus og ei klage på dei offiserane og embetsmennene som sto bak dette.<sup>161</sup> Det er først gjennom kommisjonen sine avhøyr i januar og februar 1787 at heile breidda i klagene kjem fram. Dei første supplikkane hadde tydelegvis ikkje tatt ut potensialet i mobiliseringa når det kom til omfanget og mangfaldet i klagepostane. Fleire klager går igjen: kjøpmennene tar for høge prisar på korn og sel dårlege varer som bøndene er nøydd til å godta, sorenskrivarane overdriv avgiftene, og det same gjer futane og lensmennene. Dessutan blir det klaga på utskrivinga av soldatar, på skyssordninga, på Froland

<sup>156</sup> Klandermans, “The formation and mobilization of consensus”.

<sup>157</sup> Supplikken er referert i forhørsprotokollen s. 4-7, pakke 7 V, RA. Sverdrup skal ha brukt same kjelda og refererer innhaldet på s. 88-89 i *Lofthusbevægelsen*, men nemner ikkje klagen mot sorenskrivarane.

<sup>158</sup> Tre supplikkar (kopiar), frå 27. juni 1786, 3. juli 1786 og eit udatert, pakke 7 I, RA.

<sup>159</sup> Brev frå Lofthus ”13. april”, som må vera 13. juli, 1786 (kopi), pakke 7 I, RA. Innhaldet er referert i forhørsprotokollen s. 8, pakke 7 V, RA, med dato 13. juli 1786.

<sup>160</sup> To supplikkar 7. august og eit brev 8. august 1786 (kopiar), pakke 7 I, RA.

<sup>161</sup> To supplikkar 18. oktober og to 3. november 1786, referert i forhørsprotokollen s. 10-11, pakke 7 V, RA.

jernverk og på mange slags skatter og avgifter.<sup>162</sup> Sjølv om ikkje alle sokna vedkjenner seg nøyaktig dei same klagene, og legg vekt på ulike klagepostar, kjem breidda i misnøyen tydeleg fram. Mangfaldet i klagene er uttrykk for at dei klagande delte eit overordna *syn på samfunnet*, som tilsa at svikten ikkje berre handla om nokre få enkeltståande representantar for øvrigheita, men ei gjennomgåande urettferdig behandling av allmugen.

Førebelts held styresmaktene seg ganske i ro, både lokalt og sentralt. Dei første rapportane frå lokale embetsmenn som uroar seg over verksemda, kjem til stiftamtmannen i Kristiansand eit godt stykke ut i august.<sup>163</sup> I København har kronprinsen tatt godt i mot Lofthus, verkar det som, noko som oppmuntrar til vidare handling. I staden for å setja embetsverket og rettsvesenet i sving med å få dokumentert eller avvist klagene, lar kronprinsen Lofthus få frie hender til å mobilisera styrke bak påstandane. Lofthus ber eksplisitt om å få ta opp tingsvitne på den andre klagereisa, men heller ikkje dette blir følgt opp. Kronprinsen sender han berre tilbake endå ein gong, og opnar eit politisk handlingsrom for allmugen som etter eineveldet sine vanlege prosedyrar ikkje skal vera der.

Kristian Lofthus veit truleg at han har därleg tid, for lokalstyresmaktene vil ikkje tolerera ei slik verksemd når dei får snusen i det. Han utstyrer seg med vakter og påstår å ha kongeleg godkjenning til å samla underskrifter, noko som ikkje kan vera så langt frå sanninga. Allmugen kan dermed tolka det som at Lofthus opptrer på vegner av kongen, og det gir rørsla eit ekstra stort spelrom. Om kronprinsen verkeleg meinte å gi ein slik legitimitet til klageverksemda, er tvilsamt. Rett nok var ideologien om den eineveldige kongen av Guds nåde avhengig av førestillinga om at kongen kunne gripa direkte inn og ordna opp i eventuell urett som måtte oppstå. Kronprinsen kunne ha interesse av å bruka allmugen for å kontrollera styringsverket lokalt og regionalt. Slik kunne han få fram at det ikkje var kongen, men berre dei utru tenarane hans som sto bak den eventuelle uretten. Ei vennleg haldning overfor Lofthus kan også ha passa godt inn i biletet av kronprinsen som ein reformvenleg og bondevenleg type.<sup>164</sup> Men meir sannsynleg er det kanskje at den unge kronprinsen ikkje heilt såg rekkjevidda av at Lofthus slik fekk vind i segla. Den seinare utviklinga viste at styresmaktene stort sett sto samla i å slå ned på reisinga og gjeninnføra ro og orden. Dei første eigentlege mottiltaka ber dessutan preg av panikk og ikkje av gjennomtenkte planar. Det kan verka som dei ikkje hadde følgt særleg godt med.

<sup>162</sup> Forhörysprotokollen, pakke 7 V, og Lofthuskommisjonen si innstilling 22. og 27. november 1787, pakke 7 VIII, RA.

<sup>163</sup> Ein rapport frå fut Weidemann 24. august, ifølgje Adeler sin rapport 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

<sup>164</sup> Sætra, "Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797", 51.

### **4.3 Styresmaktene prøver å slå tilbake – motmobilisering**

I første omgang prøver det lokale embetsverket å ta saka i eigne hender. Dei forsøkjer først å henta inn meir informasjon om kva som hender på bygdene, utan å lukkast særleg godt med det.<sup>165</sup> Det går sterke rykte, men bøndene held stort sett tett. Neste steg er å prøva å få fatt på Lofthus. Når stiftamtmann Adeler sender den første rapporten sin om Lofthusreisinga til kanselliet i København 9. oktober, har fleire dramatiske hendingar funne stad allereie: lensmann Ånon Salvesen låg på hjul bak Lofthus i håp om å arrestera han.<sup>166</sup> Den like ivrige fut Dahl gjennomførte sitt første mislukka arrestasjonsforsøk på Lofthus i slutten av september.<sup>167</sup> Nokre dagar før dette hadde to medhjelparar av Lofthus blitt arrestert av kaptein Barnholt, i ferd med å samla underskrifter og oppfordra til å delta på ei ny klagereise til København. Dei to arrestantane vart imidlertid lurt ut av hendene på øvrigheita.<sup>168</sup>

Dahl sitt arrestasjonsforsøk på Lofthus vekkjer kraftige reaksjonar i allmugen. På tinget i Lillesand 2. - 4. oktober samlar fleire hundre menn seg til ein uvæpna ”bondehær” som krev å forhandla med stiftamtmannen om fritt leide for Lofthus og reisepass til København på ei tredje supplikkreise. Dette er ei kraftig styrkemarkering frå bøndene si side. Stiftamtmannen ser seg nøydd til å gå med på krava. Men han fryktar følgjene ”for den almindelige Rolighed mere end i dette Stifft” dersom det ikkje blir sett i verk handfaste tiltak. Adeler må skaffa seg fleire maktmiddel, og dei kan han berre få frå regjeringa i København. I rapporten til kanselliet 9. oktober forklarer han alvoret i situasjonen, og føreslår vidare tiltak: arrest av Lofthus, beordring av militære styrkar, ein undersøkingskommisjon, premiering av dei uskuldige og straff av dei skuldige.<sup>169</sup> Dette er svært ulike verkemiddel – alt frå militärmakt til premieringar – og samtidig kraftige verkemiddel. Det er tydeleg at det lokale embetsverket har gitt opp å takla hendingane på eiga hand. Skal dei gjera fleire forsøk på å arrestera Lofthus, må det vera på ordre frå kongen sjølv, elles vil det neppe lukkast. Respekten for den lokale øvrigheita er ikkje sterk nok blant allmugen. Dei må også motverka den fysiske overmakta bøndene manifesterte på tinget. Då er berre militære styrkar, med andre enn norske bondegutar, godt nok.

---

<sup>165</sup> Brev frå fut Dahl til lensmann Larsen 26. august 1786, og frå Dahl til stiftamtmann Adeler 9. september 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>166</sup> Brev frå Salvesen til Adeler 16. september 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>167</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

<sup>168</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 24. oktober, med rapport frå kaptein Barnholt 12. oktober, pakke 7 VII, RA.

<sup>169</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

## **4.4 Oppløpet i Lillesand og delegasjon til København – mobilisering til handling**

For allmugen blir arrestasjonsforsøket på Lofthus i september eit vendepunkt. Til då har det meste dei føretok seg vore innanfor rammene av kva dei kunne gjera som undersåttar i riket. Dei har framført klagene sine på tradisjonelt vis, og sendt ei bøn til øvste hald om å retta opp i uretten. Ein del hadde i tillegg deltatt i møteverksemda, som rett nok var ulovleg, men som truleg vart oppfatta som ein rett dei hadde etter sedvane og langt mindre alvorleg enn embetsmenn og borgarar si griske framferd. At øvrigheita ville arrestera Lofthus må derfor ha verka brutal og uforståeleg. Han var jo berre talsmannen deira, og hadde stilt seg i spissen for ein, etter deira syn, lovleg måte å opptre på. Det gir dei i alle fall uttrykk for ved fleire høve. I ein seinare supplikk hevdar dei at dei hadde valt Kristian Lofthus til å skriva og tala for seg ”uden anden Hensigt dermed end paa ordentlig Maade at kunde ved Deres Majestæts Naade og Retsfærdighed komme til hvad Ret og Billighed var”, og at dei på ingen måtte hadde tenkt ”at opsette os mod Landets Love og Vor Konges Allerhøyeste Befalinger.”<sup>170</sup> No tar allmugen steget fram og ut i open konfrontasjon.

Dei handlar raskt, og dei er mange. Frå arrestasjonsforsøket 29. september til oppløpet med fleire hundre mann i Lillesand 2. oktober går det berre få dagar. Adeler, som har fått nyss om mobiliseringa, får prestane til å åtvara allmugen frå prekestolen om søndagen, men til inga nytte.<sup>171</sup> Dette viser at semja i lokalsamfunna er vel utvikla. Det var gjort eit godt grunnarbeid, ikkje minst gjennom Lofthus si eiga reiseverksem og dei kommunikasjonskanalane som var bygd ut med medhjelparar som før mellom bygdene med informasjon. På svært kort tid er allmugen *mobilisert til handling*. I første omgang er det Kristian Lofthus som leier flokken, men den andre dagen på tinget har allmugen valt to andre talsmenn mellom seg, Tellef Froholt og Albret Birkestøl. Desse fører ordet i forhandlingane med stiftamtmannen, og det gjer dei tydelegvis på ein overtydande og overraskande god måte, slik Adeler ser det. Dei to ”viisede sig at kunne disponere den hele Flok effter deres Villie, ... og paa den sømmeligste og roeligste Maade begegnede mig og enhver Vedkommende”. Han karakteriserer Lofthus si framferd som sjølvhevdande, trassig og grov, men ”de 2de Anførere vidste derved, saa ofte det behøvedes, at bringe ham til Tavshed.”<sup>172</sup>

Gjennom slik disiplinert, velorganisert framferd, og gjennom den talmessige og fysiske styrken, får allmugen eit overtak, og maktforholda blir endra til deira fordel. Utan

---

<sup>170</sup> Supplikk frå fleire allmugerepresentantar til kongen 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>171</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

<sup>172</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

mobiliseringa av denne potensielle overmakta ved å vera flest, ville styresmaktene neppe ha gitt etter og innrømt dei reisepass for ein stor delegasjon til København. Sjølv om praksis hadde vore å tillata supplikkreiser, trass i forordningane om å senda klager via lokale embetsmenn, var det definitivt ikkje vanleg med slike mannssterke delegasjoner.

Den tredje klagereisa til København går føre seg frå oktober til desember 1786, med avreise 18. oktober. 20 bønder har fått reisepass frå Adeler.<sup>173</sup> I tillegg sluttar ytterlegare seks menn frå Nedenes og Råbyggelaget og åtte frå Bratsberg amt seg til, slik at dei er 34 til saman.<sup>174</sup> Oppdraget er ikkje berre å fremja dei same klagene om igjen. Supplikkane inneheld først og fremst klager over framferda mot Lofthus under arrestasjonsforsøket, og krav om at øvrigheita og offiserane skulle tiltalast og straffast for dette.<sup>175</sup>

Mobiliseringa har også nådd Bratsberg amt. I ulike rapportar frå amtmann Moltke i oktober, november og desember kjem det fram at allmugen har bede om reisepass for å reisa til København, og at det nesten var ”en almindelig Urolighed” blant allmugen i amtet. Dels var dette oppelda av Lofthus, dels av andre likesinna. Bøndene oppgav som årsaka til uroa at dei ikkje hadde fått svar på innsende klager over embetsmenn. Særleg hadde dei i lang tid klaga over sorenskrivarane Wamberg og Lange. Handelsforholdet til kjøpmennene i Arendal var etter Moltke si meining ”Hovedgienstanden for den oprørske Almues Klager og Misfornøyelser.”<sup>176</sup>

#### 4.5 Arrestasjonsforsøk og vingling – motmobilisering

Lofthus har fått fritak for arrest og leidebrev til København. Men han får likevel ikkje gå fri, slik allmugen har kravd og håpa på. Sjølv når han ikkje fram til København. Han snur når han får høyra at det ventar ein arrestordre på han i hovudstaden. Når Lofthus kjem tilbake frå reisa i midten av november, blir det straks sett i gang ei klappjakt på han.

Kanselliet har reagert raskt på rapporten frå Adeler. 20. oktober, dagen etter at dei mottok rapporten, er det møte i statsrådet. Der blir ein arrestordre på Lofthus utferda, og generalitetet blir bede om å stilla militære styrkar til disposisjon. Adeler blir straks meddelt at han ”paa den varsomste og meest forsigtige Maade” må få Lofthus arrestert og ”til sikker Bevaring hensat”, og at han om nødvendig kan rekvirera militær hjelp.<sup>177</sup>

<sup>173</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 24. oktober 1786, med liste over dei 20 personane, pakke 7 VII, RA.

<sup>174</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 131-134.

<sup>175</sup> To supplikkar 18. oktober 1786, referert i forhörysprotokollen s. 10, pakke 7 V.

<sup>176</sup> Rapportar frå Moltke til kanselliet 25. oktober, 29. november og 11. desember 1786, referert i ekstraktprotokollen s. 13 og 20-24, pakke 7 VII, RA. Dessutan rapport 27. desember 1786, pakke 7 II, RA.

<sup>177</sup> Brev frå kanselliet til Adeler 21. oktober 1786, pakke 7 I, RA.

Neste trekk frå dei sentrale styresmaktene er at ”[det] skal optages et Forhør for at faae Sammenhængen og Grunden til dette Opløb oplyst”. Medan allmugen er på veg til København, den 27. oktober, blir det gitt kongeleg ordre til fut Dahl og byfut Sørensen om å utgjera ein kommisjon som skal innkalla

de fornuftigste i enhver Bøygð, af dem som have været samlede, og paa en sagtmodig og overbeviisende Maade foreholde dem deres Vildfarelse, med at lade sig forleede af et saa slet Menneskes urigtige og løgnagtige Foregivende, ved Sammenløb at æske Øvrigheden til Regnskab for deres Handlinger.<sup>178</sup>

Føremålet er å finna ut om det er andre enn Lofthus som har vore opphavsmenn til oppløpet. Regjeringa vil deretter ta stilling til vidare tiltak.

Styresmaktene verkar altså innstilt på å slå hardt ned på uroa. Men så kjem ein periode med mykje att og fram om korleis ein skal gå fram overfor Lofthus. 10. november, med allmugedeklasjonen på plass i København utan Lofthus, kjem ein kongeleg resolusjon om leide for han i seks veker. Kanselliet trekkjer dessutan tilbake kommisjonen av Dahl og Sørensen. Ein ny og meir solid kommisjon, av embetsmenn med høg prestisje, skal ta seg av dei nødvendige undersøkingane. I første omgang blir Colbjørnsen, Falsen og Aars tiltenkt rolla. Men kommisjonen skal ikkje starta arbeidet sitt før Lofthus kjem til København og overrekker dei nødvendige dokumenta.<sup>179</sup>

Mot slutten av november rapporterer Adeler at Lofthus er tilbake og igjen reiser rundt i bygdene, og at allmugen samlar seg og truleg er på veg til Kristiansand for å få han frittatt frå arrest. Stiftamtmannen har sendt generalmajor Dietrichson av garde for å arrestera Lofthus, men det har ikkje lykkast dei å få tak i han. Adeler ber dessutan om at kommisjonen snart må settast ned.<sup>180</sup> Kanselliet handlar raskt. Tidleg i desember gir det først ein ny ordre om arrest.<sup>181</sup> Men rett etterpå ombestemmer det seg igjen etter søknad frå dei utsende bøndene i København,<sup>182</sup> og gir Lofthus eit fornya leidebrev til København for to månader.<sup>183</sup>

I mellomtida har ein ny stor ”bondehær” samla seg. Dei sender nokre utsendingar til Adeler med krav om at Lofthus skal vera fri for arrest. Stiftamtmann Adeler held då ei samling – eit krisemøte – med andre framståande embetsmenn 4. desember i Kristiansand for å drøfta situasjonen. Med på møtet er generalmajor Dietrichson, biskop Hagerup, amtmann

<sup>178</sup> Kongeleg ordre 27. oktober 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>179</sup> Kanselliet si innstilling og kongeleg resolusjon 10. november 1786, referert i ekstraktprotokollen s. 14, pakke 7 VII, RA. Meddelt Adeler og Dahl/Sørensen 11. november 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>180</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 21. november og 28. november 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>181</sup> Brev frå kanselliet til Adeler 2. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>182</sup> Brev frå allmugerepresentantar til kronprinsen 2. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>183</sup> Kanselliet si innstilling 9. desember, referert i ekstraktprotokollen s. 15-16 og s. 27, pakke 7 VII, RA.

Holm og 12 andre, i tillegg til Adeler sjølv. Der diskuterer dei om Lofthus skal arresteraast med det same, eller om dei kan gå inn på eit kompromiss med allmugen.<sup>184</sup> Etter møtet meddeler Adeler kanselliet at dei har fritatt Lofthus for arrest i fem veker, mot garanti frå bøndene om at han blir verande i distriktet. Han fryktar for ny uro dersom arrestordren blir iverksett med det same, men ber om arrestordre også for Lofthus sine nærmaste medhjelparar, og han har militære styrkar klar på kort varsel.<sup>185</sup> Mot slutten av månaden er rapporten om krisemøtet til Adeler oppe i statsrådet. Kanselliet meiner at ein no må venta på effekten av leidebrevet og av at kommmisjonen snart startar arbeidet sitt i Kristiansand.<sup>186</sup>

I starten av desember kom nemleg den kongelege resolusjonen om ein undersøkingskommisjon samansett av Colbjørnsen, Falsen og Aars. Kommisjonen får i oppdrag å undersøkja klagene som Lofthus og allmugen ”haver indgivet ... over dem tilføyede Fornærmelser af Vore Betiente ved de affordrede Skatter, Skifters Behandling med meere”.<sup>187</sup> Vedtaket om ein kommisjon blir meddelt dei av bondelegasjonen som framleis er i København. Samtidig får dei beskjed om å reisa tilbake, og dei blir tildelt reisepengar.

Sentralstyresmaktene tar no saka meir alvorleg enn før, og referatet frå krisemøtet i Kristiansand må ha gjort endå større inntrykk. For rett etterpå blir det avgjort at også stiftamtmann Scheel skal med i kommisjonen.<sup>188</sup> Samtidig får kommisjonen ein tilleggsordre om at dei kan forlanga skuldige embetsmenn suspendert frå embeta sine av stiftamtmannen.<sup>189</sup> Nedsetjinga av kommisjonen og tilleggsordren om å fjerna nokre embetsmenn viser at sentralstyresmaktene ser alvorleg på saka. Først kjem den store bondelegasjonen til København, og deretter meldingane frå embetsverket lokalt om nye store samlingar. Men enno er ikkje forvirringa over korleis saka skal handterast over.

Innan året er slutt er det gitt tre ulike arrestordrar på Lofthus: to frå sentralt hald og ein frå stiftamtmannen. Arrestordrane blir deretter avløyst av leidebrev, ny arrestordre kjem på plass, og nytt leide blir gitt. For Lofthus og allmugen må dette ha verka både forvirrande og provoserande. Dei opplever at øvrigheita stadig er på farten for å arrestera Lofthus, *samtidig* som det er gitt lovnader om leide. Det gir heller ikkje eit tydeleg bilet av kva styresmaktene ønskjer å oppnå, og kanskje veit dei det ikkje sjølv heller. Når dei ombestemmer seg gong på gong viser dei at dei ikkje er på høgde med situasjonen. Styresmaktene verkar uvande med at

<sup>184</sup> Referat frå møte 4. desember 1786, sakinndelte pakkesaker nr. 1754, SAK.

<sup>185</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 5. desember og 12. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>186</sup> Kanselliet si innstilling til statsrådet 22. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>187</sup> Kongeleg resolusjon 8. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>188</sup> Brev frå kanselliet til Scheel 29. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>189</sup> Kongeleg resolusjon 29. desember 1786, pakke 7 I, RA.

allmugen mobiliserer ein slik styrke for å koma i ein forhandlingssituasjon. Enn så lenge vinglar dei mellom å godta allmugen som forhandlingspart, og å avvisa dei.

## 4.6 Undersøkingskommisjon og førebuingar til arrestasjon – motmobilisering

I januar 1787 er kommisjonen på plass i Kristiansand og startar arbeidet sitt.<sup>190</sup>

Undersøkingane føregår ved innkalling og avhøyr av allmugen soknevis, og ved innhenting av forklaringar frå dei embetsmennene som får klager retta mot seg. Lofthus oppheld seg også i byen. Kommisjonen vil ikkje innkalla han spesielt, for ikkje å behandla han annleis enn andre klagande eller tilleggja han nokon rett til å føra ordet.<sup>191</sup> Men han møter saman med resten av allmugen i Vestre Moland på den første dagen med kommisjonsforhøyr.

Avhøyra av dei 24 sokneallmugane tar til saman 15 dagar i perioden frå 11. januar til 1. februar 1787.<sup>192</sup> Etter at avhøyra for det meste er gjennomført og embetsmennene sine erklæringar er innhenta, ser kommisjonen den 12. februar seg nøydd til å be stiftamtmannen om å suspendera dei to sorenskrivarane i Råbyggelaget, Smith og Brønsdorph.<sup>193</sup> Dette blir straks sett i verk av stiftamtmannen, som også konstituerer to nye sorenskrivarar i deira stad.<sup>194</sup>

Kommisjonen finn ut gjennom arbeidet sitt at ”Almuen ikke uden Grund besværer sig”. Sportlane har vore alt for høge, Arendals handel har verka øydeleggjande, og Frolands jernverk har ”ikke ... giort den Almue, som sammes Circumference er underlagt, lykkelig.”<sup>195</sup> Kommisjonen ber dessutan om strakstiltak mot hungersnaud i to sokn, Åmli og Gjevedal. Sentralstyresmaktene svarer raskt; kort tid etter kjem ein kongeleg resolusjon om utdeling av korn.<sup>196</sup>

Samtidig ventar ikkje styresmaktene lenge før jakta på Lofthus er i gang igjen. Tidleg i februar meddeler kanselliet til kommisjonen at Lofhus kan arresterast i det fristen for leidet er ute.<sup>197</sup> I midten av månaden er kommisjonen klar til avreise til Kristiania, men melder til

---

<sup>190</sup> Avhøyra i Kristiansand starta 11. januar og vart avslutta 19. februar 1787. Deretter vart det gjennomført avhøyr i Lillesand og Arendal mellom 21. og 27. februar. Forhörsprotokollen, pakke 7 V, RA.

<sup>191</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 168.

<sup>192</sup> Forhörsprotokollen, pakke 7 V, RA.

<sup>193</sup> Brev frå kommisjonen til Adeler 12. februar 1787, innkomne brev nr. 1279, SAK.

<sup>194</sup> Vedtak av stiftamtmann Adeler 13. og 16. februar 1787, resolusjonsprotokoll nr. 9, SAK.

<sup>195</sup> Brev frå kommisjonen til kanselliet 6. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>196</sup> Kommisjonens rapport til kanselliet 30. januar 1787 og kongeleg resolusjon 10. februar 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 28, pakke 7 VII, RA.

<sup>197</sup> Brev frå kanselliet til kommisjonen 3. februar 1787, pakke 7 II, RA.

kanselliet at dei vil venta til dei kan arrestera Lofthus, då leidet hans går ut om to veker.<sup>198</sup> I slutten av februar fortel kommisjonen så at dei har reist frå Kristiansand til Arendal via Lillesand. Føremålet med å reisa gjennom Lillesand, ”der ligger nogle Bøsseskud fra Christian Jensen Lofthuuses Gaard,” var ”at utspejde hans nu brugende Forhold, Hensigter og Fremgangs Maade, for derefter at blive nogenledes satte i Stand til at udføre det os af det høye Kollegium i henseende til ham anbefalede”.<sup>199</sup>

Dette ”anbefalede” er arrestasjonen. Kommisjonen gir orden til kaptein Hammer og lensmann Salvesen, og utarbeider planen saman med dei. Kommisjonen åtvarar mot å gå brutalt til verks. Dei oppfattar at Lofthus er ”Folkets Yndling”, og at allmugen vil verna han: ”List bliver da hvad der i dette Tilfælde maa bruges: Lofthus maa i Stilhed søges arresteret”<sup>200</sup>

Fram til leidet går ut 27. februar held Lofthus seg på garden sin. Men så reiser han derfrå, og kommisjonen sin arrestasjonsplan går i vasken. Dei trur at Lofthus vil kjenna seg tryggare dersom dei sjølv er fråverande, og reiser dermed vidare frå Arendal til Kristiania. Adeler rapporterer om at Lofthus reiser rundt omkring på bygdene og talar med allmugen. Mellom anna ville Lofthus ”indbilde Almuen” at han var årsaka til den naudhjelpa dei hadde mottatt. Trass reiseverksemda er det ifølgje Adeler stort sett roleg i bygdene.<sup>201</sup>

## 4.7 Arrestasjonen av Lofthus – motmobilisering

15. mars 1787 blir Lofthus arrestert. Dagen etter skriv sorenskrivar Finne om hendingane til kanselliet: Lofthus er pågripen og ført til Fredriksvern. Dette har ført til store reaksjonar blant allmugen, og Finne ber derfor kanselliet om å ”udvirke Placater under Kongens Haand, at Arresten er befalet, som det eeneste ieg troer er mægtig at stille Folket”.<sup>202</sup> Nokre dagar seinare sender stiftamtmann Adeler sine rapportar om gjennomføringa av arrestasjonen, om allmugen sine reaksjonar, at bøndene har sett fast fut Dahl, og om dei vidare tiltaka frå styresmaktene si side. Adeler har forlangt militære tiltak for å frigi Dahl, og pålagt allmugen ikkje berre å setja futen fri, men også utlevera han som truleg først la hand på futen, Torjus Åmli.<sup>203</sup>

<sup>198</sup> Brev frå kommisjonen til kanselliet 13. februar 1787, 7 II, RA.

<sup>199</sup> Brev frå kommisjonen til kanselliet 27. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>200</sup> Brev frå kommisjonen til kanselliet 27. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>201</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 27. februar, 6. mars og 13. mars 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 36 og 39, pakke 7 VII, RA. Brev frå kommisjonen til kanselliet 10. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>202</sup> Brev frå Finne til kanselliet 16. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>203</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 20. mars 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 40-43, pakke 7 VII, RA.

Denne gongen er det lokalstyresmaktene som handlar. Dei har fått dei nødvendige ordrane og fullmaktene frå regjeringa i København, med den fornja arrestordren frå tidleg i februar, og løyve til å bruka militærmakt sidan oktober. Det einaste som manglar viser seg å vera ein uttrykkeleg, skriftleg kongeleg ordre om arrest som kan brukast overfor allmugen.

Av korrespondansen mellom lokal- og sentralstyresmaktene går det fram at arrestasjonen av hovudmannen bak reisinga blir vurdert som det viktigaste og mest akutte tiltaket som skal til. Dei ombestemmer seg og vinglar i spørsmålet om *når* dette skal skje, og det verkar også å vera ei viss forvirring om når leidet går ut.<sup>204</sup> *Måten* dei skal gå fram på blir dessutan nøyne vurdert: Dei kjem fram til at han må takast med list, og minst mogleg bruk av makt – men med store militære styrkar i bakhand.

Det er då også det som skjer. Lofthus blir lurt inn til kjøpmann Stenersen (ein god ven av han frå tidlegare) utan vaktene sine, og pågripen før vaktene hans rekk å reagera. Så ber det i full fart til hamna for vidare transport til Fredriksvern, og seinare til Akershus festning. Arrestasjonen skjer i Lillesand, der Lofthus truleg kjende seg tryggare enn i dei større byane Arendal og Kristiansand. Og det er dei lokale representantane for øvrigheita som gjennomfører arrestasjonen: kaptein Hammer og lensmann Salvesen, med hjelp av handlangarane sine – bonde Kristen Nersten, underlensmann David Natvig, gjestgivar Teilmann, bonde Anders Møglestu og kjøpmann Stenersen. Dette vekkjer då også sterke harme i allmugen. Ikkje berre verkar den kongelege ordenen å mangla; dette hadde dei spurt fut Dahl om rett før arresten. Men det er ved hjelp av folk frå deira eige miljø at øvrigheita til slutt får has på Lofthus.

## 4.8 Motarrestasjon, trugsmål og utfrysing – mobilisering til handling

Reaksjonen på arrestasjonen av Lofthus er rask og massiv. No handlar allmugen utan leiaren sin, og igjen samlar fleire hundre seg. Denne gongen er dei opp mot 900 aksjonistar.<sup>205</sup> Den breie mobiliseringa viser kor sterkt semja og fellesskapet er. Den første tanken er å få fatt på dei som blir oppfatta som hovudmennene bak arrestasjonen av Lofthus: fut Dahl og lensmann Salvesen.

---

<sup>204</sup> Adeler har gitt 5 veker fritak for arrest frå 6. desember, og kanselliet har gitt 2 månader leide frå 9. desember 1786. Men ingen av desse fristane stemmer med at fristen går ut 27. februar 1787. Eg har ikkje klart å finna ut når denne fristen vart sett.

<sup>205</sup> Rapport frå generalmajor Dietrichson til generalitetet 28. mars 1787, pakke 7 II. Dette er på dagen Dietrichson hentar futen ut igjen. Ifølgje generalmajoren var dei 2000 dagen før.

Dahl hadde seinast to dagar før arrestasjonen nekta for at det fanst ein kongeleg ordre om arrest.<sup>206</sup> Altså hevdar bøndene at det måtte vera noko den lokale øvrigheita sjølv sto bak. Det kunne neppe skje utan futen sin medverknad, som dermed hadde ført dei bak lyset. No skjer det mest dramatiske av det allmugen føretar seg under heile Lofthusreisinga: 17. mars ”arresterer” dei fut Dahl, ein representant for øvrigheita, og set han i arresthuset saman med tre andre; to handlangarar frå arrestasjonen av Lofthus og ein ung mann som skal ha truga Lofthus.<sup>207</sup> Tanken har kanskje først vore hemn, men med å halda futen i varetekts set dei seg i ein mogleg forhandlingsposisjon. No krev dei å få til ei fangeutveksling: Lofthus mot Dahl.

Salvesen slepp unna i første omgang. Talrike allmugeflokkar søker etter han i Arendal to dagar i strekk, men får ikkje fatt på han. Byfuten er tydeleg nervös; han ventar nokre tusentals bønder til byen.<sup>208</sup> Det skjer ikkje. Men allmugen gir ikkje opp å konfrontera Salvesen. Mot slutten av mai kjem dei igjen til Arendal og krev å få han i tale. Først etter at soldatar kjem på plass og byfuten får arrangert eit rettssaksliknande møte mellom fire representantar for allmugen og Salvesen, ser det ut til å roa seg. Salvesen sjølv kjenner seg langt frå trygg for allmugen; dei trugar han og planlegg eit nytt opprør, meiner han.<sup>209</sup> Kort tid etter blir det funne eit anonymt trugselbrev mot han på hamna i Arendal.<sup>210</sup>

Fleire av handlangarane merkar også allmugen sitt sinne: gjestgivar Teilmann dør etter å ha blitt ”overfaldt af twende Qvindemenneske” frå Vestre Moland.<sup>211</sup> Han er den einaste av dei som må bøta med livet. Underlensmann David Natvig blir først plassert i arresthuset saman med Dahl. Seinare går det nokså dårlig med han. Han kan ikkje lenger livnæra seg som skreddar, ”da Almuen ey siden den Tid, han tabte dens Yndest, havde vildet give ham Arbeyde, saa at han med en talrig Familie af 6 Børn ved sin Nidkierhed og Troskab var sat i Elendighed”.<sup>212</sup> Både Natvig og Kristen Nersten blir dessutan ettersøkt av allmugen

<sup>206</sup> Brev frå fleire allmugerepresentantar til kongen 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA. Dette blir gjentatt i supplikk 15. mai 1787, referert i ekstraktpunktollen s. 79-81, pakke 7 VII, RA. Men her står det dagen før arrestasjonen.

<sup>207</sup> Dei tre var underlensmann David Natvig, soldat Gunnar Valle og Gabriel Rostrup. Brev frå Dietrichson til generalitetet 28. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>208</sup> Brev frå byfut Berg til kanselliet 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>209</sup> Brev frå Salvesen til Adeler 29. mai 1787, innkomne brev nr. 1160, SAK. Brev frå Berg 22. og 29. mai 1787, pakke 7 VII, RA. Brev frå Salvesen til generaltollkammeret 15. mai 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>210</sup> Brev frå Salvesen til kommisjonen 19. juni 1787, pakke 7 VIII, RA.

<sup>211</sup> Brev frå Dahl til Adeler 23. april 1787, pakke 7 VII, RA. Sverdrup skriv på s. 208 i *Lofthusbevægelsen* at det var Anders Møglestu som vart overfallen, men det må vera feil.

<sup>212</sup> Søknad frå David Natvig, sendt av Falsen og Aars til kanselliet 5. april 1788, referert i ekstraktpunktollen s. 227, pakke 7 VII, RA.

saman med Salvesen.<sup>213</sup> Anders Møglestu blir etter eiga utsegn nøydd til å reisa heilt til København for å vera trygg for allmugen etter å ha deltatt i arrestasjonen av Lofthus.<sup>214</sup>

Trugsmål og utfrysing er viktige verkemiddel som allmugen tar i bruk overfor dei fremste av dei som sto bak eller tok del i arrestasjonen av Lofthus. Vald blir brukt i lita grad, det einaste dømet er åtaket på gjestgivar Teilmann. Men dette blir gitt lite merksemrd frå styresmaktene; kanskje fordi det er utført av to kvinner. Både Salvesen, Dahl og andre må likevel ha opplevd at allmugen opptrer svært så trugande.

Meir interessant er det at allmugen prøver å forhandla med øvrigheita gjennom arrestasjonen av fut Dahl. Det lukkast dei ikkje med, då styresmaktene på si side nektar å forhandla, og i staden brukar militærmakt for å setja Dahl fri. Det er tydeleg at det ikkje er allmugen si meining å utfordra valdsmonopolet til øvrigheita. Når dei militære styrkane blir sett inn den 24. mars, prøver dei ikkje å stå imot. Sjølv om dei er fleire, veit dei at dei vil tapa ein slik konfrontasjon. Men dei insisterer på retten til å forhandla ut frå eit endra styrkeforhold, slik dei også gjorde på tinget på Lillesand i oktober og overfor Adeler tidleg i desember. Ved å arrestera ein øvrigheitsperson – kongen sin embetsmann – tar allmugen definitivt steget ut av rolla som lydige undersåttar, og krev å bli tatt på alvor som politiske aktørar. Dette er det tydelegaste dømet gjennom heile reisinga på at dei ope utfordrar sjølve styresettet.

Etterpå orsakar dei seg for dette overtrampet. Dei går tilbake til å oppføra seg som undersåttar, og sender i staden bøneskrift til kongen. I ein supplikk sendt rett etter hendinga med Dahl ber dei om tilgiving for sine ”Sinds Heftighed” og om at Lofthus må bli sett fri.<sup>215</sup> Spørsmålet om lauslating blir gjentatt i ein supplikk frå april,<sup>216</sup> og i midten av mai ber dei om ein ekstrarett for å undersøkja klagene, og at Lofthus i det minste då får møta for retten.<sup>217</sup> Innhaldet i dei tre breva er mykje likt. Dei forsvarer seg med at dei ikkje fekk vita at arrestasjonen av Lofthus var kongen sin vilje, trass i at dei oppsøkte øvrigheita for å spørja om dette. Dessutan hevdar dei at Lofthus vart urettmessig forfølgjt av lokalstyresmaktene; han handla på deira vegner, for å avhjelpa den nauda dei lever i. Til sitt eige forsvar held dei fram ”at vor eeneste Hensigt med at samles kuns har været at udfrie Christian Lofthuus fra Øvrighedens Forfølgelser, og ikke at stifte Oprør eller gjøre nogen Mand ondt, mindre at

<sup>213</sup> Brev frå Salvesen til Adeler 29. mai 1787, innkomne brev nr. 1160, SAK.

<sup>214</sup> Søknad frå Anders Møglestu til rentekammeret, vidaresendt til kanselliet 1. november 1787, referert i ekstraktpunktokollen s. 168-169, pakke 7 VII, RA.

<sup>215</sup> Supplikk frå fleire allmugerepresentantar til kongen 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>216</sup> Supplikk frå fleire allmugemenn i Nedenes 10. april 1787 pakke 7 VII, RA.

<sup>217</sup> Supplikk frå 3 deputerte bønder til København, datert 15. mai 1787, referert i ekstraktpunktokollen s. 79-81, pakke 7 VII, RA.

opsette os mod Landets Love og Vor Konges Allerhøyeste Befalinger.”<sup>218</sup> Argumentasjonen er *legalistisk*; dei understrekar at dei heile tida har ønska å halda seg innanfor lovene og kongen sin vilje.

Styresmaktene fryktar framleis uro etter at Dahl er blitt sett fri. Det blir stadig rapportert om ”gjæring” under overflata, og dei lokale embetsmennene er ikkje trygge på kva allmugen kan finna på. Særleg fryktar dei ein reaksjon på eventuelle dommar mot Lofthus, eller som følgje av oppfatningar om at han ikkje får ei rettferdig rettssak eller blir mishandla i fengselet. Allmugen sender nok ein deputasjon til København for å legga fram saka si. Tre representantar kjem til byen i mai 1787 etter å ha fått reisepass av stiftamtmannen.<sup>219</sup> Den eine av dei tre depurerte, Tarald Egeland, blir verande i byen heilt til han blir arrestert i september, og deretter sendt tilbake i november/desember. Men med unntak av dette og jakta på Salvesen held dei seg tilsynelatande i ro etter arrestasjonen av Dahl.

#### **4.9 Gjeninnføring av ro og orden – motmobilisering**

Styresmaktene visste at å arrestera Lofthus ville vekkja sterke reaksjonar. Dei skundar seg av garde med byttet sitt for å få han ut av allmugen si rekjkjevidde. Dei er også raske med å be om ein kongeleg plakat som kan legitimera arresten.<sup>220</sup> Dessutan lar dei nokre bondeutsendingar få møta Lofthus i Fredriksvern for å dempa mistankane om at han vart mishandla.<sup>221</sup> Militære forsterkingar er allereie henta til distriktet. Styresmaktene kan ha sett for seg ukontrollerte, rasande bønder som gjekk amok i byane; det påstår dei i alle fall. Men dei hadde neppe venta mottrekket med å arrestera ein øvrigheitsperson og forlanga fangeutveksling. Å ”leggja hand på” futen, sjølv om det aldri blir brukt fysisk vald mot han, er i seg sjølv opprørande. Dei av allmugen som først la hand på Dahl blir frå no av rekna som dei mest skuldige og dei som skal straffast hardast – berre utanom Kristian Lofthus sjølv. Stiftamtmann Adeler er ein av fleire som uttrykkjer ønsket om å ta hovudmennene; han argumenterer for at ”de krafftigste Foranstaltninger maatte iværksættes til at paagribe Hovedmændene, i sær dem, som først havde lagt Haand paa Fogden.”<sup>222</sup> Alvoret i hendinga blir seinare understreka av Lofthuskommisjonen. Dei argumenterer for at det krevst nye embetsmenn i distriktet, fordi dei noverande har tapt tillit og autoritet. Fut Dahl er den første

---

<sup>218</sup> Supplikk frå fleire allmugerepresentantar til kongen 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>219</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 17. april 1787, kollegialprotokoll nr. 28, SAK. Supplikk 15. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 79-81, pakke 7 VII, RA.

<sup>220</sup> Brev frå Finne til kanselliet 16. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>221</sup> Brev frå Grodtschilling til kommisjonen 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>222</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 30. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 97-99, pakke 7 VII, RA.

som blir nemnt: ”Fogden Krigsraad Dahls Forflyttelse, synes efter den ham overgangne  
Forsmædelse, i Sær nødvendig.”<sup>223</sup>

Men i første omgang må futen reddast ut av arresthuset. Ein delegasjon under leiing av major Juell blir sendt til arresten for å krevja lauslating. Delegasjonen avslår å forhandla om fangeutveksling med allmugen. Når allmugen då ikkje vil gi slepp på fangen sin, blir militære styrkar sett inn for å tvinga gjennom lauslatinga. 21. mars marsjerer nesten 300 soldatar, både verva og nasjonale, frå Kristiansand til Nedenes arresthus under kommando av generalmajor Dietrichson. Med seg har dei også to kanonar. 24. mars står bondeflokken og kongen sin hær andlet til andlet. Allmugen gjer ingen fysisk motstand, men gir heller ikkje frå seg nøklane til arresthusdøra. General Dietrichson må til slutt beordra døra slått inn med ein rambukk.

Deretter kan han sjølv henta ut fangane. Dahl får tilbod om militær eskorte heim, men avslår. Det ville vore eit endeleg nederlag. Han vil heller få noko av si tapte ære tilbake, og snakkar med allmugen. Dei har på si side innsett at slaget er tapt, og forsikrar Dahl høgt og tydeleg at dei ikkje har noko imot han personleg.<sup>224</sup>

Med militærmakt er den sosiale orden gjeninnført, på overflata i alle fall. Allmugen fekk ikkje forhandla, og måtte bøya seg for overmakta. Men legitimiteten til lokalstyresmaktene er drege i tvil. Allmugen held lenge på at det er tvilsamt om det var kongen sin vilje at Lofthus skulle arresterast. Den kongelege plakaten vart utferda allereie 23. mars,<sup>225</sup> og sendt av garde til stiftamtmannen i 200 eksemplar dagen etterpå.<sup>226</sup> Men i dagane etter at Lofthus vart pågripe får allmugen berre høyra at det var gjort på kommisjonen og stiftamtmannen sin ordre. Det er plakaten frå stiftamtmannen som blir brukt i første omgang,<sup>227</sup> og frå preikestolen 18. mars blir det gjort kjent at det var kommisjonen sin ordre.<sup>228</sup> Altså kunne det tenkjast at dei regionale styresmaktene har handla på eiga hand. Den kongelege plakaten blir ikkje offentleggjort før 5. april.<sup>229</sup>

Militære forsterkingar kom på plass i Arendal og Kristiansand i november 1786, då borgarane frykta stor tilstrauming av bønder til byane.<sup>230</sup> Sidan vart styrkane vekselvis mobilisert og demobilisert, men beredskapen var høg heile tida. Generalitetet fekk dei

<sup>223</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 22. og 27. november 1787, s. 113-114, pakke 7 VIII, RA.

<sup>224</sup> Rapport frå Dietrichson til generalitetet 28. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>225</sup> Kongeleg plakat ”angaaende Christian Jensen Lofthuuses Arrest” av 23. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>226</sup> Referert i ekstraktprotokollen s. 40, pakke 7 VII, RA.

<sup>227</sup> Trykt plakat frå Adeler 17. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>228</sup> Supplikk frå fleire allmugemenn i Nedenes 10. april 1787 pakke 7 VII, RA.

<sup>229</sup> Supplikk frå fleire allmugemenn i Nedenes 10. april 1787 pakke 7 VII, RA. Dessutan brev frå Dahl 7. april og rapport frå Adeler til kanselliet 10. april 1787, begge i pakke 7 III, RA, som seier at plakaten er blitt publisert i ”desse dagar”. Sverdrup skriv i *Lofthusbevægelsen* s. 198 at plakaten ”ankom” den 23. mars, men det kan ikkje stemma.

<sup>230</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 28. november 1786, pakke 7 I, RA. Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 155.

nødvendige fullmaktene frå kanselliet allereie i oktober; det var saman med arrestordren det første tiltaket som vart sett i verk då statsrådet hadde sitt første møte om Lofthusreisinga.

Fleire gonger frå hausten 1786 av vart soldatar og offiserar brukt ved arrestasjonsforsøk og i mindre konfrontasjonar mellom allmuge og øvrigheit. Lauslatinga av Dahl var likevel første gongen militære styrkar vart sett inn i eit større omfang og som eit offensivt maktmiddel.

Oppdraget er ikkje ferdig utført etter dette. Etter at futen er redda ut frå arresthuset flyttar Dietrichson styrkane til Arendal, Grimstad og Lillesand. Hovudstyrken i Arendal blir delt etter nokre dagar der, og Dietrichson reiser 29. mars 1787 tilbake til Kristiansand med eitt av dei to grenaderkompania og artilleriet, medan det andre kompaniet blir verande i Arendal.<sup>231</sup> Kompaniet som held til i Arendal blir erstatta av nasjonale soldatar i Kristiansand. Resten av dei nasjonale får reisa heim. Men sjølv om det ytre sett no er roleg, fryktar Adeler at ny uro kan bryta ut. I starten av april ber han derfor om eit regiment, helst av danske verva soldatar, for å besetta Kristiansand, Arendal og fleire stader der det var nødvendig, og at dette må skje før tinga opnar i starten av mai.<sup>232</sup> Ei veke tidlegare, rett etter hendingane ved arresthuset, ba han om liknande tiltak: Arendal burde få ein garnison, og den i Kristiansand burde rustast opp, i tillegg til at hovudpersonane i oppløpet måtte arresterast.<sup>233</sup> Dahl på si side fryktar for ”et mere rasende Opløb end de forrige ... i fald ikke et eller to Compagnier gevorbne Soldater vare da tilstede”<sup>234</sup>

Sentralstyresmaktene gjer ei liknande vurdering. Generalitetet i København rapporterer i starten av april 1787 om tiltak som er sett i verk for å førebyggja uro: To infanteriregiment har fått ordre om å halda seg i beredskap, for å etter nærmare ordre kunna la to bataljonar og to grenaderkompani samlast i Horten, og derfrå marsjera vidare under felles kommando. Dessutan er det norske artilleridetasjementet beordra til å halda fire kanonar med mannskap klare for å følgja bataljonane, og to akershusiske og eitt smålensk infanteriregiment har fått beskjed om å avsetja mannskap nok til garnisonane på Akershus, Fredrikstad og Fredriksten festningar.<sup>235</sup> Generalmajor Dietrichson blir ”tillagt den behøvende Ordre” i tilfelle nye oppløp.<sup>236</sup>

---

<sup>231</sup> Rapport frå Dietrichson til generalitetet 28. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>232</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 3. april 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>233</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>234</sup> Brev frå Dahl, vidaresendt av Adeler til kanselliet 17. april 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 70-71, pakke 7 VII, RA.

<sup>235</sup> Brev frå generalitetet, med rapport frå det norske generalitetet, til kanselliet 3. april 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 51, pakke 7 VII, RA.

<sup>236</sup> Brev frå kanselliet til generalitetet 27. april og til Adeler 28. april 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 74-75, pakke 7 VII, RA.

Mot slutten av mai avgjer regjeringa at eit grenaderkompani frå Kristiansand skal leggast til Arendal, og at to kompani frå det nordafjelske infanteriregimentet skal flyttast til Kristiansand.<sup>237</sup> Allmugen si jakt på Salvesen i Arendal har aktualisert troppeforsterkinga. Frå fleire lokale embetsmenn blir det våren og sommaren 1787 argumentert for troppeforsterkingar til byen på grunn av trugsmåla mot han. Salvesen sjølv ønskjer ”at Kongen allernaadigst vil sende Egnen en dygtig Krigsmagt, som er det eeneste der kan holde den rebelske Flok i Ave.”<sup>238</sup> Adeler ser ”intet andet Middel, end at de kraftigste Foranstaltninger maatte iværksættes til at paagribe Hovedmændene”.<sup>239</sup> I midten av juni rapporterer Adeler om at det er ganske roleg i Arendal, noko han meiner skuldast grenaderkompaniet som har kome dit.<sup>240</sup> Etter at allmugen på nytt har prøvd å få tak i Salvesen, argumenterer Dietrichson for at ”det maaskee var tienligst, at de tvende Compagnier af det Nordenfieldske Infanterie-Regiment, som skulle forlægges til Christiansand, forbleve i Arendal”. Generalitetet er usamd med Dietrichson, men opnar for at han kan forsterka kompaniet i Arendal med soldatar frå Kristiansand og dei to nemnte regimenta.<sup>241</sup>

Dei ekstraordinære styrkane blir verande i Kristiansand og Arendal lenge. Først i februar 1788 startar diskusjonen om ei eventuell tilbaketrekking.<sup>242</sup> Lofthuskommisjonen argumenterer for tilbaketrekking,<sup>243</sup> medan den nye stiftamtmannen Moltke innstiller på at dei to kompania blir verande inntil vidare – særleg med tanke på utfallet av saka mot Lofthus. Han fryktar då ny uro blant allmugen.<sup>244</sup> Garnisonen i Arendal blir verande til oktober 1788.<sup>245</sup>

#### 4.9.1 Jakt på hovudmennene

Planen er tidleg å få arrestert og straffa Lofthus sine fremste medhjelparar. Frå og med motarrestasjonen 17. mars 1787 og ei stund framover er det særleg jakta på dei som ”først la

<sup>237</sup> Kongeleg resolusjon 25. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen, pakke 7 VII, RA.

<sup>238</sup> Brev frå Salvesen til generaltollkammeret 15. mai 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>239</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 30. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 97-98, pakke 7 VII, RA.

<sup>240</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 13. juni 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 104, pakke 7 VII, RA.

<sup>241</sup> Brev frå generalitetet til kanselliet 30. juni 1787, med rapportar frå Dietrichson, referert i ekstraktprotokollen s. 114-115, pakke 7 VII, RA.

<sup>242</sup> Brev frå generalitetet til kanselliet 18. februar 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 209-210, pakke 7 VII, RA.

<sup>243</sup> Brev frå Lofthuskommisjonen til kanselliet 22. mars 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 210-211, og 4. og 6. september, referert s. 238-239, pakke 7 VII, RA.

<sup>244</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 25. mars 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 211-212, og 6. mai, referert s. 232, pakke 7 VII, RA.

<sup>245</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 4. oktober 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 239, pakke 7 VII, RA.

hand på futen” som opptar styresmaktene. Adeler prøver først å overtala allmugen til å utlevere Torjus Åmli som ein av dei antatte hovudmennene.<sup>246</sup> Det nyttar ikkje. Gjentekne gonger argumenterer han for å bruka militærmakt for å få fatt på hovudpersonane i oppløpet.<sup>247</sup> Sentralstyresmaktene vil også gjerne ha dei tiltalt og dømt ”til vedbørlig Undgieldelse”.<sup>248</sup> Generalmajor Dietrichson føreslår handfaste tiltak i form av 2 galeiar, 4-600 verva soldatar, 30 artilleristar og 4 kanonar for å få hovudmennene fatt. Dette ”maatte skee under det befalende Magtsprog, da de ellers ikke fremstillede sig.”<sup>249</sup> Men det er ikkje lett å få vita sikkert kven dei er ute etter. Allmugen står samla, og vil ikkje utlevera nokon av sine eigne. Anten nektar dei å oppgi namn, eller så melder alle seg som like så skuldige som nokon andre; dei som ikkje sto fremst og fysisk tok fatt i futen, sto like bak og støtta arrestasjonen ved å rekkja opp handa. Sjølv etter å ha gjennomført mange avhøyr innrømmer kommissærane Falsen og Aars så seint som i september 1788 at dei ikkje veit kven dei skuldige er.<sup>250</sup>

Det er altså for det første ikkje lett å få avgjort kven som faktisk la hand på futen. For det andre er det sterke argument mot å bruka makt for å arrestera dei. Særleg etter at uroa har lagt seg kjem innvendingane. Falsen og Aars utset arrestasjonen dei har fått ordre om, då dei trur at det kunne ha ”ubehagelige Følger til Rolighedens Forstyrrelse, i sær effter Almuens Mistroe til Øvrighedens Foranstaltninger.”<sup>251</sup> Både stiftamtmann Moltke<sup>252</sup> og regjeringa støttar haldninga deira.<sup>253</sup>

#### 4.9.2 Premierung av dei som arresterte Lofthus

Etter den vellykka arrestasjonen av Lofthus blir det straks tenkt på premierung av dei som gjennomførte han. Både kommisjonen og stiftamtmannen er raskt ute med å føreslå for regjeringa at Hammer, Salvesen og Nersten skal ”nyde den Belønning deres Tapperhed og

---

<sup>246</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 20. mars 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 40-43, pakke 7 VII, RA.

<sup>247</sup> Rapportar frå Adeler til kanselliet 27. mars, 3. april og 6. juni 1787, pakke 7 VII, RA. Dessutan brev 30. mai referert i ekstraktprotokollen s. 97-99, pakke 7 VII, RA.

<sup>248</sup> Kongeleg resolusjon 25. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 82-83, pakke 7 VII, RA.

<sup>249</sup> Brev frå generalitetet 23. juni 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 111-112, pakke 7 VII, RA.

<sup>250</sup> Brev frå Lofthuskommisjonen til kanselliet 4. og 6. september 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 238-239, pakke 7 VII, RA.

<sup>251</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 22. januar 1788, referert s. 171-174 i ekstraktprotokollen, pakke VII, RA. Den same vurderinga gir dei i brev 30. oktober 1787, pakke 7 III, RA.

<sup>252</sup> Uttale frå Moltke, vidaresendt av rentekammeret til kanselliet 5. juli 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 237-238, pakke 7 VII, RA.

<sup>253</sup> Kanselliet si innstilling 16. november 1787, med kongeleg resolusjon 21. november 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 156. Dessutan svarbrev frå kanselliet 16. februar 1788, referert s. 174, pakke 7 VII, RA.

aflagde vigtige Tieneste fortienar.<sup>254</sup> Kaptein Hammer blir forfremma til generalvegmeister i Bergen, med rang som major og eit årleg tillegg på 200 riksdalar. Lensmann Salvesen blir først forfremma til tollkontrollør i Arendal, og deretter til overtollbetjent i Bergen. Kristen Nersten får ei sølvkanne verd 100 riksdalar. Fut Dahl blir på si side forfremma til fut i nedre Romerike.<sup>255</sup> Anders Møglestu ber om å få dekka 100 riksdalar i reisekostnader fordi han var nøydd til å reisa til København, og får det halve.<sup>256</sup> Også David Natvig og Gabriel Rostrup, som begge vart sett i arresthuset saman med Dahl, søker om premierung. Natvig får ei lita stilling i tollvesenet, og Rostrup blir tildelt 50 riksdalar.<sup>257</sup> Til saman blir 36 personar forfremma for medverkinga si i saka.<sup>258</sup>

#### 4.9.3 Tiltak mot spreiing

Styresmaktene fryktar at reisinga kan spreia seg eller bli halde ved like sjølv om Lofthus er rydda av vegen. Derfor følgjer dei nøyne med på andre som kan tenkjast å fylla ei liknande leiarrolle som den Lofthus hadde. Her er det særleg to personar som peikar seg ut: Øystein Ingolfsland og Peter Bentsen.

Øystein Ingolfsland framstår som ein liknande bondeleiar i Bratsberg som Lofthus er i Nedenes. Amtmann Moltke rapporterer i januar 1787 om at Ingolfsland prøver ”at spille samme Rolle som hiin”, altså Lofthus. Moltke har tatt initiativ til at han blir gripen dersom han reiser ut av amtet, og ber om at han blir arrestert om han kjem til København. Kanselliet er samd.<sup>259</sup> I februar streifar Ingolfsland framleis omkring i bygdene og lokkar allmugen til klage, men Moltke har ikkje arrestert han, då han ”maae frygte at han som en anden Lofthuus og Folkets Talsmand maatte ansees, yndes og beskiermes”<sup>260</sup> Kanselliet svarer at det er best å ikkje arrestera mannen før ein eventuelt har nok brotsverk på han til at han kunne tiltalast ”paa lovlig Maade”.<sup>261</sup>

<sup>254</sup> Rapport frå kommisjonen til kanselliet 24. mars 1787, pakke 7 VII, RA. Tilsvarande frå Adeler i rapport til kanselliet 3. april 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>255</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 221-222. Wergeland, ”Almuestalsmanden Christian Jensen Lofthuus”, 128-133.

<sup>256</sup> Søknad frå Møglestu vidaresendt av rentekammeret 1. november 1787, uttale frå kommisjonen 18. desember og 5. januar, svar frå kanselliet 26. januar 1788. Referert i ekstraktprotokollen s. 168-169, pakke 7 VII, RA.

<sup>257</sup> Søknader frå Rostrup og Natvig, vidaresendt av Falsen og Aars til kanselliet 5. april 1788 og brev frå kanselliet til finanskollegiet og tollkammeret 26. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 227. Vidare svar frå finanskollegiet 30. juni 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 234-235. Pakke 7 VII, RA.

<sup>258</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 222.

<sup>259</sup> Rapport frå Moltke 10. januar og svar frå kanselliet 27. januar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>260</sup> Rapport frå Moltke til kanselliet 14. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>261</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 3. mars 1787, pakke 7 II, RA.

Å arrestera mannen i sitt eige distrikt er for farleg, men i København kan han gjerne pågripast. Utpå sommaren melder Moltke at Ingolfsland kanskje kjem til hovudstaden med supplikkar. Han føreslår at han då blir arrestert for brot på forordninga av 1685, som forbyr klagereiser.<sup>262</sup> Ei eventuell rettssak mot Ingolfsland er derimot risikabel, då det er ”mueligt, at det passerede ikke ansaaes saa viktig og kunde didhen fortolkes, at han, skiøndt bekjent ondskabsfuld Oprører i Bøygden, dog blev frikiendt.”<sup>263</sup> Ingolfsland reiser imidlertid ikkje til København i denne omgangen, og slepp å bli arrestert.

Både Øystein Ingolfsland og resten av allmugen i Telemark ber om at det blir sett ned ein eigen kommisjon for Bratsberg amt.<sup>264</sup> Det blir det ingenting av, først og fremst fordi amtmann Moltke motset seg det. Han meiner at dei nødvendige undersøkingane best blir utført av han sjølv og lagmann Hagerup, noko dei også får i oppdrag å gjera. Å setja ned ein kommisjon ville ”være unyttig”<sup>265</sup> og kun ”medføre Vidtløftighed og Bekostninger”.<sup>266</sup> Moltke er heller ein pådrivar for å få på plass ei nytt sportelreglement, som han trur vil vera det beste middelet til å stansa uroa.<sup>267</sup>

Ein som ikkje er like heldig som Ingolfsland, er skreddar Peter Bentsen frå Kristiansand. Han sende brev til Lofthus hausten 1786 med ønskje om at dei skulle gjera felles sak, noko styresmaktene snappar opp. Adeler kan fortelja at denne Bentsen ”havde Ord for at være ligesaa stor Oprører i Byen som Lofthuus paa Landet.”<sup>268</sup> Bentsen oppheld seg på dette tidspunktet i København, og regjeringa reagerer raskt. Politimeisteren får ordre om å arrestera Bentsen, og dagen etter, den 6. april 1787, sit skreddaren i arresten.<sup>269</sup> Forhøyra får imidlertid ikkje fram nye opplysingar. Kanselliet innstiller derfor på lauslating, men kongen følgjer ikkje rådet.<sup>270</sup> Først i slutten av august blir han sett fri mot kausjon, og må bli i København inntil vidare.<sup>271</sup> I februar blir kausjonen oppheva, og Bentsen kan reisa heim.<sup>272</sup> Trass i at styresmaktene ikkje har ei sak mot Bentsen, blir han altså sitjande i fengsel frå starten av april til slutten av august, og får deretter ikkje reisa heim før i februar året etter.

<sup>262</sup> Forordning 5. februar 1685, Schmidt I, 130-137.

<sup>263</sup> Rapport frå Moltke til kanselliet 18. juli 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 117-118, pakke 7 VII, RA.

<sup>264</sup> Supplikk frå allmugen i Telemark til Colbjørnsen 3. april, referert s. 62-64, og til kommisjonen 28. juli 1787, referert s. 125-127 i ekstraktprotokollen. Supplikk frå Ingolfsland til kronprinsen 13. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 135, pakke 7 VII, RA.

<sup>265</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 5. september 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 147-148, pakke 7 VII, RA.

<sup>266</sup> Rapport frå Moltke til kanselliet 14. mars 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 54-58, pakke 7 VII, RA.

<sup>267</sup> Tatt opp i ei rekke brev til kanselliet, mellom anna 14. mars, 28. mars, 11. april, 16. mai og 5. september 1787. Alle referert i ekstraktprotokollen, pakke 7 VII, RA.

<sup>268</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 27. mars 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 51-52, pakke 7 VII, RA.

<sup>269</sup> Brevveksling 5.-7. april 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 52, pakke 7 VII, RA.

<sup>270</sup> Brevveksling 14.-28. april 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 68-70, pakke 7 VII, RA.

<sup>271</sup> Brevveksling 17.-28. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 136, pakke 7 VII, RA.

<sup>272</sup> Kongeleg resolusjon 13. februar 1787, meldt politimeisteren 23. februar, referert i ekstraktprotokollen s. 174, pakke 7 VII, RA.

Den ulike behandlinga av Bentsen og Ingolsland skuldast truleg at Bentsen faktisk oppheldt seg i København under den største uroa, medan Ingolsland fanst mellom sine eigne. Ein arrestasjon i hovudstaden var mykje mindre risikofylt.

#### **4.10 Dei langsigktige mottiltaka – motmobilisering og demobilisering**

Styresmaktene fekk større pusterom då den største uroa hadde lagt seg og styresettet ikkje lenger vart ope utfordra. Ut over sommaren og hausten 1787 blir ropa på militærhjelp og arrestasjonar sjeldnare. Med militære forsterkingar på plass heilt fram til hausten året etter, blir det framover fokusert på andre verkemiddel. Undersøkingar og vidare handsaming av klagene til allmugen, saman med sjølve saka mot Lofthus, er det som opptar styresmaktene mest.

Lofthuskommisjonen utførte sitt viktigaste bidrag til å dempa uroa ved å vera til stades i Kristiansand i januar og februar 1787 og gjennomføra undersøkingar og vitneavhøyr. Det gav allmugen ei kjensle av at klagene deira vart tatt på alvor av styresmaktene, og ei stund hadde dei nok å gjera med å koma godt ut av avhøyra. Forhøyra gjorde dessutan at allmugen kom meir på defensiven; på direkte spørsmål frå kommisjonærane inne i avhørysrommet kunne dei ikkje stå inne for klager som ikkje gjaldt dei sjølv og som dei ikkje kunne dokumentera.<sup>273</sup> Suspenderinga av sorenskrivarane Smith og Brønsdorph i midten av februar var det første resultatet av undersøkingane, og dette må ha styrka allmugen si tiltru til at saka no var på rett veg. Naudhjelpa i form av kornutdeling verka i same retning. Samtidig skapte kommisjonsundersøkingane føresetnader for å arrestera Lofthus. Avgjerda var fatta for lenge sidan; styresmaktene berre leita etter det rette tidspunktet for å gjennomføra pågripinga. Lofthus kjende seg truleg tryggare då han ikkje vart arrestert med ein gong fristen for leidet var ute, og kommisjonen deretter reiste frå distriktet.

Lofthuskommisjonen avslutta ikkje arbeidet sitt då dei reiste frå Kristiansand i februar. Innstillinga deira vart delt i fire delar, som vart ferdigstilt på ulike tidspunkt. I løpet av 1787 leverte dei innstillingar i saka mot sorenskrivarane Smith og Brønsdorph i mai, saka mot Lofthus i juni, saka om trelasthandelen i september og om dei resterande klagene til allmugen i november. Kvar av desse innstillingane gav opphav til ein vidare prosess; delvis gjennom nye kommisjonar og delvis i det ordinære embetsverket.

---

<sup>273</sup> Forhørysprotokollen, pakke 7 V, RA.

#### **4.10.1 Saka mot Smith og Brønsdorph**

Sorenskrivarane Hans Smith og Christian Brønsdorph vart suspendert frå embeta sine i februar 1787 etter pålegg frå Lofthuskommisjonen.<sup>274</sup> To nye, Nils Bonnevie og Laurits Thrap, vart konstituert av stiftamtmannen i deira stad.<sup>275</sup> Kommisjonærane uttrykte at dei var leie for å måtta gå inn for suspensjonen, men viste til den kongelege orden av 29. desember 1786.<sup>276</sup> Dei oppfatta tydelegvis at det var avgjort på førehand og på høgaste hald at nokre embetsmenn skulle ofrast. Regjeringa hadde gjort denne vurderinga i ein situasjon då dei framleis vurderte Lofthusreisinga som farleg. Det kunne kanskje ha blitt andre embetsmenn som vart utpeikt som syndebukkar, men Smith og Brønsdorph var nok gode kandidatar.

12. mai leverer kommisjonen innstilling i saka mot sorenskrivarane. Kommisjonen finn at ”de imod dem paaklagede Sportler, ere befundne temmelig overdrevne, og langt fra ikke af Lov eller Anordninger hiemlede”. Likevel kan sportuleringa ”dog ikke ... komme i Betragtning, som virkende Aarsager til Suspensionen”, då slike sportlar hadde vore i bruk og blitt betalt i lang tid.<sup>277</sup> Kommisjonen finn enkelte argument for å få saka avgjort gjennom ei rettssak, men meiner at ein kongeleg resolusjon vil vera ein betre framgangsmåte. Då kan sorenskrivarane sleppa unna med ei bot til fattiggassene i distrikta, og formelt kunna få tilbake embeta sine. Men då ”Roelighedens Vedligeholdelse i disse Egne meget beroer paa hvad Agtelse of Fortroelighed Almuen kan have til sin nærmest foresatte Øvrighed, som den vel ikke nu for det første vil kunde tilstaae Smith og Brønsdorff”, og desse to ”ikke kan, ikke heller med Ære og Nyte meere kunne forestaae Rblaugets Sorenskriverier”, vil kommisjonen ikkje tilrå at dei faktisk blir verande i desse embeta. Dette kan løysast fordi begge sorenskrivarane ”uden Velfærds Spilde, ja uden synderlig Skade, kunde gjøre deres Tjenester ledige for andre”.<sup>278</sup> Altså ei minneleg ordning for Smith og Brønsdorph, der dei frivillig kan gå ut av embeta sine. Smith, som også eig Froland jernverk, har i lengre tid hatt sorenskriveriet som ei ubetydeleg bisak. Brønsdorph er på si side berre konstituert sorenskrivar og må betala den eigentlege sorenskrivaren ein større sum kvart år.

Regjeringa er av ei anna mening, og avgjer at det skal reisast tiltale mot dei to. Kanselliet og kongen meiner ”at det ikke var Satisfaction nok for Publicum og den fornærmede Almue” om Smith og Brønsdorp utan ei vidare rettssak går frå embeta og betaler ei bot. Dei ”burde til Exempel for andre tiltales og dømmes til Embeds Forbrydelse eller

<sup>274</sup> Brev frå kommisjonen til Adeler 12. februar 1787, innkomne brev nr. 1279, SAK.

<sup>275</sup> Vedtak av stiftamtmann Adeler 13. og 16. februar 1787, resolusjonsprotokoll nr. 9, SAK.

<sup>276</sup> Brev frå kommisjonen til Adeler 12. februar 1787, innkomne brev nr. 1279, SAK.

<sup>277</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 12. mai 1787, s. 1, pakke 7 IV, RA.

<sup>278</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 12. mai 1787, s. 16, pakke 7 IV, RA.

anden vilkaarlig Straf effter Omstændighederne,” og erstatta det dei hadde kravd inn for mykje.<sup>279</sup> Generalfiskalen får deretter ordre om å ta ut tiltale. Etter mykje om og men blir byfuten i Arendal, Nils Berg, og borgarmeister i Kristiansand, Otto Nideros, utnemnt til kommisjon i saka.<sup>280</sup> Advokaten til Smith og Brønsdorph prøver å få snevra inn tiltalen,<sup>281</sup> men regjeringa held på at regjeringa sin tiltale ikkje kunne falla bort, då ”Sagen ikke var Klagernes men Regjeringens.”<sup>282</sup>

Berg/Nideros-kommisjonen avseier dom først 7. januar 1790. Smith og Brønsdorph blir dømt til å betala store bøter i erstatning, men ankar. Ved dommar i Högsterett 19. april 1790 og 19. oktober 1791 blir suspensjonane oppheva. Dessutan blir bøtene sett litt ned. Smith går tilbake til embetet sitt i nokre månader før han søker avskil.<sup>283</sup> Brønsdorph blir innan få år overhoffretsadvokat og sidan tollprokurør i Trondheim.<sup>284</sup> Regjeringa ser altså Smith og Brønsdorph som veleigna syndebukkar i første omgang, og legg til rette for ein politisk dom mot dei. Lofthuskommisjonen prøver derimot å forsvara dei. Dommen i Högsterett markerer ei haldningsendring i det sentrale embetsverket, då Smith og Brønsdorph langt på veg får oppreising.<sup>285</sup>

#### 4.10.2 Saka mot Lofthus og dei andre hovudmennene

Lofthuskommisjonen si innstilling i saka mot Lofthus kjem ein månad etter innstillinga i saka mot sorenskrivarane. Men det vidare arbeidet går raskare og var høgare prioritert. Den endelige dommen kjem likevel ikkje før mykje seinare.

Kommisjonen finn grunnlag for åtte ulike anklagar mot Lofthus (gjengitt i avsnitt 5.5). Den viktigaste anklaga handlar om brot på forordninga av 1765; møteforbodet.<sup>286</sup> Kommisjonen meiner at Lofthus minst må få festningsstraff, og innstiller på at det skal haldast rettssak mot han. Men det er ikkje tilrådeleg å la Lofthus bli frakta til Kristiansand og få vera der under rettssaka. I staden bør det setjast ned ein kommisjon i Kristiansand, og

<sup>279</sup> Innstilling frå kanselliet og kongeleg resolusjon på dette 1. juni 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 94-95, pakke 7 VII, RA.

<sup>280</sup> Ordre 26. oktober 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 154, pakke 7 VII, RA. Nideros gjekk då inn i krigsråd Aarestrup sin stad, som først fekk ordren, men som slett ikkje ville. Heile prosessen med å finna to kommissærar tok nesten tre månader.

<sup>281</sup> Søknad frå advokat Schønheyder 29. desember 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 169-170, pakke 7 VII, RA.

<sup>282</sup> Brev frå kanselliet til Berg og Nideros 16. februar 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 170-171, pakke 7 VII, RA.

<sup>283</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786-1797”, 63.

<sup>284</sup> Wergeland, ”Almuestalsmanden Christian Jensen Lofthus”, 140.

<sup>285</sup> Såghus, *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 – 1793*, 37-38.

<sup>286</sup> Forordning 5. juli 1765, Schmidt I, 698.

Lofthus må få ein forsvarar som kan vera til stades der. Dom bør avseiaast etter ei personleg rettssak på ein annan stad. Lofthus skal også få lesa gjennom rettsdokumenta og få stilla kontraspørsmål til vitna gjennom forsvararen sin. Om det er best med rask handling eller utsetjing av saka overlet dei til kongen å avgjera. Kommisjonen listar deretter opp Lofthus sine sannsynlege medskuldige, og avsluttar med ein positiv omtale av allmugen sin kongetruskap.<sup>287</sup>

Tidleg i august 1787 blir det gitt kongeleg ordre om den vidare framgangsmåten: Falsen og Aars skal utgjera ein ny kommisjon i Kristiansand, der dei skal gjera vidare undersøkingar, ta opp vitneavhøyr og leggja grunnlaget for sjølve rettssaka mot Lofthus. Etter at vitneavhøyra og undersøkingane i Kristiansand er avslutta skal det avseiaast dom i saka mot Lofthus og hovudmennene elles i Kristiania, av ein kommisjon av Scheel, Colbjørnsen, Falsen og Aars. Generalfiskal (øvste statsanklagar) Uldall får i oppdrag å føra saka på vegner av staten. Dei andre hovudmennene skal også dømast. Kommisjonen får ordre om å pågripa dei ”mest skuldige” inntil dom er avsagt; Ole Høyda, Gunnar Rise og Torjus Åmli blir nemnt spesielt. Stiftamtmannen får ordre om å skaffa Lofthus ein forsvarar, som han kunne få velja sjølv.<sup>288</sup> Kongen vil dessutan at saka skal gjerast ferdig så snart som råd.<sup>289</sup>

Kommisjonsarbeidet i Kristiansand startar i november 1787 og blir avslutta i mars 1788. Kommisjonsaktene er ferdigskrivne og blir overlevert aktor og forsvarar på hausten.<sup>290</sup>

Nokre forhold ved dette kommisjonsarbeidet skal kommenterast spesielt: For det første meinte altså styresmaktene at det ikkje var forsvarleg å la Lofthus vera i Kristiansand under kommisjonsarbeidet der. Lofthuskommisjonen seier i innstillinga si frå mai at dei

troe det alt for voveligt, i Henseende hvad Følger deraf mueligen kunde entstaae, at lade Lofthuus oftere, i Sær som criminell og Tiltalt, komme Almuer, der troe sig at lide med ham, og vist vilde være for svage til at modstaae hans personlige Indflydelse og det nærværende Øyebliks Indtryk, for Øynene.<sup>291</sup>

Her bør det derfor gjerast unntak frå den ”almindelige Methodus procedendi”, og det kan forsvarast sidan det ”ingen Følge kan have til virkelig Skade for den Tiltalte, eller til Indskrækelse i hans Forsvars Ret”.<sup>292</sup> For det andre skal den avsluttande rettssaka mot

---

<sup>287</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling 16. juni 1787, ”angaaende Christian Jensen Lofthuus”, pakke 7 VIII, RA.

<sup>288</sup> Kongelege ordrar 3. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 120-121, pakke 7 VII, RA.

<sup>289</sup> Kongeleg resolusjon 27. juli 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 119-120, pakke 7 VII, RA.

<sup>290</sup> Kommisjonsakta er datert 20. november 1787 – 10. mars 1788. Brev frå Falsen og Aars til kanselliet om at dei har planlagt start 20. november, datert 30. oktober 1787, pakke 7 III, RA. Stadfesting frå aktor Gundelach og forsvarar Germann om at dei har mottatt kommisjonsaktene 3. september 1788, pakke 7 IV, RA.

<sup>291</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling 16. juni 1787, s. 70-71, pakke 7 VIII, RA.

<sup>292</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling 16. juni 1787, s. 71, pakke 7 VIII, RA.

Lofthus og dei andre hovudmennene *ikkje* haldast i Kristiansand, men derimot i Kristiania. Det kan vera av omsyn til embetsmennene i kommisjonen, som har sitt daglege verke i Kristiania. Det kan også vera fordi styresmaktene fryktar at utfallet av rettssaka vil føra til meir uro. Sjansane vil vera større for det med kommisjonen til stades i allmugen sitt heimedistrikt.

For det tredje diskuterer styresmaktene lenge og vel kven som skal forsvara Lofthus. Lofthus skal i utgangspunktet få velja forsvararen sin sjølv. I første omgang vil Lofthus slett ikkje ha nokon forsvarar, men heller forsvara seg sjølv og vera til stades ved kommisjonen i Kristiansand.<sup>293</sup> Men styresmaktene vil på ingen måte ha Lofthus i eigen person tilbake i Agder. Eit slikt krav kan dei ikkje gå med på. Kommisjonsmedlemmene Falsen og Aars fryktar på si side at valet då skal hamna på prokurator Schweder, som har lagt seg ut med embetsmenn tidlegare, og dei ber straks om at Schweder blir utelukka.<sup>294</sup> Det er generalfiskalen ikkje samd i.<sup>295</sup> Schweder blir dermed utnemnt til forsvarar.<sup>296</sup> Kommissærane oppfattar han fort som ein pest og ei plague. Dei klagar over Schweder si framferd under vitneavhøyra og elles i kommisjonsarbeidet. Anten må Schweder erstattast, eller så ber dei seg frittatt frå kommisjonen.<sup>297</sup> Generalfiskalen medgir at det kunne ha ”skadelig Indflydelse paa Forretningen selv, og Commissariernes Lyst til at udføre samme” dersom dei ikkje får medhald, men går likevel mot å fjerna Schweder.<sup>298</sup> Kongen gir Schweder refs for framferda hans og trugar med at han sjølv kan bli tiltalt og straffa.<sup>299</sup> Falsen og Aars vil framleis bli kvitt Schweder, og i mai 1788 får dei endeleg medhald. Kanselliet ber stiftamtmann Scheel om å finna ein ”dugeleg og påliteleg mann” til forsvaret av Lofthus.<sup>300</sup> Prokurator Thomas Lund blir dermed utnemnt, men Lofthus ønskjer å få Schweder tilbake. Styresmaktene meiner på si side at Schweder ”isteden for at tiene Loftus til Nutte, hellere tiente til paa nye at forvilde Almuen,” og avslår søknaden frå Lofthus.<sup>301</sup>

---

<sup>293</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 25. september 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 149-150, pakke 7 VII, RA.

<sup>294</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 11. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 128-131, pakke 7 VI, RA.

<sup>295</sup> Brev frå generalfiskalen til kanselliet 17. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 131-132, pakke 7 VII, RA.

<sup>296</sup> Notis frå kanselliet til generalfiskalen 13. oktober 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 153, pakke 7 VII, RA.

<sup>297</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 4. desember 1787, pakke 7 III, RA.

<sup>298</sup> Erklæring frå generalfiskalen til kanselliet 15. desember 1787, pakke 7 III, RA.

<sup>299</sup> Kongeleg resolusjon 28. desember 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 166-167, pakke 7 VII, RA.

<sup>300</sup> Svar til Falsen og Aars og brev til Scheel, begge 10. mai 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 230-231, pakke 7 VII, RA.

<sup>301</sup> Brev frå Scheel til kanselliet 5. desember 1788 og svar frå kanselliet 3. januar 1789, referert i ekstraktprotokollen s. 241-243, pakke 7 VII, RA

Eit fjerde interessant forhold ved kommisjonsarbeidet er bruken av forsvarar meir generelt. Kommisjonen, generalfiskalen og kanselliet drøftar spørsmålet seg i mellom og kjem fram til at det ikkje er nødvendig med forsvarar til stades under inkvisisjonsavhøyra, då det vil gjera det vanskeleg å få fram sanninga. Først når vitneavhøyra startar kan dei tiltalte få tildelt ein forsvarar.<sup>302</sup> Det er heller ikkje nødvendig med forsvarar til stades når Lofthus skal avhøyrast i Kristiania av Scheel og Colbjørnsen i samband med undersøkingskommisjonen sitt arbeid.<sup>303</sup>

Undersøkingskommisjonen av Falsen og Aars har også fått ordre om å pågripa dei antatte hovudmennene etter vitneavhøyra.<sup>304</sup> Det verkar dei først innstilt på å gjera, viss dei får militær hjelp.<sup>305</sup> Men på plass i Kristiansand melder Falsen og Aars at dei fryktar kva som kan skje ved slike arrestasjonar, og meiner det bør brukast sparsamt.<sup>306</sup> Kanselliet støttar dei i å utsetja arrestasjonane.<sup>307</sup> I januar 1788 sender undersøkingskommisjonen inn ei liste over dei 10 personane dei rekna som dei mest skuldige i arrestasjonen av Dahl,<sup>308</sup> og dei to som var dei fremste av Lofthus sine medskuldige.<sup>309</sup> Av desse tolv framstår Gunnar Rise som den aller mest delaktige. Men av omsyn til den offentlege ro og orden er ingen arrestasjonar gjort.<sup>310</sup> Gunnar Rise blir også seinare framheva spesielt, men på hausten 1788 blir det framleis rekna som uklokt å arrestera nokon for pågripinga av futen.<sup>311</sup>

Sluttføring og dømming i saka startar 25. august 1789.<sup>312</sup> Denne ”Akershuskommisjonen” er frå starten sett saman av dei fire opphavlege kommisjonærane, men i 1790 blir både Scheel og Falsen bytta ut. Ny leiar av kommisjonen er frå av den nye stiftamtmannen i Akershus, Fredrik Moltke. Utanom Lofthus er 17 personar stevna. Heile hausten 1789 går med til avhøyr av Lofthus. I januar 1790 startar aktor arbeidet med å leggja

<sup>302</sup> Brev frå generalfiskalen til kanselliet 17. august 1787, referert s. 131-132, og notis frå kanselliet til kommisjonen 1. september 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 137-138, pakke 7 VII, RA.

<sup>303</sup> Brev frå generalfiskalen til kanselliet 6. oktober 1787, pakke 7 III, RA, og brev frå kanselliet til Scheel 13. oktober 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 152-153, pakke 7 VII, RA.

<sup>304</sup> Kongeleg ordre 3. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 120, pakke 7 VII, RA.

<sup>305</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 11. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 128-131, pakke 7 VII, RA.

<sup>306</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 30. oktober 1787, pakke 7 III, RA. Dessutan brev frå Falsen og Aars til kanselliet 22. januar 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 171-174, pakke 7 VII, RA.

<sup>307</sup> Svar frå kanselliet 16. november 1787, referert s. 156, og svar frå kanselliet 16. februar 1788, referert s. 174 i ekstraktprotokollen, pakke 7 VII, RA.

<sup>308</sup> Ommund Seldal, Gunnar Rise, Ole Høyda, Torjus Åmli, Ånon Sti, Vrål Hovatn, Halvor Tørvolt, Lars Rise var dei 8 som først skulle ha lagt hand på futen. Dessutan Halvor Gauslå og Mikkel Veding som hadde ein slags kommando under arresttida.

<sup>309</sup> Aslak Håbesland og Ole Sangereid.

<sup>310</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 22. januar 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 171-174, pakke 7 VII, RA.

<sup>311</sup> Brev frå kommisjonen til kanselliet 4. og 6. september, referert s. 238-239, og brev frå kanselliet til stiftamtmannen 4. oktober 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 239, pakke 7 VII, RA.

<sup>312</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”.

fram bevis i saka, som endar med påstand om at Lofthus er skuldig på alle punkt i tiltalen. Påstanden for dei andre tiltalte er om dødsstraff eller festningsarbeid i jern. Etter utskiftingar i kommisjonen og ei nye utnemning av forsvarar som Lofthus ikkje vil ha, blir saka utsett til hausten 1790. Deretter følgjer forsvarsinnlegg og nytt innlegg frå aktor. Dom blir til slutt avgagt 15. mars 1792. Lofthus blir funnen skuldig i seks av åtte tiltalepunkt og dømt til festningsarbeid i jern på livstid. Av dei 17 andre tiltalte er to døde, og to blir frikjent. Dei 13 resterande blir dømt til festningsarbeid i eitt til tre år og somme til valdsbøter i tillegg. Regjeringa avgjer allereie same året at saka skal opp i Högsterett. I april 1797 startar saka der, halvannan månad før Lofthus døyr. Dommen kjem 5. april 1799 og stadfestar kommisjonsdommen.

#### **4.10.3 Saka om trelasthandelen**

21. september 1787 leverer Lofthuskommisjonen innstillinga si i spørsmålet om trelasthandelen mellom allmugen i Nissedal og Torrisdal og kjøpmennene i Arendal. Kommisjonen meiner at bøndene får alt for dårlige prisar av trelasthandlarane, og at det trengst strakstiltak for å avhjelpe nauda: kredittlån og forskot i pengar eller korn. Fløytinga må under oppsyn og kontroll, og elvene må reinskast for gammalt tømmer. Dei luftar også ideen om å utvida handelsrettane til å gjelda fleire. Dei støttar dessutan Moltke sitt forslag om ein eigen kommisjon i saka.<sup>313</sup> Det siste startar ein lang diskusjon i styringsverket. Rentekammeret er skeptisk, Scheel og dei andre kommissærane står på sitt, kanselliet verkar positive, medan den nye stiftamtmannen Moltke er ein klar tilhengar av ein eigen kommisjon. Til slutt gir rentekammeret seg. I november 1788 blir det avgjort ved kongeleg resolusjon at ein kommisjon skal setjast ned, og Fredrik Moltke, Paul Terkelsen og Hans Borthig får i oppdrag å utgjera kommisjonen i saka.<sup>314</sup>

Denne ”Moltkekommisjonen” startar arbeidet sitt i mars 1789 og avsluttar det i 1795. Mandatet deira er å undersøkja handelsforholdet mellom kjøpmenn og bønder, gjera avslag i eventuelle urimelege eller lovstridige gjeldsfordringar, og utarbeida ein plan til eit betre handelsforhold. Resultata frå kommisjonsundersøkingane er ein plan for reinsking og fløyting i elvene i 1789, ei likvidasjonskjennung i 1792 som tilkjener bøndene store erstatningar frå

---

<sup>313</sup> Innstillinga er referert i ekstrakprotokollen s. 219-224, pakke 7 VII, RA. To ukomplette konsept finst i pakke 7 IV.

<sup>314</sup> Kongeleg resolusjon 7. november og ordre 21. november 1788, referert i ekstrakprotokollen s. 241, pakke 7 VII, RA.

kjøpmennene, og ein handelsplan i 1795 som skal få slutt på den skadelege kreditthandelen. Det er ein siger for bøndene og ein betinga siger for dei mindre trelasthandlarane.<sup>315</sup>

#### 4.10.4 Dei resterande klagene

Den siste innstillinga frå Lofthuskommisjonen kjem 22. og 27. november 1787, og går systematisk gjennom dei ulike klagene frå allmugen slik dei kom fram i forhøyra. Innstillinga er delt i 14 spesielle og 4 generelle klagepostar.<sup>316</sup> Den vidare saksgangen er ulik for dei ulike postane; enkelte blir avgjort etter at innstillinga er vurdert av rentekammeret og kanselliet, andre blir undersøkt nærmare ved å innhenta fleire opplysningar frå det regionale embetsverket.

Bøndene får delvis medhald i klagene sine i kommisjonen si innstilling. Kommisjonen føreslår enkelte lettingar i skatter og avgifter, og andre endringar som skal sikra betre oversikt og kontroll. Men fleire av klagepostane der kommisjonen har sympati med allmugen blir seinare avvist av det sentrale styringsverket. Det gjeld mellom anna løyve til brennevinsbrenning, ettergiving av  $\frac{1}{4}$  prosentskatten, letting av handels-, konsumsjons- og lausgjengarskatten og ei viss ettergiving av betaling for magasinkorn. Kommisjonen held samtidig handa si over dei påklaa embetsmennene; både lensmann, futar og sorenskrivarar (med unntak av Smith og Brønsdorph som allereie var tiltalt) blir stort sett frikjent for påstandane om overdriven sportulering. Det lite oppdaterte regelverket får ta skulda.<sup>317</sup>

Dei mest positive utfalla av Lofthuskommisjonen sitt arbeid, ved sida av ein friare trelasthandel, blir rekna å vera nytt sportelreglement og oppheving av det danske kornmonopolet.

Utkastet til sportelreglementet blir utforma av ein kommisjonen samansett av to frå Lofthuskommisjonen, stiftamtmann Scheel og lagmann Colbjørnsen, i tillegg til justisråd Hagerup frå Bratsberg.<sup>318</sup> Lofthuskommisjonen meiner at dei nye reglane vil fjerna årsakene til mange av klagene som vart behandla i den siste innstillinga. Dessutan er amtmann i Bratsberg og seinare stiftamtmann i Kristiansand Moltke ein viktig pådrivar for å få på plass eit nytt sportelreglement. Han etterlyser dette fleire gonger, og meiner det ville vera ”det beste Middel til at standse Urolighederne blandt Almuen”.<sup>319</sup> Oppdraget med å laga utkast var gitt

<sup>315</sup> Sætra, *Embetsmann, bonde, borger*, 128-174.

<sup>316</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling av 22. og 27. november 1787, pakke 7 VIII, RA.

<sup>317</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling av 22. og 27. november 1787, pakke 7 VIII, RA. Dessutan vidare korrespondanse i embetsverket, referert ulike stader i ekstraktprotokollen, pakke 7 VII, RA.

<sup>318</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797”, 68.

<sup>319</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 5. september 1787, referert s. 147-148 i ekstraktprotokollen. Dessutan tatt opp i

allereie før uroa i Nedenes og Bratsberg tok til, men det tar si tid. Lofthusreisinga gjer at det blir fart i saka, og 11. juni 1788 er reglementet endeleg på plass.<sup>320</sup>

Lofthuskommisjonen meiner at dei høge kornprisane er den mest grunnleggjande årsaka til bøndene sin elendige situasjon. Det er ”[d]en viktigste Klage, den, som absorberer alle de øvrige, den, som skjuler den sande og første Grund til de Klagende Almuers Misfornøyelse og Uroelighed”.<sup>321</sup> Her er dei også krystallklare i forslaget på kva som kan bøta på situasjonen: Kornmonopolet i det sønnafjelske Noreg må opphevast, og landet må få ein fri kornimport. I juni 1788 blir kornmonopolet oppheva.

#### **4.11 Konfrontasjonar, kompromiss og overmakt**

Sjølve Lofthusreisinga var over i 1787, men rettssaka mot Lofthus og dei andre som var funne skuldige heldt fram i mange år. Først i 1799 stadfesta høgsterett dommane. Då var Lofthus allereie død, og allmugen demobilisert for lenge sidan.

Lofthusreisinga har fått æra av å ha framkalt nyttige reformer, som skal ha blitt innført som mottiltak for å stagga dei urolege bøndene. Sverdrup oppsummerer med at ”Lofthusbevægelsen gav støtet til en række forordninger som søkte at bøte paa de forhold som misnøiet særlig hadde vendt sig mot: embedsmændenes sportulering, kornhandelen og borgernes handelsprivilegier.”<sup>322</sup> Særleg er opphevinga av kornmonopolet trekt fram i litteraturen. Det verkar sannsynleg at Lofthusreisinga har verka i positiv retning her, og i alle fall gav det embetsmennene i Noreg ein sjanse til å argumentera kraftfullt for ei liberalisering. I kva grad Lofthusreisinga har vore avgjerande for utfallet vil eg koma tilbake til i neste kapittel.

Det var ikkje å venta at Lofthusreisinga skulle vara over lengre tid. Det var heller ikkje vanskeleg for styresmaktene å gjenvinna initiativet og overtaket etter at dei først vart overraska over styrken i reisinga. Allmugen hadde ingen intensjonar om å utfordra heile styresettet. Dei var klar over at dei ikkje kunne vinna ein konfrontasjon over tid, og gjekk raskt på defensiven då mottiltaka vart sett inn. No handla dei igjen i tråd med tradisjonell ”bondeforsiktigkeit”<sup>323</sup> Det interessante ved Lofthusreisinga sett i forhold til tidsepoken – det vil seia før dei klassisk moderne sosiale rørslene sitt gjennombrot – er at ho fekk eit såpass

---

ei rekke andre brev, mellom anna 14. mars, 28. mars, 11. april og 16. mai 1787. Alle referert i ekstraktraprotokollen, pakke 7 VII, RA.

<sup>320</sup> Forordning 11. juni 1788, Schmidt II, 209-222.

<sup>321</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling 22. og 27. november 1787, s. 94, pakke 7 VIII, RA.

<sup>322</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 248.

<sup>323</sup> Rian, ”Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk”, 39.

stort omfang, at allmugen ved eit par høve handla så godt koordinert og organisert, og at dei kravde å bli tatt på alvor som forhandlingspart.

Interaksjonen mellom allmugen og styresmaktene var det som avgjorde omfanget og intensiteten i reisinga. Dei undertrykkande trekka ved øvrigheita sine tiltak – arrestasjonsforsøka og sjølve arrestasjonen – vekte sterke reaksjonar blant allmugen. Reaksjonane kom i form av ein raskt mobilisert ”bondehær” heile tre gonger. At allmugen reagerte så raskt viser at dei var mentalt førebudd på handling av denne typen. Reaksjonen var *ikkje* blindt raseri eller valdsbruk, men sindig og godt organisert åtferd. I strid med eineveldet sin ideologi, der allmugen var undersåttar som skulle lyda ordre frå sine overordna, kravde dei å bli høyrt i kraft av å vera mange og å stå saman. Dei kravde dessutan å *forhandla* om Lofthus sin situasjon, og gjekk langt i å ta seg til rette når dei ville forsvara han. Dette var ikkje, i alle fall i eit slikt omfang, akseptabelt frå styresmaktene si side. Ved dei to første store allmugesamlingane vart det inngått utsetjande kompromiss. Den tredje gongen var forhandlingsvegen stengt. Styresmaktene valde å satsa på militær overmakt. Slik ser vi at valdsbruk frå styresmaktene framprovoserte ein reaksjon frå allmugen i form av styrkedemonstrasjon og krav om forhandlingar, som igjen fekk styresmaktene til å svara med kraftigare maktbruk. Men denne maktbruken var ikkje utelukkande militær. I neste kapittel vil eg gå inn på breidda i styresmaktene sine verkemiddel og nyansane i maktbruken.

## Kapittel 5: Verkemidla til styresmaktene

Styresmaktene møtte Lofthusreisinga med ei rekke ulike verkemiddel. Som vist i førre kapittel varierte verkemiddelbruken mellom anna med kor akutt styresmaktene vurderte at trugsmålet frå reisinga var. Vedtaka om å setja ned ein undersøkingskommisjon og å gi leide og fritak for arrest for Lofthus på seinhausten og vinteren 1786, kom i ein situasjon då allmugen var på offensiven. Den første reaksjonen frå sentralstyresmaktene etter det store oppmøtet på Lillesand-tinget tidleg i oktober, var ein arrestordre mot Lofthus. Men etter kvart endra styresmaktene taktikk, frå repressive tiltak til ei meir imøtekommende linje. Dei oppdaga for alvor styrken i allmugemobiliseringa då ein mannssterk delegasjon kom nedover til København og den andre ”bondehæren” samla seg i Agder. Nye arrestordrar vart trukke tilbake etter protestar og forhandlingar.

Kommisjonsvedtaket og leidet var klare innrømminger frå styresmaktene overfor allmugen sine krav. Til samanlikning fekk allmugen i Telemark ikkje ein tilsvarande kommisjon, sjølv om dei ba om det gjentatte gonger. Der hadde dei regionale styresmaktene større kontroll med situasjonen. Saka vart ”løyst” ved at amtmann Moltke saman med lagmann Hagerup gjennomførte undersøkingane sjølv, på kortare tid, og gjekk mindre grundig til verks. Denne forskjellen mellom Agder og Telemark skuldast i første rekke omfanget av mobiliseringa, men kan også seia noko om ulikskapane mellom amtmennene Adeler og Moltke, som handterte uroa på kvar sine måtar. Medan Moltke insisterte på å ha full kontroll sjølv og bruka det ordinære styringsverket, ba Adeler om å få inn ein utanforståande kommisjon.

Dei ekstraordinære tiltaka i Agder vart vurdert som nødvendige også av sentralstyresmaktene. I første omgang innebar dei konsesjonar til allmugen. I neste omgang viste dei seg å vera effektive verkemiddel til å gjenetablera kontrollen.

### 5.1 Eit kjent handlingsmønster

Bruken av verkemiddel var fleksibel. Han var tilpassa alvoret i situasjonen, ressurstilgangen og om styresmaktene kjende seg på høgde med situasjonen eller ikkje. Styresmaktene kunne innimellom bli vippa av pinnen av trekka frå allmugen, og bli pressa til å improvisera. Det var likevel ikkje slik at verkemidla vart oppfunne for første gong i samband med Lofthusreisinga. I hovudsak følgde dei eit handlingsmønster som var kjent på førehand; det fanst eit svarrepertoar som verkemidla kunne hentast frå. Dette er ei viktig forklaring på at

styresmaktene kunne handla nokolunde samla, stilt overfor ein til dels uoversiktleg situasjon i eit stort geografisk område og med langsame kommunikasjonar. Dei lokale, regionale og sentrale styresmaktene delte nokre grunnleggjande oppfatningar – ikkje minst i synet på allmugen sin plass i samfunnet og i interessa av å oppretthalda den gjeldande sosiale ordenen. *Korleis* og når dei moglege verkemidla vart tatt i bruk, var avhengig av faktorane som er nemnt over – alvoret i situasjonen, ressurstilgangen, om styresmaktene var på offensiven eller defensiven – men også av faktorar som dei enkelte embetsmennene sine sympatiar, frykt, handlekraft og personlege ambisjonar.

I dette kapitlet vil eg gå nærmare inn på dei enkelte verkemidla, og vurdera kvifor og under kva for omstende dei vart tatt i bruk.

## 5.2 Informasjonsinnhenting og etterretning

”Et Rygte her i lang Tiid har gaaet, angaaende endeel dristige og utiladelige Foretagender af Christian Jensen Lofthuus, der skal hensigte til Forstyrrelsen af den almindelige Roelighed”.<sup>324</sup> Slik starta fut Dahl brevet sitt til stiftamtmann Adeler i september 1786. På dette tidspunktet hadde Dahl i lengre tid hatt nyss om at det skjedde noko ureglementert blant allmugen. Han hadde prøvd å få sikre opplysningar, utan hell. Lensmann i Vestre Moland, Kristoffer Larsen, hadde vore svært tilbakehalden med å fortelja noko. Futen kritiserte lensmannen for ikkje oppfordra å rapportera om forholda, som umogleg kunne vera ukjende for han, og sjølv på direkte oppfordring var det svært sparsomme opplysningar Larsen kom med. Futen hadde også prøvd å innkalla enkelte frå allmugen til avhøyr, men dei hadde rett og slett ikkje møtt.

Å henta inn informasjon var det første tiltaket styresmaktene sette i verk mot Lofthusreisinga. Påliteleg informasjon var ein føresetnad for å kunna vurdera situasjonen godt og treffa dei rette avgjerdene om vidare tiltak. Problemet var at allmugen var lite interessert i å gi øvrigheita dei nødvendige opplysningane. Sjølv den lokale lensmannen, som sto i ei mellomstilling mellom allmuge og øvrigheit, heldt tett. Dette er eit gjennomgåande trekk ved Lofthusreisinga; allmugen sto i all hovudsak samla og heldt kjeft – særleg når det kom til å namngi enkelte som skulle ha vore meir aktive enn andre. Informasjonsmangelen vart forsøkt motverka på to måtar: for det første ved å setja i gang ein undersøkingskommisjon som

---

<sup>324</sup> Brev frå Dahl til Adeler 9. september 1786, pakke 7 I, RA.

gjennomførte grundige avhøyr, og for det andre ved å bruka folk som sjølv tilhøyrt allmugen til å henta inn opplysingar. Somme av dei fekk pengar som takk for hjelpa.<sup>325</sup>

Etterretning eller informasjonsinnhenting var eit sentralt verkemiddel frå start til slutt. Men det fungerte altså ikkje optimalt. Styresmaktene oppdaga ikkje kva som var i gjære før eit godt stykke ut i august 1786, etter den andre klagereisa til Lofthus. Rett nok skreiv Adeler til Dahl allereie tidleg i juli, etter den første klagereisa, og ba han kommentera dei skuldingane som hadde kome mot han.<sup>326</sup> Lofthus vart her omtalt som ”Christian Jensen ved Arndal”. Stiftamtmannen hadde då fått innhaldet i supplikken tilsendt frå København, og verka ikkje å ha fått opplysningar frå sitt eige stift.

Først i august vart lokalstyresmaktene klar over at noko ekstraordinært var på gang. Dahl skreiv til lensmann Larsen og ba om opplysningar.<sup>327</sup> Rapporteringa frå lågaste nivå og oppover i systemet hadde tydelegvis ikkje fungert. Mot slutten av månaden hadde informasjonen også nådd Adeler. Han skreiv til Dahl og ba han om å ”søge Underrettninger, og paasee, at intet bliver iverksatt stridende imod den allerhøyeste Forordning af 5te Julii 1765”.<sup>328</sup> Nokre dagar seinare informerte Dahl Adeler i eit lengre brev.<sup>329</sup>

Deretter melde andre seg på. Lensmannen i Øyestad, Froland og Fjære, Ånon Salvesen, var ivrig i tenesta. Han hadde sett i gang eigne undersøkingar ved å senda underlensmann David Natvig på rundreise for å henta inn opplysningar. Salvesen og Natvig prøvde å leggja ei felle for Lofthus ved å lata som om Salvesen gjerne ville skriva under på eit klagebrev, og håpa dermed å få tak i brevet. Utan hell. Salvesen hadde dessutan fått nyss om at Lofthus var på veg til Froland kyrkje på søndagen, og la ein plan for å få arrestert han – sjølv utan å ha fått ordre frå sine overordna.<sup>330</sup> Men Lofthus gjekk ikkje i fella.

Sjølv om Lofthus hadde reist rundt som agitator sidan tidleg i august, var det lite informasjon å få tak i, og relativt lite korrespondanse om saka i embetsverket før litt ut i oktober. Først med ”oppløpet” på tinget i Lillesand 2.-4. oktober vart det fart i sakene. Då hadde stiftamtmannen store hendingar å fortelja om. Den første rapporten til regjeringa i København gjekk frå Adeler 9. oktober.<sup>331</sup> Sidan då vart det jamnleg sendt rapportar – anten det var noko nytt å fortelja eller ikkje.

<sup>325</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”, 91-92.

<sup>326</sup> Brev frå Adeler til Dahl 7. juli 1786, kopibok nr. 109, SAK. Skuldingane mot Dahl samsvarer med innhaldet i Lofthus sitt første klageskrift, referert i kommisjonen sin forhörsprotokoll, pakke 7 V.

<sup>327</sup> Brev frå fut Dahl til lensmann Larsen 26. august 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>328</sup> Brev frå Adeler til Dahl 5. september 1786, kopibok nr. 109, SAK. Adeler refererer her til ein rapport han har mottatt frå fut Weidemann, datert 24. august.

<sup>329</sup> Brev frå Dahl til Adeler 9. september 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>330</sup> Brev frå Salvesen til Adeler 16. september 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>331</sup> 18 siders rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

Den viktigaste grunnen til informasjonsproblemet var som nemnt at allmugen heldt tett. Men det var også andre forhold som vanskeleggjorde informasjonsinnehentinga. Langsane kommunikasjonar og geografisk store område gjorde sitt til at informasjonsgrunnlaget ikkje alltid var det beste når avgjerder skulle takast sentralt eller lokalt.<sup>332</sup> Stadig nye arrestordrar og tilbaketrekingar av dei same ordrane hausten 1786 er døme på det. Det var til dels därleg samordning mellom ulike delar av styringsverket; særleg kunne sentralstyresmaktene informera därleg om sine avgjerder til embetsmennene lokalt. Desse visste ikkje alltid om det var arrestordren eller fritaket for arrest som var gjeldande politikk sentralt, og måtte handla ut frå eigne vurderingar.

Når dei vanlege etterretningskanalane fungerte så därleg, vart Lofthuskommisjonen ein endå viktigare reiskap for å få vita meir om rørsla. I første omgang, i januar og februar 1787, vart allmugen avhøyrt soknevis. Det var det lite hjelp i med tanke på å få namn og detaljar om mobiliseringa. Med Falsen og Aars sin undersøkingskommisjon vinteren 1787-88 vart allmugen også avhøyrt ein og ein, og då fekk dei omsider ut opplysingar nok til å kunna namngi ein del sannsynlege hovudmenn.<sup>333</sup>

”Informasjonskrigen” mellom allmuge og øvrighet viser både kor viktig informasjon og kunnskap var som maktmiddel, men også at allmugen visste at dei dreiv med noko alvorleg. At det var så vanskeleg å få bøndene til å snakka, er dessutan eit teikn på at tilliten til øvrigheita var liten. Dei få som lét seg kjøpa til å sladra, fekk merka kor alvorleg tillitsbrot det var for resten av allmugen.

### 5.3 Formaning

Styresmaktene prøvde ved fleire høve å overtala eller formana allmugen ”til fornuft”. Det kunne skje skriftleg gjennom mangfaldiggjering av kongelege resolusjonar eller ordrar frå lågare nivå i styringsverket, eller munnleg gjennom talar til dei frammøtte. Å *formana* er å oppmoda sterkt, innprenta og åtvara, i motsetning til å *overtala* som er å få nokon til å gjera det ein vil med tilråding, argumentering og lovnader.<sup>334</sup> Medan ein i overtalning legg vekt på argumenta i saka, inneber altså formaning ei meir paternalistisk og eventuelt trugande haldning.

<sup>332</sup> Posten frå Kristiansand til København via Kristiania brukte (på slutten av 1600-talet) vanlegvis ti døgn, pluss nokre dagars venting i Kristiania. Finn Erhard Johannessen, *Alltid underveis. Postverkets historie gjennom 350 år*, bind 1: 1647-1920. (Oslo: Elanders Forlag, 1997), 61. Dette var på landjorda. Men post vart også sendt direkte mellom Kristiansand og København med skip.

<sup>333</sup> Forhörsprotokollen, pakke 7 V, RA. Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 22. januar 1788, referert i ekstraktpakken s. 171-174, pakke 7 VII, RA.

<sup>334</sup> *Nynorskordboka*, 4. utgåva. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2006).

Embetsmennene brukte sjølv omgrepet ”formaning” om dei talane dei heldt for allmugen,<sup>335</sup> men det var også innslag av det som kan kallast overtaling. Byfut Berg i Arendal fortel til dømes korleis han prøvde å stoppa ein bondeflokk på jakt etter Salvesen, med å visa til at arrestasjonen skjedde på kongen sin ordre:

Jeg foreholdt dem, at da det ved de fra Stiftsbefalingsmannen under Haand og Segl udstædte og paa Kirke Døren samt endel offentlig Stæd i Byen opslagne trykte Placater var offentlig bekjendtgivet, at Christian Lofthus var efter Kongelig allernaadigst Befaling arresteret ved Capitaine Hammer og Lehnsmand Salvesen, og Almuen i Hans Mayestæts Navn anbefalet Roelighed, saa maatte ingen handle derimod, og Følgelig at jeg ikke kunde formaste meg til at føye dem i deres begiering;<sup>336</sup>

Eit slikt ”argument” er ikkje utan underliggende trugsmål, sjølv om dei ikkje blir ope uttalt. Det er makta som taler; her finst ein kongeleg ordre som er offentleggjort mellom anna på kyrkjedøra, og det er i kongen sitt namn at allmugen blir ”anbefalet” å halda seg i ro. Samtidig er denne utsegna relativt sakleg i forma og argumenterer for at det ikkje er Salvesen som har handla på eigne vegner. Andre døme på styresmaktene sine talar til allmugen var meir direkte trugande. Sitatet er eit døme på at også den saklege argumenteringa skjedde innanfor ramma av bestemte maktforhold. Liknande argument brukt motsett veg – frå ein underordna til ein overordna – ville ikkje kunna ha den same overtydande effekten.

Formaninga hadde som hovudføremål å minna allmugen på kva som var plassen deira i samfunnet og slå fast styresettet sin legitimitet. Det var om å gjera å sikra at styringsverket sine representantar kunne framstå med ein naturleg og uomstridd autoritet. Å få undersåttane til å opptre lydig og lojalt utan å bruka valdsmakt var det ideelle. Dersom den naturlege autoriteten vart utfordra, ville det kunna medføra store kostnader både økonomisk og politisk. Alt som kunne ordnast ved hjelp av tale og skrift var langt å føretrekkja. Når styresmaktene ikkje lenger kunne få undersåttane til å følgja ordrar berre gjennom å snakka til dei, viste det at tilliten eller aksepten var borte. Byfut Berg sin tale gjorde at allmugen fjerna seg, rett nok med ”forbittrede Tale-Maader”. Dei meinte framleis at Kristian Lofthus ”var Almuen uden Kongelig Ordre frarøvet”.<sup>337</sup> Argumenta til Berg var kanskje ikkje overtydande, men trugsmåla mellom linjene kan ha blitt oppfatta som heilt reelle.

Overtaling og formaning vart helst brukt før eventuelle hardare verkemiddel. Både major Juell og generalmajor Dietrichson prøvde ordets makt før militärmakta vart sett inn for

<sup>335</sup> Adeler på høsttinget i Lillesand, jf. rapport til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA. Dessutan Berg i møtet med dei som jakta på Salvesen i Arendal, jf. brev til kanselliet 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>336</sup> Brev frå Berg til kanselliet 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>337</sup> Brev frå Berg til kanselliet 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

å frigi Dahl frå arresthuset.<sup>338</sup> Det viser at styresmaktene prøvde å unngå bruk av direkte militærmakt. Kanskje veik dei tilbake for så direkte konfrontasjon med ein mykje meir talrik motstandar – om enn mykje dårlegare væpna – også fordi dei var usikre på utfallet. Dei nasjonale soldatane var ikkje til å stola på i slike samanhengar; derfor var det viktig å ha verva soldatar med seg. Men den største risikoen med uforholdsmessig valdsbruk var tapet av den naturlege autoriteten. I dei fleste tilfella var det betre å gå varsamt fram. Som Lofthuskommisjonen uttrykkjer det når dei argumenterer for at arrestasjonen av Lofthus må føregå med list: ”Magt er alsaa, som sagt, uanvendelig, og vilde kun tjene til enten at compromittere hans Majsts Kongelige Værdighed, eller at sætte landets Fader i den haarde Fornødenhed, at vende Rettens Sværd mod sine Børn.”<sup>339</sup>

Det viktigaste argumentet i overtalinga og formaninga var at noko var uttrykk for kongen sin vilje. Allmugen sin strategi var å appellera til kongen, og dermed vart dei fanga av kongebodet. Dei sterke reaksjonane etter arrestasjonen av Lofthus kunne berre stillast ved å gjera det klart at ordren kom frå høgaste hald. Så lenge allmugen ikkje hadde prov for dette, vart etterlysinga av ein kongeleg ordre det viktigaste argumentet deira. Dagen etter arrestasjonen skreiv sorenskrivar Finne til København og ba om at

Høystsamme ville udvirke Placater under Kongens Haand, at Arresten er befalet, som det eeneste ieg troe er mægtig at stille Folket, da ieg, effter at være i mit Huus besøgt af Fiære Sogns Almue, dog høflig, indberettede Stiftamtmanden herom ved Expresser, og lovede Almuen fra Stifftet at have Placater.<sup>340</sup>

I seinare bøneskrift til kongen orsakar bøndene seg for sine ”heftige sinn”, då dei ikkje visste at arrestasjonen var kongen sin ordre. Dei forsikrar at

vi med Liv og Blod ere sindede at være lydige og opofrede, og at vor eeneste Hensigt med at samles kuns har været at udfrie Christian Lofthus fra Øvrighedens Forfølgelser, og ikke at stifte Oprør eller giøre nogen Mand ondt, mindre at opsette os mod Landets Love og Vor Konges Allerhøyeste Befalinger.<sup>341</sup>

Kongens uttrykkelege vilje ville dei ikkje setja seg opp mot, seier dei. Men så lenge denne ikkje var utvetydig slått fast, fanst det eit politisk handlingsrom. Ein kongeleg ordre signaliserte at heile statsmakta sto bak ei avgjerd. Ein manglande kongeleg ordre kunne

<sup>338</sup> Vedr. Juell: Rapport frå konst. fut Friderichsen til Adeler 21. mars 1787, pakke 7 VII, RA. Vedr. Dietrichson: Dietrichson sin rapport til generalitetet 28. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>339</sup> Brev frå Lofthuskommisjonen til kanselliet 27. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>340</sup> Brev frå Finne til kanselliet 16. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>341</sup> Supplikk frå fleire allmugerepresentantar 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

derimot vera uttrykk for ei splitting i styringsverket, noko som kunne utnyttast. I det minste kunne det brukast som orsaking i ettertid.

Skriftlege plakatar, og då helst frå kongen, var eit viktig verkemiddel for å oppretthalda ro og orden. Men dei kom ikkje nødvendigvis fram i tide. Plakaten som skulle rettferdiggjera arrestasjonen av Lofthus vart først bestilt etter at arrestasjonen fann stad. Derfor var det plakatar frå stiftamtmann Adeler og kommisjonen som vart brukt for å prøva å skapa ro.

Hovudpoenget i dei to plakatane er det same, nemleg at arrestasjonen er skjedd etter kongeleg ordre. Vidare blir det truga med hard straff for dei som ikkje held seg roleg. I meldinga frå stiftamtmannen heiter det at ”Enhver Almues-Mand befales derfor herved, at forblive i Roelighed ved deres Huse, og intet Sammenløb at anstille, saafremt de ikke ville vente at falde i allerhøystbemelte Hans Majestets Unaade og paa det haardeste at blive straffede”. Adeler har i tillegg plass til nokre meir vennlege formuleringar, då han forsikrar om at Lofthus ikkje treng å frykta ”nogen Overlast”, men vil bli behandla etter lova. Til slutt proklamerer han at ”[d]en Ærekierhed, Troeskab og Lydighed, hvoraf den Norske Nation idelig har været bekjent, forvisser mig om, at denne min Ordre strax af enhver bliver efterlevet.”<sup>342</sup>

Plakaten frå kommisjonen vart utferda etter arrestasjonen av futen, og er eit hakk strengare i tonen:

Og skulde, som Rygget gaaer, nogle af Almuen have forglemmet deres allerunderdanigste Pligt, indtil at udøve noget voldsomt eller ulovligt imod Kongens Foged Krigsraad Dahl, saa befale vi i Hans Majestets Navn, at det uopholdelig bliver indstillet, og Fogden sat i den Stand, at Han ubehindret kan beopagte de til Kongens og Landets Tjeneste ham allernaadigst anbefalede Forretninger. Alt under Kongelig Naades og Hyldests Fortabelse, og u-udeblivelig Straf efter Lovenes Strenghed, for hvem som vover dette Kongens Bud at være overhørig.<sup>343</sup>

Slike plakatar vart tatt i bruk berre i ekstraordinære tilfelle. Men eineveldet disponerte også eit system for kringkasting av informasjon i det daglege: kyrkja og prestane. Kvar søndag sto eit landsdekkande apparat klart for å innprenta heile folket Gud og kongen sin vilje. Dette apparatet vart straks mobilisert i mars 1787. Stiftamtmannen fekk via biskopen ordna at prestane frå prekestolen gjorde kjent den kongelege arrestordren. Det gjorde ikkje like sterkt inntrykk på alle. I ein supplikk hevdar allmugen at dei kom i tvil då dei frå prekestolen fekk opplest kommisjonens ordre ”til bemelte Christian Jensens antastelse”, og dei legg til, ”hvoraf kan sluttes, at Undertrykkelse for de mindre Formuende har været vedkommendes

<sup>342</sup> Trykt plakat frå Adeler 17. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>343</sup> Trykt plakat frå kommisjonen 22. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

Øyemærke.”<sup>344</sup> Dei oppfatta at ordren kom frå kommisjonen, og det sette dermed kommisjonen i eit dårleg lys. Prekestolen vart brukt fleire gonger som informasjonskanal for styresmaktene under Lofthusreisinga. Adeler vurderte Lofthus sin innverknad på allmugen som svært stor, då han klarte å samla 300 menn frå eit stort område på få dagar – ”uagtet de nærmeste Præster, som herom havde faaet nogen Underrettning, om Søndagen af Prædikestolen advarede deres Almue ej at inndlade sig i Christian Lofthuses Foretagender”.<sup>345</sup>

## 5.4 Vald og militærmakt

og da Arendal er det Sted, hvor den allerede uroelige Almue fornemmelig har Deres Handel, og en Deel Besværinger imod Kjøbmændene sammested ere fremkomne; saa indstiller allerunderdanigst, om 2 a 300 Mand gevorbene, forsynet med fornøden ammunition, maatte detacheres hertil, og deraf indqvarteres 100 i Byen, og de øvrige i de næstliggende Sogne, Fiære, Landvig og Vestre Moland, samt Birkenæs, eller og til Christiansands Byes Guarnisons Forstærkelse effter Omstændighederne og nærmere fastsættende Inddeeling.<sup>346</sup>

Stiftamtmann Adeler hadde prøvd å formana allmugen på haustinget i Lillesand, og fått prestane til å åtvara dei i forkant, men fekk ikkje gjennomslag. Munnleg eller skriftleg formaning hadde avgrensa effekt når allmugen først var mobilisert til handling. Her måtte det kraftigare lut til, og Adeler ber om militære forsterkingar.

Overgangen frå formaningar til militær maktbruk var likevel ikkje så brå som ein skulle tru. Begge verkemidla var ein del av kommunikasjonen mellom styresmakter og undersåttar. Ved å ty til sterkare maktmiddel kunne styresmaktene få ”sagt” mykje om korleis den sosiale ordenen var og burde vera. Militærmakt var dessutan meir enn den direkte bruken, der våpen og soldatar vart sett inn i for å konfrontera dei som truga statens legitimitet. Berre vissa om at den militære overmakta fanst ville i mange tilfelle halda potensielle utfordrarar på matta. Som vist kunne dei formanande talane innehalda meir eller mindre tydelege trugsmål om at det fanst handfaste midlar i bakhand. Dette trugsmålet kunne om nødvendig gjerast meir tydeleg og eksplisitt gjennom troppeflyttingar og framvisingar av militær kapasitet. Dette ville ha ein disiplinerande effekt i seg sjølv.

Styresmaktene var snare med å markera det militære trugsmålet. Dette var eit av dei første og mest gjennomgåande verkemidla dei tok i bruk i møtet med Lofthusreisinga. Allereie til haustinget i Lillesand i starten av oktober var det militære styrkar til stades; straks han fekk høyra om det venta oppløpet, rekvirerte Adeler eit kompani av nasjonale soldatar

<sup>344</sup> Supplikk frå fleire i allmugen i Nedenes 10. april 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>345</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>346</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

som var samla i området til hausteksersis, ”for at forhindre uordentlige Foretagender af Almuen.”<sup>347</sup> Major Wivet sto oppstilt med kompaniet like ved tingstaden under heile oppløpet, men då mange av soldatane hadde nære slektingar i allmugeflokken, var han svært i tvil om han kunne ha brukt dei.<sup>348</sup>

Militære forsterkingar og troppeflyttingar vart raskt sett i verk. Første gongen statsrådet behandla Lofthusreisinga, vart generalitetet bede om å stilla med militær hjelp til stiftamtmannen.<sup>349</sup> I samband med den neste store allmugesamlinga i månadsskiftet november/desember 1786 vart det mobilisert ulike typar forsterkingar, og det same skjedde ved arrestasjonen av futen. Meir permanente forsterkingar utanfrå kom på plass seinvåren 1787. Særleg i Arendal var det til tider stor frykt for at bøndene skulle gå til åtak, og det kom fleire bøner om ”en dygtig Krigsmagt”<sup>350</sup> og ”de kraftigste Foranstaltninger”.<sup>351</sup> Dei ekstra styrkane vart verande lenge i distriktet. Først på hausten 1788 vart garnisonen i Arendal trukke tilbake. I halvtanna år var området altså forsynt med ekstraordinære militære styrkar.

Den *direkte* bruken av militärmakt finst det også fleire døme på. Det mest spektakulære var då fut Dahl med fleire skulle frigivast frå arresthuset. Generalmajor Dietrichson marsjerte i spissen for nesten 300 soldatar og med to kanonar i to dagar frå Kristiansand til Haugerød arresthus i Øyestad. Sjølv om bøndene var langt fleire – dei var 800-900 denne dagen – var det ingen tvil om kven som var overmakta. Allmugen gjorde ingen teikn til å villa yta motstand, men gjorde heller ingenting for å koma styresmaktene i møte. Dietrichson måtte få døra slått inn av ein rambukk. Til avslutning fyrte dei av eit par salver med kanonane og dei skarpladde geværa, før styrkane tok fatt på vegen tilbake.<sup>352</sup>

Dette er ikkje det einaste dømet. Soldatar vart ved fleire høve brukt i samband med arrestasjonsforsøk på Lofthus, mellom anna ved Dahl sitt forsøk i slutten av september,<sup>353</sup> og då Lofthus var tilbake frå den tredje reisa i november<sup>354</sup>. Eit anna døme var då allmugen jakta på Salvesen – no tollkontrollør – i Arendal utpå våren 1787. Salvesen vart berga ved at eit kompani med verva soldatar i all hast vart henta frå Kristiansand.<sup>355</sup> Med militärmakta i

<sup>347</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

<sup>348</sup> Georg Sverdrup, ”Bondeopløpet paa Lillesand ting”. *Historisk tidsskrift*, (1920).

<sup>349</sup> Notis frå kanselliet til generalitetet 20. oktober 1786, referert i ekstraktprotokollen s. 9-10, pakke 7 VII, RA.

<sup>350</sup> Brev frå Salvesen i mai 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>351</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 30. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 97-99, pakke 7 VII, RA.

<sup>352</sup> Rapport frå Dietrichson til generalitetet 28. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>353</sup> Soldatar, ein major og ein løytnant. Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, s. 115.

<sup>354</sup> To offiserar, to underoffiserar og 24 grenaderar ifølgje Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, s. 149. ”En Kommando”, ifølgje Adeler i rapport av 21. november og 28. november 1787, pakke 7 I, RA.

<sup>355</sup> Brev frå Ebbell til kanselliet 22. mai 1787, pakke 7 VII, RA. Sverdrup skriv at det var 50 grenaderar med fleire offiserar og underoffiserar i *Lofthusbevægelsen*, s. 224.

ryggen kunne styresmaktene tilby ”forhandlingar” mellom Salvesen og fire utvalde representantar frå allmugen.

Militære kommandantar var stadig med i planlegginga av styresmaktene sine mottiltak, og generalmajor Dietrichson spelte ei særleg sentral rolle. Han var med på krisemøtet hos Adeler tidleg i desember 1786 då alle dei viktigaste lokale og regionale embetsmennene la ein felles plan for mottiltaka mot Lofthusreisinga. Dietrichson er den første av møtedeltakarane som Adeler nemner i rapporten sin til kanselliet, og han er den første som tar ordet i diskusjonen, før andre viktige personar som biskop Hagerup og amtmann Holm.<sup>356</sup>

Hærstrukturen kunne dels gjera det problematisk å bruka miliær makt i Noreg. Ein stor del av soldatane var bondesøner som vart utskrivne gjennom legdsystemet.<sup>357</sup> Desse nasjonale soldatane eigna seg lite til straffeekspedisjonar mot sine eigne, og embetsmenn klaga ofte over kor upålitelege dei var. Adeler skriv at ”det ikke allene ved denne Lejligheid, men ved foregaaende Exempler, har viist sig, at den nationale Militie aldeles ikke er at forlade sig paa, men farlig at stole paa i Tilfælde som dette”.<sup>358</sup> Byfut Berg kan fortelja at ”der hos Mængden end ikke spørres nogen Frygt for den i Egnen værende nationale Milice som Oprørernes Brødre, Sønner og Beslægtede”.<sup>359</sup> Då var det noko anna med dei danske og tyske verva (gevorbne) soldatane, som var langt meir populære til slike oppdrag. Det vart stadig presisert at det måtte vera ein viss andel av verva soldatar i dei militære forsterkingane som kom på plass. Det store innslaget av nasjonale utskrivne soldatar skilde Noreg frå mange andre europeiske land på denne tida. Det blir hevd at dette var ein viktig grunn til bøndene si relativt sterke stilling samanlikna med andre land.<sup>360</sup> Dei mange norske soldatane som til ei kvar tid var stasjonert i København kan også ha gjort effekten av bondedelegasjonar på klagereise større.

## 5.5 Arrestasjon, fengsling og straff

Kristian Lofthus døydde etter ti år med straffarbeid på Akershus festning, lenka til ei blokk. Dei fem første åra sat han fengsla utan dom. Høgsterett si stadfesting av livstidsdommen kom først etter at han døydde. Lofthus fekk ikkje motta besøk under opphaldet, utanom av kommisjonsmedlemmene som gjennomførte avhøyra av han, og av forsvararane, som han ikkje hadde akseptert å få tildelt. Etter at regjeringa fekk høyra at ein annan ”opprørar” nesten

<sup>356</sup> Referat frå møte i Kristiansand 4. desember 1786, sakinnidelte pakkesaker nr. 1754, SAK.

<sup>357</sup> Ersland og Holm, *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*, 257-258.

<sup>358</sup> Rapport frå Adeler til kanselliet 9. oktober 1786, pakke 7 VII, RA.

<sup>359</sup> Brev frå Berg til kanselliet 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>360</sup> Mykland, *Norge i dansketiden. 1380-1814*, 211.

hadde lukkast med å få Lofthus i tale, vart det i mai 1787 bestemt at ingen uvedkomande måtte få koma i kontakt med han.<sup>361</sup> Ein liten delegasjon rakk å vitja han då han sat på Fredriksvern festning, men etter dette vart alle besökande frå allmugen avvist.<sup>362</sup> Lofthus vart dessutan halde under særleg oppsikt i fengselet og plassert nær vakta. All post vart kontrollert, og breva frå kona kom ikkje fram til han.<sup>363</sup> Postkontroll var ikkje eit eineståande fenomen; også Peder Bentsen vart utsett for det då han sat i fengselet i København, men truleg også før han vart fengsla.<sup>364</sup> I løpet av fengselsopphaldet hadde Lofthus likevel kontakt med folk i Kristiania som gav han små arbeidsoppdrag.<sup>365</sup>

Straffemetodane som vart tatt i bruk mot Lofthus var strenge, men utgjorde ikkje noko særskilt unntak på den tida. Kristian 5. si Norske Lov og gjeldande forordningar i strafferetten opna for bruk av brutale straffer. Andre personar som vart oppfatta som farlege av styresmaktene på denne tida, møtte liknande lagnader som Lofthus: Hans Nilsen Hauge sat også mange år i fengsel,<sup>366</sup> og Lars Storhoff, som leia bergverksarbeidarane i Kongsberg sin kamp i 1772-75, vart tvangsverva som soldat til Vest-India.<sup>367</sup>

Det var aldri nokon tvil om at Lofthus skulle arresterast. Spørsmålet var snarare *når* og *korleis*. Dei mange arrestasjonsforsøka mot Lofthus føregjekk delvis etter kongeleg ordre, delvis utan. Lokalstyresmaktene må ha tatt det for gitt at ein slik leiarfigur ikkje kunne gå fri. Lensmann Salvesen skriv i midten av september 1786 at han var på veg til å arrestera Lofthus ”uagted ieg ikke dertil har Fogdens Ordre”, men at han håper det blir godtatt likevel.<sup>368</sup> Fut Dahl sitt meir dramatiske arrestasjonsforsøk to veker seinare, som verkeleg sette fart i allmugereisinga, skjedde også utan arrestordre frå høgare hald. Dette vart seinare kritisert av generalfiskal Ulldal. Futane var underbetjentar som skulle utføra ordre frå høgare hald, presiserte han, og eit slikt oppsiktsvekkande tiltak ville kunne bli eit formildande

<sup>361</sup> Anonymt brev, vidaresendt av Moltke til kanselliet 16. mai 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 84-85, pakke 7 VII, RA. Påfølgjande kongeleg resolusjon 25. mai 1787, meddelt generalitetet same dag, pakke 7 III, RA.

<sup>362</sup> Brev frå Grodtschilling til kommisjonen 20. mars 1787, pakke 7 VII, RA. Dette eine besøket skjedde 19. mars, medan ein ny delegasjon vart nekta tilgang to dagar seinare; brev frå Grodtschilling til kommisjonen 21. mars 1787, pakke II, RA.

<sup>363</sup> Georg Sverdrup, ”Et brev fra Lofthus i fængslet”, *Historisk tidsskrift*, (1920).

<sup>364</sup> Brev frå kanselliet til generalpostamtet 21. april 1787 om å ”lade de Breve, som til [Bentsen] maatte ankomme fra Norge, levere til Cancelliet”, referert i ekstraktprotokollen s. 65, pakke 7 VII, RA. I brev frå Bentsen si kone, som styresmaktene hadde funne blant papira hans, merka dei seg at Bentsen og kona hadde tatt forholdsreglar for å kunna vita om breva dei to imellom vart opna av andre. Brev frå hoff- og byretten i København til kanselliet 14. april 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 68-69, pakke 7 VII, RA.

<sup>365</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 242-244.

<sup>366</sup> Øystein Rian, *For Norge, kjempers fødeland: 12 portrett frå dansketida*, (Oslo: Samlaget, 2007).

<sup>367</sup> Henrik Fladmoe, *Sølvverket og bergalmuen. En studie i gruvearbeidernes leveforhold på Kongsberg i til kommisjonssaken 1772-1775*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, (1974).

<sup>368</sup> Brev frå Salvesen til Adeler 16. september 1786, pakke 7 I, RA.

moment ved straffeutmålinga.<sup>369</sup> Det er ikkje sikkert at generalfiskalen først og fremst hadde rettstryggleiken for Lofthus i tankane. Når amtmann Moltke *ikkje* lar Øystein Ingolsland arresterast vinteren og våren 1787, er det fordi han forstår at det vil vera bensin på bålet i ei uroleg tid. Når som helst elles ville han la ”saadan en Mand som kan overbevises om at være Oprører, arrestere.” Men no, ”da ieg maae frygte at han som en anden Lofthus og Folkets Talsmand maatte ansees, yndes og Beskiermes, byder Forsigtigheden mig ey at giøre et Skridt som kunde fortolkes som en Fornærmelse for Bonden, og Partiskhed for Betienten.”<sup>370</sup> Moltke sin forsiktige framgangsmåte i Bratsberg gir då også eit heilt anna resultat enn dei forhasta/korttenkte tiltaka til lokale embets- og tenestemenn i Nedenes.

Lofthus vart dømt etter å ha blitt funnen skuldig på seks av åtte tiltalepunkt. Dei åtte tiltalepunktene var

- A) at han hadde opphissa allmugen og lurt dei til å klaga, og dels ha kome med løgnaktige påstandar mot øvrigheita og ha klaga over ting som ikkje vedkom desse,
- B) at han hadde fordreia allmugen sine klagepostar, ha oppført dei som medklagarar på dei private klagene sine og ha påført namn på klagene utan å ha fullmakt til det,
- C) at han hadde halde vakt for eigen tryggleik mot øvrigheita,
- D) at han hadde påstått å ha kongeleg løyve til vakthald og til å reisa rundt i landet, og at han dermed hadde utgitt seg for å vera i kongens teneste,
- E) at han hadde hatt innverknad på stansing av bodstikker utsendt av futen,
- F) at han var medskuldig i lauslatinga av arrestantane (som vart tatt til fange av Barnholt i september 1786) og elles gjort at allmugen sette seg opp mot øvrigheita
- G) at han hadde samla allmugen til oppløpet på Lillesand ting i oktober, og fleire gonger ha streifa gjennom landet med allmugeflokkar,
- H) å ha utsendt setlar med oppfordring til å senda menn med på den tredje københavnreisa hans, og bestemt samlingsstaden for dette.<sup>371</sup>

Akershuskommisjonen fann ikkje nok prov for å dømma Lofthus etter tiltalepunktene D) og F), men fann han skuldig i dei andre punkta. Det siste punktet var i strid med forordninga av 1685 (forbod mot klagereiser til København) og dei to siste var i strid med forordninga av 1765 (forbod mot allmugesamling). For brot på desse to forordningane og på 1-24-4 i lova (forbod mot å lura allmugen til falske klagemål) vart han dømt til livsvarig festningsarbeid i jern.<sup>372</sup>

<sup>369</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 117-118.

<sup>370</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 14. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>371</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 16. juni 1787, s. 54-57, pakke 7 VIII, RA.

<sup>372</sup> Akershuskommisjonen sin protokoll, referert i Sætra: ”Fra bondeledere til fanger”, 142-148.

Lofthus vart altså dømt for politisk verksemd, delvis fordi det var forbode ved lov, og delvis fordi var det uakseptabel åtferd etter eineveldet sin ideologi. Styresmaktene vurderte dessutan ein forræderitiltale mot Lofthus, noko som ville ha medført dødsstraff.<sup>373</sup> Dei kan ha trudd eller frykta at Lofthus hadde kontakt med Sverige, eller at han ønska å ha det. Når forræderitiltalen likevel ikkje vart tatt i bruk, kan det skuldast fleire forhold. Det kunne for det første bli vanskeleg å prova eller godtgjera noko slikt. For det andre kunne det verka motsett av det ein ønskja å oppnå; Lofthus hadde så stor oppslutning blant allmugen at det kunne forsterke misnøyen med det danske styret. Styresmaktene dyrka førestillinga om dei norske bøndene som trufaste og lojale undersåttar. Denne førestillinga kunne vanskeleg kombinerast med at tusenvis av dei same bøndene hadde støtta ein forrædar.

Dei andre hovudmennene fekk også strenge straffer. 13 av dei vart dømt til festningsarbeid i eitt til tre år, og ein del av dei fekk valdsbøter i tillegg. Delvis vart dei dømt for handlingar i strid med forordninga av 1765, delvis for arrestasjonen av futen. To av dei tiltalte vart frikjent.<sup>374</sup>

## 5.6 Nåde

Dei av medhjelparane som vart funne skuldige og dømt, slapp i motsetning til Lofthus billeg unna når det kom til sjølve soninga. Soninga vart ikkje iverksett før etter at Høgsterett hadde stadfesta dommen i 1799. Etter seks veker og ein dag, og mild behandling på Akershus festning våren 1800, slapp dei ut igjen.<sup>375</sup> Dommane i seg sjølv, og 13 års venting på soning, hadde nok uansett ein effekt både på dei dømde sjølv og allmugen generelt. Ved å gjera soninga så mykje kortare enn den idømde straffa kunne dessutan styresmaktene få i både pose og sekk: først setja ein skrekk i allmugen gjennom harde straffer, og deretter visa nåde og oppnå velvilje med det.

Den ulike behandlinga av Lofthus og dei andre hovudmennene må forståast ut frå kor farlege dei vart oppfatta av styresmaktene, og kva dei meinte var føremålstenleg. Styresmaktene frykta at Lofthus ville ha ein så stor effekt på allmugen at berre total isolasjon ville vera godt nok for å hindra ny uro. (Ein dødsdom ville på den andre sida kunna gjera han til martyr.) Dei andre tiltalte kom i ein annan kategori. Det var mange nok embetsmenn og handelsborgarar som ønskte å få dei arrestert med det same, og då særleg dei som hadde ”lagt hand på” futen. Men då det trekte ut i tid før dei kunne få fastslått kven som var mest

<sup>373</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797”, 52.

<sup>374</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”, 146-148.

<sup>375</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”, 154.

skuldige, var det større risiko for at ein arrestasjon ville føra til meir uro igjen. I og med at rettssaka tok så lang tid, var det ikkje lenger så viktig å gjennomføra dei strenge straffene. Lofthus var allereie død, og sjansane for at uroa skulle blussa opp igjen var minimale.

At straffa vart utmålt etter kva som var føremålstenleg, viser også ei samanlikning med dei to tilfella Øystein Ingolsland og Peder Bentsen. At Ingolsland slapp unna, kan skuldast at han ikkje vart rekna som like farleg som Lofthus, men først og fremst at amtmann Moltke meinte at ein arrestasjon ville ha ein skadeleg verknad på resten av allmugen. Så lenge han ikkje reiste ut av distriktet medan uroa var på det høgaste, ville ein arrestasjon ha vekt stor oppsikt og berre gjort han viktigare i allmugen sine auge. Peder Bentsen sat på si side utan lov og dom i politiarresten i København i nesten fem månader. Det var enklare å arrestera han sidan han allereie oppheldt seg i København og ikkje hadde mange støttespelarar rundt seg.

Moltke var nøyne med å understreka det nødvendige i å straffa hovudmennene ”til saadan Uorden og Uroeligheder”. Vart dei ikkje det, kunne heller ingen kommisjon avverga uroa. Å visa nåde utan samtidig å slå fast kvar makta ligg, hadde lite for seg: ”Bonden ligesaa lidt som nogen anden skiønner paa Naade, naar han ikke er overbeviist at Magten ledsager den, og at hiin er en Følge af denne, og dette kan han ikke troe naar han erfarer at kunde extorqvere Naades Beviisninger Belønninger og Commissioner.”<sup>376</sup> Nåden som verkemiddel måtte henga nøyne saman med repressive tiltak.

## 5.7 Ettergiving og medhald?

Behandlinga av klagene er eit anna sentralt verkemiddel. At styresmaktene tok klagene frå allmugen såpass på alvor at dei sette ned ein kommisjon for å undersøkja dei nøyare, medverka i seg sjølv til at folket festa større lit til styringsverket. Dette vart forsterka av at kommisjonen var sett saman av høgt respekterte embetsmenn som kom utanfrå distriktet, og som dermed kunne reknast for å vera upartiske. Dei var i alle fall neppe kjent av allmugen i Agder, og det var truleg ein fordel for styresmaktene. Fleire historikarar har rekna kommisjonen som vennleg innstilt til bøndene, og at arbeidet deira førte til viktige gjennomslag for allmugen sine krav. Sverdrup skriv at kommisjonen var ”[b]esjælet av et frisindet, bondevenlig syn paa tilstandene” og ”istand til at hæve sig op til det standpunkt som forstaar og undskylder”.<sup>377</sup> Valet av kommisjonsmedlemmer kunne vanskeleg vera betre gjort, meiner han. ”Det var ikke blot utenforstaaende, uhildede mænd som tilforordnedes; det var

<sup>376</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 14. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>377</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 64.

landets ”bedste mænd”, de dygtigste som kunde opdrives.”<sup>378</sup> Sverdrup viser særleg til opphevinga av kornmonopolet og innføringa av eit nytt sportelreglement som viktige resultat av kommisjonen sitt arbeid.<sup>379</sup>

Lofthuskommisjonen var sett saman av stiftamtmann i Akershus Jørgen Erik Scheel, lagmann Herman Colbjørnsen, assessor i overhoffretten Envold Falsen og sorenskrivar Jakob Aars. Dei gjorde eit grundig arbeid og leverte innstillingar til regjeringa fordelt på fire område (sjå avsnitt 4.10). Ein viktig del av dette arbeidet var å vurdera dei ulike klagemåla til allmugen. I november 1787 innstilte dei på kva som burde gjerast på dei ulike klagepostane.<sup>380</sup> Deretter gjekk saksbehandlinga vidare, med høyring hos ulike instansar og endeleg avgjerd i statsråd. I april 1788 avgjorde regjeringa tre av klagepostane, og to andre saker vart avgjort i mai. Fri kornimport vart innført 6. juni 1788, og 11. juni kom det eit nytt sportelreglement. Resten av sakene vart stort sett avvist av regjeringa.<sup>381</sup>

*Kornprisane* vart av kommisjonen oppfatta som den viktigaste klagan, og dei tilrådde i sterke ordelag at kornmonopolet måtte opphevast, som det einaste som verkeleg kunne hjelpe på dette problemet. Høge prisar på korn var utvilsamt eit viktig klagepunkt for allmugen, og ein supplikk frå 1. juli 1786 ber mellom anna om ”en Bestandig frie Korn Indførsel”.<sup>382</sup> I supplikkane frå sommaren og hausten 1786 var handelsforholdet til kjøpmennene ei sentral klage, og under forhøyra ba fleire av allmugane mellom anna om lågare kornprisar og redusert gjeld til trelasthandlarane. Men spørsmålet om kornprisar var for bøndene ein del av handelsforholdet til kjøpmennene; det handla om den gjelda dei opparbeidde seg og som tvinga dei til å selja tømmer til låge prisar og kjøpa både korn og andre varer til høge prisar. Motstanden mot byprivilegia på handelen med både korn og tømmer hadde lange tradisjonar i området.<sup>383</sup>

Løysinga på problemet i form av *frei korninnførsel* til det sønnafjelske Noreg var det først og fremst kommisjonen som formulerte, ikkje allmugerørsla.<sup>384</sup> Det samsvarande godt med kommisjonsmedlemmene si eiga overtyding og den framveksande politiske ideologien i

<sup>378</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 165.

<sup>379</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 248-249.

<sup>380</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 22. og 27. november 1787, pakke 7 VIII, RA.

<sup>381</sup> Prosessen i styringsverket etter at kommisjonen la fram innstillinga si er referert i ekstraktprotokollen, pakke VII, RA: Brev frå kanselliet til rentekammeret 16. februar 1788 (s. 209), svar frå rentekammeret 25. mars (s. 212-215), fleire brev frå kanselliet 12. april (s. 215-219), innstilling frå kanselliet 25. april (s. 227-228), kongeleg resolusjon 30. april (s. 228), plakat 16. juli (s. 229), brev frå rentekammeret 17. mai (s. 231). Kongeleg resolusjon om nytt sportelreglement 11. juni 1788 (s. 234).

<sup>382</sup> Supplikk 1. juli 1786 som aldri vart sendt, då han vart stoppa av fut Weidemann under innsamling av underskrifter 1. august. Denne hendinga er referert i Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 97. Innhaldet i supplikken er referert i forhørsprotokollen s. 7-8, pakke 7 V, RA.

<sup>383</sup> Jf. kampen om liggedagsordninga og Nedenes-privilegia. Sætra, ”Skutehandelen i Nedenes”.

<sup>384</sup> Herstad, *I helstatens grep*, 338.

samtida: økonomisk liberalisme. Argumentet var at ein friare handel ville vera til det beste for heile landet. Opphevinga av kornmonopolet er då også ofte blitt sett i samanheng med ei generell liberalisering under styret til kronprins Fredrik på 1780- og 1790-talet.<sup>385</sup> Minst like viktig var det nok at kommisjonsmedlemmene identifiserte seg med mektige kjøpmannsinteresser i Kristiania, som lenge hadde kritisert kornmonopolet. For kjøpmennene var problemet at dei måtte selja tømmer til dårlege prisar i utlandet, når dei ikkje kunne ta med seg korn tilbake. At Lofthuskommisjonen sette søkjelyset på bøndene var derimot eit mykje betre argument i København enn omsynet til konkurrerande norske kornhandlarar og kjøpmenn.<sup>386</sup>

Lofthuskommisjonen si innstilling sette fart i saka, men allereie før denne innstillinga kom, hadde det blitt sett ned ein finanskommisjon for å revurdera kornmonopolet. I regjeringskrinsar var det misnøye med ei ordning som var svært kostbar for statskassa. Dessutan var det støtte til tanken om å avskaffa kornmonopolet langt inn i mektige godseigarkrinsar i Danmark. Det avgjerande for utfallet kan ha vore at dei danske godseigarane ikkje lenger hadde behov for kornmonopolet. Konjunkturane hadde endra seg, og kornprisane var på veg opp.<sup>387</sup>

Opphevinga av kornmonopolet kan ha vore eit steg i rett retning, men det løyste ikkje bøndene sitt problem i seg sjølv. For dei var det, som nemnt, by- og jernverksprivilegia på handelen i sirkumferensen som var hovudproblem. Det sette bøndene i gjeldsforhold som gav dei dårlege prisar både på råvarene dei selde og på kornet dei kjøpte. Opphevinga av kornmonopolet hadde truleg lite å seia for å få motverka dette gjeldsforholdet. Då var ein friare trelasthandel og eit betre handelsforhold til kjøpmennene generelt viktigare. Her vann bøndene etter kvart fram – i alle fall på papiret – gjennom den såkalla Moltkekommisjonen, som undersøkte trelasthandelen i Arendal mellom 1788 og 1795. Bøndene vart mellom anna tilkjent erstatningar frå kjøpmennene, og ein ny plan for trelasthandelen vart vedtatt i 1795. Denne skulle få slutt på den skadelege kreditthandelen og monopoltvangen.<sup>388</sup>

Eit nytt sportelreglement kom også på plass i juni 1788. Det nye reglementet skulle gjelda for heile landet, og omfatta kva sorenskrivarar, futar, lensmenn, lagmenn med fleire skulle ta for tenestene sine.<sup>389</sup> Det var særleg amtmann, seinare stiftamtmann, Moltke som i

<sup>385</sup> Dyrvik, *Norsk historie 1625-1814*, 174-175.

<sup>386</sup> Herstad, *I helstatens grep*, 338.

<sup>387</sup> Herstad, *I helstatens grep*, 321-346.

<sup>388</sup> Sætra, *Embetsmann, bonde, borger*, 128-174.

<sup>389</sup> Forordning 11. juni 1788, Schmidt II, 209-222.

lang tid framheva dette som ”det beste Middel” til å stilla uroa.<sup>390</sup> Ein eigen kommisjon samansett av stiftamtmann Scheel, lagmann Colbjørnsen og justisråd Hagerup hadde fått oppdraget med å laga utkast til det nye reglementet før det vart vedtatt av statsrådet. Arbeidet var påbegynt lenge før Lofthusreisinga, men allmugereisinga var den viktigaste årsaka til at det vart fart i saka.<sup>391</sup>

Dei fleste klagepostane frå avhøyra i januar og februar 1787 vart avvist eller førte ikkje til endringar. Av 18 klagepostar fekk allmugen medhald i tre og delvis medhald i nokre fleire. Det var til dels usemje mellom ulike instansar i styringsverket om dei ulike postane; i fleire saker støtta Lofthuskommisjonen allmugen sine krav, medan regjeringa avviste dei.

Dei 18 klagepostane, slik dei vart sortert av kommisjonen, fekk desse resultata:

- 1) Froland jernverk: Ei ny kolforretning vart sett i verk av bergverksstyresmaktene i 1790, men utfallet vart ikkje til fordel for bøndene.<sup>392</sup>
- 2) Friskyssen: Den gjeldande skyssordninga skulle setjast i verk, og styresmaktene trudde at det meste då burde vera retta opp.<sup>393</sup>
- 3) Sundtollen:<sup>394</sup> Privilegia kunne ikkje opphevest utan eigarane sitt samtykke.<sup>395</sup>
- 4) Tidlegare fut Schythe: Saka burde avgjerast i det vanlege rettssystemet.<sup>396</sup>
- 5) Brennevinsbrenning: Ingen endringar.<sup>397</sup>
- 6) Prokuratorbetaling: For høge rekningar kunne klagast inn for ein dommar.<sup>398</sup>  
Prokuratorane vart omfatta av det nye sportelreglementet.<sup>399</sup>
- 7) ¼ prosent-skatten:<sup>400</sup> Ingen endringar.<sup>401</sup>
- 8) Handels-, konsumsjon- og lausgjengarskatt: Ingen endringar.<sup>402</sup>
- 9) Tiend i pengar: Ingen endringar.<sup>403</sup>

<sup>390</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 5. september 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 147-148, pakke 7 VII, RA.  
Dessutan ei rekke andre brev.

<sup>391</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797”, 68.

<sup>392</sup> Såghus, *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 – 1793*.

<sup>393</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 217-219, pakke 7 VII, RA.

<sup>394</sup> Ei avgift for å kryssa elva som var pålagt allmugen ved to ”ferjestader”, sjølv om dei hadde eigne båtar.

<sup>395</sup> Ein av dei to eigarane var innstilt på å gjera endringar. Brev frå rentekammeret til kanselliet 25. mars 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 212-215, pakke 7 VII, RA.

<sup>396</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 217-219, pakke 7 VII, RA.

<sup>397</sup> Brev frå kanselliet til rentekammeret 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 215-216, pakke 7 VII, RA. Kommisjonen hadde gått inn for eit avgrensa løye.

<sup>398</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 217-219, pakke 7 VII, RA.

<sup>399</sup> Forordning 11. juni 1788, Schmidt II, 221.

<sup>400</sup> Ei avgift av pantegjeld på fast eigedom. *Norsk historisk leksikon*, 225.

<sup>401</sup> Kongeleg resolusjon meddelt av rentekammeret 17. mai 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 231, pakke 7 VII, RA. Kommisjonen hadde gått inn for ei letting.

<sup>402</sup> Brev frå rentekammeret til kanselliet 25. mars 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 212-215, pakke 7 VII, RA. Kommisjonen hadde gått inn for ei letting.

<sup>403</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 217-219, pakke 7 VII, RA.

- 10) Magasinkorn: Ingen endringar.<sup>404</sup>
- 11) Skatterestansar: Usikkert utfall.<sup>405</sup>
- 12) Skattar inndrive i jord: Det vart vedtatt ei generell letting av gebyra for heile landet.<sup>406</sup>
- 13) Utskriving av soldatar: Usikkert utfall. Kanselliet ber generalitetet om å skjerpa inn praksis.<sup>407</sup>
- 14) Lagmannstoll: Ei letting av avgifta vart vedtatt.<sup>408</sup>
- 15) Lensmennene: Ei generell endring vart vedtatt: Bønder skulle føretrekkjast som lensmenn, og ingen skulle vera både prokurator og lensmann.<sup>409</sup> Dessutan skulle tre lensmenn, Birkeland, Salvesen og Flaten, undersøkast nøyare av stiftamtmannen.<sup>410</sup> Berre Birkeland vart stevna for retten, men det er usikkert om han vart avsett.<sup>411</sup> Lensmann vart omfatta av det nye sportelreglementet.<sup>412</sup>
- 16) Futane: Skattar og avgifter skulle gjerast betre kjent for allmugen.<sup>413</sup> Futane vart omfatta av det nye sportelreglementet.<sup>414</sup>
- 17) Sorenskrivarane: Delvis handsama i saka mot Smith og Brønsdorph. Sorenskrivarane vart omfatta av det nye sportelreglementet.<sup>415</sup>
- Eit generelt trekk i kommisjonen si vurdering av klagene mot lensmennene, futane og sorenskrivarane er at dei stort sett fann forklaringane til embets- og tenestemennene sannsynlege og ”fyldestgiørende”. Eventuelle overdrivne avgifter skuldast uklare reglar.<sup>416</sup>
- 18) Kornprisane: Fri kornimport til Noreg.

---

<sup>404</sup> Brev frå rentekammeret til kanselliet 25. mars 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 212-215, pakke 7 VII, RA. Kommisjonen hadde gått inn for ei letting.

<sup>405</sup> Brev frå rentekammeret til kanselliet 25. mars 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 212-215, pakke 7 VII, RA. Kommisjonen hadde gått inn for ei letting.

<sup>406</sup> Plakat 16. juli 1788, Schmidt II, 222-223.

<sup>407</sup> Brev frå kanselliet til generalitetet 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 216, pakke 7 VII, RA.

<sup>408</sup> Innstilling frå kanselliet 25. april og kongeleg resolusjon 30. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 227-228, pakke 7 VII, RA.

<sup>409</sup> Kongeleg resolusjon meddelt av rentekammeret 17. mai 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 231, pakke 7 VII, RA.

<sup>410</sup> Brev frå kanselliet til Moltke 12. april 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 217-219, pakke 7 VII, RA.

<sup>411</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797”, 64.

<sup>412</sup> Forordning 11. juni 1788, Schmidt II, 215-217.

<sup>413</sup> Plakat 16. juli 1788, Schmidt II, 222-223.

<sup>414</sup> Forordning 11. juni 1788, Schmidt II, 213-215.

<sup>415</sup> Forordning 11. juni 1788, Schmidt II, 209-213.

<sup>416</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 22. og 27. november 1787, s. 40-94, pakke 7 VIII, RA.

Utfallet av dei ulike klagepostane kan dermed oppsummerast slik:

Utfall av sakene	Postar
Medhald	12, 14, 18
Delvis medhald	6, 15, 16, 17
Ikkje medhald/ingen endringar	1, 2, 3, 4, 5, 7, 8, 9, 10
Usikkert utfall	11, 13

Dette er ikkje ei vurdering av klagepostane ut frå kor viktige dei er. Sjølvé *resultatet* av undersøkingane, kommisjonen sin innsats og styresmaktene si vidare behandling må likevel kunna seiast å vera nokså magert sett frå allmugen si side. *ProsesSEN* undervegs hadde ein vel så viktig funksjon. Dette er tema for dei neste avsnitta.

## 5.8 Ofring av embetsmenn

Allmugen fekk truleg håp om at dei ville bli høyrt av styresmaktene ved det første konkrete utfallet av kommisjonsarbeidet: suspenderinga av sorenskrivarane Hans Smith og Christian Brønsdorph. Dei to vart fjerna frå embeta sine med umiddelbar verknad i midten av februar 1787.<sup>417</sup>

Kommisjonen tok avgjerda om suspensjonen, men gav samtidig uttrykk for at dei gjorde det med tungt hjarte. Kommisjonen viste til den kongelege orden dei hadde fått, og dei meinte å ”befinde os i den ubehagelige Nødvendighed” å setja denne ordenen ut i livet.<sup>418</sup> Då dei seinare leverte innstilling i den vidare saka mot dei to, orsaka kommisjonen sorenskrivarane langt på veg, og dei føreslo ein vidare framgangsmåte som ville vera minst mogleg belastande for embetsmennene. På den måten kunne Smith og Brønsdorph formelt innsetjast i embeta sine igjen. Men av omsyn til allmugen sin manglende tillit, og fordi embeta neppe var så viktige for dei, ville det vera mogleg å finna ei ordning der dei gjekk av frivillig.<sup>419</sup> (Sjå avsnitt 4.10.1.)

Den reelle avgjerda om suspensjon vart tatt i statsrådet. Den andre kongelege resolusjonen om nedsetjing av kommisjonen hadde dette som hovudtema:

Saa ville Vi herved end videre have Eder bemyndigede til, at i fald der, under Sagens Drift maatte findes nogen grundet og tilstrekkelig Formoedning, at en eller anden af Betinterne maatte findes skyldig i nogen

<sup>417</sup> Vedtak av stiftamtmann Adeler 13. februar 1787, resolusjonsprotokoll nr. 9, SAK.

<sup>418</sup> Brev frå kommisjonen til Adeler 12. februar 1787, innkomne brev nr. 1279, SAK.

<sup>419</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 12. mai 1787, pakke 7 IV, RA.

af de paaklagede Poster, I da af Stiftamtmanden Kammer Herre Adeler forlanger, at han strax suspenderes af Officio indtil videre<sup>420</sup>

Kommisjonen har truleg tolka dette som at dei måtte finna dei embetsmennene som enklast kunne suspenderast. *Kven* som skulle brukast som syndebukkar var opp til kommisjonen, men regjeringa hadde lagt opp til *at* det skulle finnast nokon. Dei sentrale styresmaktene avgjorde også at det skulle reisast tiltale mot sorenskrivarane, i motsetning til kommisjonen sitt forslag om ei smidigare løysing. Berg/Nideros-kommisjonen som førte saka mot dei to, følgde opp regjeringa si linje og dømde dei til bøter. Ankesaka i høgsterett enda med at dommen vart mildna, og at Smith og Brønsdorph fekk embeta sine tilbake.<sup>421</sup> Over tid endra dei sentrale styresmaktene haldning og vart meir positivt innstilt til sorenskrivarane. Forklaringsa kan vera at uroa blant allmugen no hadde lagt seg.

Kommisjonen argumenterte for flytting av fleire embetsmenn. Skulle ”Orden, Fasthed, Kraftfuldhed i Forretningerne og i den offentlege Forvaltning ... igjen indføres”, var ”Anseelse hos Betjenterne” heilt nødvendig. Og fordi allmugen mistrudde dei sitjande embetsmennene, ville det vera svært vanskeleg å innføra ro og orden igjen. Derfor ”troe vi da og at de klagende Egne kræve nye Embedsmænd.”<sup>422</sup> Fleire av dei vart då også flytta. Dette har delvis blitt tolka som ein siger for allmugen, som vart kvitt nokre av sine verste plageånder. Delvis har det blitt tolka som premierung av dei gjeldande embetsmennene, som gjekk til betre embete med høgare løn. Men for styresmaktene som heilskap handla det nok først og fremst om å få gjeninnført ”Orden, Fasthed, Kraftfuldhed” i styringa av landet. Med nye embetsmenn på plass kunne det (gjen)etablerast tillit til styresettet. Det kunne også styrka ei forteljing om at misnøyen til allmugen skuldast overgrepa til nokre få ”utru tenarar” heller enn ein systematisk urett.

Stiftamtmann Adeler vart også bytta ut, med amtmann Moltke, i januar 1788.<sup>423</sup> Dette har blitt tolka som ein konsesjon til allmugen.<sup>424</sup> Han var truleg lite populær blant dei; generalfiskalen hevda i alle fall at ”Lofthus og andre af Almuen er indtagne af Fordommer imod Stiftamtmanden”.<sup>425</sup> Moltke har i større grad enn Adeler blitt oppfatta som ein initiativrik og handlekraftig stiftamtmann. Han skal også ha meint at styresmaktene oppførte

<sup>420</sup> Kongeleg resolusjon 29. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>421</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786-1797”, 63.

<sup>422</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 22. og 27. november 1787, s. 113-114, pakke 7 VIII, RA.

<sup>423</sup> Meddelt Adeler 9. januar 1788, iflg. Jakob Friis, *Stiftamtmann i Kristiansand før 1814*, (Kristiansand: Fædrelandsvennens trykkeri, 1941), 91. Adeler ser ut til å ha fungert som stiftamtmann til eit stykke ut i februar.

<sup>424</sup> Friis, *Stiftamtmann i Kristiansand før 1814*, 83: ”et forsoningstegn fra regjeringens side til bøndene i stiftet etter Lofthusurolighetene”. Friis skriv også at Adeler sjølv sökte om å få gå frå embetet.

<sup>425</sup> Brev frå generalfiskalen til kanselliet 6. oktober 1787, pakke 7 III, RA.

seg for veikt i Lofthussaka.<sup>426</sup> Ei mogleg tolking av byttet er at Adeler vart endå ein syndebukk for sentralstyresmaktene, slik som Smith og Brønsdorph, og at regjeringa ved å avsetja han ville styrka seg i allmugen sitt omdømme. Ei anna tolking er at han måtte gå frå embetet fordi sentralstyresmaktene ville ha ei fastare hand med det urolege stiftet.

## 5.9 Grundige prosessar. Uthaling av tida?

Nedsetjinga av kommisjonen var å koma allmugen i møte på eit av dei viktigaste krava deira. Kommisjonsundersøkinga var eit betre utgangspunkt for å bli høyrt enn om dei lokale og regionale embetsmennene skulle ta seg av klagene sjølv. Den grundige undersøkinga kommisjonen sette i gang, saman med suspensjonen av sorenskrivarane, må ha verka tillitvekkjande. Sett frå styresmaktene si side hadde denne framgangsmåten også sine fordeler.

I første omgang verka kommisjonsundersøkingane til å roa ned allmugen. No måtte dei endra fokus; frå å aksjonera til å gjera det godt under avhøyra. Allmugen ville gjerne få lagt fram klagene sine for kommisjonen på ein best mogleg måte, og brukte mykje tid og ressursar på det. No kunne dei heller ikkje klaga på at dei ikkje vart høyrt; men måtte venta og sjå på utfallet av undersøkingane.

Kommisjonsavhøyra i januar og februar verka dessutan slik at allmugen kom på defensiven når det gjaldt innhaldet klagene. Så lenge dei fremma klagene mange om gongen og gjennom supplikkar, kunne dei fremma meir generelle synspunkt og skriva under på felles klager sjølv om det ikkje nødvendigvis gjaldt dei sjølv personleg. Då var solidariteten dei imellom sterkt, og det styrka heile rørsla. Når dei kom inn i avhørysrommet på rådhuset i Kristiansand, fungerte ikkje dette lenger. Kommisjonærane spurde dei då inngåande om dei kunne stå inne for kvart enkelt punkt i klagene, og i så fall om dei kunne dokumentera den uretten dei meinte å ha vore utsett for. Då måtte dei i fleire tilfelle innrømma at dei nok ikkje kunne stå inne for akkurat det punktet, eller at dei ikkje hadde meint å *klaga* på vedkomande embetsmann; det var snarare meint som eit *spørsmål* til kongen om kva for lov som heimla ei viss avgift. Allmugane, som var innkalt soknevis, vart då gjerne delt, slik at enkelte – i protokollen namngitte – personar sto fram og prøvde å dokumentera eller argumentera for ei klage, medan andre kom med forklaringar på kvifor underskrifta hadde hamna på ein supplikk utan at dei heilt hadde meint å klaga på akkurat den saka. Samtidig var fleire allmugar relativt offensive under avhøyra; dei møtte mannssterke og med skriftebrev eller annan dokumentasjon på for høge sportlar og liknande.

---

<sup>426</sup> Jakob Friis, *Stiftamtmann i Kristiansand før 1814*, 92.

Forhøyret av allmugen i Vestre Moland, mellom dei Kristian Lofthus, kan stå som døme på korleis kommisjonsundersøkingane arta seg. 11. januar 1787 møter først ni og seinare ytterlegare åtte menn frå soknet til avhøyr. Kommisjonen les opp supplikken frå Lofthus frå 8. juni 1787 og supplikken frå 27. juni, der ein del frå Vestre Moland har underskrive på å vedstå seg innhaldet i den første. Så spør kommisjonen om dei kan vedkjenna seg klagene. Det første klagepunktet – om skattehevingar – meiner dei at ikkje er ei klage, men eit spørsmål, noko også Lofthus er samd i. Generelt seier allmugen at på dei klagepostane som ikkje angår nokon av dei direkte, vil dei at det skal oppfattast som at dei ikkje har klaga i det heile. Det andre punktet – om sagskatten – deler allmugen i to då halvparten ikkje er sageigarar. I saka om at fut Dahl har tatt store pengar for å gi ein sjølvmordar ei vanleg gravferd vil ingen utanom Lofthus stå inne for påstanden. Lofthus tilbyr seg å koma tilbake med andre vitne seinare, noko han også gjer. Den tredje klageposten – mot tidlegare fut Schythe – er det også berre Lofthus som går god for, og også her kjem han tilbake med andre vitne seinare. I det fjerde klagepunktet – om for høge avgifter frå sorenskrivaren – står ein etter ein fram med skiftebrev og andre skriv som dei meiner kan dokumentera påstanden, medan andre ikkje dokumentasjon og dermed seier at dei ikkje har noko å klaga på. Forhøyret dreier deretter tilbake til spørsmålet om sagskatten og sidan gardsskatten, som endar med at bøndene ber om å bli betre informert om kva for skattar som faktisk gjeld. Lofthus vil så ta opp saka om arrestasjonsforsøket på han 29. september 1786, men kommisjonen går raskt over på utspørring av allmugen på ei rekke punkt som handlar om mobiliseringa hausten året før: Om korleis underskrifter har blitt samla inn, om dei har betalt Lofthus pengar til vakthald, om dei er kjent med setlar som vart sendt rundt og så vidare. Dette svarer dei minst mogleg og unnvikande på. Forhøyret går meir og meir over til eit forhøyr av Lofthus åleine, og varer til klokka åtte om kvelden. Dagen etter blir forhøyret av allmugen i Vestre Moland runda av med endå fleire spørsmål til Lofthus. Til sist finn allmugen det nødvendig å få protokollført at dei aldri har meint å setja seg opp mot kongen sine lover, og ”de erklærede sig alle hans Mt og Kongehuuset med Liv og Blod hengivne, og som lydige Børn, villige at opfylde Landets Faders Villie, saasnart samme dem fra Troenen tilkiendegives.”<sup>427</sup>

Avhøyra hadde altså ein disiplinerande effekt på allmugen når det kom til klagene deira. Dei kom frå ei politisk og generell mobilisering, og vart plassert i ein rettssal der alle påstandar måtte dokumenterast eller fråfallast. I tillegg hadde undersøkingane ein annan

---

<sup>427</sup> Forhörsprotokollen, s. 30-99, pakke 7 V, RA.

vikting funksjon. Kommisjonen skulle ikkje berre undersøkja bøndene sine klager; dei skulle også granska saka mot Lofthus og dei andre hovudmennene. Ved å kopla desse to oppgåvene gav det ei opning for å henta inn meir informasjon om reisinga, meir enn dei elles ville fått. Allmugen såg eigeninteressa i å delta under avhøyra. Samtidig viste det seg at solidariteten dei imellom ikkje var svekka når det kom til opplysingar om sjølve mobiliseringa. Når det seinare vart sett ned ein eigen kommisjon for å undersøkja saka mot Lofthus og dei andre meir inngåande, vart det gjennomført avhøyrsalar ein og ein om gongen. Først då var det mogleg å få ut nok informasjon til å kunna namngi hovudmennene.

Kommisjonsprosessane drog ut i tid. Frå kommisjonen sette i gang arbeidet i januar 1787 til dommen i Högsterett sette strek for saka mot Lofthus og medhjelparane hans i april 1799 tok det over 12 år. Kommisjonsdommen fall i mars 1792, meir enn fem år etter at arbeidet starta. Prosessen mot sorenskrivarane vart til samanlikning gjennomført på tre år, og på 4 ½ år til saman med ankesaka i Högsterett. Behandlinga av klagepostane tok ulik lang tid; nokre av sakene fekk eit positivt utfall våren og sommaren 1788, medan kolforretninga vart avgjort sommaren 1790.

Kvifor tok det så lang tid som fem år å få avslutta kommisjonssaka mot Lofthus? Ei mogleg forklaring er at styresmaktene trekte ut tida så godt dei kunne. Gudmund Sandvik meiner at det føregjekk ei tydeleg forhaling av saka.<sup>428</sup> Det fanst klare fordelar med det sett frå styresmaktene si side; på den måten ville allmugen ha fått saka på avstand innan dom vart avsagt, og sjansane for ny uro ville vera mindre. Lofthuskommisjonen tar opp dette spørsmålet i innstillinga si i mai 1787, der dei føreslår at ein ny kommisjon skal undersøkja saka vidare: ”Om dette strax bør iværksættes, eller, om det ikke var best, at uden den Giæring, hvori Lofthuuses Arrest har sat Folket, nogen Tiid til at evaporere, er en slibrig Sag at afhandle”.<sup>429</sup> Argumenta for ein rask prosess var at det då var lettare å henta inn sikre opplysingar og at arrestkostnadene med det ville vera mindre, men også at ei lang fengslingstid ville innebera dobbelt straff. Argumentet mot var ”Folkets Skrøbelighed”,<sup>430</sup> Kommisjonen frykta følgjene ved ein rask prosess. Samtidig vart det frå fleire hald gitt uttrykk for at ein burde få ei rask avgjerd. I den kongelege resolusjonen om den vidare framgangsmåten blir det presisert at det er kongens vilje ”at den heele Sag saa snart som mueligt skulde tilendebringes”.<sup>431</sup> Moltke føretrakk også ei rask avgjerd.<sup>432</sup> Kommissærane

<sup>428</sup> Sandvik, *Dømande kommisjonar i Noreg*, 45.

<sup>429</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling 16. juni 1787, s. 73, pakke 7 VIII, RA.

<sup>430</sup> Lofthuskommisjonen si innstilling 16. juni 1787, s. 73, pakke 7 VIII, RA.

<sup>431</sup> Kongeleg resolusjon 27. juli 1787, referert s. 119-120 i ekstraktraprotokollen, pakke 7 VII, RA.

<sup>432</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 235, og Friis, *Stiftamtmann i Kristiansand før 1814*, 93.

Falsen og Aars klaga mykje på at Schweder var så omstendeleg, og meinte at det var om å gjera å ikkje ”trække denne Commission i det uendelige og saaleedes at bringe Deres Majestæts Casse i betydelig Udgift”.<sup>433</sup> Dei var først og fremst redde for at Schweder skulle halda ved like uroa ved å gjera saka større og viktigare enn det dei sjølv såg som ønskeleg. Diskusjonen rundt kven som skulle forsvara Lofthus, kven andre som skulle ha rett til forsvarar, og kva slags rettar dei tiltalte eller mistenkte skulle ha, kan ha vore med på å trekka ut tida utan at det var styresmaktene sin intensjon. Likevel er det påfallande at dommen først kom etter fem år.

## 5.10 Rettstryggleik? Kommisjonsinstituttet

Graden av rettstryggleik er ei interessant side ved kommisjonssaka mot Lofthus. Det var klart frå starten at han skulle ha ein forsvarar, men når det kom til stykket gjekk styresmaktene vekk frå løftet om at han skulle få velja denne sjølv. Schweder var for ivrig i tenesta. Falsen og Aars argumenterte med at tida og ressursane ikkje strekte til for alle dei krava Schweder stilte til framgangsmåten og alle dei vitna han ville innkalla eller stilla eigne spørsmål til. Her var det om å gjera at den som skulle vera forsvarar ”ikke er Rabulist men klog Mand, som giør hvad det kan nytte at giøre, og ikke mere”.<sup>434</sup> Dei fekk til slutt medhald, og Schweder vart bytta ut med ein ”dugeleg og påliteleg” mann, i første omgang prokurator Thomas Lund, som ikkje laga for mykje støy rundt rettssaka. Dei andre tiltalte fekk avvist kravet om ein forsvarar under undersøkingskommisjonen sitt arbeid vinteren 1787-1788.<sup>435</sup> Grunngivinga for å avgrensa rettane til dei tiltalte eller mistenkte var som oftast at ein brukte den inkvisitoriske prosessmåten. Under sjølve inkvisisjonsavhøyra var det ikkje ønskeleg med nokon forsvarar til stades; då kunne det bli vanskelegare å få fram opplysningar.

Generalfiskalen argumenterer mot å oppnemna forsvarar med at

da i Inqvisitions Proces ingen andre end examinandi selv maae møde, saalænge Inqvisitionen eller Examinationen holdes, paa det de ey af andre Tilstedeværende skulle underrettes om, hvorledes deres Complicers eller andre Deponenteres Udsigende har været; men at Sandheden formedelst de skyldiges Modsigelser desto bedre og letttere kunde komme for Dagen; følgelig vilde Defensorers Udnævnelse og Møde ikke have Sted, saalænge Inqvisitionen varede.<sup>436</sup>

<sup>433</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 4. desember 1787, pakke 7 III, RA.

<sup>434</sup> Brev frå Falsen og Aars til kanselliet 4. desember 1787, pakke 7 III, RA.

<sup>435</sup> Brev frå kanselliet til Falsen og Aars 29. desember 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 161-162, pakke 7 VII, RA.

<sup>436</sup> Brev frå generalfiskalen til kanselliet 17. august 1787, referert i ekstraktprotokollen s. 131-132, pakke 7 VII, RA.

Ifølgje det inkvisitoriske prinsippet låg avhøyre og dom til den same instansen. Kommissærane skulle både henta inn opplysingar, avhøyra dei mistenkte – utan forsvarar til stades – og til slutt avseia dom. Dei dømande kommisjonane hadde ein politisk funksjon; dei var eit ”særs tenleg middel ... til å føra politikk ved hjelp av rettsvesenet.”<sup>437</sup>

Kommisjonsinstituttet hadde altså klare fordelar dersom ein ønskete politisk kontroll med rettsprosessen. Sentralstyresmaktene greip då direkte inn, gav eit mandat til kommisjonen og peika ut kommisjonsmedlemmene. Men som øvste embetsmann i Bratsberg amt motsette Moltke seg å få ein kommisjon dit. Han meinte ein kommisjon ville vera ”upassande og unyttig”:

Skulle Almuens Misfornøyelse mod een eller anden strax foranledige en Commission, saa ville der blive utallige mange; Det ville ufeilbarlig formindske Bondens Tillid til Øfrigheden, naar han seer at man mistænker og tvivler om de Rapports og Erklæringes Rigtighed, som Amtmanden nedsende, og man bør med Grund troe, at Amtmanden heller ikke nyder Regieringens Tillid og Understøttelse, uden, hvilke han bliver unyttig i den Post Kongen har sendt ham,<sup>438</sup>

Moltke såg det altså slik at ein kommisjon i hans eige distrikt ville visa at han ikkje hadde tillit frå regjeringa, og at han dermed ville mista autoritet. (Derimot ville han ha ein kommisjon om trelasthandelen, også *før* Lofthusreisinga, men dette handla ikkje om klager mot embetsmennene, men mot kjøpmennene i Arendal.) Ved å ta grep om situasjonen og sjølv undersøkja dei klagene som kom fram, unngjekk han då også ein slik skjebne. Stiftamtmann Adeler vart på si side skifta ut, truleg på grunn av Lofthusreisinga. Den som erstatta han var amtmann Moltke, som vart rekna som ein initiativrik og handlekraftig stiftamtmann.<sup>439</sup> Sentralstyresmaktene var så nøgde med han at han allereie to år seinare, i 1790, vart forfremma igjen til stiftamtmann i Akershus. Som leiar av den siste kommisjonen i saka mot Lofthus – Akershuskommisjonen – fekk han også det avgjerande ordet i dommen mot han i 1792.

## 5.11 Splitt og hersk

For styresmaktene var det eit problem at allmugen sto samla. Det hindra dei i å få tak i nødvendig informasjon, og gjorde det i neste omgang vanskeleg å få straffa dei mest skuldige. Solidariteten allmugen imellom var eit problem fordi det undergravde styresmaktene sin autoritet og kontroll med befolkninga. For å motverka denne solidariteten brukte

<sup>437</sup> Sandvik, *Dømande kommisjonar i Norge*, 69.

<sup>438</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 27. desember 1786, pakke 7 II, RA.

<sup>439</sup> Jakob Friis, *Stiftamtmann i Kristiansand før 1814*, 91-100.

styresmaktene ein splitt og hersk-teknikk ved å premiera dei som braut ut. For det første vart det brukt muter for å få tak i informasjon og for å få hjelp til å arrestera Lofthus.

Kommisjonen betalte 212 riksdalar til kaptein Hammer i februar 1787, som handpengar av staten for å få Lofthus arrestert. I alle fall nokre av dei som hjelpte til fekk sin del av desse pengane.<sup>440</sup> Dette kan ha vore avgjerande for å få fatt på han. For det andre venta det premieringar i ettertid. Dei rikelegaste premieringane var det embetsmenn som fekk. Dei som arresterte Lofthus var tydeleg klar over at det kunne venta dei premiering, og gav uttrykk for det i rapportane sine oppover i systemet. Kaptein Hammer skildrar i dramatiske ordelag korleis han og medhjelparane hans fekk sikra seg arrestanten og med nød og neppe kom unna forfølgarane sine på seglturen frå Lillesand til Fredriksvern:

Uagtet Døden har staaet mig for Øyne ved enhver skummende Bølge som har truet alle Øyeblinkke at begrave os i den lille Baad paa havets Bund, saa har Jeg uden Frygtens tilbageholdenhed med en Roelig Siel og Hierte, gaaet denne Øyensynlige livsfare i møde, thi det var min Konges, mit Fædrelands vel som fordrede dette;

Samtidig har han framtida si i tankane:

Saa venter Jeg den høye Commission gunstigst vil betænke dette, og forestille min Forflyttelse paa een eller anden Maade, som jeg da tillige haaber bliver til min Forfremmelse og som jeg sætter min fulde Tillid til Deres Andragende for Vor naadige Konge ikke bliver uten Krafft til at Virke mit vel, saa er det jeg i den dybeste ærbødigheid og underdanighed derom Bønfalder.

Han gløymer heller ikkje å framheva lensmann Salvesen: ”Jeg kand ikke undlade, for den høye Commission underdanig at berømme den standhaftighed og utrættede Fliid som herr Salvesen med lige lyst, ved enhver af mine Planer og Anlægge udviste”. Han ber kommisjonen om å leggja fram begge to si sak for kongen, ”og venter at finde Naade for Vores Bestræbelser.”<sup>441</sup> Om Hammer var embetsmann, så var Salvesen, Nersten og Natvig alle frå allmugen. At dei var sentrale i arrestasjonen, og vart løna godt for det etterpå, var særleg provoserande for allmugen elles.

Splitt og hersk-metoden var viktig for å undergrava sjølve grunnlaget for bondereisinga. Allmugen gjekk gjennom ein kontinuerleg prosess som tidlegare er omtalt som konsensusdanning og mobilisering av konsensus. Utan at dei opplevde eit lagnadsfellesskap og hadde utvikla ei semje om kva som måtte gjerast, ville dei stå langt svakare i møtet med styresmaktene. Styresmaktene prøvde derfor å motverka konsensusen og fellesskapet på fleire

<sup>440</sup> Sætra, ”Fra bondeledere til fanger”, 91-92.

<sup>441</sup> Brev frå Hammer til kommisjonen 17. mars 1787, pakke 7 VII, RA.

vis: Dels prøvde dei å isolera Lofthus frå allmugen, dels prøvde dei å skilja grupper i allmugen frå kvarandre. Kommisjonsavhøyra spelte ei viktig rolle i forsøket på å splitta allmugen, ved at klagarane ikkje lenger kunne stå inne for klager som ikkje gjaldt dei sjølv og som dei kunne dokumentera. (Dette er omtalt i avsnitt 5.9.)

Styresmaktene hadde ikkje berre ein kompakt og samla allmuge framfor seg. I eit lokalsamfunn finst det motsetningar, også av det meir personlege slaget. Lofthus hadde til dømes ikkje det beste forholdet til naboen sin, Anders Møglestu. Dei to skal ha vore i ein odelsstrid tidlegare,<sup>442</sup> og Møglestu var ein av Lofthus sine kreditorar. Etter at Lofthus var arrestert nytta Møglestu høvet til å driva inn gjeld frå kona hans.<sup>443</sup> At Møglestu også let seg bruka til å få pågripe Lofthus er derfor ikkje så overraskande. Men styresmaktene gjekk grundig til verks, og eit av verkemidla var karakteristikkane av Kristian Lofthus.

Lofthus vart frå starten av omtalt i svært negative ordelag. Han hadde ei lang historie med konfliktar med øvrigheit og byborgarar frå før reisinga i 1786 og 1787, og hadde fleire av embetsmennene – særleg dåverande fut Dahl og tidlegare fut Schythe – som sine personlege fiendar.<sup>444</sup> At han stilte seg i spissen for ei allmugereising gjorde at han sto lagleg til for hogg. Stiftamtmann Adeler set an tonen i den første rapporten til kanselliet i oktober 1786. Her må han, seier Adeler, for å setja ting i sitt rette perspektiv, seia følgjande om Lofthus som person og om framgangsmåten hans:

Han har stedse, som Gaardboende og Lem af det borgerlige Selskab, udmerket sig med Gjenstridighed, Trættekjærhed og Dristighed i at overtræde Lov og Anordninger, samt med ofte paa de underfundigste Maader at udvikkle sig af Forbrydelser og at fremme sine Hensigter; Men omsider har han derved spildt sin Velfærd, og 2de til Dato usvække Domme have kjendt ham for ærerørig Sag at bøde sine 3 mark; saadan Tilstand har forøget hans Ondskab, hans Dristighed og Ærgjerrighed: For at tilvende sig Penge af Almuen, gjøre sig et Navn, eller af begge disse Aarsager, har han ved sin Nær værelse i Kjøbenhavn i den heele Almues Navn indleveret en Deel Besværinger over Betjentene her i Stiftet og Amtet.<sup>445</sup>

*Tremarksdommen* som Adeler viser til var ei straff på æra, og eit nyttig verkemiddel for å karakterisera Lofthus som ein skurk.<sup>446</sup> Det andre ordet som ofte gjekk igjen i styresmaktene sin omtale av Lofthus er *opprørar*. Det vart både brukt i korrespondansen mellom embetsmenn, og i offisielle plakatar og brev retta til allmugen. I Adeler sin plakat om arrestasjonen heiter det at ”den Arrest, som er foretaget ... paa Oprøreren Christian Jensen

<sup>442</sup> Sætra, ”Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797”, 67.

<sup>443</sup> ”Eksekutionsforretning hos Christian Jensen Lofthus. Hvorledes den dansk norske øvrigheid behandlet sine foregangsmænd”, *Agders folk og land*, (1921), nr. 3, 15-17.

<sup>444</sup> Sverdrup, *Lofthusbevægelsen*, 88.

<sup>445</sup> Rapport fra Adeler til kanselliet 9. oktober 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>446</sup> Fordi ein tremarksdom var ei straff på æra, var det noko domstolane prøvde å unngå, med mindre poenget nettopp var å skada æra til vedkomande. Sogner, *People meet the law*, 273.

Lofthus er skeet etter Hans Majestæts allerhøyeste Befaling<sup>447</sup>. I ein kongeleg resolusjon frå våren 1787, skrive som eit svar på ein av supplikkane, blir han omtalt på same måte.

Allmugen elles blir karakterisert som ”enfoldig”, som har latt seg lura av opprøraren.<sup>448</sup> Også Øystein Ingolsland<sup>449</sup> og Peder Bentsen<sup>450</sup> blir omtalt som opprørarar. Det verkar som at styresmaktene både lokalt og sentralt brukte omgrepene svært medvite; delvis frå embetstmannene til regjeringa for å markera kva slags farlege personar dei måtte hanskast med, og delvis frå styresmaktene til allmugen for å fortelja dei at dei måtte halda seg unna slike folk.

Allmugen vart gjerne i same åndedrag omtalt i rosande ordelag – det vil seia at dei var lojale til kongen – bortsett frå at dei var mindre intelligente og lét seg lura av slue opprørarar. Det kunne jo umogleg vera deira eigen frie vilje å klaga på øvrigheita på ein slik måte. Allmugen i Strengereid klaga til kongen i mai 1787, og viste til eit rykte om at dei ikkje var tru mot kongen, noko som hadde opprørt og smerta dei ”paa det ømmeste”. Kongen svarer då straks at det ikkje har kome dei for øyra eit slikt vanærande rykte, og ”saa have Vi og ikke nogensinde draget Vores kiere og retsindige Norske Undersatters Troskab i Tvivl.”<sup>451</sup>

Andre gonger vart derimot (delar av) allmugen utsett for harde karakteristikkar. Det var ei vanleg oppfatning at det fanst eit skilje mellom gardbrukarar og dei meir ”utsnevande” dagarbeidarane, jernverksarbeidarane, husmennene og andre fattige. Adeler rapportera i april 1787 at

Nedenæs Lehn er ligesom deelt i 2 Deele; den første nemlig de Gaardbrugende, har man ei Aarsag at frygte for, da disse siden Lofthus er kommen i fra dem, indseer deres Forbrydelser; den anden Deel derimod bestaaer af en Samling fra mangfoldige Præstegielde, som er flyttet der hen formedelst de mange Næringsveie, som findes saavel ved Jærn Værkerne og Gruerne, som ved Søefarten og Hugst paa Stranden; disse som intet eie, udgiør den største Mængde, og opvante til alle Udsvævelser, maa man fornemmelig holde et vaaget Øye med, og seer de ikke Straffen bestandig for Øyne; holdes de ikke i Leederne<sup>452</sup>

Eit meir ubeherska utbrot kjem frå fut Dahl omtrent på same tidspunkt. Han vart fråtatt autoriteteten sin då han vart sett i arresthuset, og orsakingane han fekk etterpå kunne ikkje reparera forholdet til undersåttane. Ein knapp månad seinare er han framleis tydeleg rasande, og skriv om tilstanden i distriktet at ”Udskuddet af Almuen” var klar til ”nye og større

<sup>447</sup> Trykt plakat frå Adeler 17. mars 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>448</sup> Kongeleg resolusjon, ukjent dato 1787, pakke 7 VII, RA.

<sup>449</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 14. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>450</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 27. mars 1787, referert i ekstraktpunktokollen s. 51-52, pakke 7 VII, RA.

<sup>451</sup> Tingeklæring frå Strengereid allmuge, referert av Adeler 30. mai 1787, og kongeleg resolusjon 8. juni 1787 som svar på dette, referert i ekstraktpunktokollen s. 97-100, pakke 7 VII, RA.

<sup>452</sup> Brev frå Adeler til kanselliet 17. april 1787, kollegialpunktokoll nr. 28, SAK.

Voldsomheder” som berre kan hindrast av eitt eller to kompani av verva soldatar. Vidare skriv han at ”de endnu vedblev flokkeviis, endog om ubetydelige Ting at komme til ham, i den Tanke derved at give deres Anliggenders Foredrag en Efftertryk; ja at de endog ikke undsaae sig at giøre de urimeligste Begieringer paa den Grund, at det var Almuens Villie.”<sup>453</sup> At noko skal vera viktig fordi det er allmugen sin vilje var altså provoserande i seg sjølv, og at dei kom til han på eige initiativ med desse sakene var også ganske uhøyrt.

På krisemøtet tidleg i desember 1786 var det også enkelte som uttalte seg nokså fritt om allmugen. Lengst går generalmajor Dietrichson, som argumenterer mot eit kvart kompromiss på bakgrunn av ”de meeneedige Bønders skammelige og formastelige Trudsler”. Han vil helst ha frie hender til ”at behandle disse som Oprørere, Meeneedere og Hans Majestæts Lov og Forordninger overtrædende, ulydige Undersatte.”<sup>454</sup>

Men vanlegvis prøvde styresmaktene å orsaka allmugen når dei gjekk over streken. Lofthuskommisjonen tyr til den enklaste forklaringa på kvifor reisinga fekk eit så stort omfang: Allmugen er mindre intelligent, eller ikkje ”skarpseende nok til at skille Forbryderen mod landets love fra Forfremmeren af deres Vel”.<sup>455</sup> Slik kjem dei unna problemet med å stempla alle innbyggjarane som opprørarar; dei har ikkje heilt forstått kva som sto på.

Denne splitt og hersk-strategien klarte i lita grad å underminera det generelle samhaldet blant allmugen. Men forbigåande kan det sjå ut som ein delvis lukkast. I alle fall var ikkje alle delar av allmugen mobilisert samtidig. Det kan imidlertid også skuldast dei store geografiske avstandane, manglande organisering, därleg informasjon på tvers av bygdene, og ikkje minst den tradisjonelle bondeforsiktigkeit. Ein passa seg for å stikka hovudet fram med mindre ein kjende seg trygg på at risikoene var mindre enn vanleg.

## 5.12 Ein legitimerande ideologi

Styresmaktene viste ofte til dei norske bøndene sin velkjende og tradisjonelle kongetruskap, og dei verka å tru at upassande åtferd skuldast misforståingar, kunnskapsmangel eller at dei var blitt lurt av ein slu opprørar.<sup>456</sup> Desse førestillingane var ein viktig del av eineveldet sin legitimerande ideologi og det allmenne tankegodset i øvrigheita. Om embetsmennene faktisk trudde på dette sjølv er ikkje dermed sikkert. Men å få allmugen til å akseptera slike forteljingar ville vera eit nyttig verkemiddel for å sikra maktforholda og sin eigen autoritet.

<sup>453</sup> Brev frå Dahl, vidaresendt av Adeler til kanselliet 17. april 1787, referert i ekstrakprotokollen s. 70-71, pakke 7 VII, RA.

<sup>454</sup> Referat frå krisemøtet hos Adeler 4. desember 1786, sakinndelte pakkesaker nr. 1754, SAK.

<sup>455</sup> Brev frå kommisjonen til kanselliet 27. februar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>456</sup> Kongeleg resolusjon, ukjent dato 1787, pakke 7 VII, RA.

Bøndene gav ofte sjølv uttrykk for kongetruskap.<sup>457</sup> Det er likevel ikkje sikkert at lojaliteten til monarkiet og styresettet var så solid som det kunne verka, og som dei fleste historikarar har rekna med. Det kan også vera utslag av ei *taktisk* vurdering når allmugen stadig gjentok trua på den rettferdige kongen. Dei må ha visst at dei ikkje hadde sjanse til å overleva ein full konfrontasjon med heile styresettet, og det var vågalt nok å setja seg opp mot ein samla embetsstand og borgarskap lokalt og regionalt. Det beste dei kunne håpa på var at styresmaktene ikkje sto samla i eitt og alt, og at det var interessekonfliktar og usemjer dei imellom som kunne utnyttast. Dermed ville det vera klokt å konsentrera utfordringa til den mindre legitime delen av styresettet, men la den mest udiskutable delen – den eineveldige kongen – vera uutfordra. Eller som Øystein Rian uttrykkjer det: Kongetruskapen var stor og allmenn – som politisk reiskap for å kritisera kongens menn for å vera utru tenrar, og som eit håp eller ein utopi for å halda motstandsgnisten i live.<sup>458</sup>

Styresmaktene kan også ha hatt sine eigne grunnar til å dyrka førestillinga om dei lojale, men lidande bøndene. Sympatierklæringane med bøndene sin situasjon kan skuldast andre ting enn at dei faktisk støtta krava deira. For det første kunne det vera talemåtar som var med på å gi allmugen tillit til embetsmennene. For det andre kunne dei skuva bøndene framfor seg for å oppnå noko som var i deira eiga interesse, slik tilhengarane av landbruksreformer i Danmark gjorde i debatten der.<sup>459</sup> Lofthuskommisjonen sine innstillingar, både i saka mot Lofthus og i saka om dei enkelte klagene, er fulle av velvillige formuleringar om kor gode grunnar bøndene har til å klaga. Mot slutten av innstillinga over allmugen sine klagepostar vender kommisjonsmedlemmene seg til kongen med ei overtyding om at han ”alt forlängst er rørt til Medynk over et Folk, som paa en bønlig Maade har forestillet sin Trang til denne ethvert Menneskes første Fornødenhed, ethvert borgerligt Sælskabs første Hensigt, og alle Loves viktigste Gjenstand, Føde.”<sup>460</sup> Både disposisjonen og argumenta leier opp til det store oppgjeret med kornmonopolet, som kommisjonen truleg kjempa så sterkt imot først og fremst av andre grunnar enn av omsynet til bøndene. Ikkje minst var forteljinga om dei kongetru bøndene viktig for å legitimera statsmakta. Styresmaktene var tilbakehaldne med å tilleggja allmugen eit ønskje om å villa endra styresettet; det kunne i så fall bli ei meir utbreidd oppfatning og dermed undergrava styresmaktene sin autoritet.

Språket og diskursen er ein viktig del av den politiske kulturen. Gjennom språket blir ein sosial orden stadfesta eller utfordra. Språket kan også gi viktige signal om kva som blir

<sup>457</sup> Supplikk 2. desember 1786, pakke 7 I, RA. Supplikk 27. mars 1787, pakke 7 VII, RA. Med fleire.

<sup>458</sup> Rian, ”Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk”, 35.

<sup>459</sup> Kjærgaard, ”The Rise of Press and Public Opinion in Eighteen-century Denmark-Norway”.

<sup>460</sup> Innstilling frå Lofthuskommisjonen 22. og 27. november 1787, s. 95, pakke 7 VIII, RA.

vektlagt når forslag blir fremma og vedtak fatta i embetsverket. Eitt døme er omtalen av allmugen generelt og oppløpet spesielt i dei kongelege resolusjonane som kjem hausten 1786. Den første resolusjonen om nedsetjing av ein undersøkingskommisjon er prega av krasse og nedsetjande karakteristikkar av både Lofthus og allmugen:

have Vi ladet Os allerunderdanigst foredragte, hvorledes en Bonde af Molands Præstegield, navnlig Christian Jensen Lofthus, der skal være et uroeligt og ildesindet Menneske, skal have anstillet et Opløb af Almuen ved Lillesands Tingsted, med viidere; ... Saa er hermed Vores allernaadigste Villie og Befaling, at I sammenträde i en Commission, og paa et Sted, hvor I maatte eragle det beleystigst for Eder indkalde 3 eller 4 af de fornuftigste i enhver Bøygd, af dem som have været samlede, og paa en sagtmodig og overbeviisende Maade foreholde dem deres Vildfarelse, med at lade sig forleede af et saa slet Menneskes urigtige og løgnagtige Foregivende, ved Sammenløb at æske Øvrigheden til Regnskab for deres Handlinger<sup>461</sup>

Statsrådet omtaler Lofthus som både ”ildesindet” og eit ”slet Menneske”, medan allmugen for øvrig er blitt lurt og må bli irettesett og konfrontert med si ”Vildfarelse” på ein ”sagtmodig og overbeviisende Maade”. Det verkar som at statsrådet er særleg opprørt over *måten* allmugen har gått fram på, når dei har drista seg til å ”æske Øvrigheden til Regnskab for deres Handlinger”.

I seinare resolusjonar er tonen annleis. 8. desember 1786 blir nedsetjinga av den nye og mykje tyngre Lofthuskommisjonen stadfesta gjennom kongeleg resolusjon. Sjølve tiltaket – å erstatta lettvektarane Dahl og Sørensen med tre (og seinare fire) av dei antatt fremste embetsmennene i landet – viser at statsrådet tar utfordringa frå Lofthusreisinga alvorleg. Også språkbruken tyder på at dei har endra syn:

have Vi ladet Os allerunderdanigst referere, hvorledes en Bonde af Molands Præstegield i Christiansands Stift, navnlig Christian Jensen Lofthus, skal have anstillet et Opløb af Almuen ved Lillesands Tingsted, med viidere; Og, da bemelte Lofthus med fleire af Almuen derimod haver indgivet Klager over dem tilføyede Fornærmelser af Vore Betiente ved de affordrede Skatter, Skifters Behandling med meere; Saa, paa det den rette Sammenhæng hermed kan blive oplyst, er Vores allernaadigste Villie og Befaling, at I strax sammenträde udi en Commission, som skal holdes i Vor Kiøbstad Christiansand, for nøyne at undersøge denne Sag, med alt, hvad deraf dependerer, da I have at betyde Vedkommende Almues Mænd, at de for Eder i al Stilhed og Roelighet kunde frembringe deres Andragende, som paa det nøyeste skal vorde undersøgt, da de kunde vente at vederfares alt, hvad Ret og Billighed medfører,<sup>462</sup>

Dei nedsetjande kommentarane om Lofthus er borte, årsakene til situasjonen blir framheva, og oppdraget med å irettesetja allmugen er betydeleg dempa ned.

I den siste resolusjonen som omhandlar nedsetjing av undersøkingskommisjonen, av 29. desember same året, er den vesentlege meldinga denne:

<sup>461</sup> Kongeleg resolusjon av 27. oktober 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>462</sup> Kongeleg resolusjon av 8. desember 1786, pakke 7 I, RA.

Saa ville Vi herved end videre have Eder bemyndigede til, at i fald der, under Sagens Drift maatte findes nogen grundet og tilstrekkelig Formoedning, at en eller anden af Betinterne maatte findes skyldig i nogen af de paaklagede Poster, I da af Stiftamtmanden Kammer Herre Adeler forlanger, at han strax suspenderes af Officio indtil videre, og at han constituerer en anden duelig Mand,<sup>463</sup>

No er fokuset retta mot embetsmennene. Dersom det finst ei tilstrekkeleg ”formodning” om at ein embetsmann er skuldig i nokre av klagene, skal han straks suspenderast. På dette tidspunktet kan det altså verka som at allmugen blir tatt mykje meir på alvor enn to månader tidlegare. Både verkemidla og språkbruken peikar i same retning. Det er ikkje dermed sagt at styresmaktene nødvendigvis har skifta mening om saka på det overordna planet. Men *taktikken* er i alle fall endra.

### **5.13 Er verkemiddelbruken systematisk eller tilfeldig?**

Den store variasjonen i verkemiddelbruken kan gi inntrykk av at styresmaktene ikkje hadde nokon plan for korleis sosiale protestar som Lofthusreisinga skulle møtast, men at dei valde verkemiddel undervegs når nye situasjonar oppsto. Vinglinga mellom stadige arrestasjonsforsøk på den eine sida og fritak for arrest på den andre, peikar i same retning. Det kan verka som om det var rein opportunisme som styrte verkemiddelbruken. Jo sterke allmugerørsla såg ut til å vera, jo større konsesjonar vart gitt. Styresmaktene gjekk imot sitt eige lovverk ved å gi meir enn 30 bønder reisepass til København. Slike klagereiser var forbodne etter forordninga av 1685, og Lofthus blir til slutt dømt for brot på denne forordninga.

*Organiserte klagereiser* på vegner av fleire var dessutan heilt i strid med det styresmaktene ønskte seg; ein og ein kunne dei godt klaga, men ikkje mange saman, og ikkje på eit generelt grunnlag. Ved fleire høve blir det reagert på den kollektive klageverksemda. Generalprokurør Bang peikar på at forordninga frå 1685 forbyr klagereiser, og vil ha denne publisert på nytt i ein plakat, med eit tillegg: ”At dersom nogen Ansøgning nedkom underskreven enten af en heel Almue, eller af nogle faa paa Almuen Vegne, skulde den aldeeldes ey komme i nogen Betragtning; Men enhver for sig have sit Anliggende at anbringe for sin Amtmand.” Dei som likevel reiser til København eller som opphissar allmugen til forbodne klagemål, må trugast med straff.<sup>464</sup> Det kan sjå ut som det vart med trugsmåla; klagereisene til København stoppar i alle fall ikkje opp.

<sup>463</sup> Kongeleg resolusjon av 29. desember 1786, pakke 7 I, RA.

<sup>464</sup> Brev frå Bang til kanselliet 13. desember 1786, pakke 7 I, RA.

Styresmaktene improviserte nok i stor grad, med kronprinsen som den første, og dei let seg pressa på defensiven ved fleire høve. Det var dessutan ein del usemje mellom ulike delar av styringsverket og ulike enkeltembetsmenn undervegs om kva som var dei mest eigna tiltaka. Der nokon såg nedsetjing av ein undersøkingskommisjon som eit godt verkemiddel, var andre mykje meir skeptisk fordi det kunne svekka tilliten til det ordinære embetsverket. Store avstandar og avgjerder som ikkje vart kommunisert vidare frå sentral- til lokalstyringsverket gjorde sitt til at delte meininger oppsto og motstridande tiltak vart sett ut i livet. Dette medverka nok til at styresmaktene ikkje fekk styrt så tydeleg som dei kunne ønska seg, og måtte finna seg i å møta allmugen på halvvegen ved nokre høve.

Varierande og til dels motstridande verkemiddel er ikkje nødvendigvis uttrykk for forvirring. At styresmaktene måtte gi konsesjonar var neppe førsteønsket deira; det kom som resultat av at dei var på defensiven. Men konsesjonane var også innanfor ramma av kjente handlingsalternativ. Nedsetjing av dømande kommisjonar var eit mykje brukt verkemiddel i politiske saker.<sup>465</sup> Klagereiser var i praksis tolerert. Fritak for arrest eller leidebrev var meir sjeldne, men var ei praktisk mellombels løysing for å oppnå tilstrekkeleg ro blant allmugen.

Tiltak som meir openbart var meint for å kontrollera allmugen og slå ned på uroa, som valdsbruk, etterretning og formaning, følgde også eit kjent mønster. Når lokale embets- og tenestemenn som Dahl og Salvesen gjennomførte sine første arrestasjonsforsøk lenge før det fanst nokon arrestordre, var det i vissa om at obsternasige bønder ikkje høyte heime under eineveldet. Sjølv om bonden kanskje ikkje hadde gjort seg skuldig i klare lovbrot, var det ein embetsmann si plikt å halda ro og orden i sitt distrikt. Dei kunne rekna med full støtte frå høgare instansar, og handla deretter.

Dette illustrerer at det fanst eit svarrepertoar med eit visst sett av verkemiddel å velja i. Men styresmaktene såg behov for å stramma til i møtet med dei omfattande protestane mot slutten av einevaldstida. Forordninga av 1765 kom etter Strilekrigen og var meint for å innskjerpa forbodet mot politisk aktivitet blant allmugen. Denne forordninga vart i tilfellet Lofthusreisinga brukt for å døma hovudmannen. Lofthusreisinga førte vidare til strengare straff for å ”oppissa og forleia allmugen og andre einfaldige medborgarar til openbare falske klagemål og løgnaktige angivingar.” – ”Lex Lofthus” frå 1792.<sup>466</sup> Det er dessutan kontinuitet frå straffa mot Lofthus til straffetiltaka mot Hans Nielsen Hauge.

<sup>465</sup> Gudmund Sandvik, *Dømande kommisjonar i Norge*, 44-48. Andre døme er undersøkingskommisjonen på Kongsberg 1772-75, saka mot futen Poul Hansen i Øvre Telemark 1775, mot allmugen i Nordhordland 1765 (Strilekrigen) og mot Hans Nilsen Hauge.

<sup>466</sup> Ole Feldbæk, ”Kristian Lofthus i en helstatsskontekst”, i Johnsen, Berit Eide og Sætra, Gustav (red.): *Kristian Lofthus og hans tid*.

## 5.14 Motsetningar i styringsverket?

Vurderinga av kva som var dei rette mottiltaka kunne variera i ulike delar av og på ulike nivå i styringsverket. Til dømes verka regjeringa langt ivrigare etter å få suspendert nokre embetsmenn enn det kommisjonen og dei regionale styresmaktene var. Dette kan ha vore utslag av ein interessekonflikt mellom sentralt og lokalt embetsverk i møtet med klager og kritikk. Sentralstyresmaktene hadde då ein tendens til å leggja skulda på lokale embetsmenn, slik at styresettet som heilskap gjekk fri. Mellom anna vart det gjord i samband med protestane mot ekstraskatten, då amtmann Lachmann i Stavanger amt vart degradert og flytta.<sup>467</sup> Embetsverket kunne altså ha motstridande syn på *korleis* uroa skulle dempast. Det var likevel stor semje om *at* den sosiale ordenen måtte tryggast.

Det var i dei defensive situasjonane, då allmugen pressa øvrigheita til handling, at motsetningane mellom ulike delar av styringsverket kom tydelegast fram. Døme på slike motsetningar er ofringa av dei to sorenskrivarane, synet på bruk av kommisjonar, og når ein ville ta i bruk militærmakt. Det kan verka som at somme lokale embets- og tenestemenn raskt let seg vippa av pinnen ved ureglementert åtferd frå bøndene si side. Andre, som til dømes Moltke og kommisjonen, ser ut til å villa verna om den naturlege autoriteten til styresmaktene. Dei argumenterte fleire gonger for list framfor makt, eller å bruka det ordinære styringsverket framfor ekstraordinære tiltak. Dei sentrale styresmaktene kunne på si side lettare lena seg tilbake og ta meir overordna omsyn enn det dei lokale embetsmennene kunne. For regjeringa var omsynet til styreforma viktigare enn lagnaden til ein enkelt embetsmann eller to. Når uroa og presset nedanfrå hadde lagt seg, kunne dei heller ta dei ofra sorenskrivarane inn i varmen igjen.

Lokalstyresmaktene kunne nok somme tider ha sympati for dei protesterande sine krav. Samtidig hadde dei mange fleire omsyn å ta; til eigen autoritet, eigen tryggleik, forholdet til andre delar av styringsverket, forholdet til andre samfunnsgrupper (borgarane) og ikkje minst ansvaret som kongen sin tenar. William Beik viser i ein gjennomgang av urbane opprør i Frankrike på 1600-talet at den lokale øvrigheita nok kunne vingla mellom paternalistisk sympati og andre omsyn. Men dei breiare interessene deira tilsa at folkelege protestar var farlege for dei. Dei var avhengige av velvilje i hovudstaden. Utover i perioden vart krava frå kongemakta sterkare, og lokal- og sentralstyresmakter vart sterkare integrert og

---

<sup>467</sup> Grude, *Skatt, bønder og embetsmenn*.

betre koordinert i møtet med folkelege aksjonar.<sup>468</sup> Ein liknande analyse kan passa på norske lokalstyresmakter på seint 1700-tal. Lojalitetsbanda oppover var sterke fordi lokaleembetsmennene visste at dei var avhengige av å få delegert makt og autoritet frå kongen. Dei var sett til å ivareta staten sine interesser i sitt distrikt. I tilfellet Lofthusreisinga gjer mange av dei alt dei kan for å fylla denne rolla, og vel så det. Det er slik sett ikkje mange teikn til motsetningsforhold i styringsverket, berre ulike vurderingar om kva for tiltak som skal setjast i verk når.

## 5.15 Utmattinga

Summen av verkemidla kan oppsummerast med at omsynet til den sosiale ordninga og sikring av eineveldet sin legitimitet var overordna. Dette kunne oppnåast gjennom tiltak som utvetydig slo fast den sosiale orden – formaning, straff, nåde, vald – kombinert med meir og mindre reelle konsesjonar til allmugen, som kommisjonsprosessar og ettergiving. Forsøk på å splitta allmugen var sentralt for å undergrava mobiliseringspotensialet. Det viktigaste verkemidlet kan likevel ha vore å bruka god tid på rettsprosessar og samtidig ta ut leiaren så raskt det let seg gjera. Bøndene var på ingen måtar førebudd på ein langvarig konflikt med øvrigheita, og dei hadde ikkje ressursar til å halda trykket oppe over tid. Dei materielle ressursane var knappe, og dei organisatoriske og politiske ressursane fall langt på veg vekk med fengslinga av Lofthus. Langdryge kommisjonsundersøkingar og rettsprosessar førte allmugen tilbake til politisk passivitet.

---

<sup>468</sup> Beik, *Urban protest in seventeenth-century France*, 73-115.

## Kapittel 6: Konklusjon

Kva seier hendingane i Lofthusreisinga om den politiske kulturen på seint 1700-tal i Noreg og om maktforholdet mellom allmuge og øvrigheit? Førte hendingane til endringar på dette området?

For ein lesar i dag framstår skiljet mellom allmuge og øvrigheit, dei styrte og dei styrande, på seint 1700-tal som svært skarpt. Øvrigheita kjem ofte med nedlatande karakteristikkar av bøndene, og endå tydelegare gjer ho det når det gjeld dei som sto under gardbrukarane på samfunnsstigen. Allmugen var ein upersonleg masse som skulle haldast i ro og visa respekt for dei styrande. Sjølv dei mest sympatisk innstilte embetsmennene stilte ikkje spørsmål ved allmugen sin plass i samfunnet. Embetsverket kunne ha delte meiningar om *inhaldet* i krava og klagene frå bøndene, men var samstemte i fordømminga av *måten* klagene vart ført fram på – i dei tilfella der allmugen braut skrivne eller uskrivne reglar for allmuge-åferd. Dette tydelege skiljet mellom allmuge og øvrigheit, og den klare rollefordelinga for kven som kunne driva med politikk og kven som ikkje kunne, var sjølve grunnmuren i den gjeldande politiske kulturen.

Denne rollefordelinga vart utfordra gjennom Lofthusreisinga. Allmugen kravde å bli hørt, og sette seg fleire gonger i ein forhandlingsposisjon ved å ta i bruk det fremste maktmidlet dei rådde over: Å vera flest. Kombinert med disiplinert og velorganisert åferd og tøyning av grensene for legitime framgangsmåtar, førte det til større konsesjonar frå øvrigheita enn dei elles ville fått. Når dei ikkje oppnådde meir enn dei gjorde, skuldast det fleire forhold. Rørsla opererte innanfor styresettet sin eigen ideologi, med dei grensene det sette for dei, og ho var heller ikkje ei verkeleg sosial rørslle samanlikna med dei klassisk moderne rørslene på 1800- og 1900-talet. Til det var ho for svakt organisert og for avhengig av eit fåtal leiarar. Det skuldast også at styremaktene hadde eit sterkt overtak militært, ressursmessig og ideologisk, som dei ikkje nølte med å bruka. Men Lofthusreisinga gav både øvrigheit og allmuge nokre nye erfaringar: Øvrigheita fekk ei erfaring med å møta godt organisert motstand mot den etter lova uavgrensa styringsretten sin. Allmugen fekk ei erfaring med å delvis lukkast som politiske aktørar i stor stil.

### 6.1 To historiografiske tilnærmingar

Litteraturen om Lofthusreisinga er prega av nokre utvalde problemstillingar som eg vil kommentera kort her i avslutninga. Den eine er ein teori for å analysera maktforholda og

embetsverket si haldning til bøndene opp mot andre samfunnsgrupper. Den andre gjeld dei meir overordna synspunkta på det dansk-norske eineveldet i perioden.

### 6.1.1 Vinnarar og taparar

Halvdan Koht sin *reiskapsteori* er blitt mykje diskutert i samband med Lofthusreisinga. Borgarskapet var ifølgje Koht den mektigaste klassen på 1700-talet, og embetsverket tente i hovudsak interessene deira. Særleg dei omfattande handelsprivilegia viste at statsmakta styrkte den økonomiske makta til borgarane, medan bøndene opparbeidde seg stor gjeld.<sup>469</sup>

Både Gustav Sætra og Svein Vik Såghus tar utgangspunkt i denne reiskapsteorien i hovudoppgåvene sine. Dei undersøkjer om det verkeleg var slik at embetsverket støtta borgarskapet i konfliktane med bøndene. Svaret er både ja og nei. Dei finn at enkelte embetsmenn støtta borgarane, og at andre støtta bøndene. Det handla dels om ulike personlege sympatiar og ulike funksjonar i styringsverket. Dels handla det om interesseomsetningar i borgarskapet, som gjorde at alliansar med bøndene kunne vera nyttige i striden mot andre borgarar. I tilfellet med trelasthandelen i Arendal viser Sætra at det var strid melom store og små trelasthandlarar.<sup>470</sup> Såghus viser at det var interesseomsetningar mellom kjøpmennene i Arendal på den eine sida og jernverkseigaren på Froland på den andre.<sup>471</sup> Embetsverket hadde då ein tendens til å dela seg i ulike leirar alt etter kven dei hadde størst tilknyting til.

Lofthuskommisjonen og det sentrale styringsverket kunne ha varierande sympatiar. Reiskapsteorien kan derfor verka alt for generell. Samtidig konkluderer både Sætra og Såghus med at teorien kan ha mykje for seg på eit overordna plan og i dei lange linjene.<sup>472</sup>

Allmugen kunne altså fungera som allierte med *delar av borgarskapet* og styringsverket i interessekonfliktar med andre kjøpmenn eller embetsmenn. Når allmugen kunne vinna fram på enkelte punkt, skuldast det oftaast slike alliansar. Opphevinga av handelsmonopol, eller oppstykking av monopola i fleire konkurrerande privilegium, kunne vera ein fordel for enkelte borgarar, men til ulempe for andre. Dermed kan det bli for enkelt å utropa bøndene som vinnarar eller taparar frå sak til sak, og det kan bli vanskeleg å slå fast kvifor sakene fekk det utfallet dei fekk. Lofthusreisinga kan ha påskunda og aktualisert opphevinga av kornmonopolet, men det var ikkje nødvendigvis årsaka til det. Det var heller ikkje nødvendigvis eit einsidig bondevenleg tiltak.

<sup>469</sup> Koht, *Norsk bondereising*, 180-189.

<sup>470</sup> Sætra, *Embetsmann, bonde, borger*.

<sup>471</sup> Såghus, *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 - 1793*.

<sup>472</sup> Sætra, *Embetsmann, bonde, borger*. Sætra, "Lofthusreisinga og følgene 1786 – 1797", 70.

Såghus, *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 – 1793*, 109.

Reiskapsteorien og måten han har blitt brukt og forstått utelet samtidig nokre viktige faktorar. Statsmakta hadde også eigne interesser å ivareta som handla om styresettet sin legitimitet, om inntektene til statskassa og om å halda på makta. Eineveldet kunne derfor ta avgjerder motivert ut frå slike omsyn og sjå vekk frå sterke pressgrupper sine interesser. Det kan dessutan bli for snevert å sjå interessekonfliktane utelukkande innanfor det norske samfunnet. Det norske borgarskapet var ein sterk maktfaktor i Noreg, men stilte svakt overfor det godseigande danske aristokratiet. Kornmonopolet er eit døme på det.

### 6.1.2 Mild eller brutal framferd?

Om statmakta var lyttande og mild, eller autoritær og brutal, har historikarane gitt svært ulike svar på. Særleg sprikar dei meir generelle karakteristikkane av det dansk-norske eineveldige styret på denne tida. Der nokre ser eit strengt og utbyttande regime som nærmast skatta innbyggjarane til armod,<sup>473</sup> meiner andre at dei norske bøndene var frie menn i økonomisk framgang.<sup>474</sup> Kan slike generelle karakteristikkar overførast på styresmaktene si framferd overfor Lofthusreisinga?

Det trur eg neppe at dei kan. Dei fleste historikarane er samde om at styresmaktene dels slo hardt ned på reisinga, og dels kom allmugen i møte. Dessutan trur eg at spørsmålet om mild eller brutal framferd er feil stilt. Det vil fort leia merksemda over på den synlege valdsbruken. Fengslinga av Lofthus og bruken av militärmakt var rett nok av dei sentrale verkemidla. Men det tar samtidig merksemda vekk frå andre maktmiddel som var eigna til å spre frykt eller håp blant allmugen: formaning frå prestar og andre embetsmenn, bruken av kommisjonane, vitneavhøyr utan forsvarar til stades, utsetjing av arrestasjonar og vekselvis hard og mild straff. Effektiv *kontroll* med undersåttane var det viktige for styresmaktene, og med ei gjennomført brutal og valdeleg framferd ville dei vanskelegare kunna oppnå det enn gjennom ei meir sofistikert blanding av verkemiddel.

## 6.2 Kvar og ein for seg

I allmugen sitt protestrepertoar står *einskap* sentralt. Det var heilt nødvendig å kunna stola på kvarandre for at dei skulle få gjennomslag. Denne einskapen kjem til uttrykk i ein samla front i ”bondehærane”, men også i det at så lite informasjon kom ut frå møteverksemda i forkant av dei opne konfrontasjonane. Det var nesten umogleg for embetsmennene å få tak på kva som

<sup>473</sup> Kåre Lunden, ”Norsk økonomi under dansk styre”, *Historisk tidsskrift*, (1980).

<sup>474</sup> Stein Tveite, ”Hovudlinjer 1500-1850”. I *Norsk økonomisk historie 1500-1970*, band 1: 1500- 1850, av Ståle Dyrvik m.fl. (Bergen: Universitetsforlaget, 1979), 251.

skjedde – kven som møttest og kva dei snakka om. Seinare forma bøndene eit effektivt forsvarsverk for Lofthus då han var på rømmen frå dei mange arrestasjonsforsøka. Dei sto også samla under avhøyra; nesten ingen angav andre som hovudmenn, snarare framstilte dei seg sjølv som like skuldige som nokon andre. Dei som braut ut av einskapen og svikta sine eigne ved å hjelpe til med arrestasjonen av Lofthus, vart straffa for det.

Styresmaktene gjorde på si side sitt beste for å bryta opp samhaldet. Dei plukka ut nokre få skuldige som skulle straffast, medan resten gjekk heilt fri. Dei premierte rikeleg dei som deltok i arrestasjonen av Lofthus. Dei prøvde systematisk å svekka omdømmet til Lofthus ved bruk av tremarksdommen og nedsetjande karakteristikkar. Dei meinte dessutan å vita at det var eit tydeleg skilje mellom sindige og lojale gardbrukarar på den eine sida, og ”utsnevande” arbeidsfolk av ulikt slag på den andre. Denne splitt og hersk-metoden fungerte ikkje på det store fleirtalet av allmugen. Men det var nok at nokre få braut ut. Det kunne gi styresmaktene verdifull informasjon, og det fekk lokka Lofthus i fella slik at han kunne arresterast.

Denne typen av mottiltak retta seg delvis mot sjølve grunnlaget for reisinga, nemleg den utviklinga av einskap som tidlegare er omtalt som *konsensusdanning* og *mobilisering av konsensus*. Styresmaktene gjekk altså grundigare til verks enn berre å slå ned eit opprør med overmakt; dei prøvde også å føra ein ideologisk strid mot tankar og oppfatningar som kunne vera farlege for styresettet sin legitimitet. Ein viktig del av dette var å understreka at klagene ville bli lytta til og handsama på ein grundig og rettferdig måte dersom dei berre vart lagt fram frå klagarane kvar for seg.<sup>475</sup> Dei felles klagemåla måtte brytast opp; ingen generelle og spesifiserte supplikkar kunne bli tatt alvorleg, og sokneallmugane vart avhøyrte og utspurt slik at dei måtte gå vekk frå si tidlegare støtte til fellessupplikkane. Ved å gjera politikk og interessemotsetningar om til juss, sat styresmaktene igjen med alle dei sterke korta. Under konsensusmobiliseringa blant allmugen oppsto ei tru på at handlingsmidla – dei felles supplikkane og kollektivt oppmøte på tinget og andre stader – ville føra fram til målet om betre levekår og færre overgrep frå statsmakta. Problemet for styresmaktene var at desse midla utfordra styringsretten og kontrollen med undersåttane. Derfor måtte handlingsmidla motarbeidast, og helst slik at allmugen mista trua på at dei kunne nå fram med krava sine på den måten. Eller sagt med andre ord: uroa måtte kanaliserast inn i dei gjeldande institusjonane, der styresmaktene hadde større kontroll.

---

<sup>475</sup> Mellom anna brev frå generalprokurør Bang til kanselliet 13. desember 1786, pakke 7 I, RA.

Styresmaktene lukkast etter kvart godt med å kanalisera misnøyen inn der han kunne handterast. Handlingsmobiliseringa og delvis konsensusmobiliseringa vart reversert for denne gongen, og allmugen mista trua på at det nytta å protestera utanfor institusjonane. Det meste tyder likevel på at konsensusdanninga var vanskelegare å få has på. Allmugen meinte framleis at dei var offer for stor urett, og heldt fram med å senda supplikkar og reisa til København. Dei let seg nedkjempa, men neppe overtyda.

### **6.3 "Vi ere ikke Rebellere"**

Lofthusreisinga utfordra legitimitet til styresettet, men berre indirekte. Allmugen gjekk aldri med på at dei skulle rekna som opprørarar, altså at dei opponerte mot eineveldet eller kongen. Slike karakteristikkar skulle dei ikkje ha på seg. Då den store delegasjonen i København overleverte ein supplikk til kronprinsen i desember 1786, ba dei mellom anna om ein kommisjon for å visa at "vi ikke ere Rebellere, som Een deel af Øvrigheden har andklaget os for."<sup>476</sup> Allmugen sette seg aldri ope opp mot kongen. Tvert imot ba dei alltid om å få vita kva som var kongen sin vilje, og lova at dei då ville føya seg etter denne. På den måten prøvde dei å bruka det handlingsrommet som fanst – og å tøya grensene så langt det gjekk. Plakatar frå stiftamtmen og kommisjonar vart vifta vekk; her var det berre den kongelege som var god nok. Men ved å ta eineveldet sin legitimerande ideologi om den rettferdige kongen så aktivt i bruk, opererte dei også innanfor klare grenser for kva dei kunne gjera. Når den kongelege ordren vart offentleggjort, måtte dei ned på kne og be om tilgiving.

Likevel; sjølv om allmugen forsikra om kongetruskapen sin om og om igjen, var det ikkje alle som trudde på dei. Lokalstyresmaktene brukte nok opprørs-karakteristikkane for å få gehør for kraftigare verkemiddel når dei sto fast i møtet med store og påståelege allmugeflokkar, og styresmakter av alle slag kalla Lofthus, Ingolfsland og Bentsen for opprørarar for at resten av allmugen skulle ta avstand frå dei. Men at dei faktisk oppfatta autoriteten og legitimitet til styresettet som truga, verkar sannsynleg. I alle fall i visse situasjonar, og mange av dei lokale embets- og tenestemennene sin autoritet vart utfordra svært direkte, som fut Dahl er det beste dømet på. Sentralstyresmaktene sat for sin eigen del ganske så trygt i København, men også dei tok reisinga alvorleg. Dei var klar over at dei ikkje kunne styra over eit folk som ope konfronterte dei lokale representantane for kongen. Desse representantane kunne eventuelt byttast ut, men respekten for styresettet var avhengig av at den enkelte embetsmannen hadde autoritet i sitt lokalsamfunn. Under eineveldet var

---

<sup>476</sup> Supplikk frå allmugerepresentantar i København til kronprinsen 2. desember 1786, pakke 7 I, RA.

embetsmennene sine handlingar prinsipielt eit uttrykk for kongen sin vilje. Når allmugemobiliseringa gjekk så langt som i dette tilfellet, kunne det vera grunna i mistru til systemet som heilskap.

## 6.4 Eit rom som vart opna

Denne oppgåva har i hovudsak handla om kva styresmaktene gjorde for å *motarbeida* Lofthusreisinga. Men styresmaktene medverka også vesentleg til *danninga* av rørsla. Særleg kronprinsen må få ein del av ”æra” for dette, då han tok imot Lofthus to gonger i København utan å setja embetsverket i sving for å ta tak i klagene og få saka inn i formaliserte kanalar. Ikkje berre er lokalstyresmaktene uinformert om kva Lofthus held på med lenge etter den andre klagereisa, Lofthus kan dessutan hevda at han har kongeleg godkjenning til å driva dokumentasjonsarbeid, henta underskrifter og reisa rundt på bygdene med vakter rundt seg. Kronprinsen har neppe gått så langt som å gi Lofthus nokre slike fullmakter, men kan ha stolt på at han ved å gi Lofthus audiens, kunne fylla han med så sterk kongetruskap og tillit at klageverksemda hans dempa seg. Resultatet vart det motsette.

Den kongelege ”godkjenninga” var eit kraftfullt verkemiddel for Lofthus i det vidare arbeidet etter klagereisene. På den måten opna kronprinsen eit stort rom for klageverksemda; trua på at kronprinsen i alle fall var informert om det som skjedde, gjorde det meir legitimt å delta og mogleg å mobilisera mange. Den opplevde risikoen vart mykje mindre enn dersom allmugen var nøydd til å utfordra både sentral- og lokalstyresmakter samtidig. Dermed fekk rørsla eit stort omfang før styresmaktene rakk å setja i gang effektive mottiltak.

Lokalstyresmaktene medverka også til den store oppslutninga til rørsla ved å oppstre klossete og hardhendt i forsøka på å arrestera Lofthus. Sympatiene for Lofthus var allereie stor, og vart ikkje mindre då allmugen såg og høyрte om den forfølginga han vart utsett for. Den første store samlinga, på tinget tidleg i oktober 1786, skjedde umiddelbart etter det første verkelege arrestasjonsforsøket. Etter kvart vart klageverksemda meir og meir innretta på å forsvara Lofthus; dette var eit enkelt og samlande krav samanlikna med dei meir kompliserte spørsmåla om alle slags avgifter og därlege handelsvilkår hos kjøpmennene i Arendal.

Styresmaktene si innleiande handtering skapte *politiske moglegheitsstrukturar* som gjorde at Lofthusreisinga fekk eit så mykje større omfang enn tidlegare protestar under eineveldet. Det var dette Moltke klaga over i januar 1787, då han peikte på at ein oppstand ”som ikke udi sin første Begyndelse kan blive standset og Undertrykket,” vil utvikla seg

vidare og bli meir alvorleg.<sup>477</sup> Men gradvis lukka det politiske handlingsrommet seg igjen. Med nedsetjinga av Lofthuskommisjonen, og dei grundige undersøkingane og avhøyra dei gjennomførte, vart klagene kanalisiert inn i styringsverket si sakshandtering, og allmugen vart nøydd til å dokumentera kvar detalj i klagene sine framfor å konsentrera seg om forsvaret av Lofthus. Seinare vart det gjentekne gonger slått fast at det var kongen sin vilje at Lofthus skulle arresterast, og sidan allmugen hadde satsa alt på ”kongekortet” frå starten, hadde dei ingen avgjerande argument tilbake. Det var forsvaret av Lofthus som legitimerte dei store allmugeflokkane, og dette vart igjen legitimert av at han hadde fått ei slags godkjenning av kronprinsen. Denne forteljinga kunne ikkje brukast lenger.

## 6.5 Sofistikert maktbruk

Styresmaktene tydde på den eine sida raskt til militære verkemiddel når dei kjende seg truga. Dei var på den andre sida nokså etterhaldne med å bruka denne makta direkte. Dette treng ikkje tolkast som uttrykk for at styresettet var fritt eller ”opinionsstyrt”. Valdsmakt og militær makt fanst for det første heile tida latent og fungerte som eit effektivt trugsmål gjennom andre verkemiddel. For det andre vart makta utøvd på det idémessige planet og gjennom medviten, selektiv bruk av både repressive og tilretteleggjande verkemiddel. Nokre måtte straffast; både for å ta ut dei verste bråkmakarane og for å statuera eit eksempel for andre. Andre kunne premierast rikeleg for innsatsen og lojaliteten.

Sidney Tarrow hevdar at dei autoritære regima på 1700- og 1800-talet mangla den politiske kontrollen og hadde vanskeleg for å tøyma seg sjølv når det kom til maktbruk mot folket.<sup>478</sup> Eg trur dette biletet må nyanserast. På lokalt og regionalt nivå er det fleire døme på embets- og tenestemenn som let seg vippa av pinnen og ropar på militære styrkar som det einaste som kan stoppa uroa. Dahl og Salvesen, som er direkte utsett for allmugen sin harme, trur ei stund ikkje på noko anna enn militær overmakt. Stiftamtmann Adeler skriv til kanselliet omrent kvar veke hausten 1786 og våren 1787 for å få troppeforsterkingar. Den ivrigaste tilhengaren av militärmakt er generalmajor Dietrichson, som ikkje er innstilt på noko slags kompromiss eller ettergivande politikk, berre maktspråk. Men det finst også dei som argumenterer for at militärmakt ikkje er nok åleine. Den nye stiftamtmannen Moltke uttrykkjer at etter den kunnskapen han har om folket sin tenkemåte, kunne han ikkje tru at det var ved militær hjelp uroa kunne stoppast: ”Med forbedrede Tider, bestemtere Love i henseende til Betienternes Sportler, med Justitiens upartiske og strenge Haandhevelse, og i

<sup>477</sup> Brev frå Moltke til kanselliet 10. januar 1787, pakke 7 II, RA.

<sup>478</sup> Tarrow, *Power in Movement*, 147-150.

sær med deres Afstraffelse, som havde fordristet sig til at handle mod disse Love,” trudde han at ro og orden kunne haldast ved like utan militær hjelp.<sup>479</sup> No skal det seiast at dette blir ytra så seint som i juni 1788, med den største uroa på god avstand. Fram til då har han insistert på å få behalda garnisonen i Arendal. Sentralstyresmaktene var ikkje spesielt etterhaldne med militær maktbruk dei heller, men gjennomgangen av alle verkemidla viser at det langt frå berre var rå makt som gjaldt. I stor grad førte dei ein ideologisk strid for å slå fast styresettet sin legitimitet, der militærmakt var eitt av fleire verkemiddel. Selektiv undertrykking og tilrettelegging vart tatt i bruk; i alle fall *prøvde* dei å splitta og forhandla med delar av allmugen, medan dei antatt farlegaste vart hardt forfølgt og straffa.

Dette skulle vera eit moderne fenomen ifølgje teorien, men det viser kanskje at det dansk-norske eineveldet brukte meir sofistikerte verkemiddel og hadde større kontroll enn det som har vore vanleg å tru. Det kan også tyda på at det var meir enn overlegen militær og økonomisk makt som heldt dei eineveldige kongane ved makta. Den legitimerande ideologien fekk stå uutfordra, sjølv om det er langt frå sikkert at han var allment akseptert i folket. Dermed hadde styresmaktene eit breiare register av verkemiddel å spela på når allmugen skulle haldast på plass.

---

<sup>479</sup> Brev frå Moltke til rentekammeret 12. juni 1788, referert i ekstraktprotokollen s. 237-238, pakke 7 VII, RA.

# Kjelder og litteratur

## Utrykte kjelder

### Riksarkivet (RA)

Danske kanselli, skapsaker – Lofthuskommisjonens arkiv. Skap 16, pakke 7.

- **Pakke 7 I:** Korrespondanse 1786.
- **Pakke 7 II:** Korrespondanse januar – mars 1787.
- **Pakke 7 III:** Korrespondanse april – desember 1787.
- **Pakke 7 IV:** Lofthuskommisjonens innstilling 12. mai 1787 i saka mot Smith og Brønsdorph (34 sider + kladd), innstilling 21. september 1787 om tømmerhandelen (ukomplett), korrespondanse 1788, utkast til innstilling 22. og 27. november 1787.
- **Pakke 7 V:** Forhörsprotokoll 11. januar – 27. februar 1787.
- **Pakke 7 VI:** Vedlegg til forhörsprotokollen.
- **Pakke 7 VII:** Kanselliets ekstrakt av saka 9. oktober 1786 – 21. februar 1789 (244 sider) med dokumenta nr. 1 – 77 (ukomplett).
- **Pakke 7 VIII:** Diverse korrespondanse, Lofthuskommisjonens innstilling 16. juni 1787 i saka mot Lofthus (80 sider), innstilling 22. og 27. november 1787 (117 sider).

(Sjå vedlegget for detaljert innhold i Lofthuskommisjonens arkiv.)

### Statsarkivet i Kristiansand (SAK)

Stiftamtmannen i Kristiansand 1695 – 1918

- Innkomne brev nr. 1160
- Innkomne brev nr. 1279
- Sakinndelte pakkesaker nr. 1754
- Kollegialprotokoll nr. 28
- Kopibok nr. 109
- Resolusjonsprotokoll nr. 9

## Trykte kjelder

*Kong Christian den femtes norske Lov: 15de april 1687: med Kongeloven 1665.* Oslo:  
Universitetsforlaget, 1982.

Norske Rigs-Registranter, bind 9, 1648-1649. Christiania: 1887.

Paus, Hans. *Gamle kongelige Forordninger og Privilegier udgivne for Kongeriget Norge.*  
København: 1751.

Schmidt, Julius August S. *Forordninger, aabne Breve, Placater m.m. for Kongeriget Norge, i  
Tidsrummet fra 1648 – 1813: Til brug for den Lovstuderende*, bind 1 og 2. Christiania:  
Chr. Tønsbergs Forlag, 1851-52.

Wessel-Berg, Fr. Aug. *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge i  
Tidsrummet 1660-1813. Udgivne i Udtog*, bind 1-4 + register. Christiania: Cappelen,  
1841-47.

## Litteratur

Bagge, Sverre og Mykland, Knut. *Norge i dansketiden: 1380 – 1814.* Oslo: Cappelen, 1987.

Beik, William. *Urban protest in seventeenth-century France: The culture of retribution.*  
Cambridge: Cambridge University Press, 1997.

Bjorvatn, Øyvind. *Lofthus-reisinga: Synet på Lofthusreisinga og bondestriden i slutten av  
1700-tallet.* Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1962.

Bjørn, Claus. *Bonde, herremand, konge: Bonden i 1700-tallets Danmark.* København:  
Gyldendal, 1981.

Bregnsbo, Michael. *Gejstlighedens syn på samfund og øvrighed 1775-1800, belyst ved trykte  
prædikener og taler.* København: Den danske historiske forening, 1992.

Dyrvik, Ståle m.fl. *Norsk økonomisk historie 1500-1970*, band 1: 1500- 1850. Bergen:  
Universitetsforlaget, 1979.

Dyrvik, Ståle. *Norsk historie 1625-1814: Vegar til sjølvstende.* Oslo: Det Norske Samlaget,  
1999.

Dørum, Knut. ”Hvordan kullbøndene seiret i striden med Bernt Anker. Bondepolitikk og  
bondeøkonomi rundt Oslofjorden på 1700-tallet”. *Historisk tidsskrift*, 2006, nr. 3: 403-  
431.

”Eksekutionsforretning hos Christian Jensen Lofthuus. Hvorledes den dansk norske øvrighed  
behandlet sine foregangsmænd”, *Agders folk og land*, 1921, nr. 3: 15-17.

Eliassen, Finn-Einar. *Det gamle embetsverk og det nye: Norske embetsmenns kamp mot  
Generalforstamtet 1739-46.* Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1972.

Ersland, Geir Atle og Holm, Terje H. *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*, bind 1 av *Norsk forsvarshistorie*. Bergen: Eide forlag, 2000.

Fladmoe, Henrik. *Sølvverket og bergalmuen: En studie i gruvearbeidernes leveforhold på Kongsberg i tilknytning til kommisjonssaken 1772-1775*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1974.

Friis, Jakob. *Stiftamtmenner i Kristiansand før 1814*. Kristiansand: Fædrelandsvennens trykkeri, 1941.

Grude, Egil Harald. *Skatt, bønder og embetsmenn. Ekstraskatten i Stavanger amt 1762-1765*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1972.

Gustafsson, Harald. *Political interaction in the old regime: central power and local society in the eighteenth-century Nordic states*. Lund: Studentlitteratur, 1994.

Hay, Douglas et. al. *Albion's Fatal Tree: Crime and Society in Eighteenth-Century England*. New York: Allen Lane, 1975.

Helgesen, Kari. *Supplikinstitusjonen: Bruk og funksjon midt på 1700-tallet*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim, 1981.

Herstad, John. *I helstatens grep: Kornmonopolet 1735-88*. Oslo: Tano Aschehoug, 2000.

Imsen, Steinar og Winge, Harald. *Norsk historisk leksikon: Kultur og samfunn ca. 1500 – ca. 1800*, 2. utgåve. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 1999.

Johannessen, Finn Erhard. *Alltid underveis. Postverkets historie gjennom 350 år*. Bind 1: 1647-1920. Oslo: Elanders Forlag, 1997.

Jørgensen, Harald. *Trykkefrihedsspørgsmalet i Danmark 1799-1848: Et bidrag til en karakteristik af den danske enevælde i Frederik VI's og Christian VIII's tid*. København: Ejnar Munksgaard, 1978. 1. utg. 1944.

Kjeldstadli, Knut. "Er tiden for de kollektive bevegelsene over?" I *Tilbake til framtiden. Rapport fra en konferanse om verdier, historie og framtid*, redigert av William M. Lafferty, 87-96. Oslo: Prosjektet 1994, 1994.

Kjærgaard, Thorkild. "The Rise of Press and Public Opinion in Eighteen-century Denmark-Norway". *Scandinavian Journal of History*, 1989, 215-230.

Klandermans, Bert. "The formation and mobilization of consensus". I *From Structure to Action: comparing social movements across cultures*, redigert av Bert Klandermans, Hanspieter Kriesi og Sidney Tarrow, 173-196. Del av serien International social movements research; a research annual, bind 1. London: Jai Press inc., 1988.

Koht, Halvdan. *Norsk bondereising*. Oslo: Pax Forlag, 1975. 1. utgåve 1926.

Langbein, John H. "Albion's fatal flaws". *Past and Present*, 1983, nr. 98: 96-120.

- Lunden, Kåre. "Norsk økonomi under dansk styre", *Historisk tidsskrift*, (1980): 88-108.
- Nagel, Anne-Hilde. "Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet". I *Administrasjon i Norden på 1700-talet*, publikasjon nr. 4 i Det nordiska forskningsprojektet "Centralmakt och lokalsamhälle – beslutsprocess på 1700-talet", av Yrjö Blomstedt m.fl., 71-144. Oslo: Universitetsforlaget, 1985.
- Nagel, Anne-Hilde. "Enhver som frykter Gud skal ære Kongen: Kirkens oppgaver under eneveldet". I *Festskrift til Historisk Institutts 40-årsjubileum*, 95-116. Bergen: Universitetet i Bergen, 1997.
- Nynorskordboka*, 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget, 2006.
- Olstad, Finn. "Fra matopprør til streik: Litt om sosial protest og kollektive aksjoner før den organiserte arbeiderbevegelse". *Tidsskrift for Arbeiderbevegelsens historie. Fra matopprør til streik*, 1981: 115-130.
- Palmer, Robert R.. *The Age of the Democratic Revolution: A political history of Europe and America, 1760-1800. The Challenge*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press, 1959 (Opptrykk 1989).
- Rian, Øystein. *Embetsstanden i dansketida*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2003.
- Rian, Øystein. *Maktens historie i dansketiden*. Rapportserien, nr. 68. Oslo: Makt- og demokratiutreningen 1998-2003, 2003.
- Rian, Øystein. *For Norge, kjempers fødeland: 12 portrett fra dansketida*. Oslo: Samlaget, 2007.
- Sandnes, Jørn. "Lex Non Scripta: Den norske heimeretten". *Historisk tidsskrift*, 1999, nr. 2: 139-152.
- Sandvik, Gudmund. *Dømande kommisjonar i Noreg: Ein rettshistorisk studie*. Stensilserie, Institutt for privatrett. Oslo: Universitetet i Oslo, 1974.
- Sandvik, Gudmund. "Lov, dom og straff". I *Norges kulturhistorie*, bind 5, redigert av Ingrid Semmingsen m.fl. Oslo: Aschehoug, 1980.
- Sharpe, J. A.. *Crime in early modern England 1550 – 1750*. London: Longman, 1984.
- Seip, Jens Arup. *Teorien om det opinionsstyrte enevelde*. Oslo: Universitetsforlaget, 1958.
- Sennefelt, Karin. *Den politiska sjukan: Dalupproret 1743 och frihetstida politisk kultur*. Hedemora: Gidlunds förlag, 2001.
- Skeie, Jon. *Den norske strafferett*. Første bind: *Den almindelige del*. Oslo: Norli, 1937.
- Store norske leksikon*, 4. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2006.
- Sverdrup, Georg. *Lofthusbevægelsen*. Kristiania: Grøndahl & Søns Boktrykkeri, 1917.

- Sverdrup, Georg. "Bondeopløpet paa Lillesand ting". *Historisk tidsskrift*, 1920: 89-93.
- Sverdrup, Georg. "Et brev fra Lofthus i fængslet". *Historisk tidsskrift*, 1920: 328-336.
- Supphellen, Steinar. "Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særleg først på 1700-talet." *Historisk tidsskrift*, 1978: 152-186.
- Sætra, Gustav Grunde. *Embetsmann, bonde, borger: Konflikten mellom trelasthandlerne i Arendal og bøndene i opplandet 1782-1795*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1980.
- Sætra, Gustav Grunde. "Skutehandelen i Nedenes: Kampen om liggedagsordningen og Nedenes-privilegiene 1723 - 1756". I *Skog och brännvin: Studier i näringspolitiskt beslutsfattande i Norden på 1700-talet* av Kalle Bäck m.fl., 303-344. Oslo: Universitetsforlaget, 1984.
- Sætra, Gustav. "Fra bondeledere til fanger: Rettsforfølgelsen mot lederne i Lofthusreisinga 1789-1800." *Agder Historielag*, 1996, nr. 72: 83-175.
- Sætra, Gustav og Johnsen, Berit Eide (red.). *Kristian Lofthus og hans tid. Artikler fra historisk sommerseminar arrangert av Høgskolen i Agder i samarbeid med Lillesand kommune*. Kristiansand: Høgskolen i Agder, 1998.
- Såghus, Svein Vik. *Hans Smith og Lofthusreisinga 1776 - 1793*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1999.
- Tarrow, Sidney. *Power in Movement: Social Movements and Contentious Politics*. Cambridge: Cambridge University Press, 1998.
- Thompson, E. P. "The Moral Economy of the English Crowd in the Eighteenth Century". *Past and Present*, 1971, nr. 50: 76-136.
- Tilly, Charles. *Popular Contention in Great Britain, 1758-1834*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press, 1995.
- Tønnesson, Kåre. *To revolusjoner: 1750-1814*, bind 10 av Aschehougs verdenshistorie, redigert av Knut Helle m. fl. Oslo: Aschehoug, 1985.
- Wergeland, Henrik. "Almuestalsmanden Christian Jensen Lofthuus samt Almue-Urolighederne i 1786 og 87 i Nedenæs Amt," (1842). Opptrykt i *Samlede Skrifter*, bd. IV: 4, 1-150. Oslo: Steenske Forlag, 1926.
- Österberg, Eva. "Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige". *Scandia*, 1989, nr. 1: 73-95.
- Österberg, Eva og Sogner, Sølv (red.). *People meet the law: Control and conflict-handling in the courts: The Nordic countries in the post-Reformation and pre-industrial period*. Oslo: Universitetsforlaget, 2000.

## **Vedlegg**

Oversikt over innhaldet i Lofthuskommisjonen sitt arkiv på Riksarkivet.

<b>Danske kanselli, skapsaker. Skap 16, pakke 7 A &amp; B.</b>					
"Akter henhørende til den i Aaret 1786 i Anledning af de af Bonden Christian Jensen Lofthus fremkaldte Uroligheder nedsatte Commission, som det blev overdraget at undersøge Nedenes Lens Almues Klager."					
<b>Skap 16, pakke 7 I</b>					
<i>Lofthus-saken m.v.</i>					
c. Korrespondanse					
<i>Om Chr. Lofthus's "oprør" og bøndernes klager i Råbyggelag, Nedenes og Telemark. Konsepter og innkomne saker tilhørende Kanselliet og forskjellige kommisjoner. (Bl.a.: orig. Kommissorier 1786 27/10, 8/12, 29/12); rentekammerbrev og embetserklæringer m.v.; orig. klager fra "Samtlige Norske Bønder Fra Aggershuus og Christiansands Stift" 1786 2/12 og fra bøndene i Vinje 1785 20/7; fra ca. 90 bønder forsamlet på gården Lofthus 1786 3/12; dessuten kopi av en rekke klager 1786 som er blitt fremlagt gjennem Lofthus).</i>					
<i>Alt ordnet i én kronologisk rekke 1786 mars-desbr."</i>					
(Har hoppa over:)					
a) Korrespondanse om ei kommisjonssak mot Vegårsheiens Almue i Råbyggelag					
b) Korrespondanse vedk. Telemark 1784-86.					
og					
<i>I Forbindelse med Lofthuussagen 1784 &amp; 1785.</i>					
Dato	År	Frå	Til	Overskrift	Kommentar [nr. i klamme er vedleggsnr. til ekstraktet]
16.sep	1786	Dahl	Adeler	Pro Memoria!	
07.aug	"	Lofthus m.fl.			Kopi. Underskr. av 329 mænd fra Nedenes og Råbyggelaget
07.aug	"	Lofthus m.fl.	Kongen	Til Kongen!	Kopi. Underskr. av 143 bønder fra Nedenes og Råbyggelaget
13.apr	"	Lofthus	Kongen	Deres Kongelig Høyhed	Kopi. Dato tvilsam. 13. juli? [Sjå note 5, kap. 3 i Sverdrup]
08.aug	"	Lofthus	Kongen	Deres Kongelig Høyhed	Kopi
19.mai	"	Kanselliet	Scheel	1037. P.M.	
08.apr	"	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!	
29.apr	"	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria	
13.mai	"	Kanselliet	Adeler	843. Pro memoria	
14.mar	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	
10.des	1785		Adeler	Underdanigst Pro Memoria!	

04.feb	1786	Weidemann	Adeler	Underdanigst Pro Memoria!							
20.jul	1785		Kongen	Til Kongen!	Fra bønder i Vinje, Bratsberg amt. 3 sider						
17.jul	1786										
<i>Lofthuus-sagen mars - nov. 1786</i>											
09.sep	1786	Dahl	Adeler								
16.sep	"	Salvesen	Adeler								
26.aug	"	Dahl	Larsen	Pro Memoria							
		Larsen?									
		Dahl		Anno 1786 (?)							
					Fleire underskrifter						
11.sep		Kaas og Weding	Dahl								
29.sep	"	Weidemann	Adeler	Underdanigst Pro Memoria							
09.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:							
21.okt	"	Kanselliet	Adeler	1912. Pro Memoria							
17.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:							
28.okt	"	Kanselliet	Adeler	1961. Pro Memoria							
27.okt	"	Christian 7.	Dahl og Sørensen	Christian den Syvende...							
10.okt	"	Dietrichson		Pro Memoria!							
17.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:							
27.okt	"	Kanselliet		Allerunderdanigst forestilling							
07.nov	"	Dietrichson		Pro Memoria							
29.okt	"	Nideros	Adeler	Underdanigst Pro Memoria!	kopi						
30.okt	"	Adeler	Dietrichson	Pro Memoria!	kopi						
31.okt	"	Dietrichson	Adeler	Til Stiftamtmand Adeler!							
11.nov	"	Kanselliet	Dahl og Sørensen	2048. Pro Memoria							
11.nov	"	Kanselliet	Adeler	2040. Pro Memoria							
16.nov	"	Kanselliet	Rentekammeret	2050. P. M.							
18.nov	"	Kanselliet	Bang	2083. Pro Memoria							
18.nov	"	Kanselliet	Bang	2084. Pro Memoria							
06.jun	"	Bang		Allerunderdanigst erklæring!							
18.nov	"	Kanselliet	Bang	Pro Memoria!							
21.nov	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 8]						
21.nov	"	Dietrichson		Pro Memoria!							

26.nov	"	Bonnevie	Adeler							
28.nov	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 9]					
28.nov	"	Dietrichson		P. M.	Kopi					
28.nov	"	Dahl og Sørensen	Kanselliet	Underdanigst Pro Memoria	[nr. 10]					
30.nov	"	Juell	Dahl							
<i>Breve og erklæringer fra Amtmand Moltke i Bratsberg</i>										
01.des	"	Salvesen	Adeler							
01.des	"	Berg		Pro Memoria						
01.des	"	Berg		P. M.						
01.des	"	Berg	Adeler	Niels Berg, osv.						
01.des	"	Berg	Adeler							
01.des	"	Berg		Niels Berg, osv.						
01.des	"	Fleire								
		Verle/Veile?		P. M.						
			Trap							
01.des	"	Thrap	Adeler							
01.des	"	Finne	Adeler							
		Bonnevie	Adeler							
			Trap							
01.des	"	Dahl	Adeler							
01.des	"	Salvesen	Finne							
		Froholt m. fl.								
28.nov	"	Adeler								
01.des	"	Dahl	Larsen		Påskrift på siste brev					
01.des	"	Salvesen	Finne							
01.des	"	Bonnevie	Adeler							
			Adeler	Naadige Herre!						
02.des	"	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!						
02.des	"	Bønder i Køben.	Kronprinsen	Til hans kongl. høyhet kron.						
02.des	"		Juell?							
02.des	"	Dahl	Adeler							
02.des	"	Kanselliet	Adeler	2161. Pro Memoria						

03.des	"	Mange	Adeler						
06.des	"	Fleire			[nr. 13]				
06.des	"	Dietrichson		Placat	Trykt plakat, 1 side				
06.des	"	Dahl, Finne			[nr. 13]				
		Adeler		...danigst Pro Memoria					
03.des	"	Adeler	Larsen						
28.nov	"	Cloumann							
		Cloumann							
05.des	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro Memoria	[nr. 13]				
05.des	"	Dietrichson		Pro Memoria					
08.des	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro Memoria	[nr. 13]				
08.des	"	Christian Rex	Colbiørnsen	Christian den Syvende					
08.des	"	Christian Rex	Colb., Falsen, Aars						
09.des	"	Kanselliet	Adeler	2195. Pro Memoria					
09.des	"	Kanselliet	Finanskollegiet	2166. Pro Memoria					
09.des	"	Finne	Adeler	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 13]				
09.des	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro Memoria	[nr. 13]				
11.des	"		Adeler						
12.des	"	Dietrichson		Pro Memoria					
					Få linjer				
12.des	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 13]				
04.des	"	Bonnevie	Adeler	Underdanig Pro Memoria	[nr. 13]				
11.des	"	Barnholt	Bonnevie	P. M.	[nr. 13]				
23.nov	"		Bonnevie	Promemoria	[nr. 13]				
				Kopie?	[nr. 13]				
09.des	"	Salvesen	Adeler	Underdanigst Promemoria!	[nr. 13]				
12.des	"	Dietrichson		Pro Memoria					
13.des	"	Mansbach?		Underdanig Pro Memoria!					
13.des	"	Bang		Allerunderdanigst Erklæring!					
16.des	"	Colbiørnsen	Kanselliet	P. Memoria!					
16.des	"	Kanselliet	Colb., Falsen, Aars						
16.des	"	Kanselliet	Adeler	2251. Pro Memoria					
19.des	"	Dietrichson							
20.des	"	Møglestu	Moltke		[nr. 18]				

20.des	"	Johannesen	Moltke	Naadige Herre!	[nr. 18]					
		Kanselliet								
04.des	"	Adeler			[nr. 12], referat frå møte 4/12					
05.des	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 12]					
22.des	"	Kanselliet								
<i>Lofthus-Sagen December 1786</i>										
30.des	"	Kanselliet	Rentekammeret	2311. P.M.						
29.des	"	Christian R	Kommisjonen	Christian den Syvende						
29.des	"	Christian R	Scheel	Christian den Syvende						
27.des	"	Schack Rathlou	Kanselliet	P.M.						
29.des	"	Kanselliet	Scheel	2291. Pro Memoria!						
23.des	"	Kanselliet	Scheel	2290. Pro Memoria						
23.des	"	Kanselliet	Colbjørnsen							
<b>Skap 16, pakke 7 II</b>										
<i>Lofthus-saken 1787 januar (og enkelte eldre)</i>										
Kanselliets konsepter.										
Orig. brev til kanselliet fra embedsmenn i Norge og andre, Lofthuskommisjonen, Rentekammeret.										
Orig. brev til Lofthus-kommisjonen										
Orig. brev til forskjellige norske embedsmenn										
Orig. brev og klager fra almuen.										
1786 24/11 fra almuen i Vinje prestegjeld til biskopen, ca. 90 underskrifter (kopi?)										
Dessuten: Weidemans liste 1787 31/1 over bønder fra de forskjellige sogn som bør forhøres.										
<i>Lofthus Sagen Januar 1787</i>										
04.jan	1787	Scheel	Colbjørnsen, Falsen, Aars	Pro Memoria!						
06.jan	"	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!						
07.jan	1785?	Hammer	Adeler	Pro Memoria						
06.jan	1787	Scheel	Kanselliet	Pro Memoria!						
10.jan	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 18]					
27.jan	"	Kanselliet	Moltke	164. P.M.						
13.jan	"	Kanselliet	Adeler	80. Pro Memoria						
13.jan	"	Kanselliet	Moltke	82. Promemoria!						

19.des	1786	Adeler, Hagerup		Allerunderdanigst Erklæring					
16.jan	1787	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 17]				
20.jan	"	Kanselliet	Adeler, Hagerup	125. P.M.					
20.nov	1786	Monrad?		Erklæring					
20.jan	1787	Kanselliet	Scheel	122. Pro Memoria					
27.nov	1786	Wille		Pro Memoria!					
21.nov	"	Fleire							
	"	Womestved?		Pro mem.					
nov.	"	Vinje prestegjeld							
27.jan	1787	Kanselliet	Moltke	166. Pro Memoria					
29.nov	1786	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 16]				
27.jan	1787	Kanselliet	Kommisjonen	157. Pro Memoria					
27.des	1786	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 15]				
20.jan	1787	Roosen							
23.des	1786	Hagerup	Kanselliet	Underdanig Pro memoria					
24.nov	"	Mange	Hagerup		Supplikk?				
26.jan	1787	Moltke	Scheel	Pro Memoria					
13.jan	"	Kanselliet	Moltke						
31.jan	"	Hagerup	Scheel	Pro Memoria					
27.jan	"	Kanselliet	Kommisjonen						
27.jan	"	Kanselliet	Kommisjonen	158. P.M.					
27.jan	"	Kanselliet	Kommisjonen						
27.jan	"	Kanselliet	Moltke	165. Pro Memoria					
27.jan	"	Kanselliet		Pro Memoria					
27.jan	"	Kanselliet		Pro Memoria					
31.jan	"	Weidemann	Adeler		Liste over bønder				
31.jan	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 22]				
10.feb	"	Kanselliet	Hagerup	253. Pro Memoria					
<b>Lofthus-saken 1787 - februar.</b>									
Kanselliets konsepter									
Orig. brev til kans. fra kommisjonen, og fra amtmenn i Bratsberg og Chr.sand, og andre (bl.a. fra kapt. Hammer og lensmann Salvesen;									
Dahl. o.fl.)									
Orig. brev til Lofthus-kommisjonen.									

Særskilt merkes									
Dahls liste 1787 1/2 over bønder som bør forhøres									
1787 26/2 fra kapt. Hammer									
17/2 fra Aanon Salvesen, lensmann									
Lofthus-Sagen Februar 1787									
01.feb	1787	Dahl	Adeler			Liste over bønder			
03.feb	"	Kanselliet	Scheel	Pro Memoria!					
03.feb	"	Kanselliet	Scheel	206. Pro Memoria					
03.feb	"	Kanselliet	Adeler	20x. Pro Memoria					
04.feb	"	Adeler	Kommisjonen						
06.feb	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 24]				
07.feb	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 25]				
07.feb	"	Moltke	Scheel	Pro Memoria					
12.feb	"	Adeler	Kommisjonen						
13.feb	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 26]				
13.feb	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 26]				
13.feb	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 27]				
13.feb	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 27]				
14.feb	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 28]				
14.feb	"	Moltke	Kommisjonen	Pro Memoria					
14.feb	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria					
16.feb	"	Moltke	Scheel	Pr. Mem					
07.feb	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria					
17.feb	"	Kanselliet	Scheel	Pro Memoria					
17.feb	"	Kanselliet	Moltke, Hagerup	293. Pro Memoria					
17.feb	"								
17.feb	"	Dahl	Kommisjonen	Underdanig Pro Memoria					
17.feb			Colbiørnsen						
17.feb	"	Dahl	Kommisjonen	Underdanig Pro Memoria					
17.feb	"	Kanselliet	Moltke, Hagerup	... Memoria					
17.feb	"	Salvesen	Kommisjonen	Underdanigst Promemoria!					
23.feb	"	Moltke, Hagerup	Kommisjonen	... Memoria					
24.feb	"	Kanselliet	Kommisjonen	Pro Memoria!					

24.feb	"	Salvesen								
26.feb	"		Kommisjonen							
26.feb	"	Hammer	Kommisjonen							
27.feb	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 29]					
10.feb	"	Kanselliet	Rentekammeret	224. Pro Memoria						
17.feb	"	Kanselliet	Scheel m.fl.	289. Pro Memoria						
27.feb	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 30]					
28.feb	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 32]					
24.feb	"	Kommisjonen			Kopi					
26.feb	"	Kommisjonen			Kopi					
<b>Lofthus-saken 1787 mars</b>										
(Arrestasjon av Lofthus og transport til Chria. m.m.)										
Inneholder:										
Kanselliets og kommisjonens konsepter.										
Kanselliets og kommisjonens innkomne brev - fra kommisjonen, amtmenn, general Dietrichson (bl.a. 27/3 liste over tropper som skal befri Dahl), foged Dahl, sorenskriverne Brønsdorph og Finne, kaptein Hammer (1/3, 13/3 og 17/3 om arrestasjonen), lensmann Salvesen og flere.										
Orig. kgl. plakater og trykte plakater fra stiftamtmannen og fra kommisjonen.										
<i>Lofthuus's Paagribelse</i>										
den 15de Marts 1787, samt de nærmeste dermed i Forbindelse staaende Omstendigheder.										
	"	Colb.,Falsen,Aars			Trykt plakat, innkalling av allmugen til kommisjonen					
					Handskrive notat					
	"	Colb.,Falsen,Aars			Trykt plakat, innkalling (dobbelt opp)					
22.mar	"	Kommisjonen			Trykt plakat, om arrestasjonen					
29.mar	1806	Kanselliet		Promemoria	Trykt (om noko heilt anna)					
01.mar	1787	Hammer	Kommisjonen							
01.mar	"	Dahl	Kommisjonen	... Pro Memoria						
09.mar	"									
03.mar	"	Kanselliet	Moltke	392. Pro Memoria						
05.mar	"	Salvesen	Kommisjonen	Underdanigst Pro memoria!						
06.mar	"		Colbiørnsen							
06.mar	"	Moltke, Hagerup	Kommisjonen							
06.mar	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 31]					

06.mar	"	Adeler	Kommisjonen	Pro Memoria!						
10.mar	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 33]					
13.mar	"	Hammer	Kommisjonen	... Pro Memoria						
13.mar	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 34]					
16.mar	"	Finne	Kanselliet	Underdanigst Pro memoria!						
23.mar	"	Christian R.		Vi Christian den Syvende...	Plakat, handskrive, 2 sider					
		Dahl (?)								
17.mar	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro memoria						
17.mar	"	Adeler		Giør vitterligt...	Trykt plakat, om arrestasjonen					
17.mar	"	Dahl	Kommisjonen i Skien	...memoria						
18.mar	"	Adeler	Dietrichson	Pro memoria!						
17.mar	"	Hammer	Kommisjonen	... Pro Memoria						
17.mar	"	Kanselliet	Hagerup	507. Pro Memoria						
17.mar	"	Finne	Kommisjonen							
19.mar	"	Grodtshilling								
17.mar	"	Kanselliet	Moltke	505 Pro memoria						
17.mar	"	Grodtshilling	Kommisjonen							
20.mar	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria						
24.mar	"	Kanselliet	Adeler	50x Pro memoria						
31.mar	"	Kanselliet	Kommisjonen	619 Pro Memoria						
20.mar	"	Adeler	Scheel							
20.mar	"		Kommisjonen							
20.mar	"	Kanselliet	Schach-Rathlou	518 P. m.						
20.mar	"	Dietrichson								
21.mar	"	Adeler		Pro Memoria						
21.mar	"	Adeler	Scheel	..ro Memoria!						
21.mar	"	Friderichsen	Adeler	Underdanigst Pro Memoria	kopi					
21.mar	"	Fischer (?)	Generalitetet	Underdanigst Pro Memoria!						
21.mar	"	Fischer (?)			Rekninga for utg. på Fredriksvern (?)					
21.mar	"	Friderichsen	Adeler	Underdan...						
		Friderichsen			Tillegg/notat (kort)					
21.mar	"	Grodtshilling	Kommisjonen							
22.mar	"		Kommisjonen							
24.mar	"	Cloumann	Moltke	Pro Memoria						

25.mar	"	Adeler	Dietrichson	Pro Memoria:						
26.mar	"	Adeler	Dietrichson	Pro Memoria!						
27.mar	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:						
27.mar	"	Dietrichson		Liste	Liste over offiserar som deltok i lauslatinga av Dahl					
27.mar	"	Kommisjonen		No. 1	Med påskrift frå Hammer (?)					
27.mar	"	Kommisjonen		No. 3	Med påskrift frå Salvesen (?)					
27.mar	"	Salvesen	Kommisjonen	Underdanigst Promemoria!						
27.mar	"	Kommisjonen	Norske generalitetet	Pro Memoria						
					Kort notat					
28.mar	"	Dietrichson	Sückow	Pro Memoria!						
28.mar	"	Dietrichson	Generalitetet	Pro Memoria!						
29.mar	"	Nersteen		... Promemoria!						
15.mai	"	Møglestu								
28.mar	"	Cloumann		P. M.	Kopi [nr. 44]					
28.mar	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 43]					
30.mar	"	Christian R.		Vi Christian den Syvende...	Handskriven plakat, om arr. av Dahl					
30.mar	"	Christian R.		Vi Christian den Syvende...	Plakat, trykt versjon					
31.mar	"	Grodtshilling	Admiralitetet	Underdanigst Raport	[nr. 44]					
31.mar	"	Kanselliet	Scheel							
28.mar	"	Moltke	Kommisjonen	Pro Memoria						
31.mar	"	Kommisjonen		No. 4						
<b>Skap 16, pakke 7 III</b>										
<i>Lofthus-saken 1787 april - juni</i>										
<i>Inneholder både Kanselliets og Undersøkelseskommisjonens (Scheel, Colbjørnsen, Falsen og Aars) korrespondanse:</i>										
<i>Det er: Kanselliets konsepter og innkomne brev (fra kommisjonen og fra embedsmenn m.v.) og kommisjonens konsepter og innkomne brev (fra Kjøbenhavn og fra norske embedsmenn og bønder), alt ordnet kronologisk.</i>										
<i>Blant dokumentene for mai 1787 fins klage 1786 24/7 fra almuen i Tinn.</i>										
<i>Lofthus-Sagen</i>										
<i>April, Mai, Juni 1787</i>										

<i>1787 April</i>								
29.mar	1806	Kanselliet		Promemoria	Trykt rundskriv, om noko anna			
03.apr	1787	Hagerup	Kanselliet	Underdanig Pro Memoria	[nr. 55]			
23.des	1786			Afskrift	[nr. 55]			
03.des	"			Inntegning	[nr. 55]			
08.mar	1787			Afskrift	[nr. 55]			
03.apr	"	Dietrichson		Pro Memoria!				
03.apr	"	Fleire bønder	Colbiørnsen	Underdanigst Pro Memoria!				
03.apr	"	Fleire bønder	Colbiørnsen	Underdanig Pro Memoria	[nr. 53]			
04.apr	"	Grodtshilling	Admiralitetet	Underdanig Pro Memoria	[nr. 51]			
04.apr	"	Mansbach?		Pro Memoria!				
apr	"		Finne					
07.apr	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 52]			
07.apr	"	Hammer	Kommisjonen	... Pro Memoria				
07.apr	"	Kanselliet						
10.apr	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:				
10.apr	"	Dietrichson		Pro Memoria!				
10.apr	"	Adeler	Kommisjonen		[nr. 52]			
11.apr	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 54]			
14.apr	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria				
11.apr	"	Kommisjonen	Allmugemenn i Bratsberg		[nr. 53?]			
17.apr	"	Dietrichson		Pro Memoria!				
21.apr	"	Kanselliet	Generalforstamtet	705. Pro Memoria				
21.apr	"	Kanselliet	Rentekammeret	754. Pro Memoria				
21.apr	"	Kanselliet	Scheel	790. Pro Memoria				
24.apr	"	Dietrichson		Pro Memoria!				
28.apr	"	Generalitetet	Norske generalitetet					
28.apr	"	Rentekammeret	Kommisjonen	Pro Memoria!				
28.apr	"	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!				
<i>Mai</i>								
08.mai	"	Hagerup	Kanselliet	Underdanig Pro Memoria				
13.mai	"	Dietrichson		Pro Memoria!				
15.mai	"	Adeler	Generalitetet	Pro Memoria!				

15.mai	"	Holm	Kanselliet	Pro Memoria!						
19.mai	"	Kanselliet	Kommisjonen							
20.mai	"	Adeler	Dietrichson	Pro Memoria!						
22.mai	"	Dietrichson		Pro Memoria!						
21.mai	"	Dietrichson	Generaladjutant...							
21.apr	"	Kanselliet	Hagerup	797 Pro Memoria						
26.mai	"	Generalitetet	Det norske generalitetet	Pro Memoria						
26.mai	"	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 74]					
26.mai	"	Kanselliet	Kommisjonen	Pro Memoria						
26.mai	"	Kanselliet	Adeler	1096. P. M.						
05.mai	"	Hammer	Kommisjonen	... Pro Memoria						
01.mai	"	Dühring	Colbiørnsen							
26.mai	"	Generalitetet	Norske generalitetet							
25.mai	"	Kanselliet	Generalitetet	Pro Memoria!						
26.mai	"	Kanselliet	Kommisjonen	1097 Pro Memoria						
29.mai	"	Salvesen	Kommisjonen	... Pro Memoria						
30.mai	"	Petersen	Kanselliet	Pro Memoria!						
16.jun	"	Kanselliet	Petersen	1258 Pro Memoria						
28.mai	"	Petersen		Copie						
05.mai	"	Petersen	Nagel	Ærbødigst Pro Memoria!	Kopi					
24.jul	1786			Copie	Supplikk frå allmugen i Tinn [nr. 55]					
10.apr	1787	Hagerup	Kanselliet	Underdanig Pro Memoria	[nr. 55]					
16.jun	"	Kanselliet	Adeler	1257 P. M.						
25.apr	"	Holm								
23.jun	"	Kanselliet	Holm	1301 Pro Memoria						
					[nr. 55]					
24.jul		Allmugen i Tinn			Østen G. Ingusland, kopi					
29.apr	"	Petersen		Copie						
<i>Juni</i>										
02.jun	"	Kanselliet	Adeler	1157 Pro Memoria						
05.jun	"	Dahl	Kommisjonen	Underdanigst Pro memoria						
08.jun	"				Frå Christiansborg					
16.jun	"	Kanselliet	Kommisjonen							

		Kanselliet	Kommisjonen	...Memoria!						
15.jun	"		Colbiørnsen							
				Til befording	Trykt, har ikkje med saka å gjera? 2 stk					
16.jun	"	Uldall								
16.jun	"	Kanselliet	Scheel	1255 Pro Memoria						
16.jun	"	Kanselliet	Adeler	1250 Pro Memoria						
19.jun	"				Eksstrakt av Salvesen sitt brev					
23.jun	"				Eksstrakt av kom. sitt brev til kanselliet					
23.jun	"	Falsen, Aars	Kanselliet							
26.jun	"	Salvesen	Kommisjonen	...danigst Pro Memoria						
<i>Lofthus-saken 1787 juli - august</i>										
Inneholder både Kanselliets og Undersøkelseskommisjonens (Scheel, Colbjørnsen, Falsen og Aars) korrespondanse, det er:										
Kanselliets konsepter og innkomne brev og kommisjonens innkomne brev, alt ordnet kronologisk.										
Blandt dokumentene merkes suplik 1787 29/1 fra almuen i Finsland, Øystebø (?), Lardal (?), Korsmo (vedlagt akter for juli 1787)										
<i>Lofthuus-Sagen</i>										
<i>Juli, August 1787</i>										
<i>Juli</i>										
14.jul	"	Kanselliet	Kommisjonen							
14.jul	"	Kanselliet	Kommisjonen	1437 Pro memoria						
14.jul	"	Kanselliet	Kommisjonen	1437 Pro memoria						
21.jul	"	Kanselliet	Adeler	1481 P. M.						
16.jul	"	Kanselliet		1216 P. M.						
		Adeler		Copie						
25.apr	"	Holm	Adeler	Pro Memoria!						
21.jul	"	Kanselliet	Holm	1484 P. M.						
29.jan	"	Fleire bønder	Kongen	Til Kongen!						
08.feb	"	Holm								
15.mai	"	Adeler		Allerunderdanigst Erklæring						
12.apr	"		Holm	Underdanig Erklæring!						
					ei rekning?					
16.apr	"		Holm							

21.apr	"			Underdanig Erklæring					
					Rekneskapsside				
21.apr	"	Fridrichsen	Holm	Underdanig Erklæring					
21.mai	1777	Fridrichsen		Underdanig Erklæring					
23.jun	1787	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria					
<i>August</i>									
04.aug	"	Scheel, Colbjørnsen	Kanselliet	P. M.!					
04.aug	"	Kanselliet	Adeler	1566 P. M.					
14.aug	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:					
25.aug	"	Kanselliet	Adeler	1709 P. M.					
		Fleire?		Til Kongen!	[nr. 102]				
11.aug	"			Allerunderdanigst Erklæring	Påskrift, Adeler [nr. 102]				
16.aug	"	Uldall	Kanselliet	Promemoria					
07.sep	"		Kanselliet	Underdanigst Pro Memoria					
16.aug	"			Copie	Kopi				
01.sep	"	Kanselliet	Kommisjonen	1764 P. M.	[nr. 106?]				
15.sep	"	Kanselliet	Scheel	1888 Pro Memoria					
18.aug	"	Kanselliet	Scheel	1659 Pro Memoria					
18.aug	"	Hammer		Allerunderdanigst Beregning	Rekneskap				
25.aug	"	Kanselliet	Moltke	1710 P. M.					
25.aug	"	Kanselliet	Scheel og Schmidt	1707 Pro Memoria					
25.aug	"	Kanselliet		1711 Pro Memoria					
					Kort notat				
<i>Lofthus-saken 1787 sept - desbr.</i>									
<i>Kanselliets og kommisjonens korrespondanse, nemlig:</i>									
<i>Kansellikonsepter og innkomne brev til kanselliet fra kollegier og embedsmenn samt ett fra Paul Venaasen av Buskerud til Kronprinsen</i>									
<i>1787 1/9 og fra Lofthuskommisjonen; orig. brev til Lofthuskommisjonen. Alt ordnet kronologisk.</i>									
<i>NB. Her fins dok. vedk., til og fra tre Lofthuskommisjoner:</i>									
1) kom. av 1786 8, 29/12 (Scheel, Colbjørnsen, Falsen, Aars)									
2) kom. av 1787 3/8 (Falsen, Aars) i Chrsand									
3) kom. av 1787 12/10 (Scheel, Colb.) i Chria.									

<i>NB. Her finns klage 1787 1/9 från Paul Venåsen från Buskerud</i>									
<i>Lofthus-Sagen</i>									
<i>September 1787</i>									
01.sep	"	Paul C. Wenaasen		Hans Kongelig Høyhed Kronprintz F.					
01.sep	"	Kanselliet	Generalitetet	Pro Memoria					
01.sep	"	Kanselliet	Falsen og Aars	1774 Pro Memoria					
01.sep	"	Kanselliet	Adeler og Hagerup	1767 Pro Memoria					
04.sep	"	Admiralitetet	Kanselliet	Pro Memoria!	[nr. 113]				
08.sep	"	Generalitetet	Det norske generalitetet						
08.sep	"	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 114]				
08.sep	"	Finanskollegiet	Kanselliet	Pro Memoria					
08.sep	"	Finanskollegiet	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 115]				
13.okt	"	Kanselliet	Scheel	2124 P. M.					
15.sep	"	Kanselliet	Falsen og Aars	1890 Pro Memoria					
		Aars			[nr. 131]				
21.sep	"								
21.sep	"	Kommisjonen							
22.sep	"	Scheel	Kanselliet	Pro Memoria!	[nr. 131]				
25.sep	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:					
		Aars		Jakob Aars	Gjenpart [nr. 123]				
<i>Lofthus-Sagen</i>									
<i>Oktober, November, December 1787</i>									
<i>Oktober</i>									
06.okt	"	Uldall	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 124/132]				
06.okt	"	Uldall	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 124/132]				
13.okt	"	Kanselliet	Adeler	2127 Pro memoria	[nr. 132]				
06.okt	"	Uldall		Til Kongen	[nr. 130]				
09.okt	"								
26.jan	1788	Kanselliet	Scheel	Pro memoria					

12.nov	1787	Fleire bønder?	Dahl	Pro Memoria						
03.jul	"	Tobiesen	Kommisjonen							
		Tobiesen								
05.aug		Tobiesen	Adeler							
12.okt	"	Kongen	Scheel, Colbiørnsen	Christian den syvende osv.						
20.okt	"	Kanselliet	Hagerup	2184 Pro Memoria						
13.okt	"	Kanselliet	Uldall	2139 Pro Memoria						
27.okt	"	Kanselliet	Falsen og Aars	2230 Pro Memoria						
18.okt	"	Finanskollegiet	Kanselliet	P. M.						
27.okt	"	Kanselliet	Rentekammeret	2194 Pro Memoria						
27.okt	"	Kanselliet	Benzon	2233 Pro Memoria						
30.okt	"	Falsen og Aars	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 141]					
17.nov	"	Kanselliet	Falsen og Aars	2437 Pro Memoria						
<i>November</i>										
28.nov		Uldall?			[nr. 147]					
24.nov	"	Adeler	Dietrichson	Pro Memoria!						
27.nov	"	Dietrichson								
21.nov	"	Uldall		Til Kongen!	[nr. 147]					
20.nov	"	Falsen og Aars	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 150]					
17.nov	"	Kanselliet	Scheel	2426 Pro Memoria						
16.nov	"			PM						
20.nov	"		Falsen							
16.nov	"			Ærbødigst Pro Memoria!						
20.nov	"		Falsen							
06.nov	"	Adeler	Scheel							
06.okt	"	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria						
17.nov	"	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria						
01.sep	"	Petersen		Copie						
16.mai	"	Nagel?	Petersen	Pro Memoria!						
15.sep	"	Petersen	Kanselliet	Pro Memoria!						
<i>December</i>										
04.des	"	Falsen og Aars	Kanselliet	Pro Memoria	omslag [nr. 155]					

04.des	"	Falsen og Aars		Til Kongen	[nr. 155]					
07.des	"	Uldall		Allerunderdanigst Erklæring	[nr. 154]					
29.des	"	Kanselliet	Falsen og Aars	2790 Pro Memoria						
13.nov	"	Schweder		Til Kongen!						
06.des	"	Kanselliet	Generalfiskalen		[nr. 153]					
26.okt	"	Adeler	Schweder	Pro Memoria						
26.okt	"	Adeler	Schweder	Pro Memoria	Kopi					
05.nov	"	Schweder	Adeler	Underdanigst Pro Memoria	Kopi, påskrift Adeler [nr. 153]					
06.nov	"	Schweder	Falsen og Aars	Pro Memoria!	Kopi, påskrift Falsen og Aars					
06.nov	"	Schweder	Stub		Kopi, påskrift Stub [nr. 153]					
07.des	"	Uldall		Allerunderdanigst erklæring	[nr. 151]					
10.des	"	Falch								
		Lintvedt x 2								
22.des	"	Kanselliet	Scheel, Colbj., Falsen, Aars	Pro Memoria!						
15.des	"	Uldall		Allerunderdanigst Erklæring	[nr. 156]					
				Extract	Avskrift av komm.prot., 19 sider [nr. 155]					
29.des	"	Kanselliet	Falsen og Aars							
22.des	"	Kanselliet	Falsen og Aars	2732 P. M.						
11.des		Kanselliet	Rentekammeret	2503 P. M.						

## Skap 16, pakke 7 IV

Lofthus-saken m.v.

d) Konseptsamling:

1) Smiths og Brønsdorps sak

Kanselliet og forskjellige kommisjoners konsepter vedk. de to suspenderte sorenskriverne S. og B. i Råbyggelag:

\* Forestilling 1787 12/5 fra kommisjonen av 1786 8/12 (Scheel m. fl.), 32 renskrevne sider.

\* Sistnevnte kommisjons medlemmers notater og brevskifte og utkast til forestilling (?) med mange rettelser [1787..]

\* Kansellikonsept 1787 29/9 at byfogd Berg i Arendal og justisråd Schjøt i Lillesand (i stedet for Aarestrup [?]) skal danne en undersøkelseskomisjon og påkjenne saken.

1787 mai - sept

Forestilling fra Undersøgnings-Kommisjonen ang. de 2de suspenderte Sorenskrivere Smith og Brønsdorph.

1787 Breve

29.sep	1787	Kanselliet	Adeler	2014 P. M.				
<i>1787 12/5, Konsept. Innberetning fra Undersøkelseskommisjonen i Chr.sand (Scheel, Colbjørnsen, Falsen, Aars) om de to suspenderte sorenskriverne i Råbyggelag: Smith og Brønsdorph</i>								
<i>Kommisjonens konsepter</i>								
12.mai	"				34 sider, ganske uleseleg (svak skrift)			
					2 sider av Colbjørnsen, kladd			
					28 sider, kladd, ganske uleseleg			
<i>Lofthus-saken m.v.</i>								
d) Konseptsamling.								
2) To konsepter til innstilling [av 1787 21/9] fra kommisjonen av 1786 8/12, om Arendals tømmerhandel med bøndene								
* Et renskrevet eksemplar med Falsens hånd, hvorav bevart side 1-13								
* Et mindre renskrevet (Colbjørnsens, Falsens og Aars`s hender?), hvorav tilstede 20 sider.								
[1787 sept]								
<i>Rettet konsept til forestilling om Arendals handel med bønderne, særlig tømmerhandelen, fra undersøkelseskommisjonen av 1786 8/12</i>								
<i>Colbjørnsens og ... konsept. Nå ukomplett. Tilstede er side 1 - 20</i>								
[1787 21/9?]								
<i>Renskrevet konsept til forestilling om Arendals handel med bønderne, særlig tømmerhandelen, fra undersøkelseskommisjonen av 1786 8/12.</i>								
<i>Falsens konsept. Nå ukomplett. Tilstede er side 1 - 13.</i>								
[1787 21/9?]								
					12 sider			
<i>Indberetningen fra Undersøgelses-Kommisjonen</i>								
					20 sider			
<i>Lofthus-saken m.v.</i>								
c) Korrespondanse, tilhørende Kanselliet og kommisjonen av 1786 8/12, 1787 3/8, 12/10 (mange brev til disse kom.). Gjelder Lofthuses fengsel og								

<i>prosess, bruk av militær; bøndernes klager i Råbyggelag, Nedenes, Telemark; sportelreglement, skatteopkrevning, m.v.</i>							
1788 jan - desbr.							
<i>Lofthus-Sagen 1788</i>							
06.aug	1788	Dühring			Beregning	Rekning	
12.des	1787						
12.des	"						
08.jan	1788	Falsen og Aars	Kanselliet	Pro Memoria			
				Til Befordring			
09.feb	"	Kanselliet	Kommisjonen				
19.feb	"	Smith	Colbjørnsen				
29.mar	"	Finne	Moltke	...danigst Pro Memoria!			
28.mar	"	Dühring	Colbjørnsen				
11.mar	"	Brønsdorph	Colbjørnsen				
06.mar	"	Brønsdorph	Kommisjonen				
		Brønsdorph	Colbjørnsen				
25.sep	1787	Brønsdorph	Kommisjonen				
04.mar	1788	Falsen og Aars					
09.feb	"	Kanselliet	Kommisjonen				
04.mar	"	Falsen og Aars					
22.mar	"	Kanselliet	Scheel, Colbjørns., Hagerup	Pro Memoria!			
15.mar	"	Scheel, Colbjørnsen					
18.mar	"	Dietrichson		P.M.			
19.nov	1787			Liste med namn			
08.apr	1788	Moltke	Kommisjonen	Pro memoria			
08.apr	"	Moltke	Kommisjonen	Pro Memoria!			
12.apr	"	Kanselliet	Kommisjonen	Pro Memoria			
18.apr	"	Scheel	Resten av komm.	Pro Memoria!			
17.apr	"	Kommisjonen	Moltke				
07.jun	"	Generalitetet	Det norske generalitetet	Pro Memoria			
10.jun	"	Moltke	Scheel m.fl.	Pro Memoria			
26.jul	"	Kanselliet	Kommisjonen	Pro Memoria			
31.des	"	Finanskassedireksjonen	Kommisjonen				
01.sep	"	Falsen og Aars		Regning	(for kommisjonsaktene)		

03.sep	"	Gundelach og Germann		Stadf. mottak av aktene		
<i>Lofthus-saken m.v.</i>						
<i>d) En konseptsamling</i>						
3) Utkast til avsluttende og samlet forestilling fra undersøkelseskommisjonen av 1786 8/12 [om "atskillige ... endnu uafhandlete Klageposter"]						
Skal gi oversikt over klager som ikke er omhandlet i de (3 eller 4) før avgitte underdanigste forestillinger og skal omfatte både endel spesielle klagemål fra enkelte almuer og almuesmenn "og samtlige almuers klager --- over generelle -- Byrder (og) --- Fornærmelser."						
Falsens konsept med mange rettelse. Nå defekt.						
Tilstede er ca. 80 sider med flg. kapitler:						
1. Frolands jernverk. 2. Fri skyss. 3. Sunntoll i Hornæs. 4. Fogd Schytte. 5. (?) ..... 8. Handels- konsumpsjons- og løsgjengerskatt.						
9. Landskyld og tidende i penger. 10. Magasinkorn. 11. Skatterestanser. 12. Skatter .... 13. Utskriving til soldat. 14. Lagmannstoll.						
15. Lensmenn. 16. Fogder. 17. Sorenskriverne. 18. "Den viktigste Klage ... som absorberer alle de øvrige...: samtlige Almuers Klage over ... trykkende Nød og ... Ødeleggende Kornpriser" med forslag til ny ordning av kornhandelen.						
[1787 november]						
NB. Orig. dat. 1787 22/11 Chria og 27/11 Chrsand, fins i skap 16, pakke 7 VIII som bilag 175 til kanselliets ekstrakt 1789.						
Indberetning fra Undersøgelses-Kommisionen				76 sider		
<b>Skap 16, pakke 7 V</b>						
<i>Lofthus-saken.</i>						
<i>e. Retts-akter</i>						
<i>Undersøkelseskommisjonen av 1786 8/12 (Scheel):</i>						
"Undersøgnings Commissions Act vedk. de i Christiansand forhørte Almuers Klager begyndt 11 Januarii og sluttet 27 Febr: 1787."						
Tome I. 11/jan - 23/jan. Christianssand. Viser til bilag nr. 1 - 113.						
Tome II. 24/jan. - 19/febr Chr.sand						
21/febr, Lillesand			Viser til bilag 162 - 167			
23/febr - 27/febr. Arendal						

<i>Tome I</i>								
366 nummererte sider								
Liste over dei 44 dokumenta som er tilsendt kommisjonen og lagt til grunn i undersøkinga, herunder kongelege ordrar, supplikkar frå Lofthus og allmugen, brev og erklæringer frå embets- og tenestemenn. (Side 2 - 20)								
Dei kongelege ordrane av 8. og 29. desember 1786. (Side 21 - 30)								
11. januar: Forhøyr av allmugen i Vestre Moland. (Side 30 - 75)								
12. januar: Vidare forhøyr av allmugen i Vestre Moland. (Side 76 - 99)								
12. januar: Forhøyr av allmugen i Hovåg. (Side 99 - 119)								
15. januar: Forhøyr av allmugen i Birkenes. (Side 119 - 150)								
16. januar: Forhøyr av allmugen i Landvik. (Side 150 - 181)								
17. januar: Forhøyr av allmugen i Øyestad og Fjære. (Side 181 - 225)								
18. januar: Forhøyr av allmugen i Froland. (Side 226 - 254)								
19. januar: Forhøyr av allmugen i Herefoss. (Side 255 - 295)								
22. januar: Forhøyr av allmugen i Evje, Hornnes og Iveland. (Side 296 - 340)								
23. januar: Forhøyr av allmugen i Bygland og Årdal. (Side 341 - 363)								
23. januar: Forhøyr av Lofthus med 6 vitne mot Schythe. (Side 363 - 366)								
<i>Tome II</i>								
242 nummererte sider								
24. januar: Forhøyr av allmugen i Austad og Sandnes. (Side 367 - 382)								
25. januar: Forhøyr av allmugen i Vegusdal. (Side 383 - 407)								
26. januar: Forhøyr av allmugen i Åmli og Gjøvdal. (Side 408 - 430)								
30. januar: Forhøyr av allmugen i Mykland og Lille Tovdal. (Side 431 - 446)								
31. januar: Forhøyr av allmugen i Vegårshei. (Side 447 - 453)								
31. januar: Forhøyr av Lofthus med 2 vitne mot fut Dahl. (Side 453 - 455)								
1. februar: Forhøyr av allmugen i Valle, Hylestad og Bykle. (Side 455 - 466)								
6. februar: Forhøyr av fut Dahl og sorenskrivar Finne. (Side 467 - 478)								
7. februar: Forhøyr av lensmann. (Side 479 - 498)								
8. februar: Forhøyr av sorenskrivar Brønsdorph og fut Weidemann. (Side 498 - 524)								
9. februar: Forhøyr av sorenskrivar Smith. (Side 524 - 535)								
12. februar: Kongeleg ordre om arrest av Lofthus mottatt, med meir. (Side 535 - 554)								
16. februar: Forhøyr av lensmann Fladen. (Side 555 - 561)								
19. februar: Kommisjonens siste dag i Kristiansand. (Side 561 - 568)								

	21. februar: Kommisjonen i Lillesand. (Side 568 - 573)						
	23. februar: Kommisjonen i Arendal. (Side 573 - 577)						
	24. februar: Kommisjonen i Arendal. (Side 578 - 592)						
	26. februar: Kommisjonen i Arendal. (Side 592 - 596)						
	27. februar: Kommisjonen i Arendal. (Side 597 - 608).						
	Protokollen underskrive 27. februar i Arendal av Scheel, Colbjørnsen, Falsen og Aars.						
<b>Skap 16, pakke 7 VI</b>							
Lofthus-saken							
e. Akter fra "Undersøgnings-Commissionen i Christiansand" av 1786 8, 29/12 (Scheel):							
Enkelte bilag til "Undersøgnings-Commissions-Act vedk. de i Christiansand forhørte Almuers Klager" av 1787 11/1 - 27/2, nemlig nr							
45 - 51, 62 - 65, 69, 76 - 77, 84 og 90.							
Som er noen skifteforretninger 1770 - 86, fremlagt av bønderne til granskning på kommisjonens møter 1787 11-18/1.							
Num. 45 - 46 Fra sorenskriver Finne i Nedenes (1784 ff) ----- 1784 - 85							
47 Fra sorenskriver Brandt i Nedenes (1784 ff) ----- 1775							
48 Fra sorenskriver Tyrholm i Nedenes (1775-84) ----- 1777							
49 - 50 Fra sorenskriver Finne i Nedenes ----- 1785 - 86							
51 og [62?] Fra Brøndsdorph (den eldre? ----- 1770 - 73							
oppgis 1774 24/10 å være "afgangen"!)							
62 - 65, 69, 76 - 77, 84, 90 Fra Finne ----- 1784 - 85							
24.jan	1785	Finne		31 sider			45
30.mai	"	Finne		23 sider			46
17.okt	1775	Brandt		19 sider			47
21.jan	1778	Tyrholm		24 sider			48
Lofthus-saken							
e. Akter fra "Undersøgnings-Commissionen i Christiansand" av 1786 8, 29/12 (Scheel):							
Enkelte bilag til "Undersøgnings-Commissions-Act vedk. de i Christiansand forhørte Almuers Klager" av 1787 11/1 - 27/2, nemlig nr							
39 - 41							
som er noen embedsmenns kontra-erklæringer fra 1786.							
Num.	39. Fogd i Nedenes Dahls erklær. (20 sider) over de ham vedkommende klager fra Lofthus "og deltagende Bønder". 1786 28/10						

	40. Viseveimester i Nedenes Schythes do. 1786 4/11								
	41. Stiftamtmann Adelers do. (med ekstrakt av skattebøker) 1786 14/11.								
28.okt	1786	Dahl		Underdanigst Erklæring	21 sider				39
04.nov	1786	Schythe		Underdanigst Erklæring	3 sider				40
29.jan	1784	Krogh		Deres Kongelig Majestæts...	3 sider				"
30.sep	1786	Schythe		Extract	1 side				"
02.okt	1786	Hammer			Kort brev				"
14.nov	"	Adeler		Pro memoria:	5 sider				41
		Adeler		Extract	6 enkeltark				
09.mai	"	Finne			66 sider				90
09.feb	"	Finne			155 sider				84
21.des	1785	Finne			116 sider				77
30.mai	"	Finne			63 sider				76
10.mai	1784	Finne			118 sider				69
26.mar	1786	Finne			23 sider				64
10.jan	"	Finne			46 sider				65
25.mar	"	Finne			37 sider				63
28.jun	1771	Brønsdorph			43 sider + 1 side				62
		Brønsdorph			37 sider + 1 side				51
26.mar	1786	Finne			31 sider				62
23.mai	1785	Finne			131 sider + lita side				50
		Dahl			1 side, to korte avsnittt				"
25.apr	1786	Finne			52 sider				49
<b>Skap 16, pakke 7 VII</b>									
"7 S 1620" (Det er: Bilag nr. 1620 til Suplikprotokoll bind 7 S.) "Extract af Sagen om Lofthusus"									
): Kanselliets utførlige aktmessige fremstilling med utdrag av dokument nr. 1 - 219 (ikke-kronol. orden) 1786 9/10 - 89 21/2 og med navneregister.									
"7 S 1620, no. 1 - 219" (nr. 1 - 203) Dokumenter til ovennevnte ekstrakt.									
(Tilstede ved revisjon 1940 er ca. 1/3 av de 219 dok., vesentlig innberetninger fra Lofthus-kommisjonen og fra embedsmenn m.v., for tiden									
1786 9/10 - 88 13/6, nemlig: 1, 4, 6, 7 (kommisionens oprettelse 1786 8/12), 21 - 24, 36 - 40, 42, 48 - 49, 60 - 67, 69 (utførlig rapport om									

skiftebrev i Bratsberg amt 1787 16/5), 72 - 73, 77 - 87 (ved 79: kommisjonens utførlige forestilling av 1787 16/6), 89 - 92, 94 - 95, 97, 102 - 103, 105, 110 - 111, 119, 125 - 128, 133 - 134, 136 - 137, 140, 143 - 144, 146, 169 - 174, 175 (kommisjonens utførlige forestilling 1787 22, 27/11), 180, 187 og 195 - 203.)					
NB. Somme nr. som mangler her, fins annensteds:					
51 - 55, 74, 96, 102, 113, 130 - 132, 141, 147, 150 - 151, 153 - 156 se skap 16 pakke 7 III					
Første del = No. 1 - 77 --- 1786 9/10 - 1787. (Resten i neste pakke)					
Extract af Sagen om Lofthus.					
Skab 4					
Langt, sidenummerert dokument med notat i margen som m.a. innhold nr på bilag, frå nr. 1 til 218. Side 1 - 244.					
Deretter innholdslister, kronologiske (okt. 1786 - feb. 1789), med sidetal. 18 sider.					
09.okt	1786	Adeler	Til Kongen!	18 sider [nr. 1]	
24.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria: [nr. 4]	
12.okt	"	Barnholth	Adeler	Underdanig Pro Memoria! [nr. 4]	
12.okt	"	Barnholth	Dietrichson	Underdanig Pro Memoria! [nr. 4]	
31.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria: [nr. 6]	
Lofthus-kommisjonen 1786.					
Kommisjonens oprettelse 1786 8/12					
28.nov	"	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria	
07.nov	"	Dietrichson		Pro Memoria! [nr. 7]	
08.des	"			Memorial	
30.jan	1787	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria [nr. 21]	
06.feb	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria [nr. 23]	
20.mar	"	Berg	Kanselliet	Underdanigst Pro Memoria! [nr. 36]	
24.mar	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria [nr. 37]	
17.mar	"	Hammer	Kommisjonen	Underdanig Pro Memoria! [nr. 37]	
20.mar	"	Grodtshilling	Kommisjonen	m/kopi av brev Dahl 17/3 [nr. 37]	
17.mar	"	Dahl	Kommisjonen	Pro Memoria [nr. 37]	
22.mar	"	Kommisjonen		Trykt plakat, om arr. av Lofthus [nr. 37]	

22.mar	"	Kommisjonen	Adeler	Til hr. Stiftamtmann Adeler	[nr. 37]					
22.mar	"	Kommisjonen	Dahl	Til Krigsraad Dahl!	[nr. 37]					
21.mar	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 38]					
30.mar	"	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!	[nr. 39]					
20.mar	"	Friderichsen	Rentekammeret	Underdanigst Andragelse	[nr. 39]					
20.mar	"	Friderichsen	Rentekammeret	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 39]					
20.mar	"	Adeler	Rentekammeret	Pro Memoria	[nr. 39]					
27.mar	"	Kommisjonen	Kanselliet	P. M.	[nr. 40]					
21.mar	"	Adeler	Scheel	Pro memoria	[nr. 40]					
21.mar	"	Friderichsen	Adeler	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 40]					
27.mar	"	Kommisjonen	Generalitetet	Pro Memoria	[nr. 40]					
27.mar		Generalitetet	Kommisjonen	Pro Memoria!	[nr. 40]					
31.mar	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 42]					
28.mar	"	Dahl	Kommisjonen	Underdanig Pro Memoria.	[nr. 41]					
27.mar	"	Adeler	Kommisjonen	Pro memoria:	[nr. 41]					
07.apr	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria.	[nr. 48]					
03.apr	"	Dahl	Kommisjonen	Underdanig Pro memoria	[nr. 48]					
28.mar	"	Cloumann	Moltke	Pro Memoria!	[nr. 49]					
26.mar	"	Cloumann		P. M.	Kopi [nr. 49]					
31.mar	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 49]					
24.mar	"	Cloumann	Moltke	Pro Memoria	[nr. 49]					
03.apr	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 49]					
24.apr	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 60]					
23.apr	"	Dahl	Adeler	Underdanigst Pro memoria	[nr. 60]					
23.apr	"	Bjørn	Adeler	Pro Memoria!	[nr. 60]					
01.mai	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 61]					
08.mai	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 62]					
09.mai	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria.	[nr. 63]					
07.mai	"	Moltke		Allerunderdanigst Pro Mem.	[nr. 63]					
15.mai	"	Adeler	Kanselliet		[nr. 64]					
27.mar		Mange	Kongen	Til Kongen!	[nr. 65]					
11.apr	"	Adeler		Allerunderdanigst Erklæring	påskrift [nr. 65]					
10.apr	"	Knud Lindkier m.fl.	Kongen	Til Kongen!	[nr. 65]					
		Egeland m.fl.	Kongen		supplikken er vekk [nr. 66]					

		Kongen		Vi Christian den Syvende af...				
		Kanselliet						
16.mai	"	Moltke, Hagerup	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 67]			
16.mai	"	Moltke		Rapport	ca. 85 s. Om Wamberg&Lange [nr. 69]			
22.mai	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 72]			
31.mai	"	Generaltollkammeret	Kanselliet	Pro Memoria!	[nr. 73]			
15.mai	"	Ebbel		Extract	[nr. 73]			
22.mai	"	Salvesen		Extract	[nr. 73]			
22.mai	"	Ebbel						
06.jun	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 77]			
22.mai	"	Berg	Adeler	Pro Memoria!	[nr. 77]			
29.mai	"	Berg		Niels Berg,	[nr. 77]			
<b>Skap 16, pakke 7 VIII</b>								
Unummerert:								
[1787 1/2 og x/2?] Bøndernes klager "B" og "D": Chr. Olsen Aaseland m.fl. fra Råbygdelag og Aanon Olsen Moestad m.fl. fra Gjerestad sogn (kanselliekstrakt)								
1787 28/3 avskrift: General Dietrichsons rapport fra Arendal.								
1787 1/6 Østen Ingulslands arrestasjon (kansellikonsept)								
1787 4/4 og 5/8 Ole Espelin m.fl. fra Lardal søkn om å få kommisjon (orig.)								
1788 31/3 Kommisjonen [av 1787 31/8 = Falsen, Aars] har endt sit arbeide i Chrsand og vil imorgen tiltræ hjemreisen til Chria. (origbrev til kans.)								
1787 4/4 og 5/8 Orig. ansøkninger fra Lardals prestegjelds bønder (Ole Espelin m.fl.) om å få en kommisjon.								
05.aug	1787	Ole Espelin m.fl.		Til Kron Prinsen!				
04.apr	"	Mange		xxx Mægtigste Monnarch				
30.jul	"	Moltke						
28.mar	"	Dietrichson		Pro Memoria!				
11.mar	1788	Falsen,	Kanselliet	Pro Memoria.				
01.jun	1787	Kanselliet						
		Aaseland m.fl.		Klagen B				
		Moestad m.fl.		Klagen D				

<i>Lofthus-Sagen</i>											
1789, 1790 & 1797 & 1800											
<i>Lofthus-saken. 1789 og 1800.</i>											
<i>Lofthus' medskyldige - stevninger og arrest m.v. Orig. brev (og avskr.) fra Chrsand stift til Lofthuskommisjonen, og fra kanselliet til Chria.</i>											
<i>stift 1789, 1800.</i>											
01.jul	1789	Moltke	Kommisjonen	Pro Memoria!							
27.okt	"	Moltke	Scheel	Pro Memoria!							
24.nov	"	Moltke	Generalitetet	Pro Memoria!							
24.mai	1800	Kanselliet	Kaas	Pro memoria							
19.apr	1800	Kanselliet	Kaas	Pro memoria!							
<i>Lofthus-saken 1790 - 97.</i>											
<i>Utgifter. (Lofthus' s fangenskap og død m.m.)</i>											
1. Utlegg i 1786.87. Orig. brev til Lofthuskommisjonen 1790											
2. Lofthus som fange på Akershus - klær, forpleining, død 13/6 1797 og begravelse. Orig. brev til slottsfogden på Akershus og til stiftamtmann m.m. 1791 - 97.											
19.nov	1790	Finanskassedireksj.	Falsen og Aars								
02.des	"	Falsen og Aars		Regning							
18.des	1786	Falsen og Aars	Scheel	Pro Memoria							
07.des	1790	Weidemann									
15.des	1791	Moltke	Bukier (?)	Pro Memoria!							
14.jan	1792	Moltke	Bukier (?)	Pro Memoria!							
28.apr	"		Bukier (?)	Berægning							
08.mai	"	Moltke	Bukier (?)	Pro Memoria!							
18.apr	"		Bukier (?)	Berægning							
02.mar	1793	Moltke	Bukier (?)	Pro Memoria!							
27.mai	1794	Kaas	Bukier (?)	Pro Memoria!							
			Bukier (?)	Berægning							
09.apr	1796	Kaas	Bukier (?)	Pro Memoria							
14.jun	1797			Pro Memoria!							
19.jun	"	Hesselberg		Pro Memoria!							
		Weding,Michelsen	Kommisjonen								

					Trykt side				
16.mar	1797		Kaas	Pro Memoria.					
01.mar	"	Juell	Kaas	Underdanigst Pro Memoria!					
01.mar	"	Juell	Kaas	Beregning					
14.jul	"	Juell	Kaas	Pro Memoria!					
19.jul	"	Juell		Beregning					
		Juell		Regning					
16.jun	"			Regning					
21.jun	"		Kaas						
23.jun	1787	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria					
05.jun	"	Ditrichson	Ahlefeldt	Pro Memoria!	[nr. 80]				
23.jun	"	Kommisjonen	Kanselliet	Pro memoria					
				Copie	[nr. 80]				
15.jun	1787	Lange (?)	Colbjørnsen	Pro Memoria!	[nr. 81]				
23.jun	"	Kommisjonen	Kanselliet	P. M.					
19.jun	"	Salvesen	Kommisjonen	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 82]				
26.mai	"	Kommisjonen	Kanselliet						
		Kanselliet							
30.jun	1787	Generalitetet	Kanselliet	Pro Memoria					
23.jun	"			Extract	(av forest. 23/6 1787), [nr. 84]				
05.jun	"	Ditrichson		Pro Memoria!	[nr. 84]				
20.jun	"	Ditrichson	Generalitetet	Pro Memoria!	[nr. 84]				
22.jun	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 83]				
27.jun	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 85]				
27.jun	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 86]				
01.jul	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria					
		Kanselliet							
16.jun	1787	Kommisjonen	Kanselliet	Pro Memoria	3 sider, oversikt over nummererte bilag				
16.jun	"	Kommisjonen		Allerunderdanigst Forestilling	80 s., komm. sine anbefalingar [nr. 79]				
13.jun	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 78]				
25.jul	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 92]				
18.jul	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 91]				
17.jul	1786	Gunulfsen			[nr. 91]				

31.jan	1787	Gunulfsen		Prome Memoria	[nr. 91]					
10.jul	"	Gunulfsen	Moltke	Underdanigst Pro Memoria!	[nr. 91]					
					[nr. 91]					
17.jun	1786	Gunulfsen								
18.jul	1787	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria:	[nr. 90]					
11.jul	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria.	[nr. 89]					
08.aug	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 97]					
03.aug	"	Kommisjonen		Underdanig P. M.!	[nr. 95]					
31.jul	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 94?]					
05.sep	"	Moltke	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 119]					
04.sep	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 111]					
	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 110]					
	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 105]					
				Til Kron Prinsen						
25.aug	1787	Kanselliet								
24.jun	1786	Allmugen i Tinn		Til Kongen!						
03.des	"	Hagerup								
24.jun	"	Allmugen i Tinn		Til Kongen						
13.feb	1787	Moltke								
21.aug	"				[nr. 103]					
08.aug	"			Til Kongen!	[nr. 103]					
11.aug	"	Adeler				[nr. 103]				
29.aug	"	Egeland		Allernaadigste Kron Printz!	[nr. 102]					
02.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 128]					
25.sep	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 127]					
18.sep	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 126]					
11.sep	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 125]					
04.des		Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 146]					
20.nov	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 144]					
13.nov	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 143]					
06.nov	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 140]					
30.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 137]					
23.okt	?	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 136]					
16.okt	1787	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 134]					

09.okt	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 133]					
16.feb	1788	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria!	[nr. 174]					
12.feb	"	Adeler	Kanselliet	Pro Memoria	[nr. 173]					
05.feb	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 172]					
29.jan	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria	[nr. 171]					
15.jan	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 170]					
11.jan	"	Adeler	Kanselliet	Pro memoria:	[nr. 169]					
22.nov	1787	Kommisjonen		Allerunderdanigst Forestilling	117 sider (22. og 27. nov.) [nr. 175]					
7 S 1620 No. 175										
<i>1787 22/11 Chria og 27/11 Chrsand, orig. forestilling fra Lofthus-kommisjonen av 1786 8, 29/12 om "adskillige indkomnde og endnu uafhandlete Klageposter" (117 sider)</i>										
<i>Inneholder 18 kapitler:</i>										
<i>1. Froland jernverk</i>										
<i>2. Friskyss</i>										
<i>3. Sunntoll..</i>										
<i>4. Fogd Schytte</i>										
<i>5. Brennevin</i>										
<i>6.</i>										
<i>7.</i>										
<i>8. Handels- konsump. - og løsgjengerskatt</i>										
<i>9. Landskyld og tiende i penger</i>										
<i>10. Magasinkorn</i>										
<i>11. Skatterestanser</i>										
<i>12. Skatter..</i>										
<i>13. Utskriving</i>										
<i>14. Lagmannstoll</i>										
<i>15. Lensmenn</i>										
<i>16. Fogder</i>										
<i>17. Sorenskrivere</i>										
<i>18. Kornpriser ("Den viktigste Klage")</i>										
<i>NB. Jfr. konsept, skap 16 pakke 7 IV.</i>										
25.mar	1788	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!						

20.mar	"	Bergverksdirektoriet	Rentekammeret	Pro Memoria!	[nr. 180]					
				Copie	av brev til Adeler 7. mai 1785 [nr. 180]					
				Copie	av brev 4. februar 1786 [nr. 180]					
				Copie	av brev til Adeler 6. juni 1787 [nr. 180]					
01.feb	1787	Hyllestad, Valle, Bykle	Kommisjonen	Underdanig Pro Memoria!						
15.jan	"	Mange		Underdanigst Begjæring						
				Underdanigst P. M.						
15.jun	1787			Liste!	[nr. 180]					
17.mai	1788	Rentekammeret	Kanselliet	Pro Memoria!	[nr. 187]					
11.okt	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 195]					
18.mar	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 195]					
01.apr	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 197]					
08.apr	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 198]					
15.apr	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 199]					
22.apr	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 200]					
29.apr	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 201]					
03.mai	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 202]					
13.jun	"	Moltke	Kanselliet	Pr. Mem.	[nr. 203]					

